

# HIF-Rapport

2004:8

## Makt, motstand og ambivalens.

Betydningar av kjønn i idretten

Jorid Hovden








# Høgskolen i Finnmark

---

	<b>PUBLIKASJON:</b> HiF-Rapport 2004:8  ISBN: 82-7938-108-2 ISSN: 0805-1062
<b>Publikasjonens tittel:</b> Makt, motstand og ambivalens. Betydninger av kjønn i idretten	<b>Antall sider:</b> 274  <b>Dato:</b> 9. september 2004  <b>Pris:</b> kr 185,- ekskl. mva
<b>Forfatter:</b> Jorid Hovden	<b>Avdeling:</b> Avdeling for pedagogiske og humanistiske fag
<b>Godkjent av:</b> Det samfunnsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Tromsø	
<b>Oppdragsgiver:</b> Universitetet i Tromsø. NSF Forskningsprogram: Idrett, samfunn og frivilling organisering	<b>Prosjekt:</b> Dr. grad
<b>Utdrag:</b>	
<b>Vi bestiller ____stk av publikasjonen:</b>  Navn: _____  Adresse/postnr: _____  Publikasjonen kan også bestilles ved henvendelse til Høgskolen i Finnmark, tlf 78 45 02 20 (Trykkeriet) / 78 45 05 00 (Servicetorget) eller pr e-post <a href="mailto:trykkeri@hifm.no">trykkeri@hifm.no</a>	






# Makt, motstand og ambivalens

## Betydninger av kjønn i idretten

Jorid Hovden



Avhandling for graden doctor rerum politicarum  
Institutt for sosiologi, Det samfunnsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Tromsø



## Forord

Idretten er ein av våre mektigaste samfunnsinstitusjonar - så mektig at den har av fleire blitt kalla "den femte statsmakt". Likevel er maktforhold i idretten lite utforska, og som på andre område - blir maktforhold kopla til kjønn - oppfatta mest som kulisser som helst ikkje skal tematiserast og problematiserast. Denne avhandlinga set søkelys på koplingar mellom betydningar av makt og kjønn i idretten. Den synleggjer korleis maktforhold på grunnleggjande måtar formar kvinner og menns muleghetar til utfalding og innflytelse. Utfrå eit feministisk perspektiv har eg valt å studere maktforhold nedanfrå. Og ved å vere "tett på" har eg forsøkt å fanga opp korleis konkrete kvinner og menn frå ulike utgangsposisjonar gjennom handling og samhandling uttrykker, erfarer og handterer ulike maktforhold og skaper kjønna vilkår for kvarandre. Sjølv om avhandlinga berre uttrykker ein bitte liten bit av eit stort og mangefasettert situasjonsbilde, vonar eg likevel at den kan synleggjere enkelte tydelege kjønnsmonster som kan formidle noko om kva muleghetar og utfordringar som pregar det kjønnspolitiske landskapet i idretten.

Avhandlinga inneheld fem artiklar som er publisert - eller er under publisering i ulike vitenskaplege tidsskrifter og fagbøker. For at avhandlinga skal utgjere eit heile, har eg bunde den saman gjennom ein større innleiingsdel. I innleiingsdelen prøver å synleggjere og utdjupe dei mest sentrale kontekstuelle, teoretiske og metodiske komponentane som ligg til grunn for artikkeltekstene og vise korleis artiklane både er prega av variasjon, og på ulike måtar handlar om det same. Med eit hovudtema som både er tverrfagleg, fleirfagleg og lite utforska, har dette betydd ein relativ omfangsrik innleiingsdel.

Å skrive avhandling er ein av dei mest krevjande konkurranseidrettane eg har drive med! Det krev stor evne til disiplin, uthald og vilje, såvel som eit stort og profesjonelt støtteapparat. Når eg no er i ferd med å passere målstreken, betyr det at eg har mange støttespelarar rundt meg som har medverka til at dette arbeidet har blitt realisert. Desse fortener stor takk!

- Først vil eg takke Universitetet i Tromsø som har gitt meg økonomisk støtte gjennom eit 4-årig universitetsstipend. Eit stipend som var øymerka samarbeid med det regionale høgskolesystemet. Det gav meg i stipendiatperioda muleghet til å arbeide i mitt etablerte fag- og heimemiljø i Alta. Utan slike muleghetar og tilpasningar ville dette avhandlingsarbeidet ha vore umuleg å realisere.

- Det betyr også takk til Høgskolen i Finnmark for å ha gitt meg arbeidsplass og gode arbeidsvilkår. Eg vil spesielt takke IT-kontoret og biblioteket for stor velvilje og god service gjennom heile prosessen.

- Den som likevel fortener mest takk og har hatt størst betydning for at eg no kan sette sluttstrek, er min rettleiar, 1. amanuensis Beatrice Halsaa, Høgskolen i Lillehammer/Senter for Kvinneforskning ved Universitetet i Oslo. Beatrice, utan dine konstruktive kommentarer, dine klartenkte forslag til strukturering, din omsorg når det har "butta imot" - og ikkje minst di urokkelege tru på at dette vil bli bra - hadde eg aldri klart å realisere dette arbeidet. Tusen takk!!

- Eg vil også takke min 2. rettleiar professor Georges Midres, Universitetet i Tromsø, for gode råd underveis, og for at du i slutfasen har tatt deg tid til å lese heile manuset og gitt meg nyttige og stimulerande kommentarer.

- Av dei som eg har hatt rundt meg i det daglege, vil eg spesielt takke kvinneforskarane i Faggruppa for distriktskvinneforskning. Særleg vil eg takke Wenche Kjæmpenes og Sissel Fredriksen for å ha lest og kommentert utkast underveis. Og Sissel - deg vil eg også takke for alle våre konstruktive "faglunsjar". Ditt skarpe analytiske blick på stoffet, har vore ei utruleg viktig og nødvendig inspirasjonskjelde. Også ei varm takk til Siri Gerrard for stor fagleg og personleg omtanke gjennom heile prosessen - at du alltid "er der" med råd og oppmuntring når

eg treng det som mest!

- Eg vil også takke mine kollegaer ved seksjon for idrett og kroppsøving. Ei særleg takk til Carsten Gade Rolland for hjelp med redigering, og ikkje minst til Herbert Zoglowek som både fagleg og personleg på ulike måtar har støtte meg gjennom heile prosessen.

- Ei djupt følt takk vil eg også rette til kollegaer, samarbeidspartnarar og støttespelarar knytt til dei ulike prosjekta som inngår i avhandlinga. Her vil eg spesielt nemne Liv Solheim, Aslaug Andreassen, Eva Lio, Snorre Burmo, Vigdis Rake Helgesen og Beate Kristensen. Inkludert er også alle informantane, som har gitt meg sine synspunkt, erfaringar og av si dyrebare tid! Utan desse innsiktene ville det vere umuleg å skrive denne avhandlinga! Tusen takk til alle!

- I løpet av dei siste to vekene har Lars Abrahamsen og Anita Karlsen gitt meg uvurderleg hjelp med utarbeiding av figurar og redigering av manus, og gjort det innbydande og oversiktleg å lese. Tusen takk for ein kjempeinnsats!

- Og sist, men ikkje minst vil eg takke mine næraste, Kolbjørn, Mari og Martin. Kolbjørn, kvar dine bidrag til denne avhandlinga begynner og sluttar er umuleg å seie. Også takk til deg, Martin, fordi du stadig har minnt meg på at det er dumt å jobbe så mykje - og tene så lite! Så til deg, Mari - tusen takk for at du heile tida har forsikra meg om at du har hatt det bra, sjølv om mamma har jobba med doktorgrada - og at du saman med Jessica Lien Johnsen, har laga så fin forside-teikning til meg!

Alta, 18. juli 2000

Jorid Hovden

# Innhald

## FORORD

## INNLEIINGSDEL

### *DEL I: INNGANG OG HOVUDTEMA..... 1*

#### **1. EI VANDRING I TVETYDIGE LANDSKAP..... 1**

1.1 FRÅ LAGNAD TIL TVETYDIGE MULEGHETAR ..... 2

1.2 FORMELL LIKESTILLING I MANNSDOMINERTE ROM ..... 4

#### **2. IDRETTE SOM SAMFUNNSPRISME..... 5**

#### **3. UTGANGSPUNKT OG HOVUDTEMA: MAKT OG BETYDNINGAR AV KJØNN..... 7**

3.1 DOBLE KJØNNKODER OG MAKT ..... 7

3.2 OVERORDNA SPØRSMÅL ..... 10

3.3 SENTRALE TEMA I ULIKE EMPIRISKE LANDSKAP ..... 11

#### **4. EI UTFORSKING MED FEMINISTISKE GRUNNTONAR..... 12**

#### **5. DISPOSISJON..... 13**

### *DEL II: IDRETTENS KJØNNSPOLITIKK: I SPENNINGSFELTET MELLOM STAT, MARKNAD OG SIVILSAMFUNN..... 15*

#### **1. IDRETTENS KJØNNSPOLITIKK: UTVIKLINGSLINER OG IDEOLOGI ..... 15**

1.1 KVINNER OG FORSKJELLSORIENTERT INTEGRERING ..... 16

1.2 KVINNER OG KJØNNSNØYTRAL INTEGRERING..... 17

1.3 LIKESTILLINGSSORIENTERT INTEGRERING BASERT PÅ DOBLE KJØNNKODER ..... 18

1.4 DOBLE KJØNNKODER SOM GRUNNLAG FOR "FULL" KJØNNSNØYTRAL INTEGRERING..... 20

#### **2. SENTRALE UTVIKLINGSTREKK I MODERNE IDRETTSORGANISASJONAR ..... 23**

2.1 UTSPENT MELLOM STAT, MARKNAD OG FRIVILLEGHET..... 23

2.2 KOMMERSIALISERING, PROFESJONALISERING OG BYRÅKRATISERING ..... 25

#### **3. KJØNNSIDEOLOGISKE FØRINGAR OG DILEMMA ..... 28**

3.1 PÅ SPORET AV MARKNADENS KJØNNSIDEOLOGI ..... 28

3.2 STATENS KJØNNSIDEOLOGI - "KVINNEVENLEG" OG TVETYDIG ..... 30

<b>DEL III: FEMINISTISK IDRETTSSOSIOLOGI SOM SPRINGBREITT</b> .....	<b>32</b>
<b>1. FAGLEG HYBRID - UTFORDRINGAR OG DILEMMA</b> .....	<b>32</b>
<b>2. NESTORAR OG BYGGESTEINAR</b> .....	<b>34</b>
<b>3. TEORETISKE OG TEMATISKE FASER OG TYNGDEPUNKT</b> .....	<b>36</b>
3.1 FRÅ KJØNNSROLLER OG LIKESTILLING TIL KVINNEPERSPEKTIV .....	36
3.2 KJØNNSRELASJONAR OG KONTEKST - MINDRE KJØNNSMAKT OG POLITISERING? .....	39
<b>DEL IV: PERSPEKTIV OG ANALYSEGREP: KJØNN SOM KULTURELT BETYDNINGSSYSTEM OG SOSIAL PRAKSIS</b> .....	<b>42</b>
<b>1. KJØNNFORSTÅELSER - ORIENTERINGSPUNKT I EIT FRODIG OG MOTSETNADSFULLT LANDSKAP</b> .....	<b>42</b>
1.1. "TOKJØNNMODELLEN" .....	43
1.2 KJØNN SOM ESSENS OG KONSTRUKSJON - OG DET PROBLEMATISKE SKILJET .....	43
1.3 DOBLE KJØNNKODER OG KJØNN SOM DJUPSTRUKTUR OG MAKT .....	45
<b>2. KJØNN SOM KULTURELL KODE, SOSIAL RELASJON OG PROSESS</b> .....	<b>48</b>
2.1 KJØNN SOM KULTURELL KODE .....	48
2.2 KJØNN SOM KONSTITUERANDE ELEMENT OG PROSESS .....	50
<b>3. KJØNNSNØYTRALISERING OG REKJØNNING</b> .....	<b>52</b>
<b>4. BETYDNINGAR AV KJØNN - I SKJÆRINGSPOINTET MELLOM AKTØR OG STRUKTUR</b> .....	<b>54</b>
<b>DEL V: METODOLOGISKE REFLEKSJONAR OG METODER</b> .....	<b>56</b>
<b>1. FORSKAREN SOM POSISJONERT OG SITUERT KJØNN</b> .....	<b>56</b>
<b>2. KUNNSKAPSPOSISJON: FRÅ KJØNNSPOLITISKE ERFARINGAR TIL KVINNEFORSKING</b> .....	<b>59</b>
2.1 OM Å VERE INNANFOR OG UTANFOR PÅ SAME TID .....	59
2.2 ERFARING, ERKJENNING OG SITUERING .....	63
<b>3. METODER, ANALYSEGREP OG DILEMMA</b> .....	<b>65</b>
3.1 TILNÆRMINGSMÅTAR, STUDIEKONTEKSTER OG PROSEDYRER .....	66



3.2 KJØNN, FELTROLLER OG FELTRELASJONAR .....	70
3.3 FELTNOTATAR OG INTERVJU .....	73
3.4 NÆRHET OG DISTANSE .....	75
<b>4. KONSTRUKSJON AV TEKSTER.....</b>	<b>76</b>
<b><i>DEL VI: KUNNSKAPSBIDRAG .....</i></b>	<b><i>79</i></b>
<b>1. ARTIKLANE: SYNLEGE OG USYNLEGE BETYDNINGSMØNSTER I ULIKE IDRETTSLANDSKAP.....</b>	<b>79</b>
<b>2. KJØNN SOM LIKHET OG FORSKJELL - FORMA AV BETYDNINGAR AV MAKT? ....</b>	<b>86</b>
2.1 KJØNNSNØYTRALISERING AV BETYDNINGAR AV MAKT.....	86
2.2 LIKESTILLING - ULIKT BETYDNINGSSINNHALD OG ULIKE MULEGHETAR .....	88
2.3 HEGEMONI - MELLOM KONSOLIDERING OG FORVITRING? .....	90
<b>3. FOKUS, "KVITE FLEKKAR" OG KUNNSKAPSPOLITISKE UTFORDRINGAR.....</b>	<b>92</b>
3.1. DET SKARPSTILTE OG DET ANDRE - KONSEKVENSAAR FOR TILGANG PÅ KUNNSKAP.....	92
3.2 FORSKINGSBEHOV OG KUNNSKAPSPOLITISKE UTFORDRINGAR .....	95
<b>REFERANSAR.....</b>	<b>99</b>

## ARTIKKELDEL

### Artikkel 1: Female Elite Athletes - Skilful Balancers of Modernity?

The female athlete as symbol of basic ambivalences, ambiguities and contradictory forces in modern femininity

### Artikkel 2: Is it Worth the Price?

Woman's Involvement in Leadership and Coaching in Sport Organizations in Norway

### Artikkel 3: Når kvinner blir sand i maskineriet.

Kjønn, interaksjon og makt i idrettspolitiske beslutningsprosessar

### Artikkel 4: Møter mellom marknad og omsorg.

Om ideologiske konflikter og betydningar av kjønn og makt i idrettspolitiske beslutningsprosessar

**Artikkel 5: "Heavyweight" Men and Younger Woman?  
The gendering of selection processes in Norwegian sports organizations**

**VEDLEGG 1-4**

---

## Del I: Inngang og hovudtema

---

### 1. Ei vandring i tvetydige landskap

*"Det finnes alltid øyeblikk da betydningen av kjønn oppheves. I slike øyeblikk oppheves den sosiale orden, man fylles og blir en del av naturens lyder, lukter og pulserende liv. Eller man mediterer seg bort fra sin sosiale eksistens. Straks assosiasjoner og tanker tar form, kommer vår sosiale orden til uttrykk som individuelle og kjønnede fortolkninger av sosiale opplevelser." (Ødegård 1991:41.)*

Idretten<sup>1</sup> er eit opplevingsrom der både kroppslege og kulturelle betydingar på tydelege måtar fortel deg at du er kvinne eller mann. Samtidig gir den muleghetar for å kople ut - eller stenge ute - vår kjønna eksistens. Å vere i ballspelets interne logikk, i løpeturens meditasjonar eller i tvekampens totale engasjement, betyr muleghetar til "frikvarter" - ikkje berre frå kjønnets sosiale orden - men også frå andre strevsame strukturar i kvardagen. Som leik, spel og konkurranse kan idrettens logikk og grenser vere heva over alvoret i livet utanfor. Idretten skaper identifikasjon og fasinasjon, samstundes som den på direkte og indirekte måtar symboliserer og formidlar grunnleggande kulturelle verdiar og speglar generelle samfunnsmessige vilkår og prioriteringar (Klausen 1998, Loland 1991). Med andre ord: Vårt idrettsengasjement minner oss stadig om kven vi er, kven vi høyrer saman med og kva for muleghetar vi har. Det er vel nettopp slike tvetydige muleghetar som gjer idretten så tiltrekkande, og i ein viss forstand så uunnverleg for dei fleste av oss? I dagens samfunn ser den ut til å representere eit fellesskap som berre eit fåtal har eit likegyldig forhold til.

Desse tvetydige muleghetane; både dei sterke "innside" opplevingane som for ei kort stund kan oppheve kjønnets sosiale orden, og dei sosiale og politiske utfordringane som idrettens tydelege kjønnsorden stadig aktualiserer, har representert sentrale drivkrefter i mitt snart 40-årige idrettsliv. Som barn opplevde eg idretten som eit viktig frirom frå kvinnelivets lagnad og feminitetens "tvangstrøyer". Samstundes har idretten - på ofte overtydelege måtar -

---

<sup>1</sup> Idrett er eit mangetydig begrep som blir brukt om både sjølv den fysiske aktiviteten/opplevingsromet og den institusjonaliserte verksemda omkring. Begrepet "idretten" brukast i denne samanheng om idretten som institusjon; som eit samfunnsmessig handlingsområde som organiserer og forvaltar ulike former for idrettslege uttrykksformer og som har realisering av samfunnsmessige verdiar som helse, trivsel og fellesskap som sitt hovudmål. I Norge blir i hovudsak all organisert idrett organisert og forvalta av paraplyorganisasjonen Norges Idrettsforbund og Den Olympiske Komite. I denne avhandlinga vil begrepet "idretten" referere til denne verksemda.

vist meg kvinnekjønnets plass i den sosiale orden; kva det kulturelt og sosialt betyr å vere kvinne<sup>2</sup>.

Idrett har tradisjonelt vore eit maskulint opplevingsrom. Men i dag framhevar feministiske studier at deltaking i ulike former for idrett, også representerer eit stadig viktigare rom for livsutfalding for kvinner. Eit rom for å utvikle velvere, sjølvkjensle og felleskapsforpliktande relasjonar blant kvinner (Deem 1987, Fasting 1994, Hargreaves 1994, Thing 1999). I kvinners forteljingar om sine kjønna idrettserfaringar er imidlertid idrettens tvetydige betydingar eit gjennomgåande tema (jf. t.d. Fasting et al. 1999b, Hargreaves 1994, Kolnes 1994, Thing 1999). Desse gir eit nytt blikk på idrettens utfordringar, dilemma og muleghetar. Inntil nyleg har idrettshistoria og idrettssosiologien stort sett berre gitt innblikk i menns erfaringar og idrettsverd. Kvinners forteljingar har på denne måten ikkje berre utvida vår viten om kvinner, men også medverka til å avdekke korleis generelle diskursar<sup>3</sup> har eit kjønnspreg, samtidig som dei er lite opptatt av kva idrett betyr og har betydd for kvinner.

Denne avhandlinga tematiserer betydingar av kjønn på ulike institusjonelle idrettsarenaer. Den inneheld fem artiklar som analyserer både kvinner og menns uttrykksformer, erfaringar og tenkemåtar, men som utifrå epistemologiske og feministiske omsyn legg størst vekt på å diskutere betydingar knytt til kvinners situasjon og engasjement. Eit gjennomgåande tema er korleis kvinner og menn i idretten uttrykker, opplever og handterer motsetnadsfulle betydingar av kjønn; kjønn forstått som både grunnleggande likhet og forskjell, og korleis aktualiseringar og handteringar av doble betydingar er prega av betydingar av makt<sup>4</sup>. Det har betydd ei interesse for å utforske kjønna uttrykksformer og handlingsmønster prega av sosial differensiering, brytingar og konflikhtar.

### 1.1 Frå lagnad til tvetydige muleghetar

Idretten blir vanlegvis oppfatta som ein sentral samfunnsinstitusjon med tydeleg

---

<sup>2</sup> I samband med mine beskrivelsar av mi situering i feltet, har eg beskrive enkelte erfaringsepisodar som utdjuvar slike kjønna erfaringar, jf. del V, pkt. 2.1.

<sup>3</sup> Begrepet diskurs blir brukt i svært mange tydingar, og har fått særleg aktualitet i samband med poststrukturalistisk påverknad. Eg har i denne samanheng valt å bruke diskursbegrepet veldig generelt og lite avgrensa; som institusjonaliserte former for språkbruk og språkpraksisar som t.d. viser til kategoriar, ordbruk, oppfatningar og verdiar. Det betyr at begrepet blir brukt om vitenskaplege skoleretningar og ideologiar, såvel som kulturelle førestillingar og "forteljingar", som er knytt til historiske kontekster, utviklingsliner og sosiale funksjonar.

<sup>4</sup> Utdjuvingar av forståingsmåtar knytt til doble betydingar av kjønn vil stå sentralt i beskrivelsar av hovudtema og utdjuving av teoretisk perspektiv, jf. t.d. Del I, pkt 3 og Del IV, pkt 1 og 2.

mannsdominans. Med menn i dei fleste maktposisjonar gir den uttrykk for eit maskulint hegemoni som ser ut til å prege institusjonelle praksisar såvel som kulturelle tenke- og veremåtar (t.d. Fasting 1996, Hargreaves 1994, Kolnes 1994, Messner 1988, Lippe 1997, Thing 1999). Kvinners aukande integrering - og stadige krav om større likestilling og likeverd - har likevel medført gjennomgripande institusjonelle endringar. Det har medverka til utvikling av nye kjønnsoppfatningar, diskursar og samhandlingsformer og aktualisert betydingar av kjønn som makt. Som på mange andre offentlege arenaer, har kvinnekroppen i bokstaveleg forstand trengt seg inn i dei fleste av idrettens rom og generert nye tolkingsrammer og forhandlingar<sup>5</sup> om kva kjønn skal bety.

I 1960-åra vart ønsket mitt om å vere fotballjente og fotballspelar stort sett tolka og handtert som ein latterleg, motseiingsfull og provoserande identitet. Ein kvinneleg identitet som verken var symbolsk eller kulturelt konstituert. Sjølv om eg var ein like god fotballspelar som mine gutevener, vart eg møtt med sterke sosiale sanksjonar som fortalde meg at jenter og fotball var to åtskilte sfærer. Eg prøvde å få innpass i fotballverda ved å minimalisere mitt kvinnekjønn, men i den sosiale orden var min tilskrivne kvinneidentitet heile tida verksam. Forsøket på å vere mest fotballspelar og minst muleg jente, gav lite uttelling. Kroppen gjekk framfor meg som eit sosialt imperativ. Det resulterte i tilskrivningar og forventningar som gjorde mine eigenskapar som fotballspelar lite verdsett. Eg vart aldri rekna som "ornleg" fotballspelar. Jenter som var aggressive, pågåande, fulle av blå merker og gode i nærkampar, var problembarn - ikkje fotballtalantar. For ei jente vart eigenskapar som "sterk i kroppen", "godt tilslag på ballen" eller "god fotballforståing", ikkje sett som utviklingspotensiale, men som negativ og trugande kvinneleghet.

Forholda i dag er radikalt endra. Mine draumar frå 60- og 70-åra kan sjå ut til å vere fullt ut realiserte. I dag har fotball utvikla seg til den største kvinneidretten<sup>6</sup> i Norge. Å vere fotballjente har dermed blitt ein vanleg og attraktiv idrettsidentitet - også blant jenter/kvinner. Eg har ei dotter på 12 år som er fotballjente; spelar aktiv fotball og er "Liverpool-fan". Når ho spelar kampar, er banen omkransa av entusiastiske og ambisiøse foreldre som stadig er frampå med oppmuntring og faglege råd. Det blir arrangert møter med diskusjonar om korleis vi best

---

<sup>5</sup>Forhandlingsbegrepet blir i denne samanheng brukt om den medvitne og umedvitne debatt om kjønnsrelevans som foregår når betydingar av kjønn endrast eller er i endring. Jf. for vidare utdjuing: Innleiingsdelen, i Rudie, I. (1984): *Myk start - hard landing*. Oslo-Bergen-Stavanger-Tromsø: Universitetsforlaget.

<sup>6</sup> Kvinneidrett blir i denne samanheng brukt om den organiserte særvidretten som har flest kvinnelege medlemmer. Fotball er også utfrå ein slik definisjon den største mannsvidretten i Norge.

kan stimulere jentene våre til vidare lyst og utvikling. Å vere flink på fotballbanen gir status både i veninneflokk, på skolen og i lokalmiljøet. Ei nyare undersøking, som blant anna tematiserer kulturelle betydingar knytt til kvinners deltaking i fotball, framhevar at:

*"just by participating in soccer, the female players are challenging the ideology of femininity and masculinity in the dominant culture."* (Fasting et al. 1999b: 14 og 15.)

Kvinner inntog på prestisjefylte mannsarenaer som fotball, utfordrar kjønns som kulturelt betydingssystem, samtidig som uttrykksformene viser at kvinnefotball og kvinneidrett har eit godt stykke igjen til likestilte vilkår (Fasting et al. 1999a, Hovden 1999b, Thing 1999).


## 1.2 Formell likestilling i mannsdominerte rom

I dag er i prinsippet alle idrettsgreiner innanfor Norges Idrettsforbund og Den Olympiske Komite (heretter forkorta til NIF<sup>7</sup>) opne for kvinner. Kvinner har same formell rett til deltaking som menn. Av NIF's 1,8 millionar medlemmer utgjer kvinnedelen omlag 38 %. Denne utviklinga har opna stadig nye muleghetar for kvinner, og kan på mange måtar karakteriserast som ei suksesshistorie. Her, som på fleire andre samfunnsområde, har utvikling av av formell likestilling og like rettar for kvinner og menn på langt nær kome av seg sjølv, men stort sett kjempa fram av kvinner.<sup>8</sup> Menns eksklusive idrettsrom har ikkje blitt opna utan motstand. Og kampen har hatt preg av å vere ei rørsle i "slowmotion" - og med mange stopp underveis (t.d. Fasting 1996; Fasting & Skou 1994, Hovden et al 1993). Dessutan: Utfordringane står framleis i kø. Det finst mange institusjonelle arenaer der mannsdominansen er lite endra. Ei stadig gjenskaping av kjønns maktstrukturar er eit døme på at formell likestilling mellom kjønns på langt nær er eit tilstrekkeleg vilkår når det gjeld å omfordele institusjonell makt og innflytelse (Hernes 1974). Eit oversyn over kvinner i formelle maktposisjonar i idretten kan illustrere korleis grunnleggande endringar i hierarkiske kjønnsstrukturar ser ut til å vere både ein treg og komplisert prosess (Dahlerup 1988, Sønnergaard 1993).

---

<sup>7</sup> Norges Idrettsforbund og Norges Olympiske Komite vart samanslått til ein organisasjon i 1996. Forkortinga er imidlertid den same som før; NIF.

<sup>8</sup> Eg har utdjupa visse sider ved denne prosessen i min historiske gjennomgang av idrettens kjønnspolitikk, jf. Del II, pkt 1.



Figur 1: Kvinnelege leiarar/presidentar på ulike organisasjonsnivå i NIF (1993) (i prosent).

(Tala er henta frå Fasting 1996: 24<sup>9</sup>.)

Som tala indikerer, er berre 7,2 % av leiarane i NIF's ulike organisasjonsledd kvinner. Vi ser dessutan at det er færre kvinner i sentrale leiarposisjonar enn i regionale og lokale. Når det gjeld trenarposisjonar, viser mønsteret visse likhetstrekk. Dei fleste kvinnelege trenarane finst i barneidretten og på lokalt nivå. Oppover i prestasjonshierarkiet blir kvinnene stadig færre (Karlsen 1995).

Slike mønster kan tyde på at idrettens maktstruktur er meir prega av gjenskaping enn endring. Den siste tiårsperioda har vi hatt erklærte organisasjonsmål om full likestilling og kjønnsintegrering - utan at dette ser ut til å ha medført vesentlege endringar i institusjonell makt og innflytelse (NIF 1996). Dessutan erfarer vi dagleg at nesten all formidling i media omhandlar mannlege utøvarar og mannsdominerte idrettar. Ein status som har endra seg lite sidan slutten på 70-talet (jf. t.d. Hargreaves 1994, Hovden 1996, Lippe 1998).

## 2. Idretten som samfunnsprisme

Det er ei utbreidd oppfatning at idretten, som kunsten, fungerer som ein symbolsk samfunnsinstitusjon og speglar sentrale samfunnsmessige utviklingstrekk (jf. t.d. Bonde 1993, Klausen 1991, 1998, MacAloon 1984, Selle og Øymyr 1995, Østerberg og Engelstad 1995). Idrettsbegivenhetar framstår som ei form for globale rituale. Dei opnar for ei kollektiv dyrking av grunnleggande kulturelle verdiar og fellesinteresser på tvers av klasser, kjønn og etnisitet.

<sup>9</sup> Det finst dessverre ikkje tilsvarende oversyn av nyare dato. Det er interessant å oppdage at slike oversyn har uteblitt etter at den kvinnepolitiske satsinga vart avslutta i 1994. Når det gjeld dei studia som inngår i avhandlingen, er det empiriske materialet stort sett innsamla i perioda 1992-1996.

På denne måten medverkar idretten til å stabilisere moralsk og sosial orden, samstundes som den kan fungere både samfunnsbyggande og samfunnsnedbrytande, ved at rituelle praksisar kan utfordre og eksperimentere med grenser for akseptable kulturelle normer og veremåtar (Turner 1982). Det antyder at idretten ikkje berre fungerer refleksivt, men også kan representere ein arena for synleggjering av motstand, ideologisk strid og kulturell overskriding (Cole & Birell 1986, Messner 1988, Birell & Theberge 1994).

Hans Bonde framhevar dessutan at idretten som sekulært rituale, formidlar ein tydeleg kjønnsymbolikk:

*"En ny fremadrettet, erobrende maskulinitet, en dyrkelse af nasjonalstaten og en hyldest til teknologiens rastløse udvikling... Dyrkelsen af fremskridtet legemliggjøres i sportmandens dynamiske fremdrift."* (Bonde 1993:8.)

Gjennom sine historiske analyser viser Bonde korleis rituelle idrettspraksisar har ulike symbolske og kulturelle betydningar for kvinner og menn (Bonde 1991, 1993). Ei formidling av verdiar og tenkemåtar som støttar opp om våre førestillingar om maskulinitetens overlegne kulturelle posisjon gjennom ei normalisering og "naturalisering" av det Robert W. Connell (1990) har karakterisert som "hegemonisk maskulinitet".<sup>10</sup> Idretten institusjonaliserer denne form for maskulinitet på måtar som gjer den både sjølvsgd og verd å streve for (Bonde 1991, 1993, Conell 1990, 1995, Messner 1992). Kvinnekroppar og kvinneidrett blir oftast tolka som "naturleg ulikhet". Når kvinnelege toppidrettsutøvarar eksponerer hegemonisk maskulinitet, blir dei stort sett møtt med motstand og ambivalens, fordi det støyter mot dominerande førestillingar om korleis kvinner skal vere. Kvinnelege toppidrettsutøvarar aktualiserer på denne måten spenningar og strid knytt til kulturelle maskulinitets- og femininitetsideal. Dei synleggjer korleis våre førestillingar om "naturleg" kjønn er kulturelt og sosialt konstruert.<sup>11</sup> Det antyder idrettens såvel som kvinneidrettens potensialar til å reflektere meir generelle og underliggende maktforhold og sosiale vilkår. Iflg. feministiske idrettsosiolegar, som Susan Birell og Nancy Theberge, kan idrettens symbolske og kulturelle potensial spegle og uttrykke kjønnsforhold slik:

*"... If gender relations are ever to be transformed, that transformation may first have to be realized on the symbolic or ideological level, and it is on that level sport works. Sport is an excellent site for examining how patriarchal relations are played out, for it is in sport that dominant notions of masculine superiority are produced as commonsense. It is in sport, too, that such commonsense can*

---

<sup>10</sup> "Hegemonisk maskulinitet" er iflg. Connell ei kulturelt idealisert form for maskulin dominans som er konstruert som ein komplementær dikotomi i forhold til femininitet, og som er hierarkisk overordna femininitet såvel som andre former for maskulinitet, som t.d. homoseksuelle maskulinitetsformer.

<sup>11</sup> Den første artikkelen i avhandlinga som omhandlar kvinneleg toppidrett, illustrerer former for kvinnelegheit som nettopp tar opp og avdekkjer slike førestillingar.



*be directly challenged and resisted by the appearance of girls and women who are capable athletes."*  
(Birell & Theberge 1994:365.)

Men det er vel ikkje berre idrettsprestasjonar og utøvararenaen som kan spegle, utfordre og eksperimentere med grenser for akseptable kjønna veremåtar og normer? Som symboliserande institusjon, kan også idretten reflektere meir generelle betydnar av kjønn knytt til andre arenaer. Dette avhandlingsarbeidet synleggjer kjønnsrelasjonar og betydningar av kjønn på fleire sentrale institusjonsarenaer i idretten, og vil ut frå det kunne representere ei kjønnspolitisk samfunnsprisme med mange ulike uttrykksformer og fasettar.

### 3. Utgangspunkt og hovudtema: Makt og betydningar av kjønn

Å skrive ei avhandling basert på artiklar kan i ein viss forstand samanliknast med å komponere ei fuge. Artiklane skal vise variasjonar rundt eit hovudtema. Gjennom skriveprosessen blir melodien stadig vridd og tolka på nye måtar, men gjenkjend ved å stadig løfte fram visse mønster av gjennomgåande komponentar. Variasjonane i denne samanheng har hovudsakleg blitt skapt på to måtar:

- (1) gjennom bevegelsar i ulike empiriske landskap, og
- (2) gjennom val av ulike tilnæringsmåtar og teoretiske referanserammer.

I dette avsnittet vil eg antyde både korleis artiklane er prega av variasjon, og korleis dei på ulike måtar handlar om det same. Eg skal utdjupe enkelte sentrale kjenneteikn ved mitt tematiske utgangspunkt, samt konkretisere og presisere ein overordna tematikk, og korleis denne blir reflektert i artiklane.

#### 3.1 Doble kjønnskoder og makt

Når kvinner kjem inn i ein maskulin idrettskultur og krev likeverdig integrering og innflytelse, skjer det ei reorganisering og tilpassing av kulturelle og sosiale handlingsmønster. På den eine sida skaper idrettens ideal om likestilling og full integrering forventningar om likestilte kjønnsvilkår; forventningar om at sosiale betydningar av kjønn ikkje lenger skal eksistere. På den andre sida blir kvinner og menn stilt overfor kvarandre med sine kjønna kroppar, som symboliserer at dei er personar som tilhøyrer det eine kjønn i ein tvekjønna og hierarkisk sosial struktur (jf. t.d. Bourdieu 1990, Haavind 1994, Solheim 1998). *Kroppen representerer med andre ord ein fundamental situasjon for tolking og tilskrivning av kjønna betydningar.* Sjølv om desse ofte blir tatt for gitt, og sjeldan eksplisitt artikulert, forblir dei likevel aldri uspesifiserte. Kjønn framtrer som ei sosial differensieringsmekanisme som i siste instans kviler på moderne førestillingar om kjønn som ein naturgitt opposisjon mellom to typer kjønna kroppar; førestillingar om at ein kvinnekropp er det motsette av - og vesensforskjellig frå - ein mannskropp (Solheim 1998). Som personar blir vi dermed tilskriven mannleghet og kvinneleghet med anatomien som endeleg referanse. Hanne Haavind

utrykker det slik:

*"The basic distinctions concerns bodies. Bodies are perceived as having sex and therefore as being sexed accordingly. The essence of the feminine body is to be what the other is not, and of the masculine body to have what the other lacks."* (Haavind 1998: 258.)

Kjønn som symbolsk konstruksjon er bygd på eit system av opposisjonar, som iflg. Jorun Solheim (1998) blir transformert til "symbolsk verkelegheit" i sosiale relasjonar. Symbolske betydingar, knytt til mannlegheit og kvinnelegheit, er dessutan kopla til hardkoda kulturelle og sosiale tolkingar som viser til kjønn som makt. Førestillingar der kvinnelegheit og det kvinnelege, blir relativt underordna mannlegheit og det mannlige<sup>12</sup> (Acker 1990, Haavind 1980).

Kjønn som eit underliggende kulturelt betydingssystem forma på denne måten, kopla med ein offisiell kjønnspolitikk bygd på likestilling og kjønnsintegrering, skaper ein kjønnspolitisk situasjon der doble betydingar av kjønn lever side om side. Når kvinner kjem inn på mannsdominerte idrettsarenaer som formelt likestilte og integrerte, blir kjønn tolka, aktualisert og handtert både som grunnleggande likhet og forskjell. Vekt på likestillingsideal og kjønnsnøytralitet aktualiserer forståelsar og betydingar knytt til likhetsdimensjonen, medan hardkoda symbolske og kulturelle forståingsmåtar viser til betydingar prega av ulikhet og hierarkisering. Å vere utspent mellom doble og motsetnadsfulle kodifiseringar på denne måten, genererer stadig forhandlingar om kva kjønn skal bety. Kva betydingar av kjønn som skal ha størst relevans i ulike situasjonar, er ikkje utan vidare gitt. Situasjonen er prega av både tvetydighet og utydelegheit og innbyr til strategisk bruk av ulike tolkingsmuleghetar. Til dømes vil førestillingar og forventningar, knytt til ulike kulturelle og sosiale posisjonar, skape grobotn for strid om kva kjønna verkelegheitsoppfatningar og betydingar som gjeld og skal gjelde. På mannsdominerte arenaer har imidlertid menn ofte større kontroll over tolkingsreglane enn kvinner, og dermed over når, og på kva måte, kjønn skal ha relevans i ulike situasjonar (Haavind 1985). Forholdet mellom makt og betydingar av kjønn er med andre ord ikkje tilfeldig. Blant anna ser det ut som definisjonar av kvinner som forskjellige og alternative, ofte kjem til uttrykk i situasjonar der menns dominans blir gjort synleg og utfordra (Folgerø Johannessen 1994). Slike kjenneteikna antyder ein samanheng mellom maktforhold og muleghetar til å forme kva kjønnskode som til eikvar tid skal ha relevans og gyldighet. Det signaliserer at betydingar av makt medverkar til å forme betydingar av kjønn; at makt påverkar kva betydingar som får aktualitet, relevans og gjennomslag.

Ei hypotese om at *konkrete maktforhold er sentrale for kva betydingar av kjønn som*

---

<sup>12</sup> Denne tolkingsramma for kjønn blir utdjupa i teoridelen, jf. Del IV, pkt. 2.

kan skapast, aktualiserast og få gjennomslag, er eit sentralt tematisk utgangspunkt i dette avhandlingsarbeidet. Målet er å utforske på kva måtar maktforhold, og i denne samanheng særleg mannsdominans, medverkar til å forme betydningar av kjønn og dermed kvinner og menns handlingsvilkår og muleghetar. Utfrå tidstypiske kjenneteikn, har analyser av betydningar av doble kjønnskoder; av førestillingar og tolkingar av kjønn, som både likhet og forskjell, stått sentralt. Før eg går over til å utdjupe dei overordna spørsmåla som har prega utforskingssprosessen, vil eg nemne nokre teoretiske aspekt utvikla gjennom analyser av moderne maktutøving som har påverka blick og referanserammer.

Eit gjennomgåande fokus på samanhengar mellom maktforhold og betydningar av kjønn, indikerer ei oppfatning om at maktforhold innverkar på kva betydningar av kjønn som blir gjort verksame, og korleis desse blir erfart og handtert. Maktforhold har innverknad på kva betydningar av likhet som kjem til uttrykk, såvel som når - og på kva måte - kjønn som forskjell får hierarkiserande betydningar. Bent Flyvbjerg (1991a, 1991b) sine omfattande fenomenologiske studier av makt og rasjonalitet, bygt på Michel Foucault's maktforståelse, konkluderer med at maktpraksisar legg meir vekt på å definere verkeleggheta enn å finne ut korleis verkeleggheta ser ut:

*"..., at magten avgjør, hvad der teller som viden, og hvilken vidensfortolkning, der får status som dominerende fortolkning" (Flyvbjerg 1991b: 330).*

I tråd med Foucault ser han makt som styrkeforhold som er innevevd i andre sosiale relasjonar, og som alltid er verksame og produktive:

*" We must cease once for all to describe the effect of power in negative terms: it `excludes', it `represses', it `censors', it `abstracts', it `masks', it `conceals'. In fact power produces reality; it produces domains of objects and ritual of truth." (Foucault 1979:194.)*

Maktutøving blir med ein slik forståingsmåte sett som strategiske og prosessuelle praksisar som, særleg på indirekte og tildekte måtar, skaper dominansforhold. Desse blir stort sett berre tolerert dersom både dei og dei mekanismer dei fungerer etter, er skjult. Dei som har makt er lite interessert i synleggjering av makt, fordi det kan svekke deira posisjon (Flyvbjerg 1991a).

Kvinneforskarar har påpeikt at ei forståing av kjønn som forskjell og splittelse ofte dekkjer over sosiale erfaringar som peikar tilbake på betydningar av kjønn som makt (Folgerø Johannesen 1994, Haavind 1994). Betyr dette at kulturelle førestillingar av kjønn som forskjell og splittelse i stor grad er eit resultat av implisitte betydningar av kjønn som makt? Som tidlegare påpeika, er idretten kjenneteikna av tydeleg mannsdominans, samtidig som den har erklærte mål om å eliminere slike maktformer ved å fungere kjønnsnøytralt og likestillt. Det signaliserer ein tilstand der *realitetane er kjenneteikna av tydelege kjønnsmaktforhold*, samtidig som desse blir *underkommunisert og abstrahert bort gjennom mål, ideal og legitimeringar knytt til kjønnsnøytralitet og kjønnsegalitet*. Med andre ord: Ein situasjon der

doble kjønnskoder er verksame og aktualiserer strid om kva verkelegheitsforståingar og forståelsar av kjønn som er mest relevante og viktige. Dette grunnlaget betyr ein utforskningsprosess knytt til kva det betyr å "vere" kvinne respektive mann i slike kontekster. I tillegg til å avdekke kva betydingar av kjønn som i ulike samanhengar blir gjort relevante, synlege og offisielle versus irrelevante, usynlege og underliggande, blir det også viktig å ha eit sideblikk på korvidt - og eventuelt på kva måte - nye betydingar av kjønn impliserer prosessar som medverkar til å eliminere kjønn som maktrelasjon.

### 3.2 Overordna spørsmål

Utfrå den overordna tematikken som er utdjupa over, er omdreingspunktet i avhandlinga konsentrert rundt forholdet mellom makt og betydingar av kjønn; på kva måte maktforhold påverkar betydingar av kjønn - og vice versa. Meir presist har følgjande overordna spørsmål stått sentralt i utforskningsprosessen:

- (1) Korleis blir doble betydingar av kjønn; kjønn som både likhet og forskjell, uttrykt erfart og handtert når kvinner kjem inn på mannsdominerte idrettsarenaer som formelt likestilte?
- (2) Korleis er aktualisering og handtering av kjønn som likhet og forskjell relatert til aktuelle maktforhold, og særleg til betydingar av mannsdominans?
- (3) Korvidt, og eventuelt på kva måte, kan kjønnsintegreringsprosessar generere nye betydingar av kjønn som kan stimulere og medføre endringar i maktforholdet mellom kvinner og menn?

I forhold til sistnemde spørsmål, har eg innleiingsvis antyda korleis kvinners inntog og forventningar om likestilt deltaking (kvinneintegrering) i idretten har skapt nye betydingar av kjønn gjennom nye handlingsmuleghetar og tilgang på nye kjønnsposisjonar. Det som er mindre tydeleg og meir usikkert, er om desse betydingane også endrar kjønna maktforhold på andre måtar. Om desse skaper bevegelsar og retningsending mot utvikling av meir likeverdige kjønnsrelasjonar og dehierarkiserte kjønnsstrukturar, eller om desse heller ber preg av reproduksjon og vedlikehald av kjønna maktforhold? Er det slik at nye betydingar knytt til reorganisering og gjensidig tilpasning, også uttrykker kjønna likhetar og forskjellar prega av gjensidighet og lik verdsetting? Feministiske studier av kvinneintegrering i mannsdominerte institusjonar har blant anna vist at nye betydingar av kjønn påverkar institusjonelle veremåtar og uttrykksformer, men at retninga i maktforholdet mellom kvinner og menn derimot ser ut til å endre seg lite (t.d. Folgerø Johannessen 1994, Hirdmann 1988, Holter 1996b, Lindgren 1985). Fleire har dessutan framheva at mannsdominerte organisasjonar utviklar sterke sosialiseringsmekanismer som gjer det vanskeleg for kvinner å få gjennomslag for alternative verkelegheitsoppfatningar og verdiar (Ferguson 1984, Kanter 1977).

### 3.3 Sentrale tema i ulike empiriske landskap

Dei enkelte artiklane tematiserer dei overordna spørsmåla gjennom å sette søkelyset på problemstillingar som på ulike måtar konkretiserer, utdjupear og kontekstualiserer desse. Empirien omhandlar fleire institusjonelle kontekster som blir utforska frå ulike innfallsvinklar, og gir den overordna tematikken ulike uttrykksformer. Eg skal kort utdjupe enkelte slike variasjonar ved å konkretisere korleis artiklane tematiserer koplingar mellom makt og betydningar av kjønn.

Artiklane omhandlar analyser frå tre sentrale idrettsarenaer; utøvar-, trenar- og idrettspolitikkarenaen. Av desse har politikkarenaen fått størst merksemd (jf. artikkel 2, 3, 4 og 5) og trenararenaen minst (jf. deler av artikkel 2). Denne vektlegginga er dels valt utfrå tidlegare forskingsinnsatsar på feltet, og dels utfrå kva institusjonell arena eg har vurdert som mest eigna til å synleggjere og problematisere sentrale kjønnspolitiske oppfatningar og uttrykksformer.

Den første artikkelen ("Female Elite Athletes- Skilful Balancers of Modernity? The female athlete as a symbol of basic ambivalence, ambiguities and contradictory forces in modern femininity") omhandlar utøvararenaen. Den problematiserer korleis symbolske og kulturelle maktforhold i toppidretten aktualiserer og handterer doble og dikotome kjønnskoder på måtar som skaper ulike utgangspunkt, krav og handlingsvilkår for kvinnelege og mannlege toppidrettsutøvarar. Ved å analysere den kvinnelege toppidrettskroppen som kulturelt symbol, set artikkelen også fokus på korleis kvinneleg toppidrett opnar for utvikling og eksponering av nye og utvida kjønnsposisjonar, og korleis desse skaper strid og ambivalens omkring hardkoda kulturelle betydningar av kjønn. Maktaspektet blir gjennomgåande tematisert og kopla til aktualisering, handtering og verdsetting av maskulinitet versus feminitet.

Den andre artikkelen inneheld empiriske analyser knytt til trenararenaen ("Is it Worth the Price? Women's Involvement in Leadership and Coaching in Sport Organizations in Norway") og har fokus på kva utfordringar og barrierer kvinner erfarer i rolla som trenar. Søkelyset er retta mot kvinners erfaringar på ein arena der likestillingsideala tar utgangspunkt i menns normer og standarder. Eit sentralt mål er å utforske kvinners dilemma, utfordringar og ambivalens i samanhengar der menns rolleforvaltning, verdiar og prioriteringar blir oppfatta som generelle, naturlege og kjønnsnøytrale.

Fire av artiklane tar opp koplingar mellom maktforhold og betydningar av kjønn på idrettspolitikkarenaen.<sup>13</sup> At studier av politikkarenaen har fått størst merksemd heng først og fremst saman med at politiske prosessar er spesielt eigna til å fange opp slike koplingar.

---

<sup>13</sup> Dette er deler av artikkel 2: "Is it Worth the price? Women's Involvement in Leadership and Coaching in Sport Organizations in Norway", artikkel 3: "Når kvinner blir sand i maskineriet. Kjønn, interaksjon og makt i idrettspolitiske beslutningsprosessar", artikkel 4: "Møter mellom marknad og omsorg. Om ideologiske konfliktlinjer og betydningar av kjønn og makt i idrettspolitiske beslutningsprosessar" og artikkel 5: "Heavy weight" men and younger women? The gendering of selection processes in Norwegian sports organizations".

Politikk dreier seg nettopp om store og små maktkampar, interessekonfliktar, realisering av verdier - og ikkje minst - om kven som har og blir gitt makt til å definere og prioritere (Halsaa Albrektsen 1977). I slike prosessar er betydningar av kjønn heile tida verksame, sjølv om dei for det meste er implisitte og underliggande. Eit gjennomgåande fokus i analysene er korleis betydningar av kjønn blir uttrykt, erfart og handtert i situasjonar der kvinner og menn deltar som formelt likestilte beslutningstakarar og forventar likestilt innflytelse. Det betyr eit søkelys på korleis formelt likestilte kvinner og menn erfarer og handterer mannsdominerte arenavilkår eller institusjonelle realitetar, der menn i utgangspunktet har større muleghetar til å definere verkelegheitsoppfatningar og relevans. Fleire av artiklane tar også opp korleis stadige krav om marknadstilpassing og større marknadsstyring påverkar politikktutforming, og er prega av nære koplingar mellom kjønn, makt og marknad. Eit implisitt sidetema er dessutan å vise på kva måtar aukande kvinneintegrering aktualiserer kjønnsrelevans og betydningar av kjønn som maktrelasjon, og dermed kan representere potensiale for kjønnspolitisk endring.

#### 4. Ei utforsking med feministiske grunntonar

Dei ulike studia som inngår har lagt vekt på å identifisere koplingar mellom makt og betydningar av kjønn ved å identifisere og analysere motstandsformer og kjønnsdifferensierande prosessar.<sup>14</sup> Det har betydd å undersøke kjønnsdifferensiering og motstand knytt til ulike tenkemåtar, uttrykksformer, erfaringar, interaksjonsmønster. etc., og korvidt desse kan tolkast som eit resultat av hierarkiserande betydningar av kjønn. Det har ført til studier av cases og mikrokontekster, der eg har lagt vekt på å søke empirinære forståelsar og gripe samanhengar mellom strategisk handling og kulturelle og strukturelle føringar. Med andre ord eit forsøk på å *samanveve hermeneutisk og strukturell analyse gjennom konkrete empiriske studier*. Storparten av datamateriale er dermed basert på ein nærgåande og detaljert utforskingssprosess, koplå med ei stadig søking etter nye og meir relevante teoretiske forståelsar.<sup>15</sup>

Med ein overordna tematikk som tar sikte på å utvikle kunnskap om korleis betydningar av kjønn som likhet og forskjell er forma av kjønn som makt og vice versa, skriv avhandlingsarbeidet seg inn i ein sentral feministisk forskingstradisjon, sjølv om nyare studier

---

<sup>14</sup> Dette grepet har eg blant anna gjort på bakgrunn av Foucault analyser og forståelsar av makt (td. Foucault 1980, 1982, 1984)). Han påpeikar at makt som utøving av styrkeforhold, alltid vil generere motstand (Foucault 1984). Dessutan framhevar han at studier av differensieringar og system av differensieringar står sentralt i maktanalyser, fordi differensieringar på same tid - både er ein føresetnad for - og eit resultat av maktforhold (Foucault 1982). Joan Acker (1992) viser også i sine analyser av organisasjonsprosessar at å identifisere mønster av kjønnsdifferensiering og kjønnssegregering er fruktbart for å studere betydningar av kjønn.

<sup>15</sup> Denne pendlinga mellom empiri og teori, samt andre metodiske forhold er nærare utdjupa i: Del V. Jf. i denne samanheng pkt. 3 i del V.

i mindre grad enn tidlegare synleggjer maktforskjellar mellom kjønn og betydningar av kjønn som maktrelasjon (Halsaa 1996b, Øverlid 1996). Det kan sjå ut som utforsking av maktrelasjonar knytt til kulturelle og sosiale betydningar av kjønn, ikkje blir oppfatta som like relevant og presserande som før. Det ideologiske ankerfeste om å produsere kunnskap med sikte på politiske endring, ser ut til å ha blitt mindre tydeleg og viktig.<sup>16</sup> Når eg i denne samanheng har valt eit tydeleg ideologisk utgangspunkt ved å sette betydningar av makt i sentrum, er det eit kunnskapssosiologisk og politisk fundert val på same måte som valet om å oversjå betydningar av makt eller gjere kjønn irrelevant, vil vere det.<sup>17</sup> Å oversjå betydningar av kjønn som makt, vil utifrå min erkjeningsteoretiske posisjon innebere at ein likevel produserer kunnskap som er prega av dei. Koplingane mellom kjønn og makt er sjeldan vilkårlege. I tråd med feministisk tradisjon har eg også i denne samanheng lagt vekt på å synleggjere sosiale prosessar, maktformer og erfaringar på eit empirisk felt som andre forskingsinnsatsar ikkje utan vidare har retta merksemd mot. Det har betydd mest vekt på kvinners uttrykksformer og erfaringar, men også på menns utgangspunkt, og på rekjønning av mannsdominerte kontekster som blir framstilte som kjønnsnøytrale.

## 5. Disposisjon

Målet med denne innleiingsdelen er å vise ein samanheng i avhandlingsarbeidet gjennom ei utdjuing, samanbinding og samanstilling av overordna tema, problemstillinger og konklusjonar i artikkane. Det betyr å synleggjere dei kontekstuelle, teoretiske og metodiske komponentane dei står på, og er utvikla frå, og korleis desse på visse måtar er innevevd i og forma av kvarandre. Dette utgangspunktet inneber imidlertid at innleiingsdelen og artikkeltekstene somme stader vil vere prega av overlapp.

I **Del II** utdjuar eg sider ved idretten som har fungert som bakteppe for problemstillinger og analysegrep. Beskrivelsane er profilert slik at dei kan representere ei utvida kontekstuell ramme for artikkeltekstene.

I **Del III** presenterer eg enkelte sentrale komponentar knytt til det springbreittet som avhandlinga står på: Feministisk idrettssosiologi. Eg utdjuar kva som kjenneteiknar eit slikt tverrfagleg og fleirfagleg forskingsfelt, gir ein beskrivelse av sentrale forskingsinnsatsar i Norge (og Skandinavia) og av dei teoretiske og tematiske fasene og tyngdepunkt som har prega feltet.

**Del IV** omhandlar sentrale aspekt ved mine kjønnsforståingar og teoretiske

---

<sup>16</sup> Bakgrunnen for dette skifte har eg utdjuar nærare i min presentasjon av teoretiske perspektiv, jfr t.d. Del III, pkt. 3.2. og Del IV, pkt 1.

<sup>17</sup> Dette forholdet blir meir utdjuar og grunngjeve i delen om "Metodologiske refleksjonar og metode", jf. Del V, pkt 1 og 2.

referanserammer, og antyder korleis desse har gitt perspektiv, analysereiskapar og tolkingsrammer til artikkeltekstene.

I **Del V** tar eg opp ein del sentrale metodologiske og metodiske komponentar som har stått sentralt i utforslingsprosessen og i dei studia som inngår - og som artikkelforma har gitt lite rom for å utdjupe.

I **Del VI** er føremålet å konkludere ved å samanfatta innhaldet i dei enkelte artiklane, og å vise korleis analyseresultata står i forhold til ein overordna tematikk og kvarandre. I tillegg utdjupar eg kva kunnskapbidrag analysene kan avteikne, og antyder nokre temaer for vidare utforsking som kan representere ei kunnskapsmessig vidareutvikling, komplettering og perspektivering.



## Del II: Idrettens kjønnspolitikk: i spenningsfeltet mellom stat, marknad og sivilsamfunn

---

Denne delen utdypar sider ved idretten som har fungert som bakteppe for utvikling av problemstillingar og analysegrep. Dei aspekta eg set søkelys på er:

- idrettens kjønnspolitikk: utviklingslinjer og kjønnsideologi
- sentrale utviklingstrekk ved moderne idrettsorganisasjonar
- kjønnsideologiske føringar og dilemma.

Beskrivelsane vil vere orientert mot korleis strukturelle føringar og ideologiske spenningar pregar idrettens "indre liv" og influerer på betydningar av kjønn. Maktaspektet kopla til betydningar av kjønn blir gjennomgåande tematisert. Eit sentralt siktemål er dessutan at utdypingane skal fungere som ei utvida kontekstuell ramme for artikkeltekstene.

### 1. Idrettens kjønnspolitikk: utviklingslinjer og ideologi

I prinsippet har den organiserte idretten i Norge alltid vore open for kvinner. Til forskjell frå dei fleste andre land, har vi berre hatt sporadiske tilløp til kjønnssegregert idrettsorganisering. Idrettshistoriske analyser som inkluderer kvinners verkelegheit, er imidlertid i fåtal.<sup>18</sup>

Idrettshistoria fortel mest om kvinners situasjon gjennom det som *ikkje blir sagt*, og gjennom episoder som illustrerer menns sosiale kontroll over kvinner. Opp til vår tid har sosiale og politiske reguleringar, knytt til kvinneidrett, oftast blitt rettferdiggjort utfrå medisinske argument (Lippe 1997). Det er stort sett mannlege lækjarar sine oppfatningar av kvinneleg biologi som har vore utslagsgjevande. På den måten har kvinners deltakingsvilkår vore styrt av eit *forskjellsperspektiv*, der også kulturell og sosial forskjellsbehandling har blitt legitimert med referanse til biologi. Denne legitimeringsforma har vore veileigna til å ekskludere kvinner frå deltaking i konkurranseidrett (Lippe 1982b, 1997). Det var lenge ei dominerande oppfatning at konkurransar og hard trening kunne skade kvinners fertilitet - at idrettskvinner var meir utsett for skader enn menn (Fasting & Lippe 1988). Slike myter er framleis

---

<sup>18</sup> Den som har arbeidd mest med kvinners idrettshistorie i Norge er dosent ved Høgskolen i Telemark Gerd von der Lippe. Hennar doktorgradsarbeid: "Endring og motstand mot endring av femininiteter og maskuliniteter i idrett og kroppskultur i Norge 1890-1950" (1997) representerer det mest omfattande arbeidet på feltet. Ho har også skrive fleire mindre arbeider (t.d. Lippe 1982b, 1986, 1989, 1993-1994, 1996). Det er også skrive ei hovudoppgåve av Marie Herigstad Strømman (1994): "Kjønn og organisert idrett i Norge ca 1860-1970. Noen hovedlinjer". Fokus er på betydningar av kjønn for deltaking i idrett. I tillegg har Kolbjørn Rafoss (1999) arbeidd med analyser av kvinneidretten innan Arbeidernes Idrettsforbund. Så langt eg har kjennskap til, er det i Norge ikkje skrive fleire større idrettshistoriske arbeid med eit kvinneperspektiv.

verksame. I ishockey finst det i dag ulike reglar for kvinner og menn, blant anna spesielle reglar for kvinner som skal hindre harde kroppstacklingar. Likevel er betydningar av kjønn som forskjell i dag, overstrødd av betydningar av kjønn som likhet. Det er likhetskravet og likestillingsspektivet som offisielt sett er rådande.

Eg skal i det vidare forsøke å skissere nokre historiske og ideologiske utviklingslinjer knytt til idrettens kjønnspolitikk gjennom tolkingar av relevante idrettshistoriske diskursar, slik desse blir uttrykt i ein del aktuelle idrettshistoriske dokument og arbeider. Gjennomgangen er eit forsøk på å identifisere kjønnspolitisk plattform og antyde endring - og motstand mot endring - knytt til ideologiske spørsmål, og korleis desse aktualiserer betydningar av kjønn som likhet og forskjell. Eg har inndelt tidsperioda frå ca 1930-talet og fram til i dag i fire faser utfrå kva kjønnsforståelsar og integreringsstrategiar som synes å vere dominerande.

### **1.1 Kvinner og forskjellsorientert integrering**

Først rundt 1930 - nesten 70 år etter den første idrettsorganiseringa i Norge - fekk vi ei meir omfattande mobilisering blant kvinner i idretten. Gerd von der Lippe har kalla denne mobiliseringa "det store kvinnetrøkket" (1997:261). Mobiliseringa omfatta kvinner både i Norges Landsforbund for Idræt og innanfor Arbeidernes Idrettsforbund (AIF)<sup>19</sup>. I den borgarlege idretten var kvinners mobilisering knytt til kampen om å få lov til å delta i dei same meisterskap og konkurransar som menn, medan kvinnekampen i arbeidaridretten hadde eit langt breiare politisk siktemål (Olstad 1987, Rafoss 1999). I 1935 utforma AIF for første gong i norsk idrettshistorie ein idrettspolitik retta mot kvinner. Initiativet kom frå leiaren i Arbeidernes Idrettsforbund, Rolf Hofmo. Han såg på rekruttering av kvinner som ein del av AIF's arbeid for masseidretten. Ansvar for profilering og tilrettelegging vart institusjonalisert gjennom eit sentralt kvinneutval (Lippe 1989, Rafoss 1999). Det vart dessutan oppretta kvinneutval i arbeidaridrettskretsane, såvel som kvinnegrupper og nettverk i lokale klubbar. Målet var å få fleire kvinner i fysisk aktivitet og skape sosiale møteplassar. Idretten vart vurdert som eit viktig middel til å betre kvinners levekår, skape frigjering og samfunnsendring (Rafoss 1999). Det vart satsa på strategiar for å utvikle aktivitets- og organiseringsformer i tråd med kvinners behov og sosiale situasjon. Kvinnene tok sjølv ansvar for politisk utforming og aktivitetsutvikling; dei utdanna instruktørar og domarar, arrangerte stemner og dreiv politisk agitasjon for kvinnefrigjering. Kvinneutvalget dreiv ei utstrakt politisk og organisatorisk skoloring, og la vekt på eit alternativt idrettssyn med helse og velferd i sentrum (Rafoss 1999).<sup>20</sup> Synet på kvinnekroppen, og kvinners muleghetar, var

---

<sup>19</sup> Norges Landsforbund for Idræt representerte på den tida den borgarlege idrettsrørsla, medan Arbeidernes Idrettsforbund representerte arbeidaridretten.

<sup>20</sup> Ifg. Lippe (1997) hadde også Norges Landsforbund for idræt ein eigen Komite for kvinneidrett. Den stod ideologisk på ei likhet/likestillingssorientert integreringsline. Arbeidet var i hovudsak retta mot å få opna fleire meisterskap og idrettar for kvinner.

imidlertid prega av den medisinske diskursen. Ambjørø Bråthen, leiaren for AIF's kvinneutval, uttalte blant anna følgjande om kvinneidrettens mål:

*"Alle mener man skal drive idrett for å fremme kroppens sundhet og ydeevne. Men for å nå dette mål, må vi kvinner især drive vår idrett på en bestemt måte. Vi må arbeide bevisst for å fjerne alle mulige skadelige momenter, slik at idretten aldri blir til skade, men alltid til gagn. Det skal avgjøres av våre læger hvilke idrettsgrener vi skal dyrke, eller om vi i det hele skal drive idrett."* (Ref. i Hodne 1995:78.)

Då Arbeidernes Idrettsforbund i 1946 vart samanslått med Norges Landsforbund for Idræt til Norges Idrettsforbund, vart kvinneutvalet vidareført i den nye organisasjonen. Utvalet fekk namnet: "Utvalget for Kvinneidrett" i tråd med Landsforbundets struktur. Det skulle imidlertid etterkvart vise seg at denne samanslåinga innebar store endringar i kjønnspolitisk tenkemåte, og dermed også endringar i kvinners idrettspolitiske muleghetar.

Dei første åra etter samanslåinga (1946-1949) var optimismen og aktiviteten i kvinneidrettsutvalet stor, og det vart satsa på å utvikle regionale og lokale utval. Utvalets verksemd vart finansiert gjennom statens løyvingar til "sosiale tiltak". Det betydde at utvalgets forslag til aktivitetsplan og budsjett vart godkjent av Idrettstinget og kontrollert av Sentralstyret.<sup>21</sup> I AIF sat leiaren i Det sentrale Kvinneutvalget i AIF's styret. Etter samanslåinga vart leiaren i Utvalget for Kvinneidrett berre vararepresentant. Det har dessutan blitt påpeika at sentralstyret ofte la restriksjonar på og sanksjonerte kvinneidrettsutvalets verksemd (Lippe 1989, Wiig 1984). Blant anna vart planen om å danne eit kvinnettverk på tvers av ulike organisasjonsledd stoppa av den mannlege sentralleiinga. I 1947 vart t.d. friidrettskvinnenes krav om å få lov til å løpe 800 meter (kvinner fekk ikkje lov til å løpe lenger enn 200 m) avslått utfrå biologiske og estetiske argument (Wiig 1984). Etter 1950 gjekk løyvingane til utvalet merkbart ned. Entusiasmen til å markere og sette kvinnepolitiske spørsmål på dagsorden vart mindre tydeleg (NIF 1953). Visjonane og strategiane frå AIF-perioda vart stadig meir fjerne og vanskeleg å etterspore.

## 1.2 Kvinner og kjønnsnøytral integrering

I 1953 vart det sentrale kvinneutvalet nedlagt og saksområdet "kvinneidrett" overført til Utvalget for Instruksjon og Utdanning (NIF 1953). I denne omorganiseringa stod debatten omkring særeigne og kvinneretta versus kjønnsnøytrale integreringsstrategiar sentralt:

*"Prinsipielt er det ingen tiltak for å fremme idrettsutøvinger blant kvinner som ikke kan løses av et utvalg hvor både kvinner og menn er medlemmer. Det vil antagelig være av større betydning at kvinnene i den utstrekning det er mulig, kommer med som medlemmer i de forskjellige styrever og utvalg enn å opprette ordningen med særskilte utvalg for kvinneidrett."* (NIF 1953: 27.)

---

<sup>21</sup> Iflg NIF's årbøker (1946-1953) var dette vanlege prosedyrer for alle sentralt valde utval i organisasjonen.

I forhold til AIF-perioda var dette ein ny kjønnspolitisk tenkemåte. Sjølv om kvinner og menns føresetnader og utgangspunkt, både i idretten og i samfunnet forøvrig, framleis vart tolka som vesensforskjellige, fekk vi på nytt gjennomslag for at kvinners særlege behov og interesser like godt kan bli forvalta av menn som av kvinner. I praksis betydde det at kvinners interesseforvaltning vart overlatt til menn, fordi dei aller fleste beslutningsorgan og organisasjonsledd var prega av sterk eller fullstendig mannsdominans.<sup>22</sup> Skiftet innebar dermed framleis ei kjønnssegregert forvaltning - berre med motsett forteikn. At skiftet skjedde utan særleg motstand blant kvinnene i organisasjonen, tyder ikkje berre på eit kvinnepolitisk klimaskifte, men viste kor svak stilling kvinnene hadde fått i organisasjonen. Utover i 50- og 60-åra såg det ut som dei fleste organiseringsformer, som tidlegare var spesielt retta mot kvinner, gradvis forsvann (jf. t.d. NIF 1961, 1963). Om dei reelt sett forsvann, eller berre vart gjort politisk usynlege, er vanskelg å seie. Imidlertid kan det tyde på at ein kjønnsnøytral integreringsideologi, som ikkje tar omsyn til at kvinner og menn har ulike utgangspunkt, men derimot er basert på førestillingar om kjønn som likhet, i liten grad medverkar til utjamning av kulturelle og sosiale forskjellar mellom kvinner og menn (Hernes 1974). Sterk, eller fullstendig mannsdominans, gjer det dessutan vanskeleg for enkeltkvinner å artikulere kvinnepolitiske interesser og argumentere for at mannsdominans og kvinners ulike og underordna stilling, krev ulike tiltak og har ulik betydning for kvinner og menn (Dahlerup 1988).

### **1.3 Likestillingssorientert integrering basert på doble kjønnskoder**

Ei ny kvinnemobilisering i idretten kom først etter 1970. Samtidig med utdanningsrevolusjonen og framveksten av den nye kvinnerørsla, skjedde det også ei eksplosjonsprega auke i NIF's medlemstal. Dei store nye medlemsgruppene var kvinner og barn. I ettertid har denne tilstrøyminga til idretten blitt kalla "idrettsrevolusjonen" (Olstad og Tønnesson 1986). I eit politisk klima, prega av likestilling og likhetsideal, sette også idrettskvinner deltaking på like vilkår på dagsorden med full styrke. Tradisjonelle førestillingar om kvinneleg biologi vart utfordra, og mange myter om kvinner og idrett vart gravlagde for alltid. Men slike endringar skjedde ikkje utan motstand (Fasting 1982a, Lippe 1982c). Mannlege idrettsleiarar og journalistar møtte endringskrava med både sterke motførestillingar og til dels latterleggjering. Slike uttrykksformer kom blant anna til syne gjennom aksjonane for kvinnleg deltaking i "Vårens vakreste eventyr": Holmenkollstafetten (1975), i Birkebeinerrennet (1976) og i kvinners årelange kamp for å bli fullverdige medlemmer

---

<sup>22</sup> NIF's årbøker, som innheld oversyn over kjønnsamansetjinga i ulike sentrale styrer og komitear, stadfestar denne påstanden. Vesentlege endringar i kjønnsamansetjinga i styrer, råd og utval skjer ikkje før omlag 30 år senare. I etterkrigsperioda er imidlertid dei fleste beslutningsorgan fullstendig mannsdominerte. Kvinner finst som "einslege svaler" i enkelte utval, og ikkje uventa er det på politikkområde som omhandlar barne- og ungdomsidrett, instruksjon og utdanning og Utvalget for helsekontroll (jf. t.d. NIF 1957, 1959, 1961, 1963).

av idrettens største mannsbastion: Norges fotballforbund (1976). Motstandarane viste ofte til betydningar av kjønn som grunnleggande forskjell, både biologisk, kulturelt og sosialt (Lippe 1982c). Kvinners krav om å vere likestilte i alle idrettar og på alle verksemdsområde, utfordra etablerte oppfatningar om kvinneleghet, og kven som skulle bestemme kva som var bra og sunt for kvinner.

Utover i 1980-åra fekk vi eit kvinnepolitisk fokus retta mot menns makt og innflytelse i idretten. Det vart initiert ei satsing for å få kvinners interesser sterkare på dagsorden og fleire kvinner inn i maktposisjonar (NIF 1985, Skou 1990). Utgangspunktet var erfaringar knytt til at formell likestilling og lik rett til deltaking, ikkje nødvendigvis medførte endringar i institusjonelle maktstrukturar. Målet var i første rekke å få fleire kvinner inn i idrettens beslutningsorgan for å få kvinnerelevante interesser på dagsorden og problematisere kvinners innflytelsesvilkår (Fasting 1984). Satsinga starta opp etter Idrettstinget i 1984. Målet var større kvinneintegrering basert på ein dobbel strategi; å tilrettelegge for større kvinneintegrering gjennom særnekvinnetiltak, såvel som å rette større merksemd mot kvinners situasjon i alle deler av organisasjonens verksemd (Skou 1990). Det vart blant anna framheva:

*"...at kvinner og menn i praksis skal sikres like muligheter til idrettslig utfoldelse, lederoppgaver og tillitsverv." (NIF 1985:4)*

I tillegg til å opprette eit sentralt kvinneutval og kvinneutval/kvinnekontaktar i kretsar og klubbar - i tråd med AIF-modellen frå 1935 - løyvde Idrettsstyret spesielle midlar til satsinga. Det vart utarbeidd ein kvinnepolitisk handlingsplan, der skoleringsstiltak og aktiviseringsstilbod utfrå kvinners behov og stilling sto i sentrum. Blant anna vart det gitt ressursar til ei konsulentstilling i sentraladministrasjonen med ansvar for iverksetjing og koordinering.

Satsinga skapte entusiasme, tru på endring og nye muleghetar. Arbeidet fekk rosande omtale på Idrettstinget i 1987. Men ei vidareføring av særskilde kvinnetiltak vart berre vedteke for ei tingperiode om gangen. Verksemda vart dessutan kontinuerleg evaluert. Det langsiktige målet om full kjønnsintegrering innebar ein forståelse av at kvinneretta aktivitetar og kvinnetiltak berre skulle representerte ein kort overgangstilstand (Skou 1990). Vi ser dermed at betydningar av kjønn som forskjell først og fremst blir knytt til kvinner, og i fleire samanhengar tolka som kvinneleg etterslep. Dei sentrale måla, knytt til særskilde kvinnetiltak, var hovudsakleg likestillingsorienterte; hierarkiske kjønnsforskjellar skulle utjamnast gjennom å redusere kvinneleg etterslep. Kvinner skulle kvalifiserast til å konkurrere med menn utfrå etablerte (mannlege) standarder. Men kjønn vart også tolka som forskjell på andre måtar. Demokratiaspektet kom til uttrykk: Kvinner som gruppe har andre interesser enn menn (Halsaa 1987). Maktaspektet og kjønn som maktrelasjon, vart imidlerid i liten grad direkte synleggjort og problematisert. Derimot fekk ressursargumentet stor merksemd og legitimitet. Kjønn vart i denne samanheng tolka som både likhet og forskjell. Kvinner framsto som ein

ubrukt organisasjonsressurs som kunne ivareta generelle såvel som spesielle organisasjonsbehov. Ei aktivisering av fleire kvinner ville kunne auke rekrutteringspotensiale på dei fleste verksemdområde (NIF 1985, Skou 1990). Ideologisk sett var satsinga sterkt farga av liberalistiske likestillingsideal. Kjønnsdiskriminering vart hovudsaklig forstått som sløsing med knappe ressursar (Halsaa 1996b). Dette utgangspunktet skapte imidlertid legitimitet for kvinnesentrert likestillingsarbeid der kvinneperspektivet dominerte: <sup>23</sup>

*"Kvinneutvalgene er et sted å skolere seg, et sted der kvinner kan få organisasjonserfaring under trygge forhold. Kvinneutvalgene vil dessuten i kraft av sin eksistens være interessert i å lytte til kvinner, velge kvinner, spørre kvinner, tenke kvinner, forstå kvinner og favorisere kvinner. Kvinneutvalgene vil sikre at kvinners rettigheter blir ivaretatt og kan således bidra til at kvinneidretten utvikler seg på kvinners premisser." (Handlingplanen for 1988-90, sitert i Skou 1990:23.)*

Slike betydningsaspekt, knytt til kjønn som likhet og forskjell, viser til ein kjønnspolitisk situasjon prega av doble kjønnskoder. Betydningar av kjønn som likhet og forskjell ser ut til å bli aktualisert meir i tråd med strategiske og pragmatiske omsyn enn utfrå ein konsistent kjønnspolitisk tenkemåte. Utfrå mine tolkingar, ser vi konturar av eit uryddig politisk terreng, som ved bruk av ulike verkemiddel, dels basert på ulike kjønnspolitiske ideologiar, forsøker både å samanveve og åtskilje det doble og motsetnadsfulle. Det indikerer ei utvikling mot meir komplekse betydingar av kjønn og eit lite avklart forhold om kva betydingar som skal prege organisasjonens politikk. Samtidig ser vi at på målsetjingsplanet, det mest offisielle og synlege, er likestillingsperspektivet og ulike aspekt ved kjønn som likhet dominerande.

#### **1.4 Doble kjønnskoder som grunnlag for "full" kjønnsnøytral integrering**

I begynnelsen av 90-åra vart kvinneutvalsstrukturen, kvinnekonsulentene såvel som dei fleste andre særtiltaka, gradvis avvikla. Ideelt sett skulle det bety at dei sosiale forskjellane mellom menn og kvinner i organisasjonen no var så ubetydelege, at deltaking på formelt likestilte premissar også skulle resultere i likestilte vilkår for innflytelse. Avviklinga var imidlertid basert på uklare kriterier. Det var usemje om kva som skulle ligge til grunn, og avviklinga skjedde i stor grad utan ein grunnleggande debatt om kjønnspolitiske konsekvensar.<sup>24</sup> Særtiltaka vart som antyda oppfatta som ei satsing som ikkje kunne vare for lenge - også av

---

<sup>23</sup> Kvinneperspektivet tar sikte på å synleggjere kvinners problem og ressursar ved å legge vekt på kvinners verdiar, erfaringar og handlingsrammer. Eit senralt mål er at det skal medføre ei oppvurdering av kvinners val og forståingsrammer, og resultere i endringar for kvinner.

<sup>24</sup> I denne perioda dreiv eg feltarbeid i fleire ulike organisasjonskontekster i samband med mitt studium av betydingar av kjønn i idrettspolitiske beslutningsprosessar (jf. artikkel 3, 4 og 5), og av denne grunn følgde eg utviklinga nøye både på lokalt og nasjonalt nivå.

ressursmessige omsyn. På den andre sida førelåg det ein evalueringsrapport som konkluderte med at kvinneutvala, og særleg Det sentrale Kvinneutvalget, hadde fungert som ein viktig pådrivar i det kvinnepolitiske arbeidet (Skou 1990). Evalueringa framheva også at eigne administrative ressursar hadde hatt stor betydning for ei vellykka politisk implementering i organisasjonen (Skou 1990).

Trass i evalueringsrapportens konklusjonar, vedtok Idrettstinget i 1994 full kjønnsintegrering i den forstand at heile organisasjonen no skulle ta ansvar for at både kvinner og menns erfaringar, verdiar og prioriteringar skulle prege organisasjonsarbeidet (NIF 1996). Dei kvinnene som hadde engasjert seg sterkt i den kvinnepolitiske satsinga, uttrykte imidlertid motstand mot dette. Mange oppfatta det som ei defensiv og lite konkret oppfølging. Deira ønske var å halde fast på ein kjønnspolitikk bygd på ein dobbel strategi; ein politikk som satsa på kjønnsutjamning, både gjennom positiv diskriminering gjennom særskilde kvinnetiltak og gjennom aktualisering av kjønnspektivet på alle verksemdområde. Mange uttrykte uro og pessimisme knytt til at mannsdominerte beslutningsorgan igjen skulle overta ansvaret for å forvalte kvinnerelevante interesser og behov. Fleire påpeika at "full" integrering på slike premisser mest sannsynleg kom til å medføre stagnasjon og tilbakeslag for likestillingsarbeidet i organisasjonen.<sup>25</sup>

NIF har ikkje gjennomført kjønnspolitiske evalueringar i etterkant av integreringsvedtaket i 1994. Korleis det kollektive og kjønnsnøytrale ansvaret for likestilling og kjønnsutjamning har blitt handtert og implementert, er det dermed lite kunnskap om. Kari Fasting (1996) har imidlertid framheva i sin statusrapport om kvinneidretten, at det er vanskeleg å få auge på korleis det kvinnepolitiske arbeidet har blitt vidareført, og korleis organisasjonen konkret arbeider for å følgje opp sine kjønnspolitiske mål. På politikkenaren har det vist seg at å realisere likestillingsmål gjennom kjønnsnøytrale integreringsstrategiar, krev stor velvilje og målretta arbeid frå den politiske leiinga (Pincus & Van der Ros 1999). I dag kan det sjå ut som at det einaste kjønnspolitiske verkemiddelet blir praktisert i organisasjonen, er kjønnskvoeringsbestemmelsen.

Kjønnskvoering som kjønnspolitisk verkemiddel, vart første gong vedtatt på Idrettstinget i 1987 etter forslag frå Det sentrale kvinneutvalget. Vedtaket møtte motstand. Fleire meinte at kjønnskvoering var å gå for langt i å akseptere betydningar av kjønn som kulturell og sosial forskjell. Likevel vart det knytt store kjønnspolitiske mål til vedtaket. Sentrale argument var blant anna: (1) at fleire kvinner inn i styrer, råd og utval ville bety fleire kvinnelege modellar, (2) at fleire kvinner i leiroller også skulle sikre at kvinneidrettens interesser vart ivarettatt, og (3) at leiarskiktet skulle avspegle kjønnsfordelinga i medlemsmassa (NIF 1987). Ein viktig grunn til at bestemmelsen har blitt permanent, var at

---

<sup>25</sup> Desse argumenta og synspunkta kom blant anna fram under ei uoffisiell samling av kvinnelege representantar på Idrettstinget i 1994, der den kjønnspolitiske situasjonen vart diskutert.

den allereie tidleg på 1990-talet vart inkludert i NIF's lov. Bestemmelsen i lovteksta har i dag følgjande ordlyd:

*"Ved valg/oppnevning av representanter til ting, samt medlemmer til styrer, råd og utvalg i NIF og NIF's organisasjonsledd skal det være kandidater fra begge kjønn. Kjønnfordelingen i medlemsmassen i det enkelte organisasjonsledd skal være retningsgivende for sammensetningen, dog slik at det er to representanter fra hvert kjønn. Dette gjelder ikke i råd og utvalg m.v. som består av 3 eller færre medlemmer. Idrettsstyret kan når det foreligger særlige forhold gjøre unntak fra denne bestemmelse". (NIF's lover § 2-4, 1994.)*

Som teksta avdekker, er bestemmelsen kjønnsnøytral og ikkje særleg radikal i forhold til Likestillingslova, som blant anna uttrykker (i føremålet til lova) "...å fremme likestilling mellom kjønnene og tar særleg sikte på å bedre kvinnens stilling" (jf. § 1, Likestillingsdepartementet 1995:23)<sup>26</sup>.

Lovbestemt kjønnskvotering har likevel vore sterkt medverkande til at fleire kvinner har kome inn i idrettens beslutningsorgan på alle nivå. Dei siste åra ser det imidlertid ut som kvinnerepresentasjonen i styrer og utval har stagnert (NIF 1996). Kan det ha samanheng med at bestemmelsen berre er ein minimumsbestemmelse, og ikkje legg opp til prosedyrar som på sikt skal resultere i full kjønnsbalanse?<sup>27</sup>

Som antyda, er det i dag eit sentralt spørsmål korvidt det kollektive ansvaret for å aktualisere og handtere betydningar av kjønn på alle verksemdsområde, utan å ha særeigne pådrivarar, har medført stagnasjon i arbeidet for likestilling og likeverdig integrering av kvinner. Er det slik at utviklinga har gått i retning av ei verksemd meir prega av kjønnsnøytralisering av mannsdominans og usynleggjering av kjønna realitetar, enn ei verksemd prega av målretta arbeid for kjønnsutjamning? Iflg. NIF's årsrapportar (NIF 1997, 1998) blir kjønn som politisk kategori tematisert langt mindre enn tidleg og midt på på 90-talet (jf. t.d. NIF 1995a, 1996). Organisasjonens nye satsingsområde manglar stort sett aktualiseringar knytt til kjønna betydningar. Mangelfull likestilling og eksisterande kjønnsforskjellar blir i liten grad konkretisert og uttrykt som eit demokrati- og ressursproblem. Det finns dessutan ingen utrapportering av status knytt til realisering av kjønnspolitiske mål (jf. t.d. NIF 1997, 1998). Kva signaliserer ei slik utvikling? Uttrykker det at dei som har makt til å definere dagens situasjon ikkje lenger oppfattar kjønn som betydningsfullt for handlingsmuleghetar og innflytelse? Eller er forholda meir komplekse og samansette? Dei

<sup>26</sup> Lov om likestilling mellom kjønnene vart vedtatt av Stortinget 9. juni 1978 og tredde i kraft 15. mars 1979. Fleire paragrafar har kome til underveis, og lova er i dag under revidering.

<sup>27</sup> Artikkel 5 i avhandlinga viser blant anna korleis kjønnskvoeringsbestemmelsen aktualiserer kjønn som politisk kategori i utveljingsprosessane til idrettspolitiske verv. Artikkelen viser kva tenkemåtar som ligg til grunn for kandidatutveljinga, og korleis kjønnskvoeringsregelen blir tolka og implementert.



fem artiklane i avhandlinga vil på ulike måtar teikne situasjonsbilder som viser korleis kvinner og menn uttrykker, erfarer og handterer betydningar av kjønn og dei arenavilkåra dei møter, og korleis maktforhold påverkar forståingsmåtar, erfaringar og muleghetar. For å tilrettelegge for ei utvida forståing av kva for andre typer ideologiske og strukturelle føringar som påverkar idrettens kjønnspolitikk, skal eg vidare kort beskrive enkelte sentrale utviklingstrekk som pregar moderne idrettsorganisasjonar og dermed også NIF's "indre liv".

## **2. Sentrale utviklingstrekk i moderne idrettsorganisasjonar**

### **2.1 Utspent mellom stat, marknad og frivilleghet**

Norges Idrettsforbund er som nasjonal fellesorganisasjon, med sine 1,8 mill medlemmer og ca 13000 idrettslag, den største frivillige organisasjonen i Norge og representerer eit frivilleg organisasjonsapparat utan sidestykke i norsk samfunnsliv. Selle (1995) framhevar dessutan at det i Vest-Europa ikkje finst nasjonale fellesorganisasjonar for idrett som kan konkurrere med NIF i relativ styrke. Idretten som samfunnsinstitusjon har ein sterk posisjon, ikkje først og fremst som toppidrettsprodusent, men som skapar av aktivitet og sosiale fellesskap. Men kva for dominerande kjenneteikn er det som i dag pregar idretten som samfunnsinstitusjon og frivillig organisasjon?

Utfrå idealtypiske kjenneteikn blir aktivitetane i samfunnet ofte inndelt i tre kategoriar eller sektorar: (1) det offentlege, (2) marknaden og (3) frivillig sektor. Sistnemnde blir også kalla "tredje sektor" og det sivile samfunn. Ei slik idealtypisk inndeling er basert på at ulike samfunnsmessige aktivitetsområde ivaretar ulike funksjonar, og dermed blir styrt av ulike logikkar og organisasjonsprinsipp. Idealtypiske modellar avspeglar imidlertid aldri verkeleggheta. I denne samanheng betyr det at dei logikkane og prinsippa som ideelt sett skal prega ulike sektorar, i praksis ikkje framtrer i ideelle og perfekte former, fordi samfunnsaktørar og organisasjonar sjeldan fungerer i tråd med bestemte teoretiske føresetnader (Hernes 1978). Styringsideal vil dermed framtre i perverterte former. Kva utformingar og grad av pervertering som utviklast, vil blant anna vere avhengig av interne sektorielle maktforhold, såvel som maktforhold mellom ulike sektorar. Eg skal imidlertid, med referanse til dei nemde idealtypene, vise kva styringsformer eller perverterte styringsformer, som i dag ser ut til å kjempe om hegemoniet innan idretten, og kva styringsideal desse er påverka av.


Utfrå idealtypiske kjenneteikn er marknaden ofte også kalla økonomisk sektor, dominert av privat og profittorientert verksemd og bytterelasjonar. Det offentlege eller staten, er derimot prega av verksemd knytt til politisk valde eller administrative organ, styrt av fleirtalsvedtak. Dei frivillege organisasjonane som blir rekna som ein del av sivilsamfunnet, skal derimot vere kjenneteikna av frivillege medlemsbaserte aktivitetar basert på

demokratiske samhandlingsformer utan primære økonomiske føremål. Som frivilleg organisasjon tilhøyrer NIF i prinsippet ein samfunnssektor som verken er underlagt statleg styring eller marknads økonomiske logikk. Samstundes er det ei utbreidd oppfatning om at den sterke marknadsintegreringa som har prega idretten dei siste par tiåra, medverkar til at det er relevant å stille spørsmål om korvidt idretten utfrå idealtypiske styringsidealar - og utfrå egne erklærte mål - framleis kan kallast ein frivilleg organisasjon, eller ei folkerørsle, slik den offisielt blir framstilt - og ønsker å bli framstilt.

NIF har gjennom heile si historie hatt nære relasjonar til staten, og staten finansierer framleis størsteparten av idrettens drift (Goksøyr 1996, Skirstad et al.1996). Marknadsintegreringa har imidlertid medført at staten i sterkare grad enn tidlegare, har utforma styrande premissar for bruk av statlege midlar til idrettsføremål (Stortingsmelding nr. 41, 1991-92, Stortingsmelding nr. 14 1999-2000). Slike utviklingstrekk gjer at idealtypiske førestillingar om idrettens autonomi kjem i klemme. Det dominerande bilde er meir prega av eksterne krav og føringar frå stat og marknad. Bildet synleggjer NIF's avhengighet, og korleis ytre påverknad utviklar organisasjonstilpasningar som meir kan minne om ein næringslivsorganisasjon og eit offentleg organ enn ein frivillig organisasjon. Det antyder dessutan at styringsidealar knytt til frivillig organisering - som demokrati og fortjenestefrie organisasjonsformer - er i forvitring. Den tidstypiske tilstanden teiknar eit bilde av ein frivilleg organisasjon som står i ein krysseld mellom eksterne og interne krav og forventningar. Ein politisk situasjon som stadig genererer nye ideologiske spenningar, verdikonfliktar og interessemotsetnader. Figuren på neste side er ei skisse som illustrerer korleis dei ulike "aktørane" som idretten samhandlar med, er relatert til kvarandre, og kva dynamikkar og styringsideal som dermed er med på å forme verkelegheitsdefineringar, handlingsvilkår såvel som idrettspolitikken innhald.<sup>28</sup>

---

<sup>28</sup> Artikkeltekstene viser på direkte og indirekte måtar korleis denne forminga får institusjonelle uttrykk.



Figur 2: Ei skisse av relasjonar mellom idretten og sentrale "eksterne aktørar".

Eg skal i det vidare utdjupe denne dynamikken ved å konkretisere nokre sentrale krav og føringar frå marknad og stat, og antyde korleis dei påverkar idrettens "indre liv".

## 2.2 Kommersialisering, profesjonalisering og byråkratisering

Globaliseringsprosessar har medført ei sterk kommersialisering og profesjonalisering av idretten som institusjon. Marknadsprinsippet som verdiintegrasjon, kjem tydeleg til uttrykk både i sjølve idrettsutøvinga såvel som i politikk og forvaltning (Slack 1997, Selle 1995). Desse utviklingstrekk er imidlertid sterkest innanfor toppidretten og på dei verksemdsområde som understøttar denne idrettsforma. Globaliseringa av toppidretten og den sterke

mediamerksemda gjer populære idrettsutøvarar og store idrettar til stadig meir attraktive investeringsobjekt. Det fører store pengesummar frå marknaden inn i idretten. Ein stadig større del av elite- og konkurranseidretten blir finansiert av fortenebaserte aktørar (Stortingsmelding nr. 14 1999-2000). I denne prosessen aktualiserast forventningar og krav om at idretten som "samarbeidspartnar", må tilpasse seg marknaden sine logikkar og organiseringsformer. Vi ser eit konstant press om tilpasningar til marknadsbaserte organisasjonsmodellar, ordningar og prosedyrer (Slack 1997). Slike krav og forventningar medfører ei stadig større kommersialisering, profesjonalisering og byråkratisering av idrettsleg verksemd. Fortenebaserte eigarformer blir i aukande grad innevevd i frivillege organisasjonsformer, og personlege sponsoravtaler og pengepremiar gjer stadig fleire toppidrettsutøvarar til millionærar.

Kommersialisering, profesjonalisering og byråkratisering er prosessar som i stor grad står i eit indre avhengighetsforhold til kvarandre (Skirstad et al. 1996, Slack 1997). Aukande krav om profesjonalisering medfører at idrettsadministrative oppgåver som tidlegare var i hendene på tillitsvalde, i stadig større grad blir utført av profesjonelle. Dette gjeld særleg for sentrale og regionale organisasjonsledd og dei største idrettsklubbane (Enjolras & Seippel 1999, Stortingsmelding nr. 14 1999-2000). Dei daglege administrasjonsoppgåvene har i bokstaveleg forstand blitt flytta frå kjøkkenbordet til eigne administrasjonslokale. Det signaliserer samstundes ei byråkratisering av idrettsleg verksemd. Idretten forsøker blant anna å tilpasse seg forvaltningsstandardar og byråkratiske prosedyrer for dokumentasjon og kontroll som gjeld for profesjonelle organisasjonar. Som i fortenebaserte organisasjonar, framstår økonomistyring og strategisk planlegging som prioriterte kompetanse- og programområde (NIF 1995b, Slack 1997). Iflg. Per Selle (1995) har idretten i Norge fungert som ei samfunnsmesse drivkraft i slike prosessar. Det har føregått ei legitimering av marknadstilpassing frå idretten og over til andre delar av organisasjons- og samfunnslivet.

Sidan 1970-åra har den overordna målsetjinga for statleg idrettspolitikkk blitt uttrykt gjennom mottoet: "Idrett for alle" (Stortingsmelding nr. 14 1991-1992, Stortingsmelding nr. 14 1999-2000). I heile etterkrigstida har idretten vore eit viktig offentleg interesseområde, og dermed på fleire måtar sterkt samanvevd og delvis kontrollert av det offentlege (Goksøyr 1992, 1996, Selle 1995). Staten løyver kvart år gjennom spele/tippemidlane store summar til ulike idrettsføremål. Blant anna finansierer staten ein vesentleg del av idrettens drift gjennom sitt rammetilskot (Skirstad et al. 1996).<sup>29</sup> Statens engasjement og finansiering av frivillege idrettsarbeid har ideologisk vore knytt til idrettens helseverdi, og dei verdiar den skaper lokalt

---

<sup>29</sup> I 1999 overførte staten 267,8 mill. kr til NIF, der 216 mill. kr var ordinært rammetilskot (driftsmidler) og 51,4 mill. kr var øyremarka midlar til område som antidoping, barn, ungdom, kvinner, eldre, FOU, integrering av funksjonshemmede, idrett og vold, idrettsstipend (toppidrett) og spesielle tiltak for unge utøvarar (St.meld. nr. 14 1999-2000:16).

gjennom utvikling av sosiale fellesskap og demokratiske samhandlingsformer (Hovden 1980, Stortingsmelding 14 1999-2000). Det offentlege støttar med andre ord idretten utifrå dei potensialane den har til å vere eit sosialpolitisk verkemiddel i lokalmiljøa og då særleg overfor barn og unge. På denne bakgrunn er staten i forhold til marknaden opptatt av andre sider ved idrettens verksemd. Likevel har det vist seg at statens premisser og engasjement også stimulerer utviklingstrekk som byråkratisering og profesjonalisering. I målstyringens tidsalder inneber effektivitetskrava knytt til bruk av offentlege midlar, ofte store krav til dokumentasjon og kontroll (Selle 1995).

Både staten og næringslivet investerer i idretten, fordi den gjennom eit velutvikla, stort og frivillig (lite kostnadskrevjande) organisasjonsapparat har eit nasjonalt nedslagsfelt og kan mobilisere mange. Det er likevel mykje som tyder på at ei utvikling mot større profesjonalisering og kommersialisering har som konsekvens at det frivillige engasjementet ofte kjem i klemme og forvitrar (Bergsgaard et.al. 1996, Slack 1997). Det er ikkje gitt at frivillige ønsker å engasjere seg på premisser som er mest forma av "eksterne aktørar". Sjølv om marknaden i dag ser ut til å vere sterkt integrert i dei mest synlege delane av idretten; konkurranse- og toppidretten, indikerer studier av canadiske idrettsorganisasjonar at profesjonalisering av idretten medfører stadig meir spesialiserte kompetansekrav, som resulterer i ei smal rekruttering av frivillege (Macintosh & Whitson 1990, Slack 1997). Vi får ei overvekt av tillitsvalde frå visse samfunnsgrupper og langt fleire menn enn kvinner (Whitson & Macintosh 1989). Dei mest motiverte til å påta seg leiarposisjonar er menn med leiande stillingar i næringslivet, som er kjent med marknadssektorens organiseringsprinsipp og kultur. Det er mykje som tyder på at liknande mønster pregar leiarrekrutteringa på nasjonalt nivå også i Norge (Ibsen 1996)<sup>30</sup>. Men kva betyr slike utviklingstrekk for idretten som frivillig organisasjon? Eg skal i det vidare beskrive enkelte aspekt ved marknaden og statens kjønnsideologi, og på den måten antyde korleis marknaden og statens føringar kan påverke idrettens mål og muleghetar til å ivareta sine ideal om likestilling og demokrati.

---

<sup>30</sup> Så langt eg kjenner til, er det gjort få konsekvensanalyser av korleis prosessar som kommersialisering, profesjonalisering og byråkratisering i frivillige idrettsorganisasjonar påverkar rekrutteringsmønsteret og det frivillige engasjementet. Som antyda er det gjort eit fåtal studier i Canada omkring slike problemstillingar, der også kjønn har blitt problematisert. I Norge er liknade studier nettopp starta opp, men utforsking av kjønna betydningar ser ut til å stå lite sentralt (t.d Enjolras & Seippel 1999, Wollebæk et al. 1998). I denne samanheng tematiserer artiklane både på direkte og indirekte måtar kjønnspolitiske konsekvensar av slike utviklingstrekk - utan at dette har vore eit hovudfokus.

### 3. Kjønnsideologiske føringar og dilemma

#### 3.1 På sporet av marknadens kjønnsideologi

Forholdet mellom marknad og internasjonal toppidrett kan i mange idrettar karakteriserast som symbiotisk. I Norge er fotball den idretten som er sterkast styrt av marknaden. Iflg. Bonde (1993) er fotball ein "mandighetskultur"; eit maskulint rom åtskilt frå det feminine, der menn enno kan dyrke maskuline verdiar relativt uforstyrta. Men kva betyr slike kjenneteikn når fotball i Norge også er den største organiserte idretten for kvinner? Kva for kjønnsideologi og verdsetting av kjønn er det som rår i marknadsstyrte idrettsorganisasjonar? For å illustrere enkelte logikkar og praksisar som kjem til uttrykk, vil eg sette fokus på visse former for verdsetting av kjønn i marknadsorienterte idrettsorganisasjonar som Norges Fotballforbund (NFF) og Det internasjonale Volleyballforbundet (FIVB).

NFF er som andre norske idrettsorganisasjonar i utgangspunktet definert som ein frivilleg og demokratisk organisasjon som også skal arbeide i tråd med NIF's likestillingsmål. Organisasjonens årbok for 1998 avdekkjer imidlertid store kjønnsforskjellar i bonusutbetalingar for "objektivt" sett like prestasjonar. Iflg. vedtekne bonusordningar (vedtatt av NFF's styre) tener mannlige fotballspelarar gjennom si VM-deltaking omlag 10-20 gongar meir enn sine kvinnelege kollegaer. For siger i ein kvalifiseringskamp til VM, får ein herrespelar kr 30 000. Tilsvarende for ein damespelar er kr 2 000 (NFF 1998). På styrehald blir det framheva at hovudargumentet bak ei slik forskjellsbehandling, er ulik prissetting av dame- og herrefotball på den globale fotballmarknaden. NFF fører med andre ord ein "lønnspolitik" som viser ei markant og konkret forskjellsbehandling, hovudsakleg basert på marknadens verdsetting av kjønn. Organisasjonsmål knytt til kjønnsmessig likestilling, får i denne samanheng underordna betydning.

Under EM i fotball for kvinner i 1997, kom det dessutan fram at kvinnelege toppfotballspelarar tener meir på å framstille sine heteroseksuelle attributtar i vekeblad enn det dei får i bonuspengar for å spele ei heil VM-turnering. Ein av våre beste kvinnelege fotballspelarar, Linda Medalen, valde rett før EM å "selje seg" naken til "Se og Hør". Ho fekk mest sannsynleg over dobbelt så mykje for si "nakenframvising" som ho fekk for heile VM-turneringa.<sup>31</sup> Slike døme viser korleis marknaden set konkrete prislappar på kjønna "prestasjonar". På marknadsorienterte idrettsarenaer kan det sjå ut som om det er kulturelle betydningar av kjønn som forskjell med anatomien som referanseramme, som rår. Dette signaliserer at det er pengar og økonomisk gevinst og ikkje dei samfunnsetiske idealane som konstituerer verksemda, som styrer. Marknadsmekanismer og bytteverdiar blir overordna

---

<sup>31</sup> Dagbladet antyda at ho fekk kr 70 000 av "Se og Hør" for sitt nakenbilde. For heile EM-turneringa fekk ho ca kr 32 000 i bonuspengar av NFF.

verdiar som demokrati, likestilling og likeverd. Ei slik prioritering er her, som på andre samfunnsområde, oftast langt mindre til fordel for kvinner enn for menn.

Volleyball er i dag den største organiserte idretten i verda, og det gjeld mest sannsynleg også for kvinner. På internasjonalt topplan er den svært marknadsorientert. Det internasjonale volleyballforbundet (FIVB) har i ein viss forstand gått eit steg vidare enn NFF når det gjeld å utnytte marknadens inntektsbringande potensial. Det er blant anna utforma og vedtatt spesielle draktreglar for kvinner og menn, som er basert på å tene mest muleg pengar på å eksponere utøvarane sine kroppar og heteroseksuelle attributtar. For kvinnelege sandvolleyballspelarar som deltar i "World -series", er det til dømes påbode å spele i bikini. For menn finst det også reguleringar, men ikkje påbode å spele med bar overkropp. Iflg. draktreglementet er blant anna utforminga av kvinners speledrakt regulert slik:

*"...womens's tops, to be tight fitting, with open back, open upper chest and open stomach. ... side width of women's bathing suit bottoms should be maximum 6 cm." (World Cup report 1998:16.)*

Dersom ikkje spelarane følgjer desse bestemmelsane, blir laget straffa med bøter. Kritikken og motstanden mot vedtaket, særleg frå kvinnelege spelarar og trenarar, har vore stor, men sålangt ikkje hatt betydning. Ved å kreve at ein skal vere avkledd på bestemte måtar, har FIVB i ein viss forstand institusjonalisert ei seksualisering av toppidretten. Argumenta bak bestemmelsane er kun marknadstilpassing; å tilfredsstille krav frå media og sponsorar, og på den måten auke sportens popularitet og inntektsgrunnlag:

*"... not hide the athlets from public, media and sponsors." (World Cup Report 1998:16.)*

Paradokset er at ei slik påtvinga og institusjonalisert form for seksualisering er bestemt av såkalla demokratisk valde beslutningsorgan, som ideelt og formelt sett skal fremje likestilling og medbestemmelse (demokrati). I slike samanhengar blir såvel marknadens føringar som konturane i marknadens kjønnsansikt relativt tydelege.<sup>32</sup>

Slike døme kan illustrere korleis marknadsintegreringa influerer på idrettspolitiske beslutningar og påverkar idealtypiske logikkar. I denne samheng medverkar marknadens implisitte kjønnsideologi til å skape og gjenskape hierarkiserande og undertrykkande kjønnsforskjellar. Ved å akseptere marknadsmekanismene som regulerande prinsipp, vil idrettsorganisasjonane som frivillege organisasjonar, stå overfor mange og stadig nye politiske og etiske dilemma. Eit sentralt spørsmål er om marknadens styringsprinsipp og ideologiske føringar er i ferd med å skape ein kjønnspolitisk situasjon, der økonomiske omsyn legitimerer eksistensen av asymmetriske og hierarkiske kjønnsrelasjonar - omsyn, som i frivillege organisasjonar skal vere underordna grunnleggande samfunnsetiske verdiar, som t.d.

---

<sup>32</sup> Korleis slike føringar frå marknaden påverkar kvinnelege toppidrettsutøvarar sine kroppsuttrykk, tilpassingsstrategiar og motstandsformer, blir tematisert og diskutert i den første artikkelen i avhandlinga.

likestilling, likeverd og demokrati?

### 3.2 Statens kjønnsideologi - "kvinnevenleg" og tvetydig

Statens finansiering av idrettens basisverksemd er som nemt bygt på ein føresetnad om å realisere velferds mål gjennom NIF som folkerørse. Det ideologiske grunnlaget, "Idrett for alle", skal vere tufta på like rettar og muleghetar for begge kjønn til idrettsleg utfolding og idrettspolitisk styring. I Stortingsmelding nr. 41 (1991-1992) blir dette blant anna konkretisert slik:

*"Regjeringens mål er at kvinner og menn i praksis skal sikres like muligheter til idrettslig utfoldelse, lederoppgaver og tillitsverv. Reell likestilling har vi først når kvinners utviklings- og avansementsmuligheter er de samme som de menn har. Dette vil være viktig både for den enkelte og idretten som helhet." (Stortingsmelding nr 41, 1991-1992, s: 125.)*

Avhengigheta, såvel som det nære samarbeidet og tillitsforholdet som er opparbeida mellom NIF og staten, har betydd at staten inntil nyleg, har lagt svært få idrettspolitiske føringar på dei statlege midla som blir gitt til NIF i form av rammetilskot (Goksøyr 1996). I dag kan vi imidlertid spore klare politiske signaler som vitnar om at denne tilliten er i ferd med å slå sprekker (Skirstad et al 1996). Gjennom meir utstrakt bruk av øymerka midlar til spesielle verksemdsområde, markerer staten eit større ønske om styring og dokumenterbare resultat (Kulturdepartementet 1999-2000, Skirstad et. al 1996). Øymerka midlar blir hovudsakleg kanalisert til store målgrupper som barn, ungdom og kvinner. Gjennom slike prioriteringar framstår staten med eit langt meir "kvinnevenleg" ansikt enn marknaden.

Det problematiske med større vekt på øymerking og prosjektorganisering er at denne type politikk ofte har eit midlertidig preg og stimulerer til større byråkratisering og profesjonalisering. Blant anna hevdar undersøkingar av Statskonsult (1995, 1996) som omhandlar forholdet mellom det offentlege og tredjesektor, at prosjektstøtteforma ofte medfører ei styrking av sentrale organisasjonsledd (sentralisering), skaper behov for meir betalt arbeid (profesjonalisering) og gjer organisasjonane meir marknadsorienterte (kommersialisering). Feministiske organisasjonsstudier har vist at slike prosessar stort sett er lite "kvinnevenlege" (jf. t.d. Ferguson 1984, Folgerø Johannessen 1994). Slike støtteformer blir dessutan tolka som ulike former for særtiltak, og ikkje som ei generell politisk prioritering. Former for kjønnspolitikk, der kvinner blir gjort til ei spesiell og midlertidig satsingsgruppe er, som tidlegare utdjupa, er ein viktig og velkjent likestillingspolitisk strategi, men som einaste verkemiddel utilstrekkeleg. Kvinnetiltak åleine har vist seg å vere lite eigna til å utfordre og endre etablerte maktforhold, fordi dei kun rettar merksemda mot kvinners interesser og ikkje mot menns generelle dominans og maktstilling. Slike strategiar manglar ofte ei relasjonell forståing av kjønn (Kvande & Rasmussen 1992). I dette lys framstår statens kjønnspolitiske føringar som tvetydige. Kvinners interesseområde får støtte og aksept



gjennom spesielle prosjekt og særtiltak, medan kjønnspreget i meir generelle idrettspolitiske prioriteringar i liten grad blir problematisert. Sjølv om staten nyleg har endra ein del på sine premissar for løyvingar til idrettsføremål, er kjønn som politisk og sosial kategori i liten grad tematisert i dei nye premissane. Med andre ord, spørsmålet om korleis statens løyvingar til idrettsføremål skal medverke til å eliminere menns generelle dominans og maktstilling i idretten, er lite problematisert i statens "idrettsmeldingar".<sup>33</sup>

---

<sup>33</sup> I 1990-åra har Kulturdepartementet lagt fram to stortingsmeldingar om idrett: (1) Stortingsmelding nr. 41 (1991-1992): *Om idretten, folkebevegelse og folkeforlystelse*. Oslo: Kulturdepartementet, og (2) Stortingsmelding nr. 14 (1999-2000): *Idrettslivet i endring. Om statens forhold til idrett og fysisk aktivitet*. Oslo: Kulturdepartementet.

## Del III: Feministisk idrettssosiologi som springbreitt

---

Dei teoretiske og empiriske komponentane som har vore byggesteinar i dette avhandlingsarbeidet, er stort sett henta frå tre ulike kunnskapsområde: generell samfunnsvitenskap (sosiologi, antropologi, sosialpsykologi og statsvitenskap), idrettssosiologi og feminisme.<sup>34</sup> Denne kombinasjonen betyr at den står på eit tverrfagleg og fleirfagleg springbreitt: *feministisk idrettssosiologi*. Eg vil i det vidare søke å vise kva implikasjonar det kan ha, samt teikne ei *grov* skisse av enkelte sentrale komponentar.

### 1. Fagleg hybrid - utfordringar og dilemma

Idrettssosiologien, såvel som kvinne- og kjønnsforskinga, er det vi kan kalle nye, tverrfaglege og fleirfaglege diskursar. Dei første større arbeida kom rundt 1970, og var på kvar sine måtar uttrykk for eit behov for nye vitenskaplege og samfunnskritiske alternativ. Diskursane representerer det vi kan kalle "*fenomenvitenskaplege felt*"<sup>35</sup>; felt som er konstituert av kunnskapsinteresser for utforsking av bestemte fenomen, eller problem som ikkje er disiplinspesifikke, men basert på kopling av kunnskap frå fleire fagdisiplinar. Slike hybride vitenskapsfelt er mangefasetterte og ofte lite avgrensa. Til dømes kan idrettssosiologar ha, som einaste felles identitetskjenneteikn, interessa for utvikling av kunnskap om idrett som samfunnsfenomen. I feministisk forskning, eller i kvinne- og kjønnsforsking,<sup>36</sup> er interessa for kjønnsdimensjonen grunnlaget. I norsk samanheng vart kvinne- og kjønnsforskinga utvikla med nære relasjonar til kvinnerørsla og statleg kvinnepolitikk. Det betyr at kunnskapsutviklinga er skapt i spenningsfeltet mellom politiske, fagpolitiske og meir interne vitenskaplege krav (Halsaa 1996a). Iflg. Holter er dessutan ei feministisk kunnskapsinteresse minst tosidig:

---

<sup>34</sup> Feminisme er eit mangetydig, samansett og omstridt fenomen som i dag er prega av teoretisk mangfald, usemje såvel som motsetnader. Mitt utgangspunkt er at feminisme som teori omhandlar grunnleggande spørsmål omkring kjønn som maktrelasjon, og har som mål å utvikle kunnskap for å endre samfunnet mot større fridom, likestilling og frigjering for kvinner (jf. t.d. Halsaa 1996b, for vidare utdjuping).

<sup>35</sup> Dette begrepet har eg frå ei føreling av professor Abraham Hallenstvedt (Universitetet i Tromsø), der han på eit vitenskapsteoretisk kurs for dr.polit. studentar tematiserte utviklinga av samfunnsvitenskaplege fagdisiplinar.

<sup>36</sup> I denne samanheng brukar eg kvinne- og kjønnsforsking som eit paraplybegrep. Mange forskarar på feltet gir imidlertid desse to begrepa ulikt innhald.

*"For det første å synieggjøre kvinners erfaringer, livsløp og levekår i et kritisk perspektiv, særlig i et maktperspektiv. For det andre å vise hvordan både vitenskapelige forklaringsmåter og hele vår kulturelle selvforståelse har betydninger som er knyttet til kjønn."* (Holter 1996c:3.8.)

Ein tverrfagleg og fleirfagleg basis - som i denne avhandlinga - inneber ein forskingsprosess der ein "låner" og kombinerer teoriar og tilnæringsmåtar frå andre fagdisiplinar. På samfunnsvitskaplege område medfører dette ofte små og lite konsoliderte fagmiljø. Å vere fagleg hybrid, inneber likevel både fordelar og ulemper. I prinsippet opnar ein slik utgangsposisjon store muleghetar for å gå inn i nye, uutforska og lite analyserte sider ved sosialt liv, stille nye og kritiske spørsmål eller initiere faglege dialogar over disiplingrensene. Men muleghetane blir ofte konvertert til barrierer. Mange erfarer at akademia i liten grad er det "frihetens fremtidslaboratorium" som det ofte blir framstilt som (Løchen 1985). Dessutan er det "tilbake til disiplinane" meir enn tverrfaglegheit som ser ut til å prege utviklinga dei siste åra. Å vere alternativ og nyskapande på tverrvitskaplege felt, blir særleg krevjande, fordi det krev innsikt i kunnskapselement frå fleire fagdisiplinar.

Å utvikle ein fagleg identitet som ligg nærast opptil det som kan kallast ein idrettssosiologisk kvinneforskar, eller ein *feministisk idrettssosiolog*, alt etter kva kunnskapsinteresse som skal vere sterkast markert, inneber imidlertid å vere *ein hybrid av hybridar*. Utfrå nemde kjenneteikn ved hybride forskingsfelt, blir betydningane av ei slik dobbel hybridisering ikkje mindre utfordrande.

Pionerarbeida innanfor idrettssosiologien som kom på slutten av 60-talet og byrjinga på 70-talet, sette fokus på problem som t.d. rasisme, klasseforskjellar, aggresjon og vold (jf. t.d. Dunning 1970, Edwards 1969, Kristoffersen 1974, Loy & Kenyon 1969, Rigauer 1969, Vinnai 1972). Kjønnssdimensjonen glimra derimot med sitt fråver (Messner & Sabo 1990b). Den "generelle" kunnskapen vart her, som på fleire andre vitskapsfelt, utvikla med utgangspunkt i menns handlingar, rasjonalitetsformer og erfaringar (Lenskyj 1988). Iflg Messner og Sabo innebar ekskluderinga av kvinner i idrettssosiologiske arbeider at:

*"... like the rest of the populace, sport sociologist saw sport as a male activity, not a female or human activity. This blind spot concerning the fundamental relationship between sport and the social construction of gender resulted in a very incomplete - sometimes distorted - analyses of the historical and contemporary importance and meaning of sport."* (Messner & Sabo 1990a:V.)

Dei første feministiske innslaga i idrettssosiologien kom i slutten av 1970-åra og fekk blanda mottaking. Som på fleire andre akademiske område, vart dei skulda for å vere meir styrt av politiske særinteresser enn vitskaplege konvensjonar. Feltet vart utsett for visse former for usynleggjering, fagleg nedvurdering og ghettoisering (Messner & Sabo 1990b). Trass i dette, har forskingsinnsatsen innanfor feministisk idrettssosiologi vore jamt aukande. Det er fleire grunnar til det. Utover i 80-åra fekk vi ein aukande aksept for feminismen som akademisk diskurs, samtidig som kvinners politiske kamp for større synleggjering, likestilling og like

muligheter i idretten, stimulerte nye forskingsinnsatsar (Hargreaves 1994). Dei siste åra har den nye mannsforskningsdiskursen blitt ein viktig støttespelar og kunnskapspolitisk alliansepartner.

Idrettsosiolegifeltet er i dag prega av fagleg aksept for utforsking av kjønnsrelevante problemstillingar, og stadig fleire mannlege forskarar aktualiserer kjønn i sine arbeid. Feministiske bidrag blir også til dels inkludert i antologiar og "mainstream" idrettsosiolegisk litteratur, men er i fåtal. Statusen på feltet er prega av at feministiske tilnærmingar har fagleg aksept og respekt, men oftast handtert som ein minoritetsdiskurs. Dessutan blir utforsking av kjønn og kjønnsrelasjonar enno i stor grad assosiert med å vere om og for kvinner.

Denne situasjonsbeskrivelsen har framheva enkelte kjenneteikn ved tverrfaglege og fleirfaglege kunnskapdiskursar og kunnskapssosiolegiske utfordringar knytt til det å vere ein "hybrid av hybridar". Avhandlingsarbeidet er forma av ein slik ståstad. Den har prega dei val og vurderingar som er gjort underveis. I det vidare vil eg utdjupe enkelte utviklingsliner og diskursar innanfor feministisk idrettsosiolegi som har fungert som eit fagleg springbreitt. Eit springbreitt som har påverka val av innfallsvinklar, tilnæringsmåtar, perspektiv og studiekontekster. Av omsyn til omfang og fagleg relevans, vil eg legge mest vekt på norske (og skandinaviske) bidrag. Eg har valt å systematisere gjennomgangen ved å ta i bruk kategoriseringar som er utvikla for å beskrive perspektivendringar, utviklingsliner og faser i norsk kvinne- og kjønnsforskning (jf. t.d. Halsaa 1996b, Holter 1996c, Kvande 1995, Leira 1992). Forskningsinnsatsen innanfor feministisk idrettsosiolegi i Norge ser - ikkje uventa - ut til å reflektere utviklingsliner i norsk kvinne- og kjønnsforskning, samtidig som den har vore nær kopla til internasjonal forskning på feltet.<sup>37</sup>

## 2. Nestorar og byggesteinar

Dei første meir omfattande idrettsosiolegiske studia med feministiske ambisjonar kom på siste del av 1970-talet. Arbeida var stort sett forfatta av nordamerikanske forskarar. Samla sett representerte bidraga ein grunnleggande feministisk kritikk av ulike sider ved idretten som samfunnsinstitusjon, samtidig som blikket var retta mot kvinneidrett og kvinners institusjonelle roller (jf. t.d. Greendorfer 1978, Hall 1978, Kaplan 1979, Klafs & Lyon 1978, Oglesby 1978). Analysene tematiserte aspekt ved kvinners idrettshistorie, kjønnsforskjellar i sosialiseringmønster og deltaking og korleis dominerande idrettsformer naturaliserer menns makt og privilegier. Dei var ein reaksjon på - og eit alternativ til - dei androsentriske perspektiv som ofte prega "mainstream" diskursane. Arbeida var kjenneteikna av nære

---

<sup>37</sup> Denne gjennomgangen i pkt. 2 og 3 har ikkje som mål å gi eit totaloversyn over spennvidde og mangfald innanfor feministisk idrettsosiolegi, verken i norsk eller i skandinavisk samanheng. Oversynet er derimot farga av mine kunnskapinteresser i denne samanheng, såvel som min ståstad i feltet.

relasjonar til praksisfeltet. Utover i 80-åra kom imidlertid ei rekke arbeid som la vekt på meir teoretiske tilnærmingar, samtidig med ei utvikling av eit større tematisk mangfald (Hargreaves 1994). Nye innfallsvinklar, perspektiv og erkjeningsteoretiske posisjonar utvida kunnskapsgrunnlaget og gav inntak til ny typer kunnskap (jf. t.d Birell & Richter 1987, Hall 1985, 1987, Lenskyj 1986, Theberge 1987).

Dei første feministiske/kvinnerelaterte arbeida i Norge kom omlag samtidig med dei nord-amerikanske. Ein av dei norske nestorane, Kari Fasting, kom med sine første bidrag allereie midt på 70-talet (t.d. Fasting 1975a, Fasting 1975b). Ho deltok også på den første internasjonale konferansa om "Women and Sport" i London i 1978 med paperet: "*Sportswomen and the Media*" (Fasting 1978b). Den andre nestoren på feltet, Gerd von der Lippe, redigerte den første forskningsbaserte boka om kvinner og idrett i 1982.<sup>38</sup> Året etter kom det første temanummeret om "Kvinner og idrett" i det kvinnepolitiske tidsskriftet "Kjerringråd" (1983) med både norske og skandinaviske bidragsytarar. Temanummeret kan tolkast som ei første anerkjening og synleggjering av forskingsfeltet frå det kvinnepolitiske miljøet. Same året vart også det første forskingsseminaret om "Kvinner og idrett" arrangert ved Telemark distriktshøgskole .

På same måte som i norsk kvinneforskning, var dei første arbeida inspirert av aktuelle kvinne- og likestillingspolitiske straumdrag. Dei var prega av likestillingsperspektivet og sterke og nære koplingar til praksis- og politikfeltet (Halsaa 1996a, Hovden og Pedersen 1989a). Kari Fasting sine tidlege arbeid var hovudsakleg empiriske analyser av kvinners deltakingsmønster og stilling i idretten, der forklaringane stort sett var basert på kjønnsrolleteori (jf. t.d Fasting 1978a, 1982a, 1982b, 1983a, 1983b). Fasting har utforska stadig nye empiriske område knytt til kvinneidrett og kvinners vilkår i idretten.<sup>39</sup> Ho er internasjonalt kjend og markerer seg stadig i forskingsfronten. Gerd von der Lippe var på 70-talet sterkt engasjert i ulike politiske aksjonar for å skape større likestilling i idretten. Dette engasjementet prega dei første arbeida, som hovudsakleg tok opp temaer knytt til fråfall og likestilling i idretten (t.d Lippe 1979, 1982c, 1983). Seinare har Lippe sin forskingsinnsats hovudsakleg vore konsentrert rundt idrettshistoriske tema (t.d. Lippe 1982b, 1986, 1989, 1996, 1997).

I Norge har vi få idrettssosiologiske hovudfagsoppgåver med feministiske ambisjonar.<sup>40</sup> På doktorgradsnivå er det sålangt berre skrive ei idrettssosiologisk avhandling med eit gjennomgåande feministisk perpektiv: Liv Jorunn Kolnes (1994) si avhandling om

<sup>38</sup> Jf. Lippe v.d., G. (1982): "Kvinner og idrett - fra myte til realitet". Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

<sup>39</sup> Eg vil referere til ein stor del av hennar forskingsinnsats i den vidare gjennomgang av feltet.

<sup>40</sup> Dette utvalet er basert på mine vurderingar utfrå eit oversyn over hovudfagsoppgåver ved NIH lagt ut på Internett.

"Kvinner og toppidrett", men fleire er under arbeid. I tillegg har Lippe (1997) si avhandling innanfor idrettshistorie, ein gjennomgåande feministisk profil. Den første samfunnsvitskaplege og feministiske doktorgradsarbeidet (dr.phil.) i Norden vart imidlertid ferdigstilt av Eva Olofsson ved Universitetet i Umeå i 1988.<sup>41</sup> Olofsson har sidan byrjinga av 1980-åra arbeidd med problemstillingar omkring kvinner i organisert idrett, og er ein av nestorane på feltet i Norden. Doktorgradsarbeidet tematiserte kvinners vilkår for deltaking i organisert idrett. Det omfatta studier av både Riksforbundets kvinnepolitikk og kvinners situasjon i dei to særforbunda i Sverige som hadde flest kvinnelege medlemmar; Fotballforbundet og Gymnastikforbundet. I Danmark er det skrivne få større idrettssosiologiske arbeid med eit kvinne- og kjønnsperpektiv<sup>42</sup>. I dei siste åra er det imidlertid slutført to sosiologiske doktorgradsavhandlingar (Ph.d). Inger Kruger Pedersen (1998) tar opp problemstillingar omkring eliteidrett, kvinner og karriere og Lone Friis Thing (1999) problematiserer korleis kvinnelege eliteutøvarar handterer aggresjon og ulike former for maskulinitet og femininitet innanfor maskuline lagidrettar.

Det er sjølvsagt fleire som utfrå ulike typer forskingsinnsatsar på eit så tverrfagleg felt, kunne ha vore nemt. Mange andre vil dessutan bli synlege når eg i det vidare skal skissere nokre sentrale teoretiske utviklingslinjer som har prega kunnskaputviklinga på feltet.

### 3. Teoretiske og tematiske faser og tyngdepunkt

#### 3.1 Frå kjønnsroller og likestilling til kvinneperspektiv

I tråd med kvinne- og kjønnsforskninga har den feministiske forskingsinnsatsen på idrettsfeltet også handla om det vi kan kalle å skape *faglege rekonstruksjonar*. Den har skapt alternativ til mannssentreringa ved å sette fokus på område, vilkår og sosiale samanhengar som har hatt og har stor betydning for kvinner, og som har vore underteoretiserte og lite omtala. Den første fase i kunnskaputviklinga var retta mot å dokumentere kjønnsforskjellar og forklare kvinners underordna stilling i idretten i eit likestillingsperspektiv (Hovden & Pedersen 1989a). Sentrale tema var t.d. kvinneidrett i massemedia, kvinner og menns idrettsengasjement, likhetar og forskjellar i idrettsdeltaking, kjønnsroller og barrierer for idrettsdeltaking, kvinners historiske vilkår i organiserte idrett, kvinnerepresentasjon og idrettsleiing (jf. t.d. studier som Fasting

---

<sup>41</sup> Doktorgradsarbeidet var ferdigstilt i 1988, men kom først ut i bokform i 1989.

<sup>42</sup> Dei som har profilert seg mest gjennom eit kvinne- og kjønnsperpektiv i dansk samanheng er idrettshistorikarane Else Trangbæk og Hans Bonde. Trangbæk har skrivne om gymnastikkens utvikling og kva betydningar den har hatt for kvinners muleghetar for idrettsengasjement og livsutfalding. Bonde tematiserer i si doktorgrad "Mandighet og sport" (1991, popularisert utgåve) korleis idretten fungerer som eit rituale for opplæring i "mandighet".

1982a, 1983b, 1984, Fasting & Sisjord 1985, Hovden 1986, Lippe v.d. 1982c, Skirstad 1984, Thiedemann 1983). Forskingsinnsatsane la vekt på å skape eit nytt kunnskapsmessig grunnlag for kjønnspolitisk endring. Og dei nære koplingane mellom forskning og politikk gjorde at kunnskapen fekk stor idrettspolitisk betydning. NIF's kvinnepolitiske satsing i 1980-åra<sup>43</sup> vart i stor grad legitimert utifrå denne kunnskapsbasen.

Den forklaringsmåten som sto mest sentralt i den første fasa var *kjønnsrolleperspektivet* (jf. t.d. Fasting 1987a, 1982b, 1983a, Fasting & Sisjord 1985, Wold 1984). Som i skandinavisk kvinneforskning bygde perspektivet på ei radikal kjønnsrolleforståing. I forhold til tradisjonell kjønnsrolleteori basert på amerikansk strukturfunksjonalisme, var den skandinaviske varianten meir kritisk. Den stilte blant anna spørsmål ved kjønnsrollenes komplementære og likeverdige utforming (Holter 1970, Leira 1992). Analysene synleggjorde kvinner og menns rollerepetoar i idretten, og korleis kvinners deltaking i mannsdominerte aktivitetar var grunnlag for rollekonflikt og motstand. Kjønnsrollebegrepet vart primært forstått som ei knippe forventningar som var sosialt skapte, sosialt lærde og dermed muleg å overskride og endre (Leira 1992). I idretten representerte dette ei ny tilnærming til kjønn; ein forståingsmåte som utfordra rådande oppfatningar om kjønn med referanse til biologi. Kjønnsrolleperspektivet tematiserte også på implisitte måtar kjønna maktrelasjonar og maktforhold gjennom å vise korleis ulike samfunnsmessige posisjonar impliserte ulik kjønnsmessig fordeling av goder og bærer og ulik muleghetsstruktur. Analysene avdekkja dessutan fellestrekk ved kvinners situasjon i idretten, og korleis samfunnsstrukturen la føringar på kvinners liv (Ve 1992).

Utover i 70- og 80-åra vart kjønnsrolleperspektivet kritisert frå fleire hald. Det vart kritisert for å mangle både eit aktør- og eit maktperspektiv.<sup>44</sup> Enkelte påpeika at kvinner vart framstilte som avmektige norm- og rolledokker (Holter 1996c). Denne kritikken genererte ei dreining av tyngdepunkt i kvinneforskninga, og førte kvinneforskninga inn i ei ny fase; *patriarkat og aktørfasen* (Holter, op.cit.). Patriarkatstudier fekk eit visst gjennomslag innanfor anglo-amerikansk idrettssosiologi (jf. t.d. Hall 1985, Hargreaves 1982, Sabo 1985), men i skandinavisk samanheng er det få spor etter studier som tematiserer kvinneundertrykking utifrå analyser av samanhengar mellom idrett, patriarkat og kapitalisme. Derimot er aktørperspektivet lett å etterspore.

Feministisk idrettssosiologi var i den første fasa prega av kvantitative studier. Kjønn var analysert som ein gjennomgåande variabel. Det resulterte ofte i fordelingsanalyser, der kvinners aktivitetsmønster og veremåtar hovudsakleg vart målt etter menns standarder. Denne

<sup>43</sup> Denne satsinga er tidlegare omtala i Del II, pkt 1.3 og 1.4.

<sup>44</sup> Ein feministisk kritikk av dette perspektivet har vore at det kun kan forklare kjønnsforskjellar i åtferd, men ikkje brukast for å forstå kjønn som grunnleggande symbolsk, kulturell og sosial differensierings- og maktdimensjon.

koplinga gav androsentriske bilder av kvinners deltakingsmønster. Kvinner vart ofte framstilte som etterslep; t.d. som meir passive og mindre tøffe, rasjonelle og prestasjonsorienterte enn menn. Som ein reaksjon på slike analysemåtar, fekk vi utover i 80-åra, både i kvinneforskinga og på idrettsfeltet, eit skifte i perspektiv. Tolkingsramma for kjønn vart endra frå ein dikotom variabel og kjønn som rolle, til *kjønn som analytisk kategori*. Analysene vart kvinnesentrerte, og kvinner framsto som handlande og rasjonelle aktørar utfrå egne verdiar og erfaringar (Harding 1986, Holter 1996c, Widerberg 1992). Dette perspektivet blir i kvinneforskinga kalla "verdighetsperspektivet" eller "kvinneperspektivet". Det politiske prosjektet var å skape likeverd mellom kvinner og menn ved å synleggjere kvinners erfaringar, rasjonalitetsformer og veremåtar.

På idrettsfeltet resulterte perpektivskiftet i meir heilskaplege, substansielle og kritiske analyser. Kunnskapsinteressa blir i større grad retta mot kvinners utgangspunkt, og korleis kvinner handlar aktivt, rasjonelt og strategisk både som idrettsutøvarar og organisasjonsutviklarar. Eit sentralt siktemål er å avdekke maskuline tenke- og veremåtar og synleggjere kvinners uttrykksformer og tilpasningar som likeverdige alternativ (jf. t.d. Fasting 1987a, 1989, Hovden og Pedersen 1989b, Laine 1989, Laitinen 1989, Olofsson 1989, Pedersen 1988, Raivio 1989, Trangbæk 1990, Wold 1989). Kvinneperspektivet skapte legitimitet til å ta i bruk "nye" begrep som kvinneinteresser, kvinnekultur, kvinnevisjonar og kvinners fritid. Som tolkingsramme representerte det ofte ein indirekte kritikk av likestillingsperspektivet ved at det utfordra føresetnadene for idrettens likhetsideal. Kvinneperspektivet avdekkja dessutan korleis kvinner og menns idrettsbehov både er like og forskjellige, og korleis formell likhet ikkje er tilstrekkeleg for å eliminere hierarkiserande forskjellar mellom kvinner og menn i idretten, fordi kvinner og menn har ulik utgangsposisjon (jf. t.d. Fasting 1993, 1994, 1995, Hovden 1989, Hovden og Pedersen 1989b, Hovden et.al. 1993, Hovden 1994).

Som forståingsmåte har kvinneperspektivet fått stor gjennomslagskraft i idrettssosiologien. Men som i kvinneforskinga har kvinneperspektivet aldri vore einerådande. Feltet har alltid vore prega av fleire perspektiv "side om side", og ei utvikling der mangfald i tilnæringsmåtar og perspektiv har generert nye synteser. Mot slutten av 80-talet ser vi ei ny dreining i den feministiske diskursen - ei dreining *frå kvinner som kjønn - til kjønn som relasjon*. I tillegg til meir fokus retta mot kjønna samhandling, betyr skiftet ei utviding av gjenstandsområdet. Både kvinner og menns uttrykksmåtar og erfaringar kjem i fokus og blir tolka relasjonelt. Dessutan: Vi ser ei veksande interesse for studier av maskulinitet og menn som kjønn (Holter 1996c, Widerberg 1992). På idrettsfeltet medfører dreininga til ei større vektlegging av kvalitative og kontekstuelle studier, der fokus i større grad blir retta mot symbolske og kulturelle betydingar av kjønn (jf. t.d. Fasting et al. 1999b, Hovden et. al. 1993, Kolnes 1994, Ottesen 1998, Skogvang 2000, Thing 1999).



### 3.2 Kjønnsrelasjonar og kontekst - mindre kjønnsrett og politisering?

Endringar i fokus mot ei meir relasjonsorientert retning er inspirert av nye kjønnsforståelsar innanfor feministisk teori (Hall 1996, Hargreaves 1994). Desse kjem blant anna som ein reaksjon på begrensingar ved kvinneperspektivet. Kvinneperspektivet blir t.d. kritisert for å ha ei for sterk kunnskapsinteresse mot politisering, mot å romantisere kvinners livsverd og gjere kvinners handlemåtar meir moralsk høgverdige enn menns (t.d. Alvesson & Billing 1997, Bjerrum Nielsen 1999). Kvinnesentrerte forklaringsrammer blir dessutan skulda for å vere for einfaktororienterte, for lite differensierte og nyanserte (Halsaa 1996a). Relasjonsperspektivet framhevar derimot ein forståingsmåte der kjønn blir oppfatta som ein dynamisk relasjon, situert i tid og rom. Det blir viktig å avdekke korleis kvinner og menn skaper kjønn for kvarandre og utgjer kvarandre sine vilkår (Holter 1996b, Haavind 1993). Holter (1996c) omtaler denne tilnærminga som ein ny fase; *relasjons-, kultur- og kontekstfasen*. Denne fasen er kjenneteikna av ei sterkare vektlegging av konstruktivistiske forståelsar av kjønn. Det betyr ei eksplisitt avvising av kjønn som essens og ulike former for essentialisme eller førestillingar om at kvinner "er" slik eller slik, predikert utfrå biologi eller sosial struktur. Ein konstruktivistisk forståingsmåte framhevar at kjønn blir forma i relasjonelle prosessar, og at innhaldet i kjønnskategoriane til eikvar tid blir bestemt av dei førestillingane som gjeld.

Relasjonsperspektivet er i dag ei utbreidd forståingsramme innan dei fleste feministiske idrettsforskingstilgjengsmiljø (jf. t.d. Hall 1989, 1996, Hovden 1999a, Kolnes 1994, Scraton et al. 1999, Theberge & Birell 1994, Thing 1999). Kolnes (1994) sitt doktorgradsarbeid om betydningar av kjønn i toppidretten, har ei slik tilnærming og er samtidig kvinnesentrert. Det viser korleis kjønnsidentiteten som toppidrettsutøvar ikkje er noko avgrensa som kvinner og menn har i seg, men noko som blir konstruert i ulike former for samhandlingsrelasjonar. Strukturar blir oppfatta som ei interaktiv meiningsramme som påverkar og blir påverka av samhandlingsprosessar. Ein slik forståingsmåte har dreia fokuset frå beskrivelsar og påvising av kjønnsforskjeller til betydningar av kjønn som likhet og forskjell, slik mitt utgangspunkt er i denne avhandlinga.

Større vekt på konstruktivistiske forståingsmåtar og innflytelse frå postsstrukturalistiske straumdrag, har aktualisert nye teoretiske diskusjonar såvel som utforsking av nye empiriske område. Blant anna har feministisk idrettssosiologi dratt veksler på den konstruktivistiske kroppsdiskusjonen som utvikla seg innafor sosiologisk og antropologisk forskning på slutten av 80-talet. Det erkjeningsteoretiske fundamentet var kroppen som skapar og mottakar av sosial mening. Kroppen blir analysert som ei kjelde til metaforar og symbolstrukturar som inngår i eit gjensidig reflekterande forhold til samfunnets kjønnsordning og maktstruktur (jf. t.d. Bourdieu 1988, Bordo 1989, 1990, 1993, Frank 1991, Shilling 1993, Turner 1984, 1992). I nordisk samanheng inspirerte dette til nye typer analyser av idrettsutøvarars kroppar, kroppsuttrykk, kroppsoppfatningar og kroppserfaringar (t.d.

Fasting 1999 et al. b, Hovden 1993<sup>45</sup>, Kolnes 1994, Kosonen 1993, Markula 1993, Thing 1999). I kjølevatnet av denne diskursen, har temaer som kjønn og seksualitet, seksuell trakassering og homofobi i idretten fått større aktualitet (Engh 1998, Fasting 1998, Fasting et al. 1999a).

Det føregår i dag livlege diskusjonar både i kvinneforskninga og på idrettsfeltet, nasjonalt såvel som internasjonalt, omkring relevansen av poststrukturalistiske teoriar i feministisk forskning (t.d. Alcoff 1988, Engh 1998, Frazer og Nicholson 1994, Halsaa 1996b, Rail & Lafrance 1998, Scott 1988, Scraton et.al 1999). Samtidig ser vi at begrep og sentrale teorikomponentar i nyare feministiske studier er tydeleg prega av poststrukturalistiske teoribidrag. T.d. har filosofen Michel Foucaults teoriar om kropp, kunnskap og makt (t.d. Foucault 1979, 1980) hatt enorm gjennomslagskraft også i feministiske analyser, både generelt og på idrettsfeltet.

Fleire har framheva at denne utviklinga har betydd at den feministiske diskursen har blitt mindre programmatisk og politisert og banda til kvinnerørsla og praksisfeltet svakare (Halsaa 1996b, Moi 1998, Øverlid 1996). Fokus har i ein viss forstand blitt dreia frå kjønn som makt til kjønn i endring (Holter 1996c). Ei utvikling mot meir reflekterande, fortolkande og forståande sosiologiske tilnærmingar har medført at det er blitt vanskelegare å få auga på korleis det feministiske er kopla til det politiske; korleis kunnskapen kan koplast til politisk handling og til ein mobiliserande feministisk visjon. Dei nye utviklingstrendane kan tyde på at kunnskapsutviklinga har blitt meir tilpassa "mainstream", blitt mindre kritisk, politisk radikal og opposisjonell (Holter 1996c). I eit meir pluralistisk landskap blir det likevel viktig å understreke at det ikkje dreier seg om eit anten-eller, men om eit både-og. Eit landskap som opnar for større kompleksitet og stadig nye innspel. Og kanskje ligg det nyskapande nettopp i brytninga mellom ulike perspektiv og tilnærmingar? Innanfor feministisk idrettssosiologi har konstruktivistiske diskursar både stimulert til nye typer studier og til større variasjon i perspektiv og analysemåtar.

Mitt utgangspunkt i denne samanheng er relasjonelt og konstruktivistisk, samstundes som eg fastheld eit maktperspektiv. Frå visse erkjeningsteoretiske posisjonar kan ei slik kopling verke problematisk. Utfrå min ståstad vil all vitskapleg kunnskapsproduksjon vere konstruktivistisk i den forstand at den alltid blir utvikla og uttrykt gjennom språket, som er kulturelt og sosialt konstruert. Men derimot å hevde at språkpraksisar har ein sjølvstendig status, uavhengig av materielle og sosiale strukturar; at alt er diskursivt og relativt, blir for meg eit absurd og uholdbart utgangspunkt. Utfrå min forståingsmåte har alle diskursar/konstruksjonar basis i sosiale relasjonar, praksisar og sosiale og materielle strukturar. Det betyr at dei både speglar og skaper maktforhold, interesser og verdier. Alle

---

<sup>45</sup> Artikkel 1 i denne avhandlinga representerer ei seinare og utvida utgåve av dette paperet.

diskursar og kunnskapsposisjonar vil dermed i sitt vesen vere normative og ha sosiale og politiske implikasjonar - også om desse ikkje blir gjort eksplisitte. Som nemt har feministiske diskursar eit normativt og politisk utgangspunkt, der avdekking og dekonstruksjon av kjønnskraft står sentralt. I denne samanheng inkluderer eit feministisk perspektiv å undersøke og forstå kva kjønnskraftforhold handlar om, og korleis desse blir legitimert, vedlikehaldne og endra. Artiklane illustrerer at det har betydd ein utforskingssprosess med vekt på å avdekke, demaskere og dekonstruere kroppslege uttrykk, kjønna samhandling og kulturelle kjønnskodar innanfor ulike idrettskontekster. Ein slik forståingsmåte er inspirert og utvikla med koplingar til mange av dei arbeida som eg her har framheva, samt andre studier som artikkeltekstene refererer til. Korleis ei slik fleirfagleg og tverrfagleg teoretisk ramme har prega dette arbeidet, blir nærare konkretisert i artiklane, men også gjennom nærare beskrivelsar av teoretiske perspektiv og analysereiskap.

## **Del IV: Perspektiv og analysegrep: Kjønn som kulturelt betydningssystem og sosial praksis**

---

I denne delen vil eg beskrive sentrale aspekt ved mine kjønnsforståelsar og teoretiske referanserammer, og antyde korleis desse har medverka til å forme perspektiv, analysereiskap og tolkingsrammer. Fordi artiklane presenterer eit empirisk materiale, har det jamt over blitt lite rom for utdjuping av teoretiske føresetnader og forståingsmåtar.

På denne bakgrunn har eg valt å tematisere følgjande komponentar:

- Kjønnsforståelsar - orienteringspunkt i eit frodig og motsetnadsfullt landskap
- Kjønn som kulturell kode og sosial relasjon
- Kjønnsnøytralisering og rekjønning
- Betydningar av kjønn - i skjæringspunktet mellom aktør og struktur

### **1. Kjønnsforståelsar - orienteringspunkt i eit frodig og motsetnadsfullt landskap**

Innanfor ein feministisk vitskapsdiskurs i rivande utvikling, har spørsmålet om kjønnskonstruksjonar, og korleis ein kan forstå kjønn på ein mest muleg fruktbar måte, blitt eit sentralt stridsspørsmål (t.d. Alcoff 1988, Halsaa 1996b, Moi 1998, Taksdal og Widerberg 1992). Spissformulert kan ein seie at det dreier seg om kva det betyr å ha ein kjønna kropp; om det er kroppen som er grunnlaget for kjønn, eller om sentrale betydningar hovudsakleg blir skapt og gjenskapt gjennom symbolske, kulturelle og sosiale konstruksjonar. Eg skal kort referere til nokre sentrale forståelsesmåtar som grunnlag for ei vidare utdjuping av eigne val.

I alle kjende kulturar ser det ut til å vere slik at betydningar av kjønn blir kopla til kropp. Metaforar knytt til kroppen framstår som eit grunnleggande utgangspunkt for å avgrense det kvinnelege frå det manlege. Også i vår tid, der "kulturell frisetting", relativisering og nye og meir flytande betydningar av kjønn blir framheva som sentrale kjenneteikn, ser det ut som kjønndistinksjonane i ein viss forstand er basert på førestillingar om ein naturgitt opposisjon mellom kjønna kroppar. Førestillingar om kjønn som er bygd på ein symbolsk representasjon av kvinnekroppen som det motsette av mannskroppen (Solheim 1998). Den aukande seksualiseringa av kvinnekroppen som kjenneteiknar både moderne idrett og andre livsområde, kan tolkast dithen.

### 1.1. "Tokjønnsmodellen"

Thomas Laqueur hevdar i si analyse av det moderne kjønnet i boka "Making sex: Body and Gender. From the Greeks to Freud" (1990) at det på 1700-talet skjedde eit skifte i kjønnsforståelsen - frå ein "einkjønna" til ein "tokjønna" kroppsmodell. Frå antikken til middelalderen vart kvinner og menns anatomi ikkje tolka som komplementære og vesensulike, men derimot som ulike konstruksjonar av det same. I middelalderen var det imidlertid teologien (den guddomelege skaparordninga), og ikkje biologien, som forklarte kvinners kulturelle og underordna samfunnsmessige rolle. "Tokjønnsmodellen" vart derimot basert på absolutte biologiske og anatomiske forskjellar, og naturvitskapen og lækjarstanden overtok dermed kontrollen over kulturelle og sosiale betydningar av kjønn (Laqueur 1990). Iflg. Toril Moi har dette skiftet resultert i at:

*"Den moderne verden er gjennomtrukket av kjønn, hver eneste vane, bevegelse og aktivitet blir kategorisert som mannlig eller kvinnelig, maskulin eller feminint, og dermed også seksualisert. I overgangen til "tokjønnsmodellen" fremstår mann og kvinne som to ulike arter." (Moi 1998:29.)*

I "tokjønnsmodellen" blir kjønnsnormer og kjønna veremåtar tolka som "naturlege". Betydningar av kjønn blir slik prega av biologisk determinisme, der samfunnsmessige kjønnsordningar og sosiale kjønnsforskjellar blir legitimert utfrå kvinner og menns biologiske føresetnader. Mine tidlegare idrettshistoriske beskrivelsar har antyda korleis dette utgangspunktet i mange samanhengar har vore rådande i idretten heilt fram til vår tid. Samstundes viser historiske utviklingslinjer korleis mannlege lækjarar har vore usamde om kvinnekroppens prestasjonskapasitet, og, ikkje minst, kva idrettspolitiske og samfunnsmessige konsekvensar biologiske fakta skulle ha (Lippe 1997). Det er slike former for biologisk determinisme som den feministiske diskursen i første rekke har protestert mot.

### 1.2 Kjønn som essens og konstruksjon - og det problematiske skiljet

I 1960- og 70-åra fekk vi ei utvikling av nye kjønnskonstruksjonar som i første rekke var ein reaksjon på biologisk determinisme. Sentrale begrep i dei nye kjønnsdiskursane var, som eg tidlegare har vore inne på, "kjønnsroller" og "sosialt kjønn" (gender<sup>46</sup>). Gayle Rubin, som blant anna var opptatt av å forstå korleis og kvifor undertrykking av kvinner i alle kulturar stadig vart gjenskapt, viser i sitt vidkjende essay "The Traffic in Women" (1975) korleis betydningar av kjønn er kulturelt og sosialt konstruert, og kva som får kulturell dominans.

---

<sup>46</sup> I norsk feministisk tradisjon snakkar ein ofte om forskjellen mellom "sosialt" og "biologisk" kjønn som er ei omskriving av engelskspråklege feministar sitt skilje mellom "sex" og "gender". På norsk har vi ikkje dette språklege skiljet, men berre begrepet kjønn som dermed inkluderer både biologiske, kulturelle og sosiale betydningar.

Som den radikale norske kjønnsrollediskursen (t.d. Holter 1970, Grønseth 1986), framhevar ho korleis sosialt kjønn er konstituert av grunnleggande sosiale normer som verkar kvinneundertrykkande. Det feministiske prosjektet handlar dermed om å eliminere dei samfunnsstrukturane som skaper sosialt kjønn, og førestillingar om at biologiske kjønnsforskjellar kan rettferdiggjere spesifikke samfunnsmessige normer og ulike former for kulturell dominans (Rubin 1975).

I løpet av det siste tiåret har imidlertid diskursen omkring skiljet mellom biologisk og sosialt kjønn blitt utsett for omfattande kritikk frå fleire hald, og særleg frå poststrukturalistiske kjønnsforskarar.<sup>47</sup> Poststrukturalistar forstår kjønnskonstruksjonar som diskursive. Fleire har framheva at diskusjonane omkring sosialt, kulturelt og biologisk kjønn nettopp illustrerer korleis kjønn er ein symbolsk og sosial konstruksjon (Butler 1990, Scott 1988). Å forstå biologisk kjønn som essens, fungerer både tilslørande og lite fruktbart. Når biologisk kjønn blir handtert som ein prediskursiv, naturleg og urørleg kategori, blir sosialt konstruerte betydingar av biologiske forskjellar vanskeleg å problematisere, avsløre og endre. Det blir stilt grunnleggande spørsmål omkring "tokjønnsmodellen"; korvidt det er fruktbart å avgrense kjønnet til to eintydige kategoriar; mann og kvinne med biologien som referanse. Butler (1990) set fram ei tese om at kjønnet er performativt. Ho avviser essensialistiske og dikotomiske forståelsar av kjønn, og argumenterer for at *kjønn ikkje er noko vi er, men noko vi gjer*. Kjønnsperformativitet betyr at den enkelte i stor grad kan framstille og forme sine kjønnsposisjonar og sin kjønnsidentitet etter eigne preferansar, fordi betydingane av kjønn ikkje er fastlåste, men derimot skiftande, i stadig bevegelse og endring. På denne måten kan ein avdekke at biologisk kjønn er like sosialt konstruert som sosialt kjønn. Butler (1990) går så langt at ho hevdar at samanhengen mellom biologisk og sosialt kjønn er tilfeldig. Det opnar for å stille spørsmålsteikn ved det fruktbare i å operere med kategoriane "mann" og "kvinne"; det fruktbare ved kun to slags kjønn. Endring av hegemoniske diskursar om kjønn kan dessutan berre skje gjennom dekonstruksjon og avsløring; gjennom å utfordre og omskape symbolske kjønnskonstruksjonar og språkpraksisar ("performative speech acts"). Instrumentet for sosial endring ligg med andre ord i språket.

Blant feministiske forskarar er dei mest reindyrka poststrukturalistiske forståelsesmåtene omstridde (jf t.d. Benhabib 1994, Moi 1998, Solheim 1998). Med utgangspunkt i feminismens normative ankerfeste om å utvikle kunnskap for å eliminere

---

<sup>47</sup> Her står dei franske feministane, Cixous, Kristeva og Irigaray, sentralt. I den angloamerikanske feminismen har Judith Butler markert seg som ein av dei mest innflytelsesrike. Dei franske posisjonane er desutan prega av det som blir kategorisert som "forskjellsfeminisme"; at kvinnen først og fremst er undertrykt fordi ho er utanfor (ikkje inkludert i) Den symbolske orden. Frigjering betyr at kvinner må skape seg sjølv gjennom å erobre språket, og derved konstituere ein kvinneleg subjektivitet gjennom å gjenvinne det "ikkje falliske feminine" (jf. t.d. Irigaray 1994, Lie 1991). Det betyr at dei avviser at å eliminere betydingar av sosialt kjønn innanfor Den symbolske orden, vil skape frigjering og likhet.

kjønnsundertrykkende praksisar, vil fleire karakterisere slike posisjonar som postfeministiske. Frå slike posisjonar blir det problematisk å drive normativ feministisk kritikk (Holter 1996c). Dessutan kan det feministiske prosjektet bli vanskeleg å identifisere når begrepet "kvinne" ikkje lenger har analytisk signifikans. Poststrukturalistiske posisjonar har også blitt utsett for kritikk utfrå meir filosofiske argument. Blant anna blir det framheva at det er å "bite seg sjølv i halen" når det *subjektet som skaper diskursane, også blir framstilt som kun eit produkt av dei diskursane det sjølv skaper* (Benhabib 1994).

Ein feministisk vitenskapsdiskurs kjenneteikna av mange og motsetnadsfulle posisjonar og forståingsmåtar, viser oss eit bilde av eit mangefasettert og frodig teorilandskap. Eit landskap, der betydningar av kjønn som biologi såvel som symbolsk og sosial struktur, stadig er i endring og tar nye former. Større differensiering i posisjonar og tematikk har også tydeleggjort korleis betydningar av kjønn endrar form og uttrykksform avhengig av kontekst; t.d. korleis kvinneundertrykking får ulike uttrykksformer under ulike sosiokulturelle forhold knytt til dimensjonar som klasse, senter/periferi, etnisitet og rase (jf. t.d. Acker 1992, Eikjok 1989, Fredriksen 1981, Fredriksen 1997, Gerrard 1976, 1986, hook 1990, Lindgren 1985, Valestrand og Gerrard 1999).

### 1.3 Doble kjønnskoder og kjønn som djupstruktur og makt

Sjølv om feministiske diskursar er prega av tematisk mangfald og ulike erkjeningsteoretiske grunnlagsposisjonar, ser det ut som dei fleste i ein eller annan forstand tematiserer og aktualiserer doble betydningar av kjønn, og korleis desse er kopla til ulike former for makt. Liberale, marxistiske og eksistensialistiske retningar innan feministisk teori, som er opptatt av å eliminere kulturelle og sosiale betydningar av kjønn, er hovudsakleg basert på ideal knytt til kjønn som likhet. Dei argumenterer på ulike måtar for like rettar og like muleghetar som middel til å skape større frihet og frigjering. Kjønn som likhet er dessutan det ideologiske grunnlaget som offentleg likestillingspolitikk er bygd på (Halsaa 1996b). Blant anna har vi, både i global og norsk samanheng, fått erklæringar om at biologiske kjønnsforskjellar ikkje skal vere grunnlag for negativ diskriminering; at det skal tilretteleggast for like muleghetar for kvinner og menn til å delta både i arbeids-, fritids- og kulturlivet.<sup>48</sup>

I Norge har gjennomslaget for likestilling medført at økonomiske og sosiale kjønnsforskjellar og institusjonell mannsdominans, offisielt sett blir erklært som uønska tilstandar som skal motarbeidast (Haavind 1994). Det er også ei utbreidd oppfatning at realisering av formell likestilling betyr reell likestilling; at kjønnsulikhetar og diskriminering berre i liten grad eksisterer. Ein omfattande feministisk forskingsinnsats viser derimot at

---

<sup>48</sup> T.d. er menneskerettane ei slik erklæring, FN-konvensjonen om å avskaffe diskriminering av kvinner, samt den norske likestillingslova.

hierarkiske kjønnsstrukturar og kvinneleg underordning stadig blir reproduisert - både globalt og i likestillingslandet Norge. Sjølv om likestillingsdiskursen gjer slike betydingar mindre tydelege, er det mykje som tyder på at det eksisterer ein relativt stor avstand mellom politiske idealer og samfunnsmessige realitetar. Medan enkelte hevdar at det dreier seg mest om etterslep i tid og rom før kvinner er likestilte med menn (Karvonen og Selle 1995, Raaum 1995), framhevar andre at det derimot skjer ein stadig reproduksjon av sosialt kjønn. At hierarkiserande kjønnsstrukturar ikkje først og fremst handlar om etterslep, men meir om hardkoda symbolske, kulturelle og sosiale betydingar av kjønn som forskjell og makt (t.d. Acker 1992, Hirdmann 1988, Holter 1996b, Haavind 1988). Holter (1996b) påpeikar at eliminering av sosialt kjønn og vektlegging av kjønn som likhet, har resultert i mindre mannsdominans, samtidig som kriterier og mønster knytt til deltakingsmuleghetar og verdiprioriteringar tyder på at hierarkiserande betydingar stadig blir reproduisert. Den daglege konstruksjonen av kjønn framtrer med andre ord innanfor ideologiske og materielle rammer som set grenser for kva som er muleg, og i den samanheng er maktaspektet stadig like aktuelt.

Det sentrale og utfordrande, sett frå eit feministisk perpektiv, er dermed no - som før - korleis ein skal forstå konstituering og vedlikehald av kjønnsforskjellar som uttrykker hierarki og kjønnsundertrykking. "Maktfrie" kjønnsforskjellar er uproblematiske og ønskverdige. Med andre ord *alle typer forskjellar har ikkje same betyding - og det blir dermed viktig å kunne gjere forskjell på forskjellar*. Det betyr søking etter relasjonar, mekanismer og samanhengar som kan forklare kvifor kjønnsrangering stadig skjer - og nesten alltid rammer kvinner i større grad enn menn. Simone de Beauvoir uttrykker blant anna at kvinner ikkje blir "den Andre", fordi dei manglar penis, men fordi dei manglar makt (Beauvoir 2000). Sjølv om kjønnsundertrykking ikkje kan legitimerast utfrå biologiske forskjellar, er det likevel viktig å vere medviten om at kroppen i ein viss forstand har/får eit slags primat i forståelsar av kjønn.<sup>49</sup> Som Jorun Solheim hevdar - og som idretten også ser ut til å gjenspegle - har moderne kulturformer forankra kjønnsdistinksjonen i den biologiske kroppen som ein binær opposisjon mellom mann og kvinne:

*"Den kvinnelighet (og mannlighet) vi blir gjort til er modellert på kjønnenes anatomiske struktur, lest og forstått som et system av komplementære opposisjoner."* (Solheim 1998:23).

Når utgangspunktet for tolking av kjønn blir våre anatomiske kroppsmerke, betyr det at kroppen har stor innflytelse på kva samfunnet - dei andre - gjer med oss, og på dei vala som vi gjer som svar på andre sitt bilde av oss. På denne bakgrunn forstår eg kjønn både som *noko vi er, noko vi gjer og, ikkje mins, noko vi blir gjort til*. Det inneber at kjønn alltid er med "på

---

<sup>49</sup> Også "forskjellsfeminismen", som er forankra i poststrukturalistisk teori, bygg på forståelsar av kjønn som i stor grad er relatert til kropp, biologi og seksualitet.



lasset", fordi det er eit kjenneteikn på korleis personar blir forstått av andre. I sosiale relasjonar betyr det ofte tilskrivningar av kjønn som du i liten grad kan kontrollere (Haavind 1994). Maskulint og feminint kjønn blir oftast tilskriven - om enn på nye og meir indirekte måtar - ulik verdsetting og makt (t.d Acker 1990, Folgerø Johannessen 1994, Hirdmann 1988, Holter 1996b, Haavind 1998, Ødegaard 1991). Av denne grunn har eg lita tru på Butler si (1990) tese om å "gjere kjønn" som performativitet. Dei hardkoda kulturelle betydningane, som vi alle er omgitt av, gir oss derimot ofte eit svært avgrensa handlingsrepetoar. Dette repetoaret er i stor grad definert av andre. Det ligg der som ei implisitt kulturell kode som vi må forholde oss til, og det impliserer og aktualiserer betydningar av kjønn som makt. Val og muleghetar til å eksperimentere med betydningar handlar hovudsakleg om korleis vi skal handtere dei tilskrivningane av kjønn vi møter, både for å gjere oss forstått og for eventuelt å kunne utfordre etablerte forståelsar og tolkingsrammer. Ein slik forståingsmåte inneber at vi som kjønna kroppar innanfor alle kulturar, kontinuerleg må handtere kollektive betydningar (tilskrivningar) av kjønn som anten mann eller kvinne; betydningar som vi i liten grad kan velje å eliminere eller sjå bort ifrå. Å endre, eller oppheve, slike kollektive, kulturelle og sosiale betydningar, impliserer blant anna målretta kollektive handlingar; politisk handling. Når betydningar av kjønn som makt og rangordning er kulturelt og sosialt forankra, inneber det at betydningar berre delvis kan forsvinne gjennom dekonstruksjon av diskursar og alternative språkpraksisar. Instrumenta til å endre og reprodusere dominerande betydningar av kjønn ligg ikkje berre i språket, men minst like mykje i materielle og sosiale strukturar. Det betyr, som Jorun Solheim har påpeika:

*"Jeg tror med andre ord at den postmoderne "fristilling av mening" - dens lek med det mangfoldige, det hybride og det grenseoverskridende - er overvurdert, i hvert fall på kjønnets område. Mye av dette er nettopp lek med ord, ikke kroppssymbolske "realiteter." (Solheim 1998:24.)*

I artiklane har eg stort sett valt teoretiske perspektiv og tilnærmingar som legg vekt på at betydningar av kjønn blir forma både av strukturelle, kulturelle, symbolske og personlege vilkår. Det har dessutan vore vesentleg å velje teoriar som kan gripe betydningar av kjønna handling og samhandling, og som tilrettelegg for å identifisere symmetriske kjønnsrelasjonar såvel som reproduksjon av hierarkiske og asymmetriske kjønnsmonster. Det betyr forståingsmåtar som kan fange inn korleis kjønn blir uttrykt, handtert og erfart, som kan identifisere underliggende betydningar, rekjønne det "naturlege", generelle og kjønnsnøytrale og gripe samanhenger mellom kjønn og makt. Dette utgangspunktet har ført meg til referanserammer som er prega av Hanne Haavinds teori om kjønn som kulturell kode og kulturelt betydningssystem, av Ackers teoriar om kjønna organisasjonsprosessar og kjønn som eit konstituerande element i organisasjonar, og av Bourdieu's analyser av "naturalisering" av mannsdominans. Eg skal i det vidare utdjupe nokre sentrale resonnement knytt til desse

teorikonstruksjonane.<sup>50</sup>

## 2. Kjønn som kulturell kode, sosial relasjon og prosess

### 2.1 Kjønn som kulturell kode

For å få tak i kva innhald kjønn blir gitt i institusjonelle kontekster har eg i mine analyser vore opptatt av å *identifisere tilskrivne og opplevde betydingar av kjønn*. Korleis kvinner og menn som er erklærte som likestilte, utgjer kvarandre sine vilkår og skaper betydingar av kjønn for seg sjølv og kvarandre. Det betyr at institusjonelle betydingar av kjønn på langt nær berre er knytt til betydingar av mindretal, posisjonar og dominans. Men minst like mykje til verdsetting av kjønn som tilskrivne kvinneleghet og mannleghet. I mi søking etter analysemåtar, har Hanne Haavind sine forståingsrammer stått sentralt. Det dreier seg både om Haavind sin måte å forstå kvinneleghet og mannleghet på (1980, 1982, 1985), samt hennar meir kompliserte og omstridde teoriar om kjønn som kulturelt betydingssystem (t.d. 1989, 1993, 1994, 1998).

Kjønn er iflg. Haavind (1980) ein relasjon som inneber at mannleg og kvinneleg ikkje eksisterer som ekspressive eigenskapar ved dei to kjønna. Kjønna betydingar handlar derimot om korleis kvinner og menn stadfestar kvarandre som personar eller som eineståande individ:

*"Kvinnelighet er ikke noe felles ved kvinner i og for seg, men noe felles ved deres part i et sosialt forhold."* (Haavind 1980: 80.)

Det er med andre ord kulturelt påbode å "vere" det kjønnet ein blir gjort til. I empiriske kontekster innanfor idretten er det lite tvil om at aktørane eksisterer som personar berre gjennom å vere eitt av to mulege kjønna og blir kategorisert som anten mann eller kvinne. Kjønn blir iflg. Haavind (1994) tolka som eit kulturelt differensierings- og betydingssystem, som på visse måtar plasserer alle slags fenomen som anten kvinnelege eller mannlege. Dette betydingssystemet følgjer ei kode som er innebygd i og verkar gjennom språket. Det betyr at *symbolske betydingar av kjønn skaper samanhengar mellom sosiale strukturar og kjønna kroppar på ein måte som gjer at denne samanbindinga framtrer som kvinneleghet og mannleghet ved personane. Det er med andre ord ei kjønna kode som bind saman struktur og individ. Når den blir etterlevd konsekvent, verkar den overfor alle* (Haavind 1994: 774-775). På denne måten fungerer kategoriseringa av kroppen som eit sosialt imperativ. Når personar

---

<sup>50</sup> Fordi dette er ei artikkelsamling som omhandlar studier av ulike kontekster som har blitt utført over eit relativt langt tidsrom, ber avhandlinga lite preg av eit einhetleg teorigrunnlag. Det betyr at det er vanskeleg å framheve kva som er det mest sentrale. I det føreliggande utvalet har eg tatt omsyn til både underliggande og meir eksplisitte uttrykte perspektiv og referanserammer.

snakkar, er den kjønnsbundne koda verksam, fordi kroppen markerer både den talande og den tiltala sitt kjønn. *Kroppen blir dermed eit kjønnssteikn som alle ber med seg, som aldri forblir uspesifisert* (Haavind 1994, Søndergaard 1993).

Kjønnskoda viser likevel ikkje til eit fastlåst innhald. Betydningane av mannleg og kvinneleg er skiftande og varierer kontekstuel. Kva kvinnelegheit og mannlegheit skal bety er dermed stadig oppe til forhandling og varierer med kontekst (Haavind 1987, Rudie 1984). *Ei søking etter ein kvinneleg og mannleg essens blir dermed eit blindspor*. Haavind uttrykker dette slik:

*"Det som gjentar seg, det som gjør det rimelig å betrakte dette som et system av betydninger er forholdet mellom det som til enhver tid bestemmes som mannlig relativt til kvinnelig. Det dreier seg altså ikke om to forskjellige slags fenomener, men om en spesiell form for regulering av forholdet mellom fenomener. ....Det er forholdet mellom kvinnelig og mannlig som preger eller skaper to fenomener ved å sette dem i forhold til hverandre på en spesiell måte som er sosialt gjenkjennbar og forståelig. Dette forholdet har to kjennetegn: makt og splittelse."* (Haavind 1994:275.)

Med andre ord innheld det kulturelle betydningssystemet to reguleringar som seier noko om innhaldet i kjønnsrelasjonane, såvel som om dominerande kulturelle betydningar av kjønn. Mannleg og kvinneleg blir via koda definerte som åtskilde/splitta; *det mannlege blir bestemt ved å vere "ikkje kvinneleg"*. Samtidig blir desse rangert: *splittelsen stiller det mannlege i ein relativt overordna posisjon i forhold til det kvinnelege*. Det som blir assosiert med mannleg, blir dermed ofte mektigare, viktigare og meir ålment enn det som blir kategorisert som kvinneleg (Haavind 1994). *Mannlegheit får dobbel betydning* (Haavind 1989, 1994). *Kjønn inneber splittelse mellom maskulint og feminint på ein måte som samtidig stiller det maskuline i ein relativt overordna posisjon i forhold til det kvinnelege. Den betydning kjønn har som makt inneber dermed at mannleg både kan bety ikkje kvinneleg og nøytral*. Makt knytt til mannlegheit kan dermed framstå som kjønnsnøytral og får status som det generelle, normale og mest viktige. Det kvinnelege blir derimot aktualisert som det særigne og mindre viktige. Kvinner og menn er dermed ikkje fødte sosialt ulike og segregerte, men fordi kjønn som kulturell kode er verksam, oppstår hierarkiske betydningar av kjønn som resultat (Haavind 1994). *Kjønn blir slik ikkje ein forskjell mellom kvinner og menn, men ein forskjell som oppstår som eit resultat av koda som splittar og motstiller*. Denne distinksjonen innber ein betydningsstruktur som alle menneske må handtere, fordi kjønnskoda blir internalisert og pregar våre førestillingar om kjønn (Folgerø Johannessen 1994).

Denne forståelsesmåten av kjønn som maktrelasjon er utvikla med basis i kunnskap om empiriske realitetar knytt til samfunnsmessig verdsetting av kjønn (Hirdmann 1990, Haavind 1980, 1982, 1985). Sjølv om Haavind (1987, 1994) gir maktforholdet mellom kvinner og menn ei bestemt retning, framhevar ho at kvinnelegheit og mannlegheit som relasjonelle fenomen likevel ikkje er fastlåste. Dei vil derimot bli aktivt utforma på nytt og på

nytt gjennom konkret interaksjon. Å studere utformingar av den kulturelle kjønnskoda i konkrete empiriske kontekster, blir ein inngang til å forstå korleis kvinner og menn utgjer kvarandre sine vilkår; korleis koda formar kjønnsvilkår og betydningar av kjønn. I følg. Haavind (1994) vil studier av sosiale relasjonar som ikkje tar omsyn til kjønn som eit kulturelt betydningssystem, skape empiriske forståelsar som likevel er prega av det.

I utforskingssprosessen, knytt til fleire av artikkeltekstene, har eg undersøkt korleis ei slik kjønnskode pregar sosiale relasjonar, samhandlingsmønster, sjølvoppfatningar og handlingsvilkår, og på den måten aktualiserer kjønn som maktrelasjon. I tillegg har den fungert som eit reiskap til å avdekke dynamikkar knytt til doble betydningar av kjønn, og korleis desse blir skapt, gjenskapt og endra gjennom sosiale praksisar.

Haavinds forståingsmåte er omstridd - og den har blitt kritisert av andre norske kvinne- og kjønnsforskarar som har eit anna syn (t.d. Nielsen & Rudberg 1994, Holter 1989, Thagaard 1996, Øverlid 1996). Det mest sentrale ankepunktet har vore retta mot den "lovmessighet" som ligg implisitt i Haavind sin forståelsesmåte. Å postulere ei bestemt retning på maktforholdet, kan fort resultere i sjølvoppfyllande profetiar om korleis kvinner og det kvinnelege blir underordna menn og det mannlege (Folgerø Johannessen).<sup>51</sup> Forståingsmåten har også blitt kritisert for å vere dikotomisk og essentialistisk. Slik eg les Haavind, og utfrå dei teoretiske premissane eg har skissert her, er det ei mistolking.

Sjølv om kjønnsrelasjonane er i endring, og kjønnskategoriane i ein viss forstand har blitt meir flytande og mindre eintydige, er det i dei fleste konkrete kontekster utenkeleg at mannleg og kvinneleg, mann og kvinne blir gitt alle mulege betydningar. Mitt teoretiske perspektiv legg vekt på at betydningar av kjønn blir skapt og gjenskapt i kulturelle og sosiale praksisar som alltid i vid forstand er kjønnspolitiske. Det betyr at merksemda først og fremst er retta mot betydningar som hierarkiserer og støttar opp om kjønnsbasert undertrykking - og eventuelt korvidt og på kva måte - desse er prega av bevegelse og endring.

## 2.2 Kjønn som konstituerande element og prosess

Klassisk organisasjonsteori har framstilt organisasjonsstrukturar som relativt fastlåste og kjønnsnøytrale (Kvande og Rasmussen 1990). Feministiske og kritiske organisasjonsanalyser har derimot argumentert for at organisasjonsstrukturar må tolkast som kjønnsprega og som dynamiske meiningsrammer; meiningsrammer som kvinner og menn kontinuerleg samspelear med når dei aktivt skaper og gjensker betydningar av kjønn (t.d. Acker 1990, 1992, Collinsson & Hearn 1996, Folgerø Johannessen 1994, Halford et al. 1997, Kvande og Rasmussen 1992) Dette utgangspunktet gjer det blant anna lettare å synleggjere maskulinitet

---

<sup>51</sup> Dette er det same argumentet som blir brukt mot patriarkatteoriane; at utgangspunktet blir for statisk, og det blir lett å finne mønster som stadfestar utgangspunktet.

og menns vilkår i organisasjonar (Collinson & Hearn 1996).

Joan Acker (1988, 1990, 1992) hevdar at kjønn er ein grunnleggande sosial relasjon og eit differensieringsprinsipp som strukturerer makt og forskjell i organisasjonar. Ho framhevar at kjønn blir konstruert som sosiale mønster som er prega av distinksjonar mellom kvinner og menn, mannleg og kvinneleg, som på visse måtar viser til kjønnsforskjellar og rangordning. *Kjønn blir dessutan forstått som ein kulturell og sosial kategori som aldri framstår som noko eintydig, eller som einaste forklaringsfaktor, men som skaper betydingar i samspel med andre differensieringskoder og relasjonar* (Acker 1992).

Iflg. Acker (1992) er kjønn eit konstituerande element i organisasjonar:

*"..advantage and disadvantage, exploitation and control, action and emotion, meaning and identity, are pattered through and in terms of distinction between male and female, masculine and feminine."*  
(Acker 1990:46.)

Acker (1992) knyter kjønna prosessar til konkrete handlingar og organisasjonsaktivitetar; kva deltakarane seier, gjer og tenker. I aktivitetar og handlingar vil kjønn stundom ytre seg opent og utilslørt, men oftare framtrer det tilsjørt, implisitt og underliggande. Eit feministisk perspektiv inneber å rekjønne handlingar og prosessar som blir framstilte som kjønnsnøytrale og generelle, men som er forma av implisitte betydingar av kjønn. Eg skal kort indikere korleis eg har dratt vekslar på Acker's utgangspunkt om "kjønnspregingsprosessar" i organisasjonar.

Acker (1992) nemner kjønnsdifferensiering, eller identifisering av kjønnsdeling/kjønnssegregering, som eit utgangspunkt for å analysere betydingar av kjønn. I det etnografiske studiet av idrettspolitiske beslutningsprosessar som ligg til grunn for artikkel 3, 4 og 5, var nettopp identifisering av kjønnsdifferensieringsprosessar eit analytisk utgangspunkt for å kome på sporet av kulturelle og sosiale betydingar av kjønn. Artikkel 3 og 4 viser korleis ulike former for kjønnsdifferensiering, blant anna knytt til arbeidsmåtar og verdiprofilering, er kopla til kjønna maktforhold.

Ein annan kjønnspregingsprosess omhandlar korleis betydingar av kjønn skapast gjennom konstruksjon av symbol, bilder og førestillingar/ideologi/forståingsformer. Og korleis desse støttar opp om, rettferdiggjør og forklarar, men også av og til problematiserer og opponerer mot kjønnsdeling og kjønnsulikhet (Acker 1992). Identifikasjon av slike betydingar av kjønn har - om enn i varierende grad - vore eit gjennomgåande analysereiskap i dei ulike studia som ligg til grunn for artikkeltekstene. Artikkel 5 viser t.d. korleis betydingar av kjønn blir konstruert gjennom androsentriske organisasjonsmetaforer og organisasjonsbilder, og korleis desse medverkar til at kvinner i langt sjeldnare grad enn menn blir utvalt som kandidatlar til sentrale maktposisjonar i idretten.

Ein sentral prosess som produserer betydingar av kjønn i organisasjonar er interaksjonsmønster mellom kvinner og menn, mellom kvinner og mellom menn. Kjønna

interaksjonsmønster synleggjer, både på indirekte og underliggande måtar, dominans og underordning (Acker 1992). Fire av dei fem artiklane som inngår i avhandlinga (jf. artikkel 2, 3, 4 og 5) representerer ulike former for interaksjonsanalyser som utgangspunkt for å utforske betydningar av kjønn. Artiklane viser korleis kjønna handlingsmønster er prega av maktforhold knytt til strategiar som alliansebygging, ekskludering/inkludering og kontroll over beslutningspremissar og verkelegghetsdefinering (jf. særleg artikkel 2, 3 og 4). Studier av interaksjonsmønster knytt til ulike institusjonelle grupper - idrettspolitkarar, trenarar og komitemedlemer, illustrerer dessutan korleis ulike former for kjønnsdifferensiering knytt til handtering av doble kjønnskoder, resulterer i hierarkiske betydningar av kjønn.

Ein annan prosess som skaper kjønnspreg er iflg. Acker (1992) det interne, mentale arbeidet som utførast av den enkelte når dei skaper seg oppfatningar om kva som krevst av dei som kjønna aktørar. Blant anna er dei medvitne om kva som er passende veremåtar og haldningar, og også kva muleghetar dei har som kjønna personar. T.d. må kvinner og menn i rolla som nykomarar handtere dilemma om korvidt dei skal tilpasse seg etablerte veremåtar og verdiar, eller om dei skal vere kritiske og arbeide for å utvikle alternativ meir i tråd med egne preferansar. Å kunne fange opp slike dilemma, og den ambivalensen dei skaper, har stått sentralt i utforskingssjansane. Merksemda har vore særleg retta mot kvinners mentale arbeid i handtering av doble kjønnskoder. I artikkel 2 var t.d. identifisering av mentale prosessar knytt til utfordringar og "kostnader", viktige hjelpemiddel for å forstå kvinners rollehandtering og kjønna erfaringar.

Acker (1992) har dessutan framheva korleis desse - meir eller mindre tydeleg kjønna prosessane - både fungerer som føresetnad for - og resultat av - ulike typer underliggande substrukturar. Ho viser korleis innhaldet i underliggande prosessar er betydningsfullt når det gjeld å oppretthalde hierarkiserande betydningar av kjønn. Avdekking av subkulturar medfører ofte ei synleggjering av avstanden mellom kjønna realitetar og måtar å tenke om desse på. Det viser seg at organisasjonspraksisar stort sett er opptatt av å halde på ei kjønnsnøytral fasade, som usynleggjer mekanismer som omdefinierer og undertrykker kunnskapar om kjønn (Acker 1992, Holter 1996b). Dei fleste av artikkeltekstene (artikkel 2, 3, 4, 5) er prega av Acker og Haavind sine forståingsrammer om kjønn som eit konstituerande element i all samhandling. Det er også stort sett deira teorikomponentar som har gitt analytisk verktøy til å avdekke mekanismer, strategiar og substrukturar som utydeleggjer og tilslører betydningar av kjønn, og dermed kan synleggjere koplingar mellom kjønn og makt.

### **3. Kjønnsnøytralisering og rekjønning**

Teoriane om kjønn som konstituerande element og kulturell kode, er i ein viss forstand utvikla som ein reaksjon på den moderne retorikken knytt til førestillingar om kjønn som grunnleggande likhet (Acker 1992, Haavind 1994). I moderne samfunn prega av

likestillingsdiskursar blir kvinner og menn ofte gjort like gjennom å bli framstilt som abstrakte aktørar utan kjønn, som handlar innanfor kjønnsnøytrale institusjonelle rammer. Hovudpoenget i Acker og Haavinds teoriar blir dermed å problematisere premissar knytt til dominerande kjønnsideologiar, og korleis kjønn som makt- og konfliktrelasjon blir tilslørt. Dei legg vekt på å demaskere betydingar av mannleg dominans, blant anna korleis menns handle- og veremåtar innan mannsdominerte rammer blir oppfatta som dei mest nødvendige og ålmene. Utgangspunktet er ei hypotese om at ideala og legitimeringsgrunnlaget har endra seg langt meir enn samfunnsmessige realitetar. Hanne Haavind uttrykker dette blant anna slik:

*"I vårt samfunn ser det ut som dette<sup>52</sup> har forandret seg fra et dominansforhold som ble forsvart og rettferdiggjort til et dominansforhold som blir skjult."* (Haavind 1980:81.)

Eit sentralt aspekt er at kjønn som sosialt differensieringsprinsipp, har blitt meir usynleg og vanskelegare å gjennomskode. Dei betydingar mannsdominans har for kvinners vilkår, blir ofte omskrivne og forsøkt forstått på andre måtar, fordi slike tilstandar ideelt sett ikkje skal eksistere (Holter 1996b, Haavind 1989). Kjønnsnøytraliteten blir i praksis ein metaregel som inneber å sjå bort frå betydingar som likevel er verksame; å tilsløre fordi det ikkje er ønskeleg å gjere dei synlege og tydelege. Haavind (1994) hevdar at forsøk på å late som om kjønn som betydningsssystem ikkje finns, medfører ei favorisering av menns erfaringar og ei underordning av kvinners. Acker (1992) omtaler slike forhold som mekanismer der sosiale praksisar blir ordna på ein måte som gjer at ein type kunnskap om kjønn blir gjort relevant og ein annan undertrykt. Å forstå moderne kjønnsdynamikkar med slike analytiske briller, opnar for rekjønning av empiriske landskap som framstår med ei kjønnsnøytral fasade.

Pierre Bourdieu (1990, 1993, 1999) har i fleire arbeider som eg har dratt vekslar på, ein forståelse av kjønn som på sentrale punkt samsvarar med Acker og Haavind sine forståingsrammer, sjølv om han utviklar dei frå andre innfallsvinklar og kontekster. Han framhevar t.d. i sine analyser av kjønnsordninga i Kabylia at sosiale mønster berre kan forståast, dersom ein har kunnskap om grunnleggande kjønnsstrukturar (Bourdieu 1990, 1999). Kjønn blir framstilt som ein sosial distinksjon der menn og kvinner blir tilskrivne bestemte eigenskapar, handlingsrom og posisjonar som er dikotome og hierarkisk ordna. Bourdieu (1990) legg stor vekt på *korleis kjønnsordningar får ei kjønnsnøytral fasade som kontinuerleg blir gjenskap gjennom ein underliggande, ofte ubevisst sosial logikk som er sosialt objektivert, og dermed naturalisert gjennom dominerande talemåtar, sosiale normer og rituelle handlingar*. Denne logikken som konsekvent stadfestar maskulin overordning, får kjønnsordninga til å framstå som normal og naturleg. Artikkel 1 i avhandlinga forsøker å vise korleis toppidretten i ein viss forstand har kroppsleggjort denne logikken, og kva det betyr å

---

<sup>52</sup> Dette står i denne samanheng for mannsdominans.

vere kvinne i ein slik logikk. Å endre slike djupstrukturerte kjønns- og maktmønster, vil utfrå Bourdieu's forståingsrammer innebere omfattande rekjønningssprossar.<sup>53</sup> Reformar knytt til liberale tenkemåtar, tilskriv han liten effekt. Rekjønningssprossar skal blant anna avdekke den symbolske kapitalen i det tause, underforståtte og sosialt objektiverte (det doxiske).

Som Acker og Haavind er også Bourdieu sin forståingsmåte meir eigna til å diagnostisere og vise til dominerande mønster, enn til å gripe mangfald og endring. Likevel illustrerer den på ein original og radikal måte korleis reproduksjon - men også endring i kjønna maktforhold - kan skje gjennom visse former for kulturelle og sosiale dynamikkar.

#### **4. Betydningar av kjønn - i skjæringspunktet mellom aktør og struktur**

I utforskinga av ulike idrettsarenaer, har eg lagt vekt på å søke etter mønster og tenkemåtar som samtidig både kan kaste lys på nye betydningar av kjønn og mekanismer som medverkar til å oppretthalde kjønna maktforhold. Å ha intensjonar om eit dobbelt fokus, både på endring og reproduksjon, har vist seg å vere vanskeleg. Ofte blir det slik at hovudinteressa blir retta mot det eine framfor det andre. Gjennom dei teoretiske tilnærmingane eg har valt er det nok, som antyda, lettare å identifisere trekk ved ein kjend kulturell kjønnslogikk enn å gripe betydningar med endringspotensiale. Samstundes har eg valt forståingsmåtar som også legg vekt på å fange inn kjønna uttrykksformer og sprossar som forstyrrar og motstiller; som set spørsmål ved korleis det implisitte, gitte og tause blir konstituert - og handtert. Haavind (1994) framhevar blant anna at omstende og situasjonar som medverkar til at menn underordnar seg kvinner, eller at kvinner motarbeider mannsdominans, representerer forsøk på å gi kjønn nye betydningar. Utforskingssprossen har opna for å fange inn korleis menn eventuelt underordnar seg kvinner, og korleis kvinner på medvitne og umedvitne måtar, motarbeider mannsdominans gjennom ulike former for opposisjon og motstand.

I samfunnsvitskapen er perspektiv og analysemåtar teoretiske reiskapar for utvikling av ei meir heilskapleg forståing av sosiale fenomen. Acker såvel som Haavind sine begrep og teoriar om kjønna organisasjonar og kulturelle kjønnskoder er valt fordi dei eignar seg til empiriske studier av menneskeleg handling og samhandling, samtidig som dei er retta mot å avdekke korleis kjønn blir nøytralisert og produsert. Utfrå mine tolkingar, legg dei derimot mindre vekt på variasjonar i betydningar knytt til eit fenomenologisk mangfald av uttrykksformer. Og for Acker er det heller ikkje denne kunnskapsinteressa som står i fokus (jf. t.d. Acker 1990, 1992). Slik eg tolkar ho, brukar ho den relasjonelle kjønnsforståinga meir ideologikritisk - og som demaskeringsstrategi, enn som ein måte å forstå variasjonar i

---

<sup>53</sup> Bourdieu brukar ikkje dette begrepet. Eg har funne dette begrepet dekkande for den sprossen som det analytiske arbeidet i denne avhandlinga for ein stor del har vore konsentrert omkring: å avdekke betydningar av kjønn i kontekster som er erklærte som kjønnsnøytrale.



betydningar av kjønn på.

Oppsummerande vil eg framheve at dei teoretiske referanserammene eg har valt, kan seiast å ha tre gjennomgåande kjenneteikn med særleg relevans for mine studier:

(1) Dei representerer *briller og analytiske reiskap* for å studere *korleis betydingar av kjønn blir konstruert og gjenskapt i mannsdominerte kontekster*. Forståingsmåtene er særleg eigna til å gripe reproduksjon av djupstrukturerte (kulturelle) betydingar. Kjønn blir forstått som ein grunnleggande sosial relasjon og som eit konstituerande institusjonelt element, som ofte resulterer i differensiering og hierarkisering. Det betyr at ein må kjenne til dominerande kulturelle betydingar av kjønn for å forstå kva ein ser.

(2) Dei eignar seg for studier av *sosiale relasjonar og kjønnsprega interaksjonsmønster i institusjonelle mikrokontekster*. Gjennom sin forståelse av aktørar som handlande og skapande personar, kan dei gripe *bevegelser i kjønnsrelasjonen, og korvidt desse uttrykker nye betydingar eller reproduksjon av etablerte mønster*. Det betyr eit utgangspunkt der *mikro- og makronivå møtest*, og som gjer det muleg å analysere kva føringar som får sterkast uttrykk. Denne type teorikonstruksjonar blir ofte kalla "middle range"-teoriar, fordi dei plasserer seg

*"... between minor working hypothesis and master conceptual schemes."* (Merton referert i Leira 1992: 171.)

Slike teoriar er konstruert utifrå ei tematisk interesse om å få tak i det skjulte, det uartikulerte og utforska - eller som Merton har framheva det:

*"Middle range theories are most important in identifying areas of sociological ignorance."* (Merton 1968, sitert i Waters 1994:347.)

Merksemnda er retta mot å fange opp implisitte mekanismer som medverkar til å skape og gjenscape betydingar av kjønn.

(3) Dei teoretiske komponentane, som eg har funne mest eigna og fruktbare, er utvikla på bakgrunn av *empiriske analyser av tidstypiske kjønnsrelasjonar*. Dei er kjenneteikna av å ha utvikla teoretiske koplingar og begrep som tar utgangspunkt i tidstypiske ideologiske straumdrag. Det betyr blant anna korleis liberale førestillingar om likestilling, kjønnsnøytralitet og individets frihet er kopla til doble kjønnskoder, og korleis tidstypiske aktualiseringar er kopla til maktforhold. Teoriane er opptatt av å tematisere kjønnspolitiske realitetar, og korleis desse kan forståast og analyserast. Dei tilrettelegg med andre ord for ei rekjønning av mannsdominans gjennom å vise korleis moderne former for kjønnsnøytralisering, tilpassing og verkelegheitsdefinerings stort sett er meir til fordel for menn enn for kvinner.

## Del V: Metodologiske refleksjonar og metoder

---

*"Jeg har blitt mer og mer skeptisk overfor selve den inngrodde forestilling om at sosiologien har noe avgrensbart som heter "metoder" og noe annet en kan skille ut som teori." (Aubert 1985:196.)*

Denne skepsisen deler mange som har erfart kvalitative forskingsprosessar "på kroppen", fordi slike prosessar ofte er grunnlagt på eit anna vitskapssyn enn det tradisjonelle og positivistiske. I kvalitativ forskning er forskingsprosessen prega av heilhetleg tankegang. Dei ulike fasane i prosessen er innevevd i kvarandre og kjenneteikna av stadige pendelrørsler mellom teori og empiri. Komponentar som erkjenningssteoretiske posisjonar, val av tilnæringsmåtar, teoretisk orientering såvel som analyse og framstillingsmåte, er konstituert som *eit indre forhold* (Holter 1996d).

Denne delen tar opp sentrale aspekt i denne konstitueringsprosessen knytt til dei studiene som inngår i avhandlninga. Fordi artikkelforma har gitt lite rom for utdjuping av komponentar som vitskapsteoretisk plattform, førforståelsens betydning, dilemma knytt til materialoppbygging, og, ikkje minst, kva som pregar forholdet mellom desse, vil slike utdjupingar stå mest sentralt.

### 1. Forskaren som posisjonert og situert kjønn

All formell kunnskap blir organisert og uttrykt gjennom begrep, kategoriar, metaforer, modellar etc.; språklege reiskapar som vi er avhengig av for å skape orden i våre sanseintrykk. Desse er byggesteinane i våre kunnskapskonstruksjonar. Verda blir med andre ord forståeleg for oss først når vi klarer å plassere det vi ser og observerer i ein kjend kategori. Men å kommunisere med andre føreset også ei form for semje om kva som er relevante kategoriar, kva element som høyrer saman i same kategori, og kva element og kategoriar som kan samanliknast. Utan eit slikt minimum av felles referanserammer vil kommunikasjon og sosiale relasjonar bli umuleg. Det betyr blant anna at all kunnskap blir konstruert med referanse til, og i samsvar med, eit språkfelleskap som er avgrensa i tid og rom. På den bakgrunn kan det hevdast at all kunnskap er lokal og kontekstuell; på ulike måtar situert. Kunnskapskonstruksjonar vil alltid vere prega av kontekstuelle føresetnader knytt til geografisk og historisk lokalisering såvel som personlege, faglege og institusjonelle forhold (Haraway 1991). Som forskarar er vi alltid situerte, og vår kunnskapsproduksjon vil bere preg av vår kunnskapsposisjon. Ein kunnskapsposisjon er i prinsippet ikkje meir vitskapleg legitim enn ein annan, sjølv om maktforholda i vitskapssamfunnet i liten grad praktiserer og respekterer (Bourdieu 1977, Flyvbjerg 1991a).

Forskarkjønnnet er ein grunnleggande dimensjon ved forskarens situering. Dersom vi ikkje klarer å plassere personar vi samhandler med i den eine eller andre kjønnskategorien, blir meiningsfull kommunikasjon umuleg. Iflg. den post-kuhnske tradisjonen er utvikling av vitskapleg kunnskap kjenneteikna ved å vere ein sosial og kollektiv aktivitet. Det betyr at forskarens føresetnader og kunnskap som posisjonert subjekt, alltid blir reflektert og inkludert. Og ulikt situerte personar vil mest sannsynleg tolke kontekster, relasjonar og fenomen forskjellig (Hallberg 1992).

At all kunnskap er posisjonell og farga av forskaren sine intensjonar og konstruksjonar, er for dei fleste i forskarsamfunnet "gamalt nytt". Relasjonen forskar/utforska har på direkte og indirekte måtar vore eit sentralt tema både i positivismekritikken (t.d. Habermas 1969, Horkheimer et al. 1970, Skjervheim 1976), i den feministiske vitskapskritikken (t.d. Haraway 1991, Harding 1986, 1987, Smith 1987, Widerberg 1992, 1995) såvel som i poststrukturalistisk filosofi (t.d. Foucault 1982, Lyotard 1986). Desse diskursane framhevar, med utgangspunkt i ulike erkjeningsteoretiske posisjonar, at ein ved å eksplisere og tydeleggjere den subjektive påverknaden, blir det skapt eit intersubjektivt rom som opnar for å vurdere - på kva måte og for kven - kunnskapen kan ha gyldighet.

Kravet om å vere refleksiv og analysere si eiga rolle i forskingsprosessen har likevel blitt meir aktualisert på enkelte fagområder enn på andre. Sjølv om tradisjonar innanfor sosiologien ideologisk sett har vore opptatt av å drive positivismekritikk, radikal samfunnskritikk og aksjonsforskning, er kravet til refleksivitet gitt relativt lite merksemd og liten status. Uttrykt i "bourdieuske termer" kan vi seie at refleksivitet i liten grad pregar den intellektuelle "habitus". Er det fordi refleksivitet framleis blir assosiert med noko overflødig, sjølvsentrert og trugande for vitskapens objektivistiske skinn? Eller at refleksive analyser, direkte og indirekte, vil underminere vitskapens kunnskapsambisjonar om å vere universelle? Bourdieu framhevar at:

*"intellectuals always agree among themselves to leave out of play their own game and their own stakes." (Bourdieu 1993:3.7.)*

Denne haldninga er særleg påfallande i forhold til betydningar av forskarens kjønn (Ve 1992). Den feministiske sosiologen Dorothy Smith (1987) har mellom anna kritisert den etablerte (angloamerikanske) sosiologien og dei implisitte oppfatningane av verkeleggheta den bygg på. Ho hevdar at den sosiologiske forskningstradisjonen er prega av at den er:

*"...written from the standpoint of men located in the relations of ruling our societies..."*,

og vidare at det betyr at:

*"...the "established" sociology... gives us a consciousness that looks at society, social relations and people's lives as if we could stand outside them, ignoring the particular local places in the everyday in which we live our lives. It claims objectivity not on the basis of its capacity to speak truthfully, but*

*in terms of its specific capacity to exclude the presence and experience of particular subjectivities.*"  
(Smith 1987:1-2.)

Denne posisjonen for kunnskapsproduksjon som kan karakteriserast som ovanfrå og utanfor, og som er mest eigna til å forklare forhold mellom enkelte grupper av menn, kallar Smith: "*male stream sociology*". Mangel på refleksivitet gir kunnskapen eit skinn av å vere ålmen og universell, medan både den kritiske og feministiske diskursen nettopp viser korleis mangel på refleksivitet og erkjennelse av eigne føresetnader, medfører at kunnskapen ofte berre tener særinteressene til ei lita gruppe<sup>54</sup>. Ein slik posisjon blir særleg problematisk, fordi samfunnsvitskapleg kunnskapsproduksjon alltid er verdi- og interessebasert, og vitskaplege representasjonar alltid prega av maktforhold. Vitskapleg verksemd må difor søke legitimitet utanfor vitskapssamfunnet; i kriterier som ikkje er immanente (jf. t.d. Flyvbjerg 1991a, Habermas 1969, Smith 1987).

I forhold til andre samfunnsvitskapelege diskursar har den feministiske diskursen retta stor merksemd mot forholdet forskar/utforska, og korleis kjønn og kunnskapsposisjon kan verke både opnande og avgrensande i utvikling av kunnskap (jf. t.d. Davies og Esseveld 1989, Harding 1987, Haug 1987, Haavind 1989, Pedersen 1998, Smith 1987, 1990, Widerberg 1989). Enkelte har også utfordra tradisjonelle konvensjonar ved å inkludere seg sjølv som informant; å bruke seg sjølv som hovudinformant og/eller inkludere eigne erfaringar som ein del av kunnskapsgrunnlaget og prosessen (t.d. Haug 1987, Kosonen 1993, Solheim 1998, Widerberg 1995). Men å leve opp til eit kritisk og feministisk refleksivitetesideal byr på mange utfordringar. Ingen kvalitative forskingsprosessar er like, og det finst få etablerte prosedyrer korleis refleksivitetesideal kan praktiserast. Harding (1986) påpeikar at å vere refleksiv betyr å *synleggjere*:

*"the beliefs and behavior of the researcher".*

Og at det kan skje gjennom:

*"..a self-conscious and critical examination of the relationship between the social experience of its creator and the kinds of cognitive structures favoured in its inquiry."* (Harding 1986:250.)

Eg vil i tråd med Harding forsøke å tydeleggjere korleis personlege føresetnader på direkte og indirekte måtar er innevevd i alle deler av dette avhandlingsarbeidet. Korleis dei har prega blikket mitt for å sjå og forstå, påverka val og dilemma, og i stort og smått fungert som både opningar og stengsler. Eg vil utfrå det vere refleksiv på to måtar:

(1) ved å vise nokre sentrale komponentar knytt til den erfarings- og fenomenkompetanse som

---

<sup>54</sup> Dette blir også framheva av fleire norske forskarar som t.d. Halsaa 1992, Haavind 1989, Valestrand og Gerrard 1999, Ve 1992, Widerberg 1995.

har medverka til å forma mine blick og forståingsrammer, og (2) ved å vise korleis val, dilemma og analysegrep er relatert til mi situering. I denne samanheng er det imidlertid viktig å presisere at refleksivitetskravet alltid vil vere uuttømeleg (Ehn og Klein 1994). Som antyda er mine forsøk i første rekke retta mot å konkretisere kva føresetnader og grep eg har tatt i bruk for skaffe meg fruktbare posisjonar for innsikt og utsikt, og korleis desse har prega konstitueringa av "studieobjektet".

## 2. Kunnskapsposisjon: frå kjønnspolitiske erfaringar til kvinneforskning

Sidan avhandlinga omfattar studier av ulike mannsdominerte kontekster i idretten, vil denne drøftinga ta opp sentrale aspekt ved mine personlege føresetnader som kvinneleg forskar knytt til desse. I tillegg til meir generelle refleksjonar, har eg valt ut enkelte "erfaringsklipp"<sup>55</sup> som speglar sentrale komponentar i min personlege erfaringsbasis. Erfaringsklippa og refleksjonane er konstruert utfrå dei minna eg har om desse erfaringane i dag. I arbeidet har eg vore inspirert av Widerberg som framhevar at minner alltid handler om relasjonar, og at det er ved å reflektere over substansen i desse relasjonane at vi forstår (Widerberg 1995). Å artikulere erfaringar handlar alltid om tolking og tolkingsprosessar. Erfaringar vil dermed kontinuerleg endre seg i takt med nye tolkingar og tolkingsrammer.<sup>56</sup>

### 2.1 Om å vere innanfor og utanfor på same tid

Erfaringar som har utvikla medvit og kjensler omkring ambivalens og dobbelidentitet, framstår i dag som mest dei mest tydelege i mitt mangslungne erfaringsrepertoire knytt til det å vere kvinnekjønnet i idretten.<sup>57</sup> Ei erkjenning av å vere i ein posisjon der eg ikkje heilt og fullt kan identifisere meg med det som føregår, fordi eg ikkje kan kontrollere når eg blir inkludert og ekskludert. Som tidlegare påpeika, har erfaringar knytt til ønsket om å kunne vere både fotballspelar og kvinnekjønnet på 60- og 70-talet, sett djupe personlege erfaringsspor omkring betydningar av kjønnet. Som kvinneleg fotballspelar var du verken slik fotballspelarar skulle vere eller slik kvinner/jenter skulle vere. Å stå i ein slik ikkje-posisjon eller mellomposisjon, eller reint faktisk å bli posisjonert slik, innebar ei stadig kulturell koding og omkoding av kva det betydde å vere kvinne. Det var problematisk å tolke, handtere og forstå kva som "eigentleg"

---

<sup>55</sup> Med "klipp" meiner eg ein beskrivelse av enkeltepisoder, eller trekk i eit større forløp, knytt til relevante arenaer, som illustrerer hendingar som har hatt betydning for mine førforståelsar og mi situering.

<sup>56</sup> Erfaring blir utfrå ei slik forståingsramme ikkje tolka som essens, men som ei prosessuell erkjenning som oppstår i relasjon mellom individet og omverda.

<sup>57</sup> Som antyda er slike formuleringar sjølvstøtt prega av dei føresetnadene og forståingsrammene eg har i dag.

føregjekk - og korleis det var lurt å handle for å bli tatt meir på alvor. Mine erfaringar som "toppidrettsutøvar", såvel som mine erfaringar som trenar og idrettspolitkar, er på ulike måtar kjennteikna av denne posisjoneringa. Eg kjende meg både inkludert og ekskludert på same tid; både som det same og som noko anna. Eg var ikkje som mine mannlege kollegaer berre utøvar, men kvinneleg utøvar, ikkje berre trenar, men kvinneleg trenar og ikkje berre idrettspolitkar, men kvinneleg idrettspolitkar. Eit utgangspunkt som utvikla ei form for dobbelidentitet, fordi det krevde ei kontinuerleg handtering av doble koder. Eg vart erklært som likestilt, og forventta å vere det, samstundes som eg, medvite og umedvite, måtte forholde meg til kulturelle betydingar av det å vere kvinne; å bli kategorisert som "den andre", slik Beauvoir (2000) har formulert det. Den dominerande og normgjevande referanseramma var gutar/menns handlingar, tenkemåtar og kroppar.

Ei slik posisjonering prega av dobbelidentitet har blitt omtala som "priviligert" i den forstand at den kan utvikle eit dobbeltblikk, som opnar for refleksjon og innsikt i begge kjønns livsverd (t.d. Bourdieu 1993, Harding 1986, Ve 1992). Posisjonen inneber både nærhet og distanse og gir muleghetar for å ha både eit innanfor- og utanforblikk. Dei maskuline rammene blir av menn derimot sett på som sjølvsgde og normale, og dermed vanskeleg å få auge på (Bourdieu 1990). Som kvinne blir ein derimot tvinga til å reflektere over det som føregår, fordi ein stadig støyter mot det maskuline. Det kan likevel vere vanskeleg å forstå og identifisere seg med dei veremåtane, tankeformene og interaksjonsmønstra som framstår som dominerande og "naturlege". Det skaper ei undring over korleis det "naturlege" er konstruert. Eg vil, gjennom å referere til nokre erfaringsklipp frå utøvar, trenar og politikararenaen, forsøke å illustrere kva erfaringar, opplevingar og refleksjonar ein slik posisjon og relasjon kan gi, og korleis desse har gitt meg føresetnader for å sjå og forstå.

### ***Kjønnsposisjonar som utøvar***

Eg vaks opp i ei svært religiøs familie, der deltaking i fysisk arbeid var sett på som nødvendig og viktig, medan idrettsaktivitetar stort sett vart oppfatta som unyttige og verdslege lyster. Trass i dette, brukte eg som barn alle mine fristunder til idrettslege aktivitetar, og best av alt likte eg å spele fotball. På 50- og 60-talet betydde det å spela saman med gutar. Fordi eg var sterk, rask og temperamentsfull, var eg ein god fotballspelar. Gutane ville difor gjerne ha meg med, sjølv om eg var jente. Foreldra mine likte dårleg fotballystene mine, og i nabolaget kalla mange meg berre "Gutanikka". Det betydde mange situasjonar der eg opplevde kjønnet mitt som både problematisk - og betydningsfullt.

Ei hending som for alvor sette kjønnet mitt i fokus, var då eg som 11-åring vart uttatt på laget til "Guttecupen". "Guttecupen" var ei årleg fotballturnering som vart arrangert for aldersbestemte lag i regionen. Foreldra mine ville ikkje at eg skulle delta, men etter mykje tårer og mas gav dei etter. Eg var den *einaste jenta som deltok*. Eg scora fleire mål, og var blant dei beste på laget. Av denne grunn fekk eg namnet mitt og rosande omtale i avisa. Journalisten

karakteriserte meg som ein talentfull angrepsspelar, men kommenterte ikkje med eit ord at eg var jente. I etterkant stussa og reflekterte eg mykje over dette. Eg ønska nok at han skulle skrive at eg både var god å spele fotball - og jente - fordi eg var den einaste som var begge deler.

Å utfalde seg på fotballbanen betydde for meg eit frirom der eg kunne kople av frå jentelivet og konvensjonelle førestillingar om kva jenter kunne gjere - og korleis jenter skulle vere. I fotballspelet var det tillatt og verdsett å vere både sterk, dominerande og aggressiv. Eg likte godt nærkampar og tette konkurransar, sjølv om eg ofte vart minnt om at det var upassande for jenter å oppføre seg slik. Mange forsøkte å latterleggjere mine fotballferdigheter og mitt fotballengasjement, og fortalde meg at eg kom nok snart til å "vekse av meg" slike lyster. Det skjedde imidlertid ikkje, men kjønnet mitt innhenta meg. Då eg kom i puberteten, ville ikkje gutane ha meg med på laget lenger. Det var mest fordi identiteten min som kvinne vart for tydeleg. Eg følte meg rådløs, utstøtt og opplevde sterkt at kjønnet hindra meg i å kunne drive med det eg hadde aller mest lyst til. Då eg som 14-åring leste i eit vekeblad om ei kvinne som hadde skifta kjønn og blitt fotballtrenar, skjønnte eg brått løysinga på mitt kjønnsproblem. Men etter å ha konfrontert mora mi med eit slikt ønske, vart det stort oppstyr. Eg fekk treningsforbod, og bilda av mine fotballidol vart fjerna frå veggen på rommet mitt.

I dette perspektivet er det kanskje ikkje så overraskande at eg på 70-talet var ei av dei som stod "på barrikadane" for å få i gang organisert kvinnefotball. Eg deltok i den første uoffisielle serien, i dei første uoffisielle norgesmeisterskapa for kvinner og arbeidde aktivt for at Norges Fotballforbund skulle opne sine dører for kvinner.

Størsteparten av toppidrettserfaringane mine har eg likevel som volleyballspelar, ein idrett eg kom i kontakt med i gymnastida. I volleyball var eg aktiv utøvar i omlag 20 år, og spelte blant anna 4 år på landslaget og 12 år i eliteserien. I denne perioda dreiv eg også, som første generasjon kvinner, systematisk styrke- og vekttraining for å auke min fysiske kapasitet som volleyballspelar. Eg var med andre ord blant dei første idrettskvinnene som inntok vektromma, og måtte be "gutta" om hjelp for å trene knebøy. Ein tvetydig kjønnsposisjon fylt med spenning og ambivalens.

Som toppidrettsutøvar i volleyball var eg svært opptatt av min posisjon som kvinne og retten til å vere likestilt. Dette prega utforminga av utøvarrolla mi. Blant anna var eg med på å fremje krav om at kvinner og menn skulle ha same seriesystem, same premiering, like gode matchbaner og like stor landslagsaktivitet. I heile mi aktive periode hadde eg berre mannlege trenarar. Det forma på ulike måtar mine kjønns erfaringar. Blant anna var dei treningsmodellane og treningsprogramma vi brukte modellert for menn; for mannskroppen. Når dei vart tilpassa oss, betydde det stort sett mindre av alt. Vår kapasitetsnorm var oftast "70 % -mannen". Å ta utgangspunkt i kvinnekroppens eigne ressursar var utenkeleg.

Eg var dessutan svært opptatt av at spelardemokratiet skulle fungere, slik at vi som spelarar fekk vere med å ta avgjerdsler om vår eigen situasjon. Dette engasjementet medførte at eg ofte fekk rolla som talskvinne for laget, og særleg gjalt det i konfliktsituasjonar. Det eg

imidlertid opplevde, og hadde mindre kontroll over, var at enkelte trenarar favoriserte spelarar av andre grunnar enn det sportslege. Vi opplevde at trenaren hadde intime forhold til enkelte av våre medspelarar. Desse relasjonane skapte mykje splid, lojalitetskonflikter og "vondt blod". Men via dette erfarte eg at det å kunne vere både attraktiv og dyktig i samanhengar der menn definerer premisser, representerer ein fordelaktig, men svært sårbar kvinneposisjon.

### ***Kjønnsposisjon som trenar***

Bortsett frå barneidretten, der kvinnelege trenarar er i fleirtal, er det framleis få kvinner i tradisjonelle trenarroller, og særleg oppover i prestasjonshierarkiet (Hovden et al. 1993, Karlsen 1995). Mine erfaringar frå trenarrolla spenner over ei tidsperiode på ca 15 år, og inneheld erfaringar frå fleire ballidrettar og frå fleire prestasjonsnivå; frå elite til trening av barn og unge.

Å vere trenar i ballidrettar inneber å gå inn i eit maskulint fagfelt og vere innstilt på å måtte handtere maskuline rollemodellar. På elitenivå var dette særleg uttalt. Dei mest problematiske forventningane var imidlertid knytt til bruk av tid. Å kombinere ei tradisjonell trenarrolle med jobb og eit normalt familieliv vart på sikt umuleg. Dessutan var det vanskeleg som einaste kvinne blant menn, å få respons på eigne løysingar og tenkemåtar. Eg opplevde gong på gong at mannlege trenarar var meir interessert i å diskutere faglege problem og erfaringar med kvarandre. Fagleg isolasjon og personlege dilemma var stadige utfordringar. På internasjonale trenarkurs, der vi alltid berre var eit fåtal kvinner og resten menn, opplevde eg aldri å få spørsmål knytt til personlege trenarerfaringar og fagleg kompetanse. Derimot tok mange kontakt for å invitere meg ut "på byen". Eg var med andre ord attraktiv som kvinnekjøn, men ikkje som fagperson. Eg prøvde alt eg kunne å kome ut av denne situasjonen gjennom å markere meg fagleg, men følte likevel at min kjønna kropp bokstaveleg talt gjekk framfor meg som eit sosialt imperativ og gjorde meg til "insider" og "outsider" alt etter andre sine behov. Mine "strategiar" for å kome ut av denne rolla, opplevde eg som lite endrande.

### ***Kjønnsposisjonar som idrettspolitkar***

Ein grunn til at eg valde å gjere feltstudier av idrettspolitikken "indre liv" var, forutan at det er eit kjønnspolitisk viktig og lite utforska område, mine mangeårige erfaringar som kvinneleg idrettspolitkar. Gjennom desse erfaringane hadde eg allereie mykje innsikt i feltet. Mine beskrivelsar i denne samanheng vil vere mest knytt til mi deltaking i idrettspolitiske beslutningsprosessar på nasjonalt nivå;<sup>58</sup> mine erfaringar som styremedlem i eit særforbund. I mi første periode som styremedlem midt på 70-talet var eg åleine kvinne. Eg var ung og aksepterte at eg vart tilskriven rolla som "læregut/nybegynnar". Eg jobba entusiastisk og samvitsfullt med dei oppgåvene eg fekk tildelt, og var optimistisk med tanke på kva eg kunne få til. Som

---

<sup>58</sup> Feltarbeidet som er datagrunnlaget for artikkel 3, 4 og 5 er frå slike fora. Dessutan er datagrunnlaget for artikkel 2 delvis basert på erfaringar frå slike kontekster.



radikalisert student var eg kvinnepolitisk engasjert. Det betydde blant anna at eg torde å sette kvinnepolitiske saker på dagsorden og å utrykke uro over at kvinner vart så lite synlege i organisasjonen. Eg trudde på kjønnspolitisk endring, og at eg på sikt ville få gjennomslag for mine standpunkt og verdier.

Frustrasjonane tok til å melde seg då eg oppdaga at det var veldig vanskeleg å kome seg ut av rolla som "nybegynnar" og "uerfaren", og eg merka meg at mannlege kollegaer, som hadde mindre erfaring og fagleg kompetanse enn eg, ofte fekk tildelt langt meir betydningsfulle oppgåver. Slike refleksjonar resulterte i at eg utvikla ei meir medviten og sjølvkritisk haldning til korleis eg forvalta rolla mi, og dei muleghetane eg fekk. Ei periode jobba eg hardt for å markere mine politiske standpunkt, samstundes som eg prøvde å tilpasse meg både formelle og uformelle forventningar som "låg i lufta". Hardt arbeid såg imidlertid ikkje ut til å gi særleg uttelling. Då eg vart spurt om eg ville stille til gjenval, oppsummerte eg for meg sjølv at eg følte meg for lite kompetent. Eg takka difor nei.

Over 10 år seinare, inspirert av vedtaket om kjønnskvotering i NIF's beslutningsorgan, sa eg på nytt ja til å sitte i styret. Denne gongen var vi tre erfarne, velutdanna og likestillingsorienterte kvinner. Det viste seg likevel langt vanskelegare å få innflytelse enn vi hadde tenkt. Vi var medvitne om at vi var i mindretal, og la vekt på å framstå som ei profilert gruppe. Vi sette kjønn på dagsorden, men opplevde at arbeidet møtte taus motvilje og gav lite uttelling. Personleg la eg vekt på å vere godt førebudd i alle saker, slik at ingen kunne seie at eg berre var interessert i kvinne- og likestillingsspørsmål. Vi vart sjeldan møtt med sterke motargument, men oftast nedstemt. Slike erfaringar gjorde at vi etter kvart følte oss ganske rådlause. Det var frustrerande å ville så mykje, og å få til så lite. Då vi fekk spørsmål om gjenval, svarte alle tre nei.

## 2.2 Erfaring, erkjenning og situering

Kvinnerørslas credo på 70-talet var at det personlege er politisk; at våre personlege erfaringar som kvinner også er kjønnspolitiske erfaringar. Oppfordringar til å artikulere kjønnsrelatert ubehag, stimulerte til begrepsfesting og til å gjere desse til kommunikativ "verkelegheit". Dei erfaringane eg har framheva i desse klippa, har prega mine førestillingar om kva det betyr å vere mann og kvinne på ulike idrettsarenaer. Men det var først etterpå - ved hjelp av kjønnssteoretiske forståingsrammer - at eg kunne gjere dei til erfaringskunnskap, fordi eg hadde begrep og kategoriar å "sjå med". Gjennom denne prosessen var det også muleg å sjå koplingar mellom erfaring, kjønn og makt. Eg har gjennom erfaringsklippa forsøkt å tydeleggjere korleis rådande oppfatningar, haldningar og veremåtar definert av menn, gjer kvinner usikre og sårbare, fordi dei manglar makt til å bestemme sin subjektposisjon. Når situasjonar formidlar motsetnadsfulle betydningar av kvinnekjønn, samstundes som betydningar av menns kjønn blir usynleggjort, får kvinner vanskar med å sette ord på eigne opplevingar og sjå sin eigen situasjon (Holter 1996b).

Det inneber blant anna ei kontinuerleg leiting etter adekvate begrep og forståingsrammer for å kome på offensiven.

Å vere situert i eit felt på denne måten gir mange opningar for tilgang på kunnskap. Kunnskap som det elles ville vere umuleg å få tilgang til. Men ei slik situering fungerer også avgrensande. Blant anna kan det vere vanskeleg å observere "utanfrå" det du kjenner godt frå innsida. Ein fruktbar posisjon for ein kvalitativ forskar er å kunne vere i spenninga mellom nærhet og distanse (Holter 1996d). Eg vil i det vidare diskutere nokre fordelar og ulempar ved mi situering i forhold til ein slik posisjon.

Erfaringar med, og nær kjennskap til fleire av studiekontekstene, medverka til at det var relativt lett å få tilgang til dei arenaene eg ønska<sup>59</sup>. Det betydde faktisk at eg gjennom mitt tidlegare engasjement i ein viss forstand allereie hadde skaffa meg tilgang. For å etablere viktige og nødvendige relasjonar, brukte eg oftast vener og personleg nettverk. Slike muleghetar gjorde arbeidet meir lystbetont og mindre krevjande. Dessutan hadde eg allereie mykje bakgrunnsmateriale og data gjennom den kjennskapen og kunnskapen eg hadde tileigna meg. Det å ha kjent forholda "på kroppen"; kva det vil seie å vere i fleire av dei same rollene og samhandlingssituasjonane, er i ein viss forstand eit ønska utgangspunkt (Wadel 1991). Haugen og Holthedal (1982) hevdar blant anna at det er umuleg å få tak i usynlege sosiale reglar som samversregulering, dersom ein ikkje kan vere sin eigen informant over lenger tid. Erfaringskunnskapar blir dessutan sett på som sentrale føresetnader for intuitivt å kunne identifisere problem og relevante analytiske innfallsvinklar (Dreyfus & Dreyfus 1986, Lofland & Lofland 1984, Løchen 1993, Widerberg 1995). Det handlar blant anna om å ha tileigna seg den gjensidige felleskunnskapen som Giddens (1976) har kalla "mutual knowledge". Det er ikkje teoretisk erverva innsikt som i første rekke får forskaren til å forstå kva han/ho ser, men den felleskunnskapen som han/ho deler med dei utforska. Fleire har også påpeika at det er avgrensa kva ein forstår, før ein har forsøkt å endre (Gulbrandsen 1990, Kaul 1993).

Men ei slik situering i forskingsfeltet innber også klare ulemper. Mellom anna kan det å studere ein "familiar" og "nær" kultur medføre at mange prosedyrer og hendingar blir usynlege, fordi dei framstår som "naturlege" og gitte (Wadel 1991). Å vere så engasjert i ein aktivitet at ein ikkje er i stand til å sjå verken den andre eller seg sjølv frå meir enn ei side; innsida, er uheldig (Gilje & Grimen 1993). Det kan bety at vi ofte ikkje ser kva føresetnader aktiviteten spring ut av, og kva det er vi tek for gitt, fordi vi står aktiviteten for nær. Nils Gilje & Harald Grimen karakteriserer blant anna ein slik innanforposisjon slik:

*"...det å vere innanfor og stå nært det ein studerer betyr tilgang på innsikt, men mangel på utsikt."*  
(Gilje & Grimen 1993:11.)

---

<sup>59</sup> I denne samanheng tenker eg først og fremst på feltstudiane som er det empiriske grunnlaget for artikkel 3, 4 og 5, samt det empiriske utvalet som ligg til grunn for artikkel 2.

På den andre sida vil ein distansert posisjon bety overfladiske og avgrensa innsikter, men betre muleghetar for utsikt og oversikt. Gjennom erfaringsklippa har eg forsøkt å vise at å vere kvinne på maskuline idrettsarenaer, inneber å stå i ein kontinuerleg både-og posisjon. Men både-og betyr oftast ikkje å kunne velje den eine framfor den andre etter egne ønsker. I dei fleste situasjonar har min posisjon vore avhengig av korleis eg har blitt posisjonert av andre; blant anna korleis eg har blitt inkludert og ekskludert. Posisjonen var dermed mest prega av ein anten-eller-posisjon. Eit slikt utgangspunkt ser ut til å vere eit grunnvilkår ved kvinners tilskrivne posisjonering på arenaer der menn bestemmer kulturelle koder og samversformer. Det å vere kvinneleg forskar og feltarbeider betyr ei liknande situering; avgrensa tilgang til menns felleskapsarenaer, ofte mindre autoritet i forhold til mannlege informantar og med tilsvarende større muleghetar for utvikling av likeverdige relasjonar til kvinnelege informantar. Dette er vilkår som du som kvinne har lite kontroll over, fordi du i liten grad sjølv kan bestemme reglar og konvensjonar for korleis og når kjønn blir gjort relevant (Haavind 1998). Kulturelle betydingar av kjønn har på denne bakgrunn stor betydning for forskarens situering, sjølv om det også er andre forhold enn kjønn som påverkar slike muleghetar (Davies & Essevelt 1989, Harding 1986, Pedersen 1998, Reinhartz 1992). Mannlege forskarar har i liten grad problematisert kva det eksplisitt betyr å vere mann; kva deira mannlege kjønn betyr for den kunnskapen dei produserer. Studier innanfor feminisme og mannsforskning aktualiserer imidlertid i stadig større grad slike betydingar (t.d. Messner 1990, Smith 1987). Iflg Lundgren (1992) kan imidlertid mangel på refleksivitet resultere i at:

*"Manglende symmetri mellom innsikt i egen verden og utsikt til den Andres verden, vanskeliggjør den nødvendige oversikt over forholdet mellom Jeg og den Andre." (Lundgren 1993:31.3.)*

Med andre ord, når mannlege forskarar manglar refleksjon over sin eigen kjønnsposisjon såvel som innsikt i kvinners livsverd, blir også innsikta i eiga livsverd misvisande. Det same forholdet gjeld sjølv sagt for kvinner. Det betyr at refleksivitet relatert til kjønn, bør vere ein sentral komponent i all kunnskapsutvikling som omhandler sosiale relasjonar.

### 3. Metoder, analysegrep og dilemma

Å utforske betydingar av kjønn i idretten i eit relasjonelt perspektiv har hovudsakleg betydd kvalitative analyser, der forståelse og søking etter meiningsberande samanhengar i relasjonar og interaksjonsmønster har stått sentralt. Design og metodeval knytt til dei ulike studia er prega av dette føremålet. Dei studia som inngår representerer eit mangefasettert utval av metoder; frå diskursanalyser til søkekonferansar og etnografisk feltarbeid. Eg vil i det vidare kort utdjupe dei metodiske tilnæringsmåttane eg har brukt, samt sentrale vegval, refleksjonar og dilemma som har prega dei ulike prosessane. Eg vil gi størst plass til aspekt og diskusjonar som har fått liten plass i artikkeltekstene.

### 3.1 Tilnæringsmåtar, studiekontekster og prosedyrer

#### *Diskursanalyse*

Artikkel 1: "Female-elite athletes - skilful balancers of modernity?. The female athlete as a symbol of basic ambivalence, ambiguities and contradictory forces in modern femininity" er ei form for diskursanalyse. Diskursanalyser kan vere like mangfaldige som begrepet diskurs. Eit sentralt mål i denne samanheng var å sette søkelyset på korleis kvinnelege "toppidrettskroppar" symboliserer handtering av doble kjønnskoder og moderne kjønnsposisjonar. Det analytiske utgangspunktet er koplingar mellom ulike diskursar; mediadiskursar som omhandlar forholdet mellom kvinneleg toppidrett og kulturelle kvinneleghetsideal og vitskaplege diskursar som tematiserer idrettens rolle i det moderne og nyare sosiologiske diskursar omkring kropp og samfunn. Analysa drøftar utfrå desse koplingane korleis den kvinnelege "toppidrettskroppen" symboliserer ein "stridsarena", der doble kjønnskoder skaper motsetnadsfulle krav og forventningar, og muleggjer både overskriding og stadfesting av kulturelle betydingar av kjønn.

#### *Spørreskjema og søkekonferanse*

Artikkel 2: "Is it Worth the Price? Women's Involvement in Leadership and Coaching in Sport Organizations in Norway" er eit resultat av ei undersøking som eg utførte saman med 1. amanuensis Liv Johanne Solheim og rådgjevar Aslaug Andreassen i tidperioda 1992-93.<sup>60</sup> Målet var å synleggjere sentrale aspekt ved kvinners handlingsvilkår i sentrale verv og posisjonar, og søke å finne forklaringar på kvifor det var så vanskeleg å rekruttere kvinner. Utvalet var kvinnelege tillitsvalde og trenarar innanfor Norges Volleyballforbund<sup>61</sup>. Undersøkingssopplegget skulle dessutan legge vekt på å tilrettelegge for kunnskapsutvikling blant informantane underveis i forskingsprosessen. Det var ein viktig grunn for at vi bestemte oss for å bruke søkekonferanse som metode; ei form for aksjonsforskning der deltakarane/informantane gjennom si deltaking får muleghetar til auke sitt kunnskapsgrunnlag. Datainnsamlinga skjedde i to faser. I den første fasa sende vi ut eit spørreskjema til kvinnelege trenarar og tillitvalde (nasjonalt nivå) for å kartlegge kva erfaringar dei hadde frå sine verv og funksjonar, og kva barrierer dei hadde møtt (jf. vedlegg 1). Søkekonferansen bygde på data frå spørreskjemaundersøkinga. Målet med søkekonferansa var å søke djupare ned i ein del av dei forholda som spørreskjemadataene peika

---

<sup>60</sup> Undersøkinga resulterte i rapporten: "Er det prisen verdt? Ein studie av kvinnelege trenarar og tillitsvalde sine erfaringar med arbeid i Norges Volleyball forbund." Norges Idrettsforbund. Oslo: 1993.

<sup>61</sup> Vi som stod ansvarleg for prosjektet hadde tidlegare vore medlemmer av Kvinnekomiteen i Norges Volleyballforbund. Prosjektet vart initiert på bakgrunn av den kvinnepolitiske situasjonen i organisasjonen.

ut som særleg interessante.<sup>62</sup> Det viktigaste kriteriet for utveljing av kandidatar til søkekonferansen var lengde og breidde i erfaring. Konferansen vart arrangert over to dagar, og ti kvinner frå heile landet deltok.

### ***Feltstudier***

Dei tre siste artiklane i avhandlinga er basert på data frå eit større etnografisk feltarbeid knytt til idrettspolitiske beslutningsprosessar. Artikkel 3: "Når kvinner blir sand i maskineriet. Kjønn, interaksjon og makt i idrettspolitiske beslutningsprosessar", og artikkel 4: "Møter mellom marknad og omsorg. Om ideologiske konfliktliner og betydningar av kjønn og makt i idrettspolitiske beslutningsprosessar presenterer deler av eit feltarbeidsmateriale samla inn gjennom deltakande observasjon av styremøter. Artikkel 5: "Why "Heavy Weight" Men and "Young" Women? The gendering of selection processes within Norwegian Sport Organization" er knytt til dei same organisasjonskontekstene, men er i tillegg basert på observasjon av valprosessar og datamateriale frå valkomitear, blant anna gruppeintervju.

Feltarbeid er ei form for kvalitativ forskingspraksis som inneber at forskaren oppheld seg blant dei ho/han vil studere i deira naturlege omgjevnader over tid. Feltarbeid som metode har blant anna blitt karakterisert slik:

*"..it fundamentally depends on watching people in their own territory and interacting with them in their own language, on their own terms..." (Kirk and Miller 1986:9.)*

Dette inneber å leve med, og på same måte som dei ein studerer; så langt som muleg vere både observatør og deltakar i det som føregår. Feltarbeid som metode har som føremål å skape forståing gjennom studier av interaksjon og relasjonar. Som feltarbeidar søker ein etter relasjonelle og prosessuelle forklaringar (Wadel 1991).

Den metodiske tilnæringsmåten som eignar seg best til å framskaffe "data" om samhandling og samhandlingsprosessar, er deltakande observasjon. Det betyr å sjå på, lytte til og spørje om det som føregår. Men ein føresetnad for å observere på denne måten, er at du allereie har teoretiske perspektiv og begrep å "sjå" og forstå med. Feltarbeid innber difor ei stadig veksling mellom teori og empiri. Som feltarbeider forsøkte eg å forstå veremåtar og samhandling i det idrettspolitiske feltet med eit blick styrt av både teoretiske perspektiv og begrep som kunne vise retning og muleghetar.

### ***Studiekontekster, omfang og presedyrer***

Feltarbeidsmaterialet er bygt på observasjonsdata supplert med feltsamtaler, feltintervju og

---

<sup>62</sup> Artikkelen inneheld ein relativt fyldig metodebeskrivelse. I tillegg er ein beskrivelse av søkekonferanse som metode, og korleis metoden vart tilpassa våre føremål og vår kontekst vedlagt (jf. vedlegg 2). Av denne grunn gir eg ein så kortfatta beskrivelse her.

dokumentanalyser. Feltarbeidet omfatta tre idrettspolitiske cases innanfor Norges Idrettsforbund. To idrettspolitiske styrer på nasjonalt nivå og eit på lokalt nivå. Ei av dei nasjonale kontekstene vart valt som mitt *hovudcase*. Dei to andre casa har eg gitt status som *perspektivcases*. I utgangspunktet var intensjonen ei strategisk utveljing av to cases for komparasjon. Etter ein del sonderingar, fann eg det for omfattande å følgje to parallelle prosessar like intenst og nært. Løysinga vart eit strategisk utval av to perspektivcases; eit nasjonalt og lokalt styre<sup>63</sup> som kunne vere eigna til å perspektivere dei mønstra og kjønnsrelasjonane som såg ut til å kjenneteikne mitt hovudcase. I utveljinga av cases la eg vekt på to sentrale kjenneteikn:

(2) Ei utveljing av *innflytelsesrike beslutningsorgan som hadde statuspreg, slik at det var attraktivt og konkurranse om, å bli valt inn som styremedlemer. Det betydde organ der det var kamp om makt og innflytelse.*

(2) Ei utveljing av *beslutningsorgan med ein viss kvinnerepresentasjon, slik at det kunne vere grunnlag for alliansar mellom kvinner, og at kvinner kunne opptre som ei interessegruppe.*<sup>64</sup>

Dette utgangspunktet vart valt på bakgrunn av vurderingar knytt til forventningar om relevant informasjonsinnhald. Det endelege utvalet kom som eit resultat av omfattande sondering og informasjonsinnhenting, der også sondering om muleghetar for tilgang til å drive deltakande observasjon var vesentleg.<sup>65</sup>

Feltarbeidsperioda i mitt hovudcase varte i ca to år. Styrearbeidet var basert på week-end-møter, sidan styrerepresentantane kom tilreisande frå heile landet. Eg deltok på alle styremøta med unnatak av eitt; 13 styremøter, samt 2 generalforsamlingar (ting) og ei sentral leiarkonferanse<sup>66</sup>. Møta vart avvikla på hotell i Oslo-området. Eg budde saman med styremedlemene under møta. Det betydde muleghetar for å studere interaksjonsmønster i møteromet, såvel som i dei meir uformelle delane av møta. I etterkant av styremøta hadde eg vanlegvis møter med generalsekretær og andre nøkkelpersonar i administrasjonen for å få utfyllande opplysningar, samt informasjon knytt til andre viktige begivenheter. Gjennom desse møta/samtalane sjekka eg aktuelle forhold knytt til styrearbeidet, samt sikra meg andre kvalifiserte oppfatningar om det som skjedde på styremøtet, såvel som rundt status knytt til

---

<sup>63</sup> Utvalet av eit lokalt case vart hovusaklig gjort på bakgrunn av både ressursmessige forhold, og omsynet til å velje ut eit perspektivcase som på visse måtar var forskjellig frå mitt hovudcase. Dersom ein kan avdekke like mønster og mekanismer i cases som er ulike, vil det styrke sannsynlegheta for at desse er typiske for eit breiare utval cases.

<sup>64</sup> Det viste seg at det ikkje var enkelt å få til ein slik kombinasjon, fordi dei mest innflytelsesrike og prestisjetunge beslutningsorgan i idretten har ein gjennomgåande lav kvinnerepresentasjon, oftast berre 2 kvinner, som er minimumstalet i bestemmelsen om kjønnskvotering.

<sup>65</sup> I mine vidare beskrivelsar vil eg kome nærare innpå ulike sider ved denne prosessen.

<sup>66</sup> Her møter kretsleiarane, kretssekretærene, sentraladministrasjonen og styret til drøfting av sentrale utfordringar og problem i organisasjonen.

sentrale politiske forhold i organisasjonen. Etter omlag 2-års feltarbeid fann eg at materialoppbygginga hadde nådd eit metningspunkt; at vidare observasjon ikkje såg ut til å gi "noko nytt" (Holter 1996d).

Liknande prosedyrer vart følgt i feltarbeidet innanfor mine perspektivcase. Feltarbeidet innanfor desse begynte ca eit år etter feltarbeidet i mitt hovudcase, og varte i omlag eit år. I mitt nasjonale perspektivcase deltok eg på seks week-end-møter, 2 idrettsting og ei sentral leiarkonferanse. På lokalt nivå vart styremøta avvikla som kveldsmøter. Dette betydde mindre muleghetar til å observere og studere dei meir uformelle delane av beslutningsprosessen. I det lokale styret deltok eg på 5 styremøte, 2 årsmøte og eit temamøte om organisasjonsutvikling, der styret og ein del inviterte nøkkelpersonar deltok.

Mitt studium av valkomiteanes arbeid var i utgangspunktet tenkt som eit supplerande studium - som ei utvida plattform for å forstå samhandlingsmønster, politisk profilering og betydningar av kjønnt knytt til styrearbeidet. Valkomiteane si oppgåve er å innstille styrekandidatar til val på tingforsamlingane. Det betyr at det enkelte styremedlem har si eiga rekrutterings-/utveljingshistorie, og desse historiene grunngjev kva for personlege ressursar og kvalitetar som blir vektlagt i utveljingsprosessane. Valprosessane gir også på direkte og indirekte måtar uttrykk for kva for politiske målsetjingar som er viktige. Gjennom samtalar og diskusjonar med fleire valkomiteleiarar og medlemmer, fann eg at desse kontekstene såg ut til å vere prega av sentrale kjønnspolitiske diskursar. Difor bestemte eg meg for å studere desse diskursane meir systematisk. Utfrå situasjonen og det materialet som allereie var samla inn gjennom observasjon av valprosessar, feltsamtalar og feltintervju, fann eg at gruppeintervju med valkomiteane kunne vere ein eigna tilnæringsmåte for supplerings og utdjuping. Utfrå ressursmessige forhold og muleghetar for tilgang, vart prosedyrane noko ulike for mine nasjonale og lokale case. Gruppeintervjuet med komiteen i mitt hovudcase vart utført i samband med valet på Tinget. Den same prosedyren vart brukt i mitt nasjonale perspektivcase.<sup>67</sup> I etterkant hadde eg eit personleg intervju med leiarane for utfyllande informasjon og for å avklare eventuell ideologisk usemje underveis<sup>68</sup>. I det lokale caset var tilgangen lettare. Eg valde difor, for å få eit større materiale, å intervjuje to komitear knytt til to ulike valperiodar. Det var muleg, fordi valperiodane berre var eit år. Komiteane vart intervjuja i forkant av årsmøtet, samt at eg hadde sporadisk kontakt med leiarane gjennom valperioda. Her intervjuja eg også leiarane i etterkant (jf. elles ein meir utfyllande beskrivelse av gruppeintervjuet, s. 74).

Førut for sjølve feltarbeidet i mitt hovudcase, brukte eg omlag eit år for å bygge opp kontakt og tillit til nøkkelpersonar i organisasjonen. Blant anna hadde eg omfattande samtalar

---

<sup>67</sup> Dette var ein relativ stor valkomite, og berre fem var til stades på Tinget. Gruppeintervjuet vart difor utført med 5 medlemmer. Det var leiinga i komiteen, samt tre av medlemmane.

<sup>68</sup> Slik gruppeintervjuja vart lagt opp, var det i situasjonen vanskeleg å få tak i usemje blant medlemmane omkring val av prosedyrar og vurderingar i prosessen.

med alle styremedlemene omkring innflytelsesvilkår og betydningar av kjønn. Etter konstitueringa av nytt styre, sende eg eit brev med førespørsel om tillatelse til å drive deltakande observasjon og feltarbeid knytt til styrearbeidet. I tillegg til å be om tillatelse, ba eg også om å få tilgang/innsyn i det same dokumentmaterialet som styremedlemene.<sup>69</sup> Søknaden vart innvilga. Eg følgde dei same formelle prosedyrane overfor mine perspektivcase.

### 3.2 Kjønn, feltroller og feltrelasjonar

Wadel (1991) hevdar at å drive feltarbeid gjennom deltakande observasjon krev at forskaren er i stand til å vere "sosiolog på seg sjølv"; at forskaren under feltarbeidet utøver refleksivitet ved å analysere si eiga åtferd og sine eigne kulturelle kategoriar. Det indikerer at ein må vere medveten om sitt rollerepertoar. Kva rolle ein til enkvar tid tar eller blir gitt av sine informantar, samt det rollerepetoiret som informantane tar i bruk. Dessutan må ein vere i stand til å utnytte seg sjølv som informant (Wadel 1991).

Dei relasjonane eg utvikla til mine informantar underveis var på fleire måtar ulike. Dei varierte kontekstuelt og var prega av dimensjonar som kjønn, alder og erfaringsgrunnlag. Eg var medviten om at å ta i bruk eit større rollerepertoar og fleire sosiale identitetar, vil opne for fleire muleghetar for informasjon og materialoppbygging. Dersom ein informant berre blir kjend med deg som forskar, blir det vanskeleg å kome ut av forskarrolla. Å ha forskarrolla som einaste primærrolle, gir avgrensa muleghetar for tilgang og kommunikasjon (Wadel 1991). Eg la opp til å søke informasjon på fleire typer arenaer. Det krevde ei handtering av ulike sosiale roller.

Rolla som erklært forskar brukte eg når eg fann den mest fordelaktig. Forskarrolla gir ofte legitimitet til å kunne vere tilstades overalt, og til å ta kontakt med kven som helst. At forskarar er nyskjerrige og systematiske, blir oppfatta både som normalt og nødvendig. Ein svært sentral observasjonsarena for meg var dei formelle delane av beslutningsprosessane som føregjekk i møteromet. I desse samanhengane var det berre muleg å innta forskarrolla. Det betydde at eg kun var tilhøyrar og tilskodar. Det opna imidlertid for gode muleghetar for overblikk, og for å notere og reflektere underveis. På denne måten vart det også skapt ein viss distanse. Ved å vere ein uavhengig og passiv observatør, var det muleg å forsøke å forstå det som føregjekk som ein utanforståande. På slutten av feltarbeidet kommenterte ein av informantane at han såg på meg som "ein del av inventaret". Det tolka eg positivt, fordi det signaliserte at mitt nærver såg ut til å ha liten påverknad på det som skjedde.

I byrjinga av feltarbeidsperioda la eg vekt på å vere i forskarrolla også på dei uformelle arenaene. Eg konsentrerte meg meir om å vere tilhøyrar og tilskodar enn samtalepartnar. Bakgrunnen var at eg i første fase av feltarbeidet ønska å halde fast ved litt av "utanfråblikket",

---

<sup>69</sup> Brevet inneheldt også ei orientering om målet med undersøkinga, slik at alle skulle vere inneforstått med bakgrunnen for mitt nærver.



slik at eg kunne observere mest muleg opent utfrå prinsippet om "ikkje viten" (Hastrup 1991). Intensjonen var å skaffe meg eit best muleg overblikk over veremåtar og interaksjonsformer. Det betydde å få tak i kven som snakka med kven, kva samverspreferansar den enkelte såg ut til å ha og nøste opp slike mønster utan for stor "innblanding". Eg erfarte at alle typer aktivitetar under møta representerte tilgang på relevant informasjon. Det innebar at eg var kontinuerleg "på jobb". Det var kun på mitt eige hotellrom eg kunne kople ut.

Wadel (1991) hevdar at når ein har skaffa seg tilgang til deltakande observasjon gjennom ei eller fleire roller, er neste steg å utvikle desse rollene samt å skaffe seg nye. Det er kva rolle du inntar, eller blir tilskriven, som ofte bestemmer kvar du kan gå, kva du kan gjere og kven du kan snakke med. I tråd med dette var strategien å ta i bruk "gamle" roller; roller som eg av fleire vart assosiert med frå mitt tidlegare engasjement i organisasjonen. Slike erfaringar gjorde det lett for meg å innta veremåtar der eg kunne vise engasjement og identifikasjon med det som føregjekk. Eg la vekt på å utvikle eit godt og opent forhold til alle styremedlemene og såg ut til å bli oppfatta av dei fleste som ein interessant samtalepartner. Alle gav eksplisitt uttrykk for at dei var positive til mitt nærvær, og mange var nyskjerrige å få vite kva eg meinte om det som skjedde. Eg merka likevel at fleire var strategiske i sin omgang med meg, slik eg også måtte vere i omgang med dei. Det var også arenaer eg som forskar og kvinne ikkje fekk tilgang til - som ulike deler av menns uformelle fellesskap. På same måte som dei fleste andre kvinnelege styremedlemene vart eg aldri invitert av mannlege styremedlemar til å bli med "på byen" eller "møte" på romet. Det var likevel ikkje vanskeleg å registrere at menns uformelle "møte" fekk stor innflytelse på diskusjonane og relasjonane i møteromet. Av denne grunn vart det svært viktig for meg å finne ut kven som snakka med kven i slike samanhengar, og korleis dette påverka styrearbeidet og vilkåra for innflytelse. Eg utførte eit stort "detektivarbeid" for å nøste opp slike interaksjonsmønster, og kva slike uformelle "møte" såg ut til å bety for innflytelsesmuleghetar og arbeidsvilkår.<sup>70</sup> Eg oppdaga dessutan at å vere medviten om kva arenaer ein er utestengd frå, og kva arenaer ein kan få tilgang til, er viktige "data", og ofte også data om betydingar av kjønn.

For å kome ut av forskarrolla og over i meir likeverdig roller, prøvde eg, både overfor kvinner og menn, å innta rolla som diskusjonspartner. I dette rolleskiftet brukte eg mine tidlegare sosiale erfaringar og identitetar som idrettspolitkar. Eg oppfatta det slik at det var lettare å opparbeide tillit, kollegialitet og likeverd i ei diskutantrulle enn i forskarrolla. Fordi eg nesten alltid var tilgjengeleg som samtalepartner, vart eg også ein kjærkomen "frustrasjonsventil" både for kvinner og menn.

Det var lett for meg å få tilgang til dei uformelle "kvinneromma". Det viste seg å vere viktige forskjellar på det rollerepertoaret eg som kvinne og kvinneleg forskar fekk tilgang på når det gjalt mannlege og kvinnelege informantar. Samtalane utvikla nære relasjonar til enkelte av

<sup>70</sup> Artikkel 3 presenterer blant anna datamateriale frå dette "detektivarbeidet".

kvinnene. Eg var mest fortruleg med dei kvinnelege styremedlemene som var nærast meg i alder, mest sannsynleg fordi vi delte flest sosiale identitetar. Gjennom analysene av materialet registrerte eg at den erfaringkunnskapen desse kvinnene formidla, var uttrykt i ei meir personleg form enn den eg fekk frå mannlege representantar. Då eg via referata gjenskapte samtalane i minnet, fann eg at dette sannsynlegvis kom av at kvinnene brukte kjenslene sine mykje meir aktivt i samtalane.

Sjølv om eg personleg kjende fleire av styremedlemene på førehand, blant anna fleire av dei mannlege, opplevde eg likevel at dei første samtalane var prega av usikkerhet. Fleire viste ambivalens overfor forskarrolla og prøvde "å teste ut" min profesjonalitet. Kanskje var det fordi denne representerte ein slags maktposisjon og ei uavhengighet som gav meg rett til å definere situasjonen på ein ny og uvant måte. I samtalar med mannlege medlemar var det ofte vanskeleg å få tak i deira personlege erfaringar, også fordi dei ikkje ville ut av rolla som organisasjonsrepresentant. Dei eg kjende personleg, og som eg delte fleire sosiale identitetar med, var det lettast å få ut av ei slik rolle.

I diskusjonar med menn opplevde eg også å bli tilskriven ei lærlingrolle. Dette følte eg ubehageleg, men erfarte det likevel som ei rolle som opna for mykje informasjon. Eg prioriterte å samtale med mannlege representantar, fordi eg ofte fann det vanskeleg å forstå korleis dei tenkte. Blant anna verka det som det var større forskjellar på det menn sa og gjorde i møteromet, og den tenkemåten og dei erfaringane dei formidla til meg i samtalar på tomannshand. Eg opplevde dessutan at alderen min, i tillegg til min lange og breie erfaringsbakgrunn, hjelpte meg til å bli tatt seriøst og respektert. Det at eg kunne "gamet" betydde mykje, både for dei rollene eg kunne innta, men også for å kunne forstå dei rollene eg vart tilskriven.

Å utvikle nære relasjonar til informantane var langt frå uproblematisk. I enkelte situasjonar skapte dei nære relasjonane etiske dilemma. Eit dilemma eg ofte stod i, var korvidt det var rett av meg å utnytte den tilliten eg vart vist som "insider" på instrumentelt vis; ved å gjere alle typer "forteljingar" til "data". Eg visste at i somme situasjonar fortalde dei meg om ulike forhold, meir som kollega enn som forskar. Dei fleste var naturleg nok lite erfarne med kva det innebar å bli forska på. At mi oppgåve var å etablere relasjonar som "middel", og at desse ofte vart etablert utfrå kor gode data dei kunne gi, var i mange situasjonar problematisk. Eg var ofte i tvil, både om, og på kva måte, eg kunne bruke den informasjonen eg fekk. I ein del situasjonar prøvde eg å løyse slike dilemma med å spørre andre etter den same informasjonen, eller å få dei same personane til å kome med liknande synspunkt i samanhengar der eg vart sterkare assosiert med forskarrolla. I det heile kjende eg ofte eit ubehag ved å måtte opptre instrumentelt, men det betydde også at eg kontinuerleg prøvde å ha eit reflektert forhold til min posisjon; kven eg ville og kunne vere i dei ulike situasjonane.

### 3.3 Feltnotatar og intervju

Materialoppbygginga vart basert på systematiske feltnotatar frå møteromet såvel som frå det som føregjekk i det uformelle. Eg noterte mest muleg av det som vart sagt og gjort for å kunne ha eit breidt utgangspunkt for vidare bearbeiding og tolking. I møteromet der eg kun var tilhøyrar, la eg vekt på å få med så mange detaljar som muleg. Blant anna noterte eg ned plassering i romet, såvel som mimikk og blikk, slik at eg i etterkant lettare kunne rekonstruere situasjonen for mitt "indre auge".

Det eg klarte å skrive ned var likevel berre ein liten del av alt eg observerte, og det eg klarte å observere var igjen berre ein liten del av alt som føregjekk. For å kunne beskrive eit hendingsforløp, er det imidlertid ein føresetnad at ein allereie har lagt ei meining i det. Referat av det som skjer representerer på denne måten alltid meiningsfulle tolkingar. Kvar kveld reinskreiv eg dagens notatar, samstundes som eg tilførte kommentarer, refleksjonar og tolkingar. Hensikta med å skrive svært detaljerte referat var først og fremst for å gjere det muleg å gjenskape situasjonen i minnet, slik at eg kunne sjå for meg både sjølv hendingsforløpet såvel som å kjenne igjen stemninga i romet. I analysearbeidet i etterkant var muleghetane for slike rekonstruksjonar like viktige som sjølv tekstane. Det indikerer at slike tekster, trass sin detaljrikdom, er vanskeleg å analysere for dei som ikkje på same måte har vore deltakarar i prosessen (Album 1994).

Å vere deltakande observatør betyr også å delta i samtaler og intervjuer informantar. Ein del av det som foregår vil ein alltid måtte få tilgang til via andre. Det var særleg det som føregjekk i det uformelle og mellom styremøta, som eg måtte ta tak i gjennom samtaler og dokument. Dei uformelle samtalane med styremedlemene har stått sentralt i materialoppbygginga. Eg var medveten om å samtale med alle. I tillegg utførte eg formelle intervju. I mitt hovudcase intervjuer eg alle formelt to gongar i løpet av feltarbeidsperioda. Informantane i mine perspektivcase vart derimot berre intervjuer i sluttfasa.<sup>71</sup>

Det er vanleg å oppfatte intervju som skjer i samband med observasjon som annaleis enn kvalitative intervju som blir utført som einaste kontakt mellom forskar og informant (Album 1994). Intervjuer skulle fungere som eit supplement til observasjonane, og bar av denne grunn meir preg av samtalen enn av ein tradisjonell intervjuer-/respondentrelasjon<sup>72</sup>.

Det første intervjuet med styremedlemene i mitt hovudcase avtalte eg allereie på første styremøtet. Målet var, i tillegg til å bli betre personleg kjend med den enkelte informant, å få kjennskap til deira personlege mål, mandat og forventningar knytt til styrearbeidet. Intervjuer var

---

<sup>71</sup> Ytterlegare opplysningar om antal intervjuer etc. framgår i artiklane (jf. t.d. artikkel 4).

<sup>72</sup> Denne intervjuforma blir kalla feltintervju (Wadel 1991) eller etnografiske intervju (Spradley 1979). Dette er ein avtalt samtale som føregår i ei avslappa form, der eg som forskar initierer hovudtemaet for samtalen, men opnar også opp for at informanten kan snakke om andre ting. Intervjuforma er betinga av at vi begge deltar/har deltatt i dei same aktivitetane, og dermed har ei felles referanseramme for samtalen.

forholdvis korte (opptil 1 time). Eg noterte det som vart sagt, og brukte god tid på å sjekke ut om eg hadde fått med meg det mest vesentlege. Kort tid etter vart intervjuet "reinskrive".<sup>73</sup>

Eit meir omfattande feltintervju med alle styremedlemene vart utført i sluttfasa. Desse intervjuane var basert på ein informantprofil, som eg konstruerte på bakgrunn av feltnote. Informantprofilen representerte på mange måtar ei kondensering av den enkelte representant sitt "bidrag" utifrå mine feltobservasjonar. Målet med intervjuet var å dele og diskutere denne profilen med informantane; mine tolkingar og analyser av deira oppfatningar, roller og veremåtar i styreperioden. Gjennom ei slik form for "konfrontasjon" fekk eg testa ut eigne tolkingar, og skapte mulegheit til sjølvrefleksjon og validering, både hos informantane og meg sjølv. Intervjuane, som ofte varte frå 1-2 timar, vart tatt opp på band<sup>74</sup>. Eg fekk mange positive reaksjonar på denne intervjuforma. Mange opplevde ei slik form for refleksiv feedback som både konstruktiv og bevisstgjering i forhold til eigne vere- og tenkemåtar. Denne forma var også ein måte å tilbakeføre "resultata" til informantane på.

For å supplere materiale knytt til valprosessane, og få tak i meir substansielle data knytt til utveljingsprosedyrer og dei diskursane som låg til grunn for desse, utførte eg som nemt gruppeintervju med valkomiteane. Som forskingsmetode er gruppeintervjuet kjenneteikna av å vere kollektivt, relasjonelt og dynamisk (Brandth 1996). Å velje ut "naturlege" grupper som t.d. valkomitear er ganske vanleg i samband med gruppeintervjuing, fordi desse vil representere ein etablert diskurs (Steyart & Bouwen 1994). Gruppeintervjuane vart leia av meg som forskar, og eg brukte ein intervjuguide som hjelp til å strukturere gjennomføringa.<sup>75</sup> Informantane likte godt å fortelje, både om korleis dei tenkte og arbeidde for å sikre seg dei kandidatane dei ville ha. Praten gjekk lett, og når ein hadde hatt ordet, kom ofte ein annan med utdjupingar og tilføyningar. Det såg ut som dei hjelpte kvarandre med å hugse og tenke. Ein av fordelane med gruppeintervju er at gruppedynamikken kan gi synergieffekt (Stewart & Shamdasani 1990). Det oppstår med andre ord ofte ei spontan samhandling som produserer innsikt som sjeldan eller aldri, kan bli oppnådd ved andre metodar. I tillegg validerer informantane på eit vis kvarandre. I ein gruppesituasjon vil det dessutan vere vanskeleg å uttrykke tenkemåtar og prosedyrer som dei andre ikkje kjenner seg igjen i. Sjølv om eg initierte spørsmåla, lot eg informantane få mest muleg av styringa. Dei fekk uttrykke sine perspektiv og si forståing utifrå eigne kategoriseringar, begrep og språk.

Alle komiteane var mannsdominerte. I tre av dei fire komiteane var det berre ei kvinne.<sup>76</sup>

---

<sup>73</sup> Ein del av dette materialet er presentert i artikkel 4.

<sup>74</sup> Eg har så langt berre reinskrive dei delane som har vore relevant for det materialet som er presentert i artikkel 3 og 4.

<sup>75</sup> Jf. vedlegg 3.

<sup>76</sup> Desse komiteane hadde berre tre medlemmer.

Det resulterte i eit intervjumateriale dominert av menns oppfatningar. Alle komiteleiarane var menn.

### 3.4 Nærhet og distanse

I mine innleiande drøftingar om forskarposisjonar og situering, la eg vekt på korleis situering og grad av nærhet og distanse til dei utforska, påverkar muleghetar til "å sjå", og dermed også kva datakjelder og verkeleget du får tilgang til. Eg vil her flytte problematikken til konkrete feltarbeidssituasjonar, og dei dilemma og løysingsforsøk desse var prega av.

For å få tak i samhandlingsformene i beslutningsprosessane, og korleis desse vart oppfatta og opplevd, var det viktig å utvikle nære feltrelasjonar både til enkeltinformantar og informantgrupper. For å oppnå dette la eg vekt på å vere empatisk; å identifisere meg med informantane sine tankar og kjensler og ta desse på alvor. Album (1994) reiser spørsmålet om denne type forskarnærhet også føreset likhet i kjønn, alder, klasse og etnisitet. Utfrå mine erfaringar treng ikkje slike føresetnader vere til stades. Likevel erfarte eg det mindre krevjande å etablere nære relasjonar når fleire slike likhetsdimensjonar var til stades.

Mitt ideal om nærhet hadde imidlertid ikkje som ambisjon å konstruere tekster utfrå idealet om å gjenspegle "the actors point of view", slik det etnografiske idealet ofte blir uttrykt (Geertz 1983). Mine analyser har hatt som mål å skape erfaringsnære tekster, men likevel er desse avleia og konstruert utfrå mine tolkingar og analytiske føremål, og dermed også prega av mine kulturelle og analytiske kategoriar. Tekstene er samansette forteljingar av den "verkelegheta" eg har studert, og som *berre eg i siste instans kan stå ansvarleg for*.

I feltarbeidsprosessen var eg medviten om at min erfaringsbasis, koplå med mitt ideal for få emprinære data, lett kunne medføre at eg ikkje ville klare å "sjå" og sette ord på det sjølvsgde og implisitte. Det å formulere ytringar til tekst og tekstkonstruksjonar innber imidlertid i seg sjølv distanse; ei distansering knytt til abstrakt refleksjon og ei nedteikning av kartet og ikkje terrenget. Det betyr i ein viss forstand å gjere den andre til objekt på den same måten som vi gjer oss sjølv til objekt når vi tenker over kva vi sjølv har gjort (Skjervheim 1976). I prosessen med utvikling og oppbygging av materiale, var dette mitt viktigaste distanseringsgrep. Eg skal kort utdjupe på kva måtar eg forsøkte å få til ei slik form for distansering:

- (1) *Tekstkonstruksjonar frå møteromet*. I møteromet var eg alltid kun lyttar og tilskodar og brukte berre tekst som kommunikasjonspraksis. Tekstkonstruksjonane vart med andre ord skapt gjennom mitt tilhøyrar/tilskodarblikk.
- (2) *Tekstkonstruksjonar frå uformelle samtalar og observasjon av uformelle interaksjonsmønster*. Desse var eit resultat av deltakaranes ytringar, veremåtar og blikk i møte med mine, samt mine tolkingar av desse.
- (3) *Tekstkonstruksjonar i form av dagsreferat* (som inkluderte dei to første). Dette vart skrive i

eit rom fysisk atskilt frå informantane, og innebar retolkingar og reformuleringar av begivenhetane i dei to føregåande tekstkonstruksjonane.

(4) *Tekstkonstruksjonar frå andre begivenhetar*. I mitt hovudcase fekk også dei fleste begivenhetane frå styremøta ein fjerde tekstkonstruksjon gjennom referat frå møta med administrasjonen som vart arrangert i etterkant av styremøta. I tillegg skapte "konfrontasjonsintervjua" tekster som vart viktige i materialoppbygginga. Desse kan i ein viss forstand karakteriserast som ein kollektiv distansieringsprosess, der objektivisering gjennom refleksjon over eigne, andre og kvarandre sine ytringar og veremåtar vart gjort muleg.

Men kanskje den mest viktige og tydelege forma for distansering skjedde etter at feltarbeidet var over - då eg åleine ved skrivebordet skulle sette i gang med å analysere, systematisere, strukturere og sannsynleggjere det eg hadde sett og høyrte. Å handtere eit så stort feltmateriale, slik at det kunne illustrere dei stiane og mønstra som eg oppfatta hadde utkrystallisert seg, var langt meir utfordrande enn eg hadde tenkt. Blant anna såg eg at ulike teoretiske innfallsvinklar ville gi ulike "forteljingar". Denne prosessen innebar stadig nye lesingar av materiale på tvers og langs, såvel som stadige reformuleringar av teoretisk blick og problemstillingar. Dette var ei fase kjenneteikna av sterke frustrasjonar og mange korsveggar. Til tider framsto alt som grått og flytande og fekk meg til å tvile på det meste av det eg hadde gjort og ville. Eg måtte ved fleire høve ha hjelp frå andre sitt blick for å gjenoppdage konturane og muleghetane, samstundes som forsøka på overordna tematisering og kategorisering gjennom kontinuerlege "klippe-og-lime"-prosedyrar (på datamaskinen) etter kvart skapte fruktbare valmuleghetar. Men "forteljingane" vart likevel sjeldan slik eg planla dei skulle bli. Nye lesingar gav stadig nye innspel og rom for nye tolkingar. Det gjorde prosessen mykje meir omfattande, tidkrevjande og kompleks enn forventa. Gjennom nye blick, nye sannsynlege tolkingar og nye rekonstruksjonar skapte denne prosessen ein avstand til feltet som til tider var prega av både deengasjement og "utanfråperspektiv".

#### **4. Konstruksjon av tekster**

Løchen (1993) hevdar at metodar ideelt sett berre skal vere hjelpemidlar i budskapet og fantasien si teneste og dampe inn i stoffet og framstillinga. Han set fram eit ideal om å formidle fortolkande sosiologi med det han kallar "forpliktande fantasi". På same måte som for ein skjønnlitterær forfattar blir utfordringa å finne forteljingar som illustrerer dei hypotesane, ideane eller samtidsdiagnosane som nedteiknar seg som resultat av forskingsprosessen. Forskaren si forteljing må imidlertid i større grad enn den skjønnlitterære, vere ei systematisk og sannsynleggjort gjengiving av "verkelegheta" basert på kreativitet, argumentasjon og analyse i tråd med overordna perspektiv (Løchen 1993). Slike krav og ideal representerer formidable utfordringar og inneber både mot, emosjonell identifikasjon med feltet og sterk tru på eigne tolkingar.

Datainnsamlinga opplevde eg som både artig, interessant og engasjerande. Men å konstruere relevante, illustrerande og fyllestgjerrande framstillingar, der teori og empiri er samanfletta, styrer kvarandre og synleggjer klare funn, har som antyda vore ein langt meir kronglete prosess. Det innebar ei stadig reise i feltnotatar prega av mykje uro og motstand. Mine ambisjonar om å konstruere tekster som kunne inspirere og innby til kjønnspolitisk endring, gjorde ikkje vala og dilemmaene mindre. Eg erfarte at å lage analytiske tekstkonstruksjonar av kjende "verkelegghetar" var noko anna enn å fortelje korleis dei "er". Å gjere greie for denne prosessen steg for steg, og gjengi korleis og kvifor tekstene har blitt som dei har blitt, er umuleg. Mi erfaring er at dei fåtalige "oppskriftene" som metodelitteraturen gir, har vore til lite hjelp, og det er ei erfaring eg deler med fleire (Album 1994, Løchen 1993, Solberg 1985, Wadel 1991). Fordi utgangspunktet for artikkeltekstene har vore ulikt, både med omsyn til empiriske kontekster og målgrupper, har også skriveprosessen vore prega av ulike situasjonar og føresetnader. Det einaste som har vore felles er ei kunnskapsutvikling gjennom eit nært samspel mellom den "ytre studerte verkeleggheta", min eigen erfaringsbakgrunn frå feltet og eit feministisk perspektiv med analytiske begrep som kjenneteiknar feministiske studier.

Artiklane inneheld dessutan både såkalla "datadrivne" og "teoridrivne" forteljingar (Wadel 1991). Når det gjeld artikkel 1 og 2, var det utfrå skisserte problemstillingar relativt uproblematisk å velje korvidt det var teoretiske eller empiriske hovudliner som skulle vere styrande i tekstkonstruksjonen. I dei tre siste artiklane har imidlertid valet vore meir komplekst. Om det var feltmateriale som skulle fortelje meg kva aspekt som skulle styre framstillinga, eller om materialet heller skulle flettast inn i eit teoretisk rammeverk. Tekstene illustrerer at eit slikt skilje er vanskeleg i praksis, og at det i ein viss forstand alltid vil vere snakk om eit både-og. I si endelege form har vel hovudlinene i tekstene fått meir preg av å vere data-/empiridrivne enn teoridrivne. Artikkelforma gav lite rom for å få fram mangfaldet i eit omfangsrikt materiale, og det har vore ein gjennomgåande frustrasjon. Dei teoretiske drøftingane vart dessutan stadig minimaliserte til fordel for empirien.

Eit sentralt spørsmål som reiser seg i denne samanheng, er imidlertid kva som skal reknast som teori. Teori kan også vere metateori; i denne samanheng t.d. eit grunnleggande syn på kva for institusjonelle betydingar av kjønn som dominerer i moderne mannsdominerte organisasjonar. Artiklane er prega av at orienteringa i feltet stort sett er datadriven, og tolkingane meir teoridrivne.

Utskrivingsfasen inneber ikkje berre ein runddans mellom teoriutvikling og data, men representerer også ein runddans mellom skrivestilar, disponering og språk, og korleis desse påverkar kvarandre gjensidig (Wadel 1991). Vala i den sistnemde runddans var også utfordrande, fordi forskingsfeltet er tverrvitskapeleg, og dermed prega av ulike forventningar, krav og få tradisjonar. Utfrå mine erkjeningsteoretiske og kunnskapssosiologiske tyngdepunkt har det vore eit sentralt mål å skrive tekster som kan synleggjere kjønnsrett, vere kritiske og samfunnsendrande. Slike ambisjonar har underveis skapt dilemma og ubehag. Tekster som skal

kunne ha slike verknader, må kunne skape gjenkjenning, refleksjon, konfrontasjon og helst muleghetar for emosjonell identitet. For at kunnskapen skal skape forståing, må forteljinga gripe lesaren. I dei empiriske beskrivelsane har eg lagt vekt på å skrive med engasjement, nærhet og sterk identifikasjon. Men dette støyter mot den normalvitskaplege norma om å skrive eit nøytralt språk. Iflg. Nilsen (1996) betyr det blant anna at språket:

*"... uttrykker et saklig sted i oss, hvorfra vi betrakter verden med sympati heller enn begeistring, empati og indignasjon." (Nilsen, 1996:223.)*

Underveis har eg fått ein del negative reaksjonar på tekstene mine. Det har blitt påpeikt at eg nettopp skriv med indignasjon og for lite analytisk distanse. Det vart hevda at framstillingane var for sterkt prega av identifikasjon med dei utforska og særleg kvinner. Eg har forståing for denne reaksjonen, samstundes som eg har stilt spørsmålet når og på kva måte det er uvitskapleg å skrive med indignasjon og sterk identifikasjon? Kva betyr analytisk distanse i denne samanheng, og kven skal definere den? Ei feministisk tekst skal konfrontere, provosere - og også om nødvendig - gjere det ubehagelege synleg. Samstundes skal den gi rom for identifikasjon og gjenkjenning. Det betyr likefullt at ein må passe på å ikkje vere nedlatande i omtalen av informantane sine standpunkt og reaksjonar. Å finne ein skrivestil og ei formidlingsform som ivaretar slike omsyn samtidig, er vanskeleg. Å unnlate å formidle korleis mannsdominans blir uttrykt og handtert er problematisk for meg som feministisk forskar, samtidig som ei slik formidling krev ei finstemt balansering av ulike omsyn og ein stadig refleksjon over eigne motiv, standpunkt og interesser.

Uansett formidlingsform, representerer tekstene i denne avhandlninga berre eit fåtal mulege "forteljingar" om betydningar av kjønn i moderne idrettsorganisasjonar. Eg trur likevel at eg gjennom mitt feministiske blick og mitt omfattande analysearbeid har fanga inn nokre typiske tilstandsbilde - bilde som kan formidle noko om dei utfordringar og muleghetar som pregar det kjønnspolitiske landskapet - sjølv om desse er streka opp av mine fenomenforståingar, vurderingar og referanserammer.



---

## DEL VI: Kunnskapsbidrag

---

Som tidlegare utdjupa, har denne avhandlinga eit hovudfokus på korleis doble kjønnskoder er kopla til makt og vice versa. Det er ei utforsking av korleis betydingar av kjønn som likhet og forskjell blir aktualisert og handtert på ulike institusjonelle idrettsarenaer, og korleis desse på ulike måtar blir forma av - og formar konkrete og underliggende maktforhold. Som fleire andre mannsdominerte samfunnsinstitusjonar er idretten prega av ein kjønnspolitisk situasjon, der førestillingar om kjønn som likhet hovudsakleg blir knytt til formell likestilling (formallikhet), medan betydingar av sosiale realitetar som mannsdominans og andre kjønna differensieringsformer, i liten grad blir problematisert. På denne måten viser analysane noko av det paradoksale og problematiske som pregar moderne kjønnskonstruksjonar. Korleis dei på den eine sida føreset at kjønn handlar om grunnleggande førestillingar om generell menneskeleg likhet, og på den andre sida føreset hardkoda kulturelle førestillingar om kjønn som hierarkiserade forskjell (Solheim 1998). Brytingar og aktualiseringar knytt til slike doble og motsetnadsfulle tolkingar, synleggjer korleis implisitte betydingar av makt medverkar til å strukturere kva betydingar som til eikvar tid får sosial legitimitet, politisk merksemd og relevans, og kva betydingar som forblir underliggende, tilslørte og illegitime.

Føremålet med denne delen er å samanfatte innhaldet i artiklane og vise korleis dei står i forhold til ein slik overordna tematikk og kvarandre. Avslutningsvis vil eg i tillegg til å utdjupe kva kunnskapsbidrag analysene ser ut til å avteikne, reflektere over avhandlingas "kvite flekkar" og vegar vidare.

### 1. Artiklane: Synlege og usynlege betydningsmønster i ulike idrettslandskap

Artiklane har som antyda blitt skapt over ei lenger tidsperiode. Dei blir i denne samanheng presentert i den rekkefølge dei er produserte, og slik speglar dei i ein viss forstand ein fagleg modningsprosess. Dei er publisert, eller er under publisering, i ulike typer fagtidsskrifter og bøker, og har i første rekke forskarar og fagkollegaer som målgruppe. Slike føresetnader har medført ein del overlapp i tekstene. I samandraga som følgjer, vil eg sette hovudfokus på analyseresultat og konklusjonar.

*Artikkel 1*"Female Elite Athletes - skilful Balancers of Modernity? The female athlete as a symbol of basic ambivalence, ambiguities and contradictory forces in modern femininity"

Artikkelen tematiserer korleis kvinners "toppidrettskroppar" symboliserer utvida kjønnsposisjonar og nye kvinneideal, og korleis desse er forma av doble kjønnskoder og makt. I toppidretten er kjønn konstituert som eit gjennomgåande differensieringsprinsipp, samtidig som kvinners prestasjonar blir målt etter mannlege standarder. Mannskroppen er den generelle prestasjonskroppen. Kvinner skal helst prestere som menn, samtidig som dei skal "vere sitt kjønn". Artikkelen handlar om dette dilemmaet, og kva tilpasningar, problem, ambivalens og motstand det skaper.

Det empiriske utgangspunktet er mediadiskursar knytt til eit fåtal kjende kvinnelege toppidrettsutøvarar, som tematiserer forholdet mellom kvinneidrett og kulturelle kvinnelegghetsideal. Medieomtalane blir kontekstualisert og tolka gjennom beskrivelsar av to dominerande utviklingstrendar innanfor moderne kvinneidrett, som eg har kalla "maskulinisering" og "seksualisering". Desse trendane reflekterer handtering av doble kjønnskoder som kroppssymbolske "realitetar". "Maskuliniseringsprosessen" inneber eit kroppsleg og kulturelt prestasjonsideal prega av hegemonisk maskuline uttrykksformer. For kvinnelege toppidrettsutøvarar betyr tilpassing til slike krav, ambivalens, motstand og eit kontinuerleg ekstrarbeid for å minimalisere sitt kvinnelege "etterslep". Forsøk på å realisere mannlege kroppsnormer skaper alvorlege identitets- og helseproblem som t.d. spiseforstyrrelsar, forseinka pubertetsutvikling, utvikling av beinskjørhet etc.

I begynnelsen av 80-åra kom det ein reaksjon blant mannlege journalistar på konsekvensane av "maskuliniseringa" knytt til kvinneleg toppidrett. Det vart uttrykt at kvinneidretten hadde utvikla seg til "the death of beauty", og at idrettskvinner var i ferd med å miste sine kvinnelege (heteroseksuelle) attributtar. Men få år etter klarte den amerikanske sprintdronninga Flo Jo (Florence Griffith Joyner) å skape ny medieinteresse. Ho la vekt på å tilfredsstille både mannlege prestasjonsnormer og "det mannlege blick" gjennom å eksponere sine heteroseksuelle, kvinnelege attributtar til det ekstreme, og dermed underkommunisere sin "maskuline" prestasjonskropp. Slike former for "seksualisering" av kvinneleg toppidrett har i dag blitt standard. Flo-Jo's identitetsforvaltning illustrerer korleis ei dobbel kjønnskode er verksam. Kvinnelege toppidrettsutøvarar må tilfredsstille ein dobbel standard; tilfredsstille generelle (maskuline) prestasjonsnormer, samtidig som dei framstår som heteroseksuelle attraktive kvinner. Det krev ei samtidig handtering av binære kjønnsposisjonar; ei samtidig kroppsleg eksponering av tradisjonell femininitet og hegemonisk maskulinitet. Den maskuline prestasjonskroppen er imidlertid inngangsbilletten.

Slike kulturelle krav indikerer eit kvinneideal basert på ei blanding av ekstreme maskuline og feminine kjønnsposisjonar, der dei maskuline representerer dei nødvendige og generelle. Dei feminine er berre sosialt akseptable for kvinner. For å styre unna alvorlege helse-

og identitetsproblem knytt til slike doble og samtidige krav, må kvinnelege toppidrettsutøvarar vere gode balansekunstnarar. Den kvinnelege toppidrettskroppen uttrykker eit moderne kvinneideal som er ekstremt arbeidskrevjande, og som berre superkvinner kan handtere og leve opp til. Vi ser samtidig både ei utviding av tilgjengelege kjønnsposisjonar så vel som ei stereotypisering og hierarkisering. Ei handtering av slike antagonistiske, ekstreme og hierarkiske krav uttrykker eit kvinneideal fylt av paradoks, dilemma og ambivalens.

Kvinnerens toppidrettskroppar symboliserer at kvinner har gått inn i prestisjefylte maskuline rom og krevd likestilling og likeverd. Dei viser samtidig at kvinner må framstå som likeverdige på måtar som er akseptable for menn. Den neste artikkelen, som omhandlar kvinnerens erfaringar i trenar- og leiaryerv i idretten, uttrykker kjønnsvilkår prega av liknede kjenneteikn. Og ved å ta utgangspunkt i kvinnerens eigne synspunkt og erfaringar, gir den eit nytt inntak til å forstå kvinnerens ambivalens, motstand og utfordringar i idretten, og kvifor mange opplever at engasjementet deira ikkje er prisen verdt.

## *Artikkel 2*

### "Is it Worth the Price? Women's Involvement in Leadership and Coaching in Sport Organizations in Norway?"

Denne artikkelen omhandlar kvinnerens erfaringar som trenarar og tillitsvalde innanfor eit særforbund; Norges Volleyballforbund. I designet vart det lagt vekt på å få tak i erfaringar knytt til kjønna interaksjonsformer, konflikter og dominansforhold, for å kunne utvikle ein forståelse av korleis betydingar av kjønn blir skapt og gjenskapt i slike kontekster. Datamaterialet er basert på spørreskjema og søkekonferanse.<sup>77</sup> Det analytiske perspektivet er inspirert av feministiske studier som omhandlar betydingar av kjønnsnøytralisering og rekjønning av mannsdominerte organisasjonskontekster.

Bakgrunnen for undersøkinga var eit utgangspunkt der kvinnerens situasjon innanfor institusjonelle arenaer som idrettspolitik og trenarverksemd, var kjenneteikna av problem knytt til høg "turn over" og vegring for å gå inn i slike posisjonar. Denne situasjonen utfordra til å utforske kvinnerens vilkår og synleggjere betydingar av mannsdominans. Datamaterialet er bygd på kvinnerens retrospektive erfaringar i verv som idrettspolitkarar (tillitsvalde) og trenarar. Sentrale temaer i undersøkinga var (1) kva som motiverer kvinner til å engasjere seg, og (2) kva utfordringar og problemar dei møter underveis.

Resultata viser at kvinner engasjerer seg i idrettspolitik og trenarverksemd fordi dei ser på denne type arbeid som viktig, interessant og utfordrande. Når dei fleste likevel seier nei til gjenvæl og reengasjement, er det på bakgrunn av at arbeidet blir erfart som meir negativt og mindre utviklande enn forventa. Dei tillitsvalde oppfattar oppgåvene som svært tidkrevjande og

---

<sup>77</sup> Dei spørreskjemaene som er brukt er vedlagt, jf. vedlegg 1. Det same er ein beskrivelse av opplegget for søkekonferansen, jf. vedlegg 2.

prega av arbeidsmåtar som i liten grad verdset deira innsats og kompetanse. Samarbeidsklimaet mellom kvinner og menn blir jamt over opplevd som lite konstruktivt. Kvinnene erfarer lite positiv respons frå mannlege kollegaer, og føler at andre ofte tar æra av deira innsats. Sjølv om alle respondentane hadde høgre utdanning og lang erfaring frå idrettsarbeid, meiner mange at dei er for dårleg kvalifisert for å påta seg slike verv. Opplevingane er dessutan prega av at mange har vore "einsleg svale" blant menn utan å inneha leiar-/maktposisjonar. Det betyr ein vanskeleg utgangsposisjon for å få gjennomslag for alternative tenke- og handlemåtar, såvel som for å synleggjere endringsønsker. Respondentane er dessutan lite integrert i menns uformelle nettverk. Slike kjenneteikn gjer at dei ofte føler seg som kulturelle "framandelement".

Dei kvinnelege trenarane gir uttrykk for at dei opplever sjølve trenararbeidet som artig og utfordrande, men at dominerande forventningar knytt til rolla som trenar på fleire måtar er problematisk. Blant anna ber dei preg av å vere for altoppslukande, og passar dårleg for kvinner med familieforpliktelsar. Det er ein viktig grunn til at mange sluttar eller vegrar seg for å gå inn i slike roller. Rolleforventningane blir dessutan opplevd som maskuline. Særleg gjeld det forventningar knytt til leiarstil og prestasjonar. Fleire opplever at mannlege kollegaer ser på kvinners alternative tilpasningar med skepsis. Dei erfarer trenararbeidet som fagleg einsamt, og at mannlege kollegaer er lite interessert i deira kompetanse og kunnskapar.

Studiet teiknar eit tilstandsbilde, som viser at kvinner møter lite støtte og gjensidighet knytt til sine verdiar, tilpasningar og mål. Denne situasjonen gjer det vanskeleg å fremje eigne interesser og initiere tiltak for kulturell og politisk endring. Slike erfaringar utviklar dessutan eit medvit om eigne begrensingar og muleghetar. Det blir vanskeleg å markere seg som kritiske og alternative, fordi menns mål og veremåtar fungerer normativt og blir tatt for gitt. Det skaper ein situasjon prega av ambivalens, dilemmaer og krav som kvinner ofte finn lite meining i. Mange oppsummerer at engasjementet kostar meir enn det gir tilbake.

Artikkelen illustrerer korleis kvinner og menn på mannsdominerte arenaer blir tilskrivne kjønna forskjellar utan at dette blir opent erkjent. Forventningar om å vere likestilt, men samstundes erfare ulike betingelsar og ulike muleghetar, betyr stadige frustrasjonar og refleksjonar over korvidt engasjementet er prisen verd. Den neste artikkelen utdjupar også erfaringar og brytingar knytt til slike doble kjønnskoder, men set fokus på både kvinner og menns oppfatningar og erfaringar. Dessutan vil eit datamateriale, som er bygt på deltakande observasjon av kjønna interaksjonsprosessar, gi eit breiare inntak til å forstå korleis slike betydningar oppstår og er kopla til konkrete maktforhold.

### Artikkel 3

#### "Når kvinner blir sand i maskineriet. Kjønn, interaksjon og makt i idrettspolitiske beslutningsprosessar"

Artikkelen tematiserer og drøftar aspekt ved kulturelle og sosiale betydingar av kjønn når kvinner og menn blir stilt overfor kvarandre som formelt likestilte beslutningsaktørar. Datamaterialet er basert på eit etnografisk studium av idrettspolitiske beslutningsprosessar. Fokus er retta mot kjønna interaksjonsmønster og maktutøving, og korleis slike aspekt medverkar til å skape og gjenskape betydingar av kjønn. Den teoretiske referanseramma er basert på Haavinds teori om kjønn som kulturell kode, andre feministiske studier som tematiserer kjønnsnøytralisering, moderne kjønnsrelasjonar og kjønna fellesskapsformer. Materialet er bygd opp omkring deltakande observasjon, dokumentanalyser, feltsamtaler og feltintervju knytt til beslutningsprosessar i idrettspolitiske styre.

Illustrasjonar av typiske interaksjonsmønster, maktformer og kjønnsrelasjonar blir teikna gjennom "sceneklipp" frå møteromet. Desse viser korleis arbeidsformer, veremåtar og handtering av konflikter er prega av betydingar av kjønn som både likhet og forskjell, og korleis ulike aktualiseringsformer er kopla til makt.

Samhandlingsformene uttrykker korleis mannsdominerte arenaer som idrettspolitikk skaper og gjenskaper kjønna betydingar knytt til samhandling og maktutøving på måtar som underordnar kvinners oppfatningar, veremåtar og erfaringar. Materialet synleggjer dessutan korleis kvinner og menn som formelt likestilte påverkar kvarandre sine muleghetar, og slik skaper betydingar av kjønn og kjønnsvilkår for kvarandre. Analyser viser dessutan korleis eit erklært ideal om kjønnsnøytralitet, tilslører verksame betydingar av kjønn gjennom å omdefinere og usynleggjere betydingar av mannsdominans. Kvinners reaksjonar, motstandsformer og ønske om endring blir ofte oppfatta som "umodne forstyrrelser" og kulturelt etterslep. Artikkelen illustrerer korleis kvinner i sine nye roller som formelt likestilte og integrerte, må handtere kjønnsrelatert underordning og segregering på nye og ofte meir uformelle og skjulte måtar. Det indikerer i ein viss forstand ein paradoksal kjønnspolitisk situasjon, fordi den ser ut til å gjenskape kjønnsstrukturar som ein utifrå erklærte idrettspolitiske mål forsøker å endre. Eit uavklart spørsmål er imidlertid om slike nye former for hierarki og segregering først kjem til overflata når kvinner blir sand i maskineriet.

Eit anna sentralt spørsmål som denne artikkelen berre implisitt tar opp, er korvidt og på kva måte aukande kvinne- og marknadsintergrering påverkar idrettspolitiske diskursar. Den neste artikkelen tar opp slike aspekt, og diskuterer korleis desse påverkar sentrale ideologiske konfliktlinjer i idrettspolitiske beslutningsprosessar.

#### *Artikkel 4*

##### "Møter mellom marknad og omsorg. Om ideologiske konfliktlinjer og betydningar av kjønn og makt i idrettspolitiske diskursar"

Artikkelen synleggjer sentrale idrettspolitiske konfliktlinjer, og korleis desse er kopla til aukande markadstilpasningar, aukande kvinneintegrering og betydningar av makt. Fokus er retta mot kvinnelege og mannlege idrettspolitikarar, og korleis desse formar idrettspolitikken innhald utfrå ulike maktposisjonar og interesser. Den teoretiske referanseramma drar blant anna vekslar på Gramsci's teoriar om hegemoniske grupper, og teoriar som tematiserer samanhengar mellom erfaring og rasjonalitetsformer. Datakjeldene er basert på feltarbeid knytt til idrettspolitiske beslutningsprosessar; deltakande observasjon, dokumenanalyser, feltsamtaler og feltintervju.

Analysene viser at eit fleirtal menn, og særleg menn i leiarposisjonar, er langt meir positive til markadstilpasningar enn sine kvinnelege styrekollegaer. Det er spørsmål omkring markadstilpasningar som i vid forstand dominerer sakskartet, som t.d. modellar for toppidrettsatsing, økonomistyring og organisasjons- og aktivitetsutvikling. Dei kvinnelege representantane, samt eit fåtal menn, er jamt over meir kritiske og skeptiske til aukande marknadsstyring, fordi det resulterer i ei ytterlegare kommersialisering og profesjonalisering av idrettsleg aktivitet. Kvinner oppfattar sitt politiske mandat meir som å ivareta og styrke breiddeidretten og idrettens funksjon som sosialiseringsarena. I motsetnad til sine mannlege kollegaer er dei jamt over meir kritiske til organisasjonsendringar som tar utgangspunkt i bedriftsmodellar. Idealet er å halde fast ved idretten som ideell, uavhengig og frivillig organisasjon. Paradoksalt betyr det at det blir kvinnene, som både er i mindretal og som profilerer seg som opposisjonspolitikarar, som framstår i rolla som "verdikonserverive".

Artikkelen prøver å forstå ideologiforskjellar og ulik rolleforvaltning i forhold til betydningar av erfaring, kjønn og makt. Den marknadsorienterte og hegemoniske profilen, dominert av menn, legg overordna vekt på idrettens symbolverdiar knytt til toppidrett. Ein velfungerande toppidrett blir sett, både som ein føresetnad for og som ein pådrivar i utviklinga av andre verksemdsområde. Målet er å bygge ein meir kostnadseffektiv organisasjon med utgangspunkt i bedriftsmodellar. Den kvinnedominerte profileringa, som har utgangspunkt i verdirasjonelle tankemodellar, legg meir vekt på fellesskapsverdiar. Når menn i maktposisjonar stimulerer til større marknadsintegrering, blir kvinners roller og profilering meir prega av å seie nei enn å sette ny dagsorden.

Denne artikkelen illustrerer korleis marknadssdiskursens dominans ser ut til å resultere i at andre politikkområde og rasjonalitetsformer er på stadig vikande front. Den siste artikkelen, som set søkelyset på utveljingsprosedyrer til idrettspolitiske verv, antyder svar på kvifor marknadsprofilen står så sterkt, og korleis marknadsideologien medverkar til til å skape og gjenskape institusjonelle kjønnsstrukturar.

## Artikkel 5

### ""Heavy weight" men and younger women? The gendering of selection processes in Norwegian sport organizations"

Rekrutteringsmønsteret til idrettspolitiske verv, og særleg på nasjonalt nivå, er kjenneteikna av smal sosial seleksjon. Undersøkelser viser at eit fleirtal middelaldra menn med høg utdanning, høg inntekt og langt meir organisasjonserfaring enn gjennomsnittet av medlemmane, dominerer bildet. Kjønnskvalifikasjonsbestemmelsen og større merksemd omkring kjønn som politisk kategori, har imidlertid resultert i større kvinnerepresentasjon. Dei kvinnelege representantane er minst like velutdanna som sine mannlege kollegaer, men er jamt over yngre og har mindre leiarerfaring. Artikkelen antyder forklaringar på dette rekrutteringsmønsteret. Fokus er retta mot mekanismer i rekrutteringsprosessen som medverkar til at seleksjonsmønsteret blir reproduisert.

Datamaterialet er basert på feltarbeid. Datakjeldene er observasjonar av valprosessar, dokumentanalyser, feltsamtalar med valkomitemedlemar og gruppeintervju med valkomitear. Analytisk perspektiv og referanseramme er hovudsakleg henta frå feministiske studiar som tematiserer kjønn og leiing i organisasjonar.

Utveljingsprosedyrane viste at det vart brukt mest tid og merksemd på å finne den "rette" leiar-/presidentkandidaten. Ein god leiar vart sett som det viktigaste for å lykkast. Diskursar omkring leiarideal, leiarens rolle og funksjon vart presentert som om dei var kjønnsnøytrale, men bar preg av androsentriske oppfatningar. Leiaridealet la vekt på at leiaren måtte vere ein handlingsorientert og resultatorientert person med kompetanse i økonomistyring, strategisk planlegging og med gode kontaktar i politikk og næringsliv. Dessutan måtte han nesten uavgrensa kunne stille seg til disposisjon for organisasjonen. Slike kompetansekrav vart omtala som "tung kompetanse" og sett på som både ønskverdige og nødvendige. Politisk profilering og brei erfaring frå idrettsarbeid vart tillagt relativt lite vekt. At det var langt fleire menn enn kvinner som vart tilskrivne dei ønska eigenskapane og kvalifikasjonane vart erkjent, men i liten grad problematisert. Den mest utbreidde måten å søke etter kandidatar på, var å gjere bruk av personlege nettverk; først og fremst nettverk blant kollegaer og venner. Desse nettverka viste seg å vere svært mannsdominerte, og resultatet vart svært få "tunge" kvinnelege kandidatar.

Alle komiteane var opptatt av å tilfredsstille kjønnskvalifikasjonsbestemmelsen; ein representasjon av minimum to av kvart kjønn. Bestemmelsen vart imidlertid hovudsakleg praktisert som ein suppleringsstrategi. Diskusjonen om kvinnerepresentasjon og kvinnelege kandidatar vart ofte først aktualisert når dei "tunge" kandidatane var på plass. Ved fleire høve vart kjønn koplta med andre demografiske kjenneteikn som alder og regionalitet. Det resulterte i nominasjon av kvinnelege kandidatar som fekk både ungdoms-, distrikts- og kjønnsmandatet lagt på sine skuldrar. Bestemmelsen om kjønnskvalifisering vart i liten grad tolka som eit sentralt verkemiddel til å realisere betre kjønnsbalanse, men derimot meir som ein bestemmelse for å sikre tilstrekkeleg representasjon av det "svake kjønn".

Analysene avdekkjer korleis leiaridealet i idretten ber preg av "new management"-

tenking. Næringslivskompetanse blir ikledd kjønnsnøytral drakt og gjort til generell leiarkompetanse. At ei og anna kvinne er "tung nok" til å konkurrere, er med på å legitimere prosedyrane. Ved å unngå å ta omsyn til maskuliniteten i slike ideal, og samtidig gjere leiarkvalifikasjonar til spørsmål om personleg kompetanse, blir likestillingsspørsmål gjort til "kvinneproblem". Kjønn blir i liten grad gjort relevant som politisk kategori og problematisert som ein makt og interessedimensjon. Kvinnelege kandidatar blir ofte eliminert frå innflytelsesrike posisjonar under dekke av manglande personleg kompetanse. Mannsdominans og kjønnsprega førestillingar som favoriserer menn, blir i liten grad aktualisert. Når kjønnskvoltering blir tolka som ein suppleringsstrategi, og ideologiske koplingar mellom marknad, kjønn og makt blir presentert som om dei var kjønnsnøytrale, framstår næringslivets menn som dei mest eigna og dyktige idrettsleiarane.

## **2. Kjønn som likhet og forskjell - forma av betydningar av makt?**

### **2.1 Kjønnsnøytralisering av betydningar av makt**

Artiklane synleggjer uttrykksformer, interaksjonsmønster og diskursar som på fleire måtar viser korleis og kvifor menn har så mange fortrinn i mannsdominerte organisasjonar. Dei viser også ein avstand mellom kjønna realitetar og måtar å tenke om desse på. Eg skal med utgangspunkt i artikkeltekstene oppsummere nokre sentrale og typiske aspekt ved det betydningsmønsteret som kjem til uttrykk, og vise samanhengar mellom maktforhold og betydningar av kjønn som likhet og forskjell.

Utforsking av kjønn på ulike idrettsarenaer har på den eine sida betydd å forholde seg til den offisielle versjonen i idretten om at kjønn ikkje lenger har betydning for sosial differensiering. Utfrå institusjonelle målsetjingar skal den fungere kjønnsnøytralt og likestilt. På den andre sida har det betydd å problematisere kjønna organisasjonsrealitetar og forsøke å nøste opp og forstå på kva måte og kvifor det eksisterer så stor "mismatch" mellom idealer og realitetar. Analysene avdekkjer blant anna korleis doble betydningar av kjønn på visse måtar gjer det muleg å vedlikehalde kontroll over kva betydningar som skal vere relevante og gyldige i ulike kontekster og situasjonar. Eit mønster der førestillingar om kjønn som likhet offisielt sett har dominans - og dermed også påverkar når og på kva måte betydningar av kjønn som forskjell er akseptable og kan få relevans.

Fleire av artiklane viser korleis gjennomslag for å oppfatte institusjonelle idrettskontekster som kjønnsnøytrale og likestilte, resulterer i at den underliggande kjønnsstrukturen blir gjort utydeleg og ofte usynleg. Slike mekanismer tildekkjer kjønn som maktrelasjon, og dei situerte betydningar kjønn har/får som forskjell. Dei usynleggjer korleis mannsdominans er ulikhetsskapande, og korleis generelle arenavilkår er definert og strukturert utfrå maskuline normer, veremåtar og forståelsesformer (jf. t.d. artikkel 2 og 3). Det gir menn ei



form for metakontroll over kva kjønn skal bety (Bourdieu 1990, Haavind 1994). Likestilling på slike premisser utydeleggjer maktforhold knytt til kulturelle betydningar av kjønn. Kjønnsnøytralisering blir på denne måten ei undertrykkingsmekanisme som skjuler konkrete organisasjonsrealitetar, og gjer kvinners erfaringar og kompetansar mindre ålmene, verdsette og lett å oversjå (Haavind 1994). Artikkel 1 viser t.d. korleis den generelle idrettsutøvarer er ein assosiert mann og den generelle idrettsutøvarer ein mannskropp. Den "maskuliniseringsprosessen" som kvinners prestasjons kropp gjennomgår, illustrerer på konkrete og materialiserte måtar korleis det generelle og erklært kjønnsnøytrale, refererer til det maskuline. Å delta på like vilkår inneber å tilpasse seg maskuline krav. Betydningar av kjønn som likhet blir definert med referanse til maskuline normer, veremåtar og erfaringar. Den fundamentale menneskelege likheten, eller førestillingar om kjønn som likhet, har med andre ord maskuliniteten som referanseramme.

Artiklane viser både på eksplisitte og implisitte måtar korleis kjønn, og særleg betydningar av kjønn som ulikhet, blir kopla til kvinner og kvinnelegheit (jf. t.d. artikkel 2 og 3). Desse blir oppfatta som det motsette av det generelle og ålmene; som det spesielle, det "andre". Men som fleire av artiklane tematiserer, kvinner som deltar i mannsdominerte rom skal vere både like og ulike menn, og det helst på måtar som menn har kontroll over. Dersom kvinner blir assosiert med ulikhet når dominerande forventningar er likhet, blir slike betydningar ofte tolka som etterslep (jf. artikkel 3). Dersom det motsette skjer - at kvinner framstår så like menn at dei utfordrar den kulturelle koda om kvinner som forskjell - blir dei også tolka negativt, som t.d. "det tredje kjønn" (usorterte) eller som "maskuline" kvinner (jf. artikkel 1). For å bli aksepterte i maskuline rom, må kvinner forvalte ein dobbelidentitet. Dei må ofte ha ein kapasitet- og kompetanseprofil som er mest muleg lik sine mannlege kollegaer, samtidig som dei må eksponere tradisjonell og heteroseksuell kvinnelighet. Med andre ord ei samtidig handtering av doble og motsetnadsfulle kjønnskoder. Dei må meistre ein dobbel standard på strategiske måtar - utfrå kva aktualiseringar av betydningar av kjønn som blir gjort relevant. Slike vilkår symboliserer at det å vere kvinne eller kvinneleg, inneber betydningar som impliserer hierarkisk forskjell eller betydningar av kjønn som makt. Kvinner må i idretten handtere "symbolske realitetar" knytt til det å ha ein mindreverdige kropp såvel som mindre relevant kompetanse og erfaring. Og slike realitetar er mest tydelege på prestisjefylte område som toppidrett, eller i idrettspolitiske fora med stor makt; karakteristika som pregar dei studiekontekstene eg har undersøkt i denne samanheng.

Å vere i rammer der ein stadig må forholde seg til og handtere doble kjønnskoder og krav, inneber ambivalens og mange dilemmaer knytt til kor langt og på kva måte ein skal tilpasse seg og underordne seg maskuline krav. Krav som framstår som generelle og ønskverdige (jf. t.d. artikkel 1, 2 og 3). I artikkel 1 blir Flo-Jo brukt som symbol på kva balansekunst og meirarbeid ei slik handtering krev. Ho symboliserer også korleis betydningar av kjønn som makt former betydningar av kjønn som likhet og forskjell. Fleire av analysene viser

dessutan korleis kvinner på mannsdominerte arenaer har lite makt til å bestemme over reglar og konvensjonar for når, og på kva måte, kjønn blir gjort relevant. Sidan kjønn oftast blir gjort relevant i samband med kvinner og kvinneleghet, og kvinneleg kjønn blir assosiert med det som er mindre viktig og prestisjefyllt, ser vi også at kvinner ofte underkommuniserer og nøytraliserer betydningar av kjønn. Når kvinnene i mine studier i liten grad tematiserer betydningar av kjønn som forskjell og makt på eksplisitte måtar, kan det ha samanheng med at dei medvite, eller umedvite, heller vil framstå som tilsynelatande likestilte - enn som spesielle, relativt underordna og avmechtige. I ein idrettskultur prega av maskuline hegemoni, der det er vanskeleg og ubehageleg å ta opp kjønn som forskjell - med referanse til menns fordelar og relative maktposisjon - kan det vere forståeleg at kvinner framstår som likestillingsorienterte og i liten grad opponerer mot kjønnsnøytralisering som maktmekanisme.

## 2.2 Likestilling - ulikt betydningsinnhald og ulike muleghetar

Artiklane synleggjer at kvinner og menn utifrå ulikt erfarings- og maktgrunnlag har ulike førestillingar om kva kjønn som likhet skal bety, og dermed også ofte ulike tolkingar av kjønn som forskjell. Menn i maktposisjonar, eller menn med lang "fartstid" i idrettens indre liv, oppfattar oftast dei rådande arenavilkåra som generelle og kjønnsnøytrale, og tar sin kjønnsposisjon og sitt hegemoni for naturleg og gitt. Dei argumenterer for sine posisjonar utifrå kompetanse og erfaring. Kjønnskvoltering blir sett på som viktig for å sikre ein representasjon av begge kjønn. At kvinner er i mindretal og sjeldan innehar maktposisjonar, blir forklart med individuelle forhold og etterslep i tid og rom. Det er også ei dominerande oppfatning at som formelt likestilte, er det først og fremst kvinners eige ansvar å innrette seg og realisere sine muleghetar. Når kvinner vil delta på likestilte premissar, må dei som andre lære seg å handtere etablerte institusjonelle normer, prosedyrar og krav. Forventningane er at dei skal tilpasse seg dei arenavilkåra dei møter. At kvinner ofte problematiserer arbeidsformer og veremåtar, og ofte kjem til kort i konkurranse med menn, blir tolka som mangel på tilstrekkeleg "kulturkompetanse" og relevant leiarerfaring (jf. artikkel 2, 3 og 5). Slike tolkingsrammer kjem også til uttrykk gjennom paternalistiske haldningar overfor kvinnelege kollegaer. Kvinner kan først forvente å bli tolka som likestilte og kvalifiserte når dei i tenke- og veremåtar kan framvise seg som "likemenn" (jf. artikkel 3 og 5). Premissane for likestilling inneber å godta rådande maskuline normer og tilpasse seg desse som om dei er kjønnsnøytrale og dei mest hensiktsmessige. Det blir med andre ord tatt for gitt at kvinner innrettar og tilpassar seg etablerte førestillingar om betydningar av kjønn som likhet og forskjell.

Artikkeltekstene synleggjer mange situasjonar og samanhengar som antyder at kvinner oppfattar likestilt deltaking og kjønn som likhet på andre måtar enn storparten av sine mannlege kollegaer. Typisk for dei fleste kvinnene er at dei brukar erklærte likestillings- og integreringsideal som grunnlag for å kunne utfalde og diskutere eigne veremåtar, verdiar og

ressursar (jf. t.d. artikkel 3). I fleire samanhengar ser vi eit sprik - eit kjønns-gap knytt til korleis kvinner oppfattar seg sjølv og sine roller - og korleis dei i mange samanhengar blir oppfatta av mannlege kollegaer, og særleg dei i innflytelsesrike posisjonar. At førestillingar om likestilling også må inkludere gjensidig tilpasning, dehierarkisering og å samanveve splittelsar relatert til kjønn, var det lite forståelse for blant dei som sat med størst definisjonsmakt og innflytelse. Gjennom å markere misnøye og usemje med arbeids- og samversformer, prosedyrar og prioriteringar; etablerte kommunikasjons- og veremåtar som oftast vart tatt for gitt, aktualiserte kvinner forhandlingar om betydningar av kjønn. På idrettspolitikkarenaen viste dei på ulike måtar motstand mot tilskrivne etterslepsstatusar, og var jamt over lite interessert i å oppfylle menns forventningar og definisjonar av dyktighet og kvinnelegheit. Dei artikulerte derimot behov for å utvikle nye arbeids- og kommunikasjonsformer (jf. artikkel 2 og 3). Som formelt likestilte forventa dei gjensidig tilpasning og omdanning. Dei fleste godtok ikkje å bli gitt ulikhetsstatusar som "nybegynnarar" eller "uerfarne". Dei var derimot opptatt av å markere at likestilling også skulle bety rom for å respektere alternative vere- og tenkemåtar og profilering av alternative verdiar (jf. artikkel 2, 3 og 4). Slike innspel vart ofte oppfatta av mange mannlege kollegaer som umodne forstyrrelsar, men kvinnene fekk også støtte av eit fåtal menn i sin kritikk, opposisjon og alternative forslag. Dette var menn som sjølv markerte usemje både med dominerande arbeidsformer og politiske prioriteringar, og framsto som meir likestillingsorienterte og omsorgsrasjonelle enn sine mannlege styrekollegaer. I mine studier var det likevel kvinnene som var mest aktive i å markere usemje, alternativ og argumentere for endring (jf. artikkel 3 og 4).

Fordi kvinner blir møtt med kulturelle vere- og handlemåtar som støyter mot deira forventningar om å vere likestilte, aktualiserer dei på medvitne og umedvitne måtar kjønna maktforhold, som i kjønnsnøytralitetens slør verken skulle eksistere eller ha relevans. Det betyr at djupstrukturerte og underliggande kulturelle betydningar av kjønn kjem til overflata og blir synlege og tydelege. Slike aktualiseringar avdekkjer ofte korleis den institusjonelle meiningsdanninga er prega av tenkemåtar og behov til ei hegemonisk gruppe menn. Den ideologiske kontrollen det inneber, betyr midlertid at det er vanskeleg og ubehageleg å tematisere og problematisere maktforhold.

Å vere i ei rolla der du stadig må markere misnøye, vere den som forstyrrar og skaper konflikhtar, er over tid svært krevjande. For mange kvinner aktualiserte det stadige dilemma om korleis dei skulle handtere sitt kjønn og sin motstand på ein strategisk og akseptabel måte. Dei som takla slike vilkår over tid, var kvinner og menn som hadde kontinuerleg støtte i andre kollegaer. Kvinnens oppfatningar omkring dei rådande arena- og innflytelsesvilkåra var overraskande samstemte. Dei diskuterte mykje med kvarandre korleis dei opplevde desse, og kva dei kunne oppnå gjennom sitt engasjement. Fleire av artiklane viser korleis kvinnens deltaking, veremåtar og interaksjonsformer på denne måten skaper nye betydningar av kjønn og nye rammevilkår for mannlege kollegaer (jf. t.d. artikkel 2, 3 og 4). Når sterke og medvitne

kvinner kjem inn med forventningar om full integrering og likestilling, blir det skapt ein ny kjønnspolitisk situasjon. I enkelte tilfelle skapte det også nye beslutningspraksisar - som betydde nye former for kjønnssegregering. Artikkel 3 viser t.d. at når kvinner og menn i sentrale idrettspolitiske spørsmål markerer ulike standpunkt, blir deler av beslutningspremissane flytta ut av møteromet - til meir uformelle rom - der eit fåtal menn i maktposisjonar har større grad av kontroll. Det antyder imidlertid at kvinners aukande deltaking synleggjer underliggende maktstrukturar og genererer kjønn som ein konflikt og interessedimensjon. Dei aktualiserer betydningar av kjønn som forskjell, som utfrå dominerande likestillingsdiskursar, ikkje lenger skal vere relevante. Kva potensialer til endring som ligg i slike betydningar av aukande kvinneintegrering, er imidlertid utfrå mine studier eit opent spørsmål. Om det betyr ei endring i maktforholdet mellom kvinner og menn mot større symmetri - eller stimulerer til meir sofistikerte former for kjønnssegregering og maktutøving - eller begge deler?

Artiklane gjenspeglar at idretten som symboliserande samfunnsinstitusjon, på visse måtar formidlar betydningar av kjønn som ulikhet og makt som er relativt tydelege. Samstundes framtrer den som ein arena der kvinner har fått muleghetar til å utprøve og utvikle nye kjønnsposisjonar, nye sosiale handlerom og kompetansefelt. Rammene og muleghetane for å eksponere kvinneleghet og mannleghet har blitt utvida og meir flytande og komplekse, samstundes som symbolske og kulturelle betydningar av kjønn som splittelse og makt er med som "nissen på lasset", og ligg der som ein slags inneforstått og skjult dagsorden. Den aukande seksualiseringa av kvinneidretten kan t.d. tolkast som om stereotype og velkjende betydningar av kjønn som naturleg forskjell, har bevart sin styrke. På andre måtar framstår idrettskvinner som "gender benders", der dei blant anna illustrerer korleis tilsynelatande "naturlege" kjønnsforskjellar er sosialt konstruerte. Artiklane teiknar med andre ord eit mønster der betydningar av kjønn framleis er prega av relativ rangering og ulik tilgang på posisjonar knytt til makt og prestisje, men der det føregår stadige forhandlingar om kva kjønn skal bety. Mønsteret indikerer imidlertid at *ei utvikling mot meir symmetriske kjønnsrelasjonar handlar om meir enn eit spørsmål om tid og rom*. Vi ser konturar av kjønnspolitiske tilstandsbilde, der det er *samanhengar mellom maktforhold og arenavilkår som representerer den største utfordringa for å skape endring mot større likestilling og innflytelse*.

### **2.3 Hegemoni - mellom konsolidering og forvitring?**

Kjønnsmonstra i analysene avdekkjer at å vere likestilt og integrert har ulikt innhald for kvinner og menn. Dei viser korleis mannsdominans som grunnvilkår gir ulike utslag når det gjeld makt og innflytelse. Prestisjefylte idrettskontekster ser ut til å vere kjenneteikna ved at ei gruppe menn, som også innehar posisjonsmakt, framtrer som hegemoniske. Det betyr blant anna forsøk på å reprodusere og konsolidere eksisterande maktforhold. Hegemoni impliserer imidlertid kontrollmekanismer som er meir prega av overtaling enn tvang, og blir etablert og oppretthaldne

gjennom ulike former for ønska eller uønska alliansar (Gramsci 1971). Som uttrykk for ideologisk herredøme er hegemoni prega av maktprosessar som heile tida inkorporerer forhandling og tilpasning. Men sjølv om hegemoni opererer i mobile relasjonar og strategiar, blir dei ofte reproduisert ved at hegemoniske grupper klarer å utnytte underordna/dominerte grupper sine praksisar og motstandsformer til sin fordel (Gramsci 1971, Connell 1995). Når analysene i denne samanheng avdekkjer korleis hegemoniske mekanismer er verksame, viser dei også at dei i ein viss forstand er omstridde. Blant anna har vi sett at kvinner, både på medvitne og umedvitne måtar, stadig set hegemoniske praksisar på dagsorden gjennom ulike motstandsformer, opposisjon og krav om endringar. Er dette eit teikn på at hegemoniet er i forvitring, eller er det kun uttrykk for hegemoniske maktprosessar som innber forhandling og tilpasning? Artiklane antyder uttrykksformer og handlingsmønster som kan peike i begge retningar. Kvinner har gjennom sitt inntog på fleire arenaer, medverka til uttrykksformer og reorganiseringar av det sosiale og kulturelle rommet, som har utfordra og delvis endra idrettens kjønnsstrukturar. Gjennom å artikulere misnøye, usemje, motstand og alternative oppfatningar, representerer dei eit stadig forstyrrende element, som den hegemoniske gruppa må forholde seg til og ta omsyn til. Men om det er tilstrekkeleg til å generere forvitring og endring mot større gjensidig tilpasning og maktutjamning, er vel heller usikkert? Ei forvitring av eit etablert hegemoni skjer vel først når innholdsmessige endringar som utviskar ideologiske kjønnsforskjellar basert på kulturell og sosial rangering, blir realisert.

I fleire av analysetekstene ser vi spor av visse institusjonelle trekk og betydningar av kjønn i idretten, som heller kan tyde på hegemonisk konsolidering enn forvitring. Som vist, inneber likestillings- og integreringspolitikken her, som på andre samfunnsområde, ei kjønnsnøytralisering av betydningar av maskulint kjønn. Det gir menn i maktposisjonar ei viss form for metakontroll over kva betydningar av kjønn som skal gjelde i ulike situasjonar (Folgerø Johannessen 1994). Kjønnsnøytralisering på slike premisser betyr at den kulturelle kjønnskoda er verksam, men blir tatt for gitt og gjort usynleg. (Haavind 1994). Kjønn som grunnlag for sosial differensiering, blir omdefinert og forklart på andre måtar. Eit aspekt som impliserer slike mekanismer, og som utfrå dei studia som inngår, ser ut til å konsolidere maskuline hegemoni, er koplingar mellom marknadskrav og maskulinitet. Den aukande marknadsintergreringa som i dag pregar alle deler av idretten, og som framstår med ein kjønnsnøytral fasade, tyder på at marknadsideologiens forsterkar og konsoliderer sin posisjon (jf. t.d. artikkel 4 og 5). Denne utviklinga vil, som vi har sett, sannsynlegvis medverke til underordning og forvitring av idrettens samfunnsetiske verdigrunnlag som likhet, fellesskap og helse. Som artikkeltekstene antyder, fungerer marknads ideologi og logikk verken i sitt utgangspunkt eller i sin konsekvens, særleg likhetsfremjande eller kjønnssegaltær. Korleis slike utviklingstrekk på sikt vil påverke idrettens likestillingspolitikk, blir i dagens situasjon lite problematisert. Vi ser tendensar til at institusjonelle likestillingskrav og andre samfunnsetiske verdiar knytt til idrettens verdigrunnlag, blir underordna marknadsens ønsker og prioriteringar.

Det er utvikla lite kunnskap om kva kjønnspolitiske konsekvensar ei slik utvikling kan få. Dei ansatsane som kjem til uttrykk i denne samanheng kan imidlertid stimulere til vidare utforsking. Det er kanskje snart på tide å dekonstruere marknaden kjønnskapital? Og for eit slikt føremål er det mykje som tyder på at idretten vil vere eit velegna utforsningsfelt.

### 3. Fokus, "kvite flekkar" og kunnskapspolitiske utfordringar

Å velje fokus betyr også å velje bort. Det som ikkje blir sett i fokus, blir anten utydeleg eller usynleg, men det betyr ikkje at det i andre samanhengar er utan betydning. Når eg i denne avhandlinga har valt tema, teoretiske perspektiv og metodiske tilnæringsmåtar, har eg berre valt å synleggjere ein bitte liten del av eit uendeleg mangfald om mulege "forteljingar" om betydingar av kjønn i idretten. Eg har valt å tematisere betydingar av kjønn utfrå visse kunnskapsinteresser, kunnskapsposisjonar og problemstillingar. Desse har i stor grad bestemt både kva eg kan sjå og forstå, såvel som kva som blir utydeleg eller heilt borte. Eg skal avslutningsvis kort reflektere over nokre aspekt ved mine val, antyde nokre begrensingar, og på det grunnlag skissere kunnskapspolitiske utfordringar og forskingsbehov som kan vise nokre få - av mange mulege - vegar vidare.

#### 3.1. Det skarpstilte og det andre - konsekvensar for tilgang på kunnskap

Avhandlinga set fokus på betydingar av kjønn i idretten som har vore lite utforska. Det nye er koplingar mellom empiri, teori og metode som har teikna nye former for tilstandsbilde, eller streka opp kjende mønster på nye måtar. Eg skal ta opp *enkelte sider* ved dei vala som har prega prosessen; kva eg har forsøkt å skarpstille, og kva som har blitt liggande utanfor fokus.

Avhandlinga omhandlar kjønna betydingar knytt til sentrale institusjonelle arenaer innanfor organisert idrett. Som tidlegare utdjupa, er den organiserte idretten ein stor, betydningsfull, svært mangefasettert og mangetydig institusjon i stadig utvikling. Det betyr at bidra i denne avhandlinga berre har hatt som mål å skarpstille ein avgrensa del av det institusjonelle bildet, også med omsyn til betydingar av kjønn. Det typiske for dei arenaene som er tematisert er at dei er *av dei mest synlege* i mangfaldet. Toppidretten (artikkel 1) er institusjonens utstillingsvindauga, og dermed den mest synlege, omtalte og omdiskuterte. Trenarverksemd og idrettspolitikk (artikkel 2, 3, 4, 5) er basisverksemdar som tilrettelegg for utvikling av toppidrett såvel som for dei fleste andre idrettsformer. I tillegg til å vere blant dei mest synlege, særleg på nasjonalt nivå, er dei også blant dei mest prestisjefylte, betydningsfulle og mannsdominerte. Dei representerer opne karrierevegar, som er særleg attraktive for menn (Klausen 1998). *Dei fleste kvinnene i idretten er på andre institusjonelle arenaer.* Eit slikt val indikerer at eg har vore mest opptatt av å få innsikt i kva betydingar av kjønn som aktualiserast når kvinner kjem inn i prestisjefylte mannsdominerte rom som formelt likestilte og skal

forhandle om likeverdige kår. Eg har med andre ord valt å utforske underkommuniserte, og ofte usynlege sider ved synlege og prestisjefylte idrettsarenaer, der menn dominerer og kvinner ønsker seg meir likestilling og innflytelse.

Kva konsekvensar har så ei slik skarpstilling? Det betyr blant anna ei skarpstilling som ikkje er opptatt av eller kan fange inn, kva mønster av betydningar av kjønn som er verksame på kvinnedominerte institusjonsarenaer eller på arenaer som har lite prestisje. Dei erfaringane, handteringane og uttrykksformene eg har fanga inn, er prega av at kvinner har vore i mindretal og hatt mindre posisjonsmakt enn menn. Artiklane kan difor seie lite om betydningar av kjønn som likhet og forskjell innanfor rammer som har andre kjenneteikn. Til dømes kva betydningar av kjønn som er mest verksame i kvinnedominerte turnforeningar, der kvinner dominerer både idrettsaktivitetar og den politiske styringa.

Utfrå observasjonsmateriale på idrettspolitikkfeltet har eg ved fleire høve framheva at kvinnene framsto som langt meir samstemte i uttrykksformer, verdiar og tenkemåtar enn sine mannlege kollegaer. Ein situasjon som blant anna har medført lite differensierte tolkingar knytt til kvinner og kvinnelegheit. Som gruppe markerte dei på implisitte måtar kjønn som forskjell ved å vere kritiske, opposisjonelle og alternative. Har ei slik samstemt eksponering bakgrunn i kvinners situasjon og begrensa muleghetar? Framtrer dette mønsteret og kvinnebildet først og fremst fordi kvinnene, relativt sett, er fåtalige og står i ein posisjon der dei må handtere doble kjønnskoder innanfor maskuline rammer? Det er i alle fall ikkje usannsynleg at dette mønsteret ville vere meir differensiert og mangfaldeg i kvinnedominerte kontekster, og kanskje også i kontekster prega av mindre makt og prestisje. Blant menn såg vi tydelege spor av fleire typer maskulinitetar. Dei som ikkje profilerte seg som ein del av hegemoniet, var i sterkt mindretal, men markerte seg alternativt. Vil vi finne liknande mønster i kvinnedominerte kontekster - eller vil mindre prestisje og makt skape heilt andre relasjonar? Gjennom mitt val av fokus og cases har eg, mest sannsynleg, valt bort muleghetar for å kunne fange inn fleire typer kvinnelege tilpasningar og meir differensierte kvinnebilde. I utskrivingsfasa vart eg gjort merksam på dette. Det førte til nye lesingar av materiale og eit medvite arbeid for å få fram dei nyansane og forskjellane som kom til uttrykk.

Dei empiriske analysene er også forma av val av teoretiske perspektiv og analysemåtar. Det er ikkje slik at empirien framstår som ferdige "forteljingar". Eg har derimot konstruert desse på basis av tolkingar av latente kjønnsmonster og inntrykk frå feltet i samspel med mine teoretiske og analytiske perspektiv. Mine feministiske ambisjonar og overordna tema, førte meg til val av perspektiv og analyseverktøy som la til rette for å kunne fange inn betydningar av kjønn knytt til forskjell og ulik verdsetting.<sup>78</sup> Eit fokus på kjønnsdifferensieringar knytt til *forskjellar mellom kvinner og menn, og kjønn forstått som ein relasjon meir prega av å vere kulturelt hardkoda enn flytande, ustabil og performativ*. Desse forståingsmåtene kan nok i visse

<sup>78</sup> Som tidlegare utdjupa, har slike tolkingar blant anna basis i Haavind og Acker sine teoriar og analysemåtar.

samanhengar ha medført ei overfokusering, eller ei form for "oversensitivitet" knytt til korleis hardkoda betydingar blir reproduisert. Og med mindre opning og merksemd retta mot nye betydingar, endringspotensialer og eventuelt korleis nye kjønnskonstellasjonar kan stimulere bevegelsar mot større maktutjamning mellom kjønn. Ei skarpstilling på korleis kjønnsdifferensieringar skaper mønster i sosiale samhandlings- og praksisformer, kan lett medføre at dikotomiske betydingar blir mest synlege. Eg var klar over at fleire av dei forståingsmåtane og analysegrepa eg har valt kunne, ha slike avgrensingar. I tekstene har eg forsøkt å imøtegå dette ved å klargjere føresetnadene for dei mønstra som kjem til uttrykk. Eg var også klar over at eg i tråd med mine kunnskapsinteresser valde analysevinklar som først og fremst fanga inn betydingar knytt til forskjellar mellom kjønn, og som hadde mindre merksemd retta mot betydingar av forskjellar mellom kvinner eller mellom menn. Med andre ord, mitt teoretiske og analytiske fokus har - som andre analysevinklar - resultert i at nokre type mønster har blitt tydelege, medan mønster i andre relasjonar og sosiale praksisformer, har blitt utydelege og usynlege.

Avhandlinga er også prega av feministiske ambisjonar av å nøste opp betydingar av kjønn og makt nedanfrå - ved kvalitative studier som er kjenneteikna ved å vere "tett på" - for å få tilgang på kunnskapskomponentar som personlege erfaringar, opplevingar, oppfatningar, veremåtar, engasjement, frustrasjonar etc. Å studere koplingar mellom betydingar av kjønn og makt på denne måten, har vore - så langt eg kjenner det - lite vektlagt i idrettssosiologiske arbeider. Mitt etnografiske feltarbeid av idrettspolitiske arenaer, der eg har følgd dynamikkar omkring betydingar av kjønn relatert til makt på nært hald over lang tid, representerer i norsk samanheng ein ny innfallsvinkel. Eit sentralt mål var å søke å gripe korleis levande og situerte kvinner og menn utfrå ulike maktposisjonar, skaper kjønna betydingar gjennom strategisk handling og samhandling. Det betydde studier av prosessar farga av engasjement, frustrasjonar, uro, avmakt, taushet, maktbruk etc, der det vesentlege var å *forstå samspelet mellom det strukturelle og det fenomenologiske*.

Dette doble utkikkspunktet har skapt dilemma knytt til vektlegging av fokus. Korvidt analysene skulle vere empiridrivne; ha eit nedanfråperspektiv og ta utgangspunkt i aktørane si eiga meningsskaping og tolkingsramme, eller korvidt teoretiske koplingar til overordna makt og privilegiestrukturar (det teoridrivne) skulle få mest vekt. Dilemmaet vart "løyst" ved å sette hovudfokuset på *mønsternivå*. Å ha fokus retta mot avdekking av typiske mønster, har imidlertid resultert i "forteljingar" som i liten grad har lagt vekt på å synleggjere variasjonar og mangfald frå feltet. Også valet om å formidle forteljingane i konvensjonell artikkelform, avgrensa mine muleghetar til "thick descriptions", eller til å få fram både det forskjellige i det like og det like i det forskjellige. Eg var klar over at dette fokuset dermed i ein viss forstand ville medverke til å stereotypisere forteljingane. Utfrå fenomenologiske kunnskapsinteresser vil dei kanskje bli skulda for å vere meir prega av gjenkjenning knytt til kulturelle kjønnskoder som kompass, enn å vise til mangfald i nye empiriske landskap. Utfrå eit slikt perspektiv ville kunnskapstilbodet til



lesaren ha blitt større ved eit meir vekslende fokus og større rom for å sleppe til meir "opne" tolkingar. Mine feministiske ønskemål om å produsere kunnskap for kjønnspolitisk endring, har også stimulert til at fokus i analysene har blitt dreia mot mønster, som kan vise til underliggende substrukturar og kjønna maktforhold.

På denne måten gjenspeglar empirisk fokus, såvel som analysemåtar, berre eit fåtal av mange mulege fokus. Spørsmålet er i siste instans om dei vala eg har gjort er fruktbare for å utvikle relevante kunnskapar om dei spørsmåla eg søkte svar på. Som antyda, gjenspeglar dei medvitne kunnskapsinteresser såvel som vurderingar og refleksjon knytt til fruktbarhet og begrensingar, både underveis og i forhold til resultatet. Eg skal med utgangspunkt i både det som avhandlinga har skarpstilt - og det som framstår som kvite flekkar - avslutte med å skissere tre problemområde for vidare utforsking, som på ulike måtar har blitt aktualisert gjennom arbeidet med dei datadrivne analysene i avhandlinga.

### 3.2 Forskingsbehov og kunnskapspolitiske utfordringar

Avhandlingas koplingar mellom betydningar av kjønn og makt har avdekka fleire tematiske samanhengar som stimulerer til, og framstår som viktige for, vidare utforsking. Dette er samanhengar som både kan vidareutvikle, komplettere og perspektivere avhandlingas kunnskapsbidrag. Eg skal vise tre alternativ, og utdjupe og reflektere over enkelte sentrale spørsmål og kunnskapspolitiske utfordringar knytt til desse.

#### ***Marknadstilpasning og kjønnspolitikk***

Dei datadrivne analysene i avhandlinga har stadig aktualisert denne samanhengen, men i liten grad utdjupe og studert den meir eksplisitt. Utfrå mine vurderingar er ei omfattande utforsking av samanhengar mellom marknad og kjønn, ein av dei viktigaste kunnskapspolitiske utfordringane idrettsfeltet står overfor i dagens situasjon. I ei utvikling prega av aukande marknadsintegrering, der ein stadig større del av idrettens inntekter kjem frå sponsorering, vil det vere heilt avgjerande å avdekke kva verdsetting av kjønn, kjønna handlingsvilkår og muleghetar for verdirealisering og styring, dette skaper. Det har lite praktisk betydning å framheve idrettens mål og verdiar knytt til likhet, likeverd og full kjønnsintegrering, dersom marknadens logikk og "usynlege hand", drar i motsett lei. Eg har tidlegare antyda korleis samfunnsetiske verdiar som likhet relatert til kjønn, blir underordna og prisgitt kommersielle interesser under dekke av nødvendige marknadsreguleringar. For å kunne utforme ein kjønnspolitikk for idretten, som ikkje berre blir idealer og retorikk, blir det presserande å *utvikle kunnskap om marknaden som kjønnspolitisk "aktør"*. Å utforske kva kjønnsforståelsar, logikkar og verdiar som pregar marknaden kjønnsbodskap.

Uttrykt i "bourdieuske termer" blir det viktig å stille spørsmål som: Kva kjønns habitus har marknaden, og kva symbolsk kapital er marknadsaktørane bærarar av? I dag blir nesten alle

sponsoravtaler i idretten forhandla fram av menn - og for menn, og menns idrettsprestasjonar blir systematisk høgre verdsett enn kvinners. Kva uttrykker dette om marknaden kjønnskaptal? Og kva betyr det for demokratiske styringsideal at idrettsbegivenheter og idrettspolitiske fora i stadig større grad ser ut til å bli møteplassar for næringslivets leiande menn?

Som tidlegare antyda, kan idretten vere ein fruktbart arena for å utforske marknaden kjønnsideologi. Iflg. Rune Slagstad vil idrettsfeltet eigne seg til ei slik utforsking fordi:

*"...striden mellom de kommersielle og samfunnsetiske verdiene får på mange måter en tilspisning nettopp i idrettsbevegelsen, vår største folkebevegelse. Kampen om tidsånden står her, også her."*  
(Slagstad 1999:3.)<sup>79</sup>

### ***Kjønn, likestilling og gjensidighet***

Dei datadrivne analysene i avhandlinga har ved fleire høve aktualisert korleis kjønnsnøytrale likestillingsdiskursar gjer kvinner til etterslep, og medfører at dei blir funnen lite eigna til leiarpøssjonar (t.d. artikkel 3 og 5). Som nemt har kvinner i løpet av 90-åra auka si deltaking i idrettspolitiske fora, medan auken i leiande stillingar har vore minimal. Mine analyser tyder på at det ikkje berre er snakk om tidsetterslep, men først og fremst eit misforhold mellom kvinnedeltaking og kvinners maktgrunnlag. Førestillingar om at formell likestilling og auka kvinnedeltaking gradvis og "naturleg" vil auke kvinners maktgrunnlag og føre fleire kvinner inn i leiande posjonar, har her, som på fleire andre samfunnsområde, vist seg å slå feil.

Utfrå analysene ser det ut som kvinner og menn i idrettspolitikken har divergerande mål, til dels ulikt kompetansegrunnlag, ulike organisasjonsideal og ulikt syn på kva leiingsformer og relasjonar som skal prege idretten som organisasjon. Men kvinners profil blir i liten grad gjort like relevant som menns. Det generelle og kjønnsnøytrale speglar oftast menns profileringar og vurderingar. For å skape eit kjønnspolitisk grunnlag for endring, trengs det meir omfattande og eksplisitt utforsking omkring slike kjønna samanhengar og mekanismer. Til dømes omkring standarder som konstituerer førestillingar om kvinner som etterslep, og kva likestilling konkret inneber for kvinner? Er det slik at likestilling betyr å tilpasse seg det kjønnsnøytrale og generelle - eller har menn og kvinner også begynt å forhandle om gjensidighet; om gjensidig tilpassing og anerkjenning? Sett på spissen, antyder artikkane at kjønnsnøytral likestilling heller betyr legitimitet for einsidighet enn gjensidighet. Feministiske forskingsarbeider som har tematisert spørsmål omkring kjønn og leiing, viser at den generelle forskinga på leiingsfeltet hovudsakleg dreier seg om menns problem og interesser, og har mest relevans for menn i maktposisjonar. Simone de Beauvoir (2000) framhevar gjensidighet og anerkjenning som avgjerande føresetnader for å skape likhet mellom kjønn. Utfrå mine analyser vil ei vidare utforsking av

---

<sup>79</sup> Sitatet er henta frå Slagstad sin kronikk i "Dagbladet", 26. august 1999.

likestillingsdiskursen i idretten i eit gjensidighetsperspektiv, representere både ei vidareføring og vidareutvikling av dei hovudtema avhandlinga set søkelys på. Å tematisere likestilling i eit gjensidighetsperspektiv, vil også kunne gi inntak til nye forståingsmåtar, problematiseringar og kunnskapspolitiske utfordringar innanfor fagområde som kjønn og leiing.

### ***Betydningar av kjønn på kvinnedominerte idrettsarenaer***

Dette området indikerer ei komplettering i forhold til ein av avhandlingas "kvite flekkar". Som tidlegare utdjupa, har betydningar av kjønn knytt til kvinnedominerte idrettsområde, vore sentrale forskingstema innanfor feministisk idrettssosiologi. Forskingsinnsatsen har imidlertid vore mest konsentrert om utøvararenaen og synleggjering av kvinners idrettsformer. Analyser av idrettspolitikken "indre liv" der kvinner dominerer, er derimot lite utforska. Men kvar kan ein finne idrettspolitiske fora som er kvinnedominerte? Storparten av desse vil vere lokale beslutningsorgan innanfor kvinnedominerte idrettsklubbar eller idrettsgrupper.<sup>80</sup>

Dagens kvinner har muleghetar til å møte menn på meir likestilte måtar og ser seg sjølv i lys av andre standarder enn sine formødre (Fougner 1993, Søndergaard 1992). Men kvinners nye muleghetar vil også vere prega av korleis menn er og vil vere på nye måtar. Denne artikkelen drøftar kva betydingar kjønn kan få når kvinner og menn blir stilt overfor kvarandre på nye arenaer. Arenaen i denne samanheng er idrettspolitiske fora.

Dokumentasjon av kjønnspolitiske realitetar viser at moderne organisasjonar framleis er prega av ein tydeleg og forskjellsskapande kjønnsstruktur (Acker 1993). Menn er stort sett i fleirtal og hierarkisk overordna kvinner. Tidsbildet uttrykker at kvinner i topp-posisjonar er unntaket som stadfestar «regelen» om kvinners relative underordning (Drake & Solberg 1995, Likestillingsrådet 1995). Ved å studere konkrete tilsynelatande kjønnsnøytrale prosessar i organisasjonar, kan det vere muleg å vise korleis kjønn spelar ei sentral rolle som ressurs både til organisatorisk kontroll og omskaping.

I denne artikkelen vil eg undersøke korleis kjønnsprega interaksjonsformer i organisasjonar skaper og gjenskaper ulike former for kjønnsdeling, kjønnsbilder og kjønnspekt. Analysene vil legge vekt på å få fram både opne og meir underliggende betydingar av kjønn, og korleis kjønn blir opplevd og gjort til ein organisasjonsmessig og individuell ressurs. Datagrunnlaget har basis i etnografiske studiar av idrettspolitiske beslutningsprosessar; prosessar der kvinner og menn står overfor kvarandre som formelt likestilte beslutningsaktørar. Feltarbeidet var blant anna retta mot å forstå kvinner og menns måtar å drive politikk på; studiar av kjønnsrelaterte samhandlingsmønster og maktutøving i vid forstand både i og utanfor møteroma. Som teoretisk referanseramme og diskusjongrunnlag har eg blant anna dratt vekslar på Haavind (t.d. 1985, 1988, 1994) si forståing av kjønn som kulturell kode, den feministiske kritikken retta mot kjønnsnøytralisering av mannsdominans som fenomen og perspektiv i organisasjonar (t.d. Acker 1990, 1993, Folgerø Johannessen 1994, Holter 1996, Kvande og Rasmussen 1990) samt studier av kjønnsrelasjonar og kjønna fellesskapsformer (t.d. Holter 1982, Kvande og Rasmussen 1990, Lindgren 1985, 1992, 1996).

## *2. Idrettspolitiske beslutningsprosessar: kjønnspolitisk status*

### *Idrettsorganisasjonar og samfunnsmessig transformasjon*

Norges Idrettsforbund (heretter forkorta til NIF) representerer som landets største frivillige organisasjon, ein svært betydningsfull og mangfaldig samfunnsinstitusjon. Som ein del av tredje sektor og det sivile samfunn er den i større grad enn sektorar som stat og marknad, kjenneteikna av openhet og fleksibilitet og kan reflektere dominerande idear, krav og forventningar i omgjevnaden (Klausen & Selle 1995). Det betyr blant anna at studier av status og omstilling i slike organisasjonar, er eit godt inntak til å gripe og forstå meir generelle samfunnsmessige transformasjonar. I denne samanheng betyr det at

studier av kjønnspreg i måtar å drive idrettspolitik på, kan reflektere meir generelle kjønnspolitiske interaksjonsformer.

### *Kjønnsstruktur og kjønn som politisk kategori*

Det er framleis liten tvil om at dagens idretsorganisasjonar kan karakteriserast som mannsdominerte og med eit kjønnspreg til fordel for menn (t.d. Fasting 1994, 1996, Theberge and Birell 1994). NIF's oversyn over kjønnsfordeling i idrettspolitiske verv viser eit tydeleg kjønnsmonster; menn sit i dei fleste innflytelsesrike posisjonar i styrer, råd og utval (NIF 1996). På nasjonalt nivå (særforbunds nivå) betyr det konkret at menn innhar over 95 % av topp-posisjonane. På regionalt nivå er tilsvarende tal omlag 90 %. Kvinner utgjer i dag omlag 38% av NIF's medlemsmasse. Når det gjeld styreverv, er kvinnerepresentasjonen på nasjonalt nivå omlag 25 % og jamt over noko høgare i regionale og lokale organisasjonsledd (NIF 1996). Det betyr i denne samanheng at menn, i tillegg til å vere i fleirtalsposisjon i dei fleste beslutningsorgan, også sit i dei mest innflytelsesrike posisjonane i organisasjonen.

«Kvinnerevolusjonen» i idretten<sup>2</sup> skjedde som på andre samfunnsområde på 70-talet, men det var først i midten av 80-åra at kravet om likestilt innflytelse for alvor kom på dagsorden i organisasjonen (Fasting & Skou 1994, Hovden et al 1993). Som eit resultat av kvinners mobilisering, vedtok Idrettstinget i 1987 ein bestemmelse om kjønnskvalifisering som blant anna skulle gjelde alle politiske beslutningsorgan. Bestemmelsen som var kjønnsnøytral og krevde ein minimumsrepresentasjon av begge kjønn<sup>3</sup>, vart først og fremst kjempa fram som eit verkemiddel for å sikre større kvinnerepresentasjon. Delvis som følge av dette har kvinners status i idrettspolitiske beslutningsprosessar i 1990 åra, endra seg frå «einsleg svale» blant menn til kvalifisert mindretal. Bestemmelsen har også medverka til større aktualisering av kjønn som politisk kategori, sjølv om det er mykje som tyder på at det framleis er langt fram til at kvinners erfaringar og interesser får like stor betydning som menns (Fasting 1996, Hovden 1998, Hovden 1999).

NIF's strategi for å oppnå: «... likeverd og likestilling mellom kvinner og menn i alt idrettsarbeid,» er full integrering av arbeidet med idrett og kvinner på alle område i organisasjon (NIF 1996:44). Utfrå dei kjønnspolitiske realitetar som er skissert over, kan det vere grunnlag for å spørre om slike målsetjingar først og fremst fungerer som likestillingspolitisk retorikk? Er t.d verkemidlar som ein minimumsbestemmelse om kjønnskvalifisering og generelle målsetjingar om full kjønnsintegrering tilstrekkelege og radikale nok for å kunne endre mannsdominansen i makt og innflytelse? Svar på slike spørsmål krev studier av konkrete organisasjonsprosessar; studier av korleis kvinner og menn samhandler og slik skaper vilkår og muleghetar for kvarandre. Men før blikket blir flytta til interaksjonsformer og idrettspolitikens indre liv, vil eg kort løfte fram nokre sentrale teoretiske føresetnader for mine vidare beskrivelsar og analyser.

### 3. *Kjønnsnøytralisering og kjønn som kulturell kode*

#### *Kjønnsnøytralisering og tabuisering av mannsdominans.*

Nyare studier av kjønn i organisasjonar viser at kvinners aukande deltaking kan skape nye, meir likeverdige og «forstyrrende» betydningar av kjønn, samstundes som fleire kvinner ikkje nødvendigvis inneber verken endring av mannleg dominans eller organisasjonens verdi- og makthierarki (t.d. Acker 1990, 1993, Collinson & Hearn 1996, Folgerø Johannessen 1994, Hirdmann 1990, Kvande Rasmussen 1990). Det blir framheva at konstituering av nye former for kjønnsmakt blant anna blir gjort muleg gjennom det «moderne» idealet om kjønnsnøytralitet, som medfører at ulike kjønnsvilkår blir framstilt som egalitære. Holter (1996) uttrykker at kjønnsnøytralisering gir grunnlag for utvikling av meir indirekte former for kjønnsundertrykking, som det er vanskeleg å gripe fatt i. Ein vanleg måte å kjønnsnøytralisere kjønna realitetar på, er omdefinering. Ved å gjere kjønn irrelevant, kan det ulikeverdige kjønn bli framstilt som likeverdig. I idretten har t.d. kvinners lave motivasjon for å påta seg idrettspolitiske verv, i stor grad blitt forklart som eit resultat av individuelle val. Manssdominans i organisasjonen og menns lave omsorgsinnsats på heimebane har derimot i liten grad blitt framheva som relevante forklaringsaspekt (Hovden et. al. 1993). Bourdieu (1990) viser i analyser av kjønnsdimensjonen, korleis samfunnsmessig nøytralisering av mannsdominans stadig gjer det muleg å reprodusere ein underliggende og sosialt objektivert logikk, der den maskuline overordninga blir naturalisert og framstår som situasjonsbetinga rettferdig. Ved å unngå å problematisere institusjonell mannsdominans i idrettsorganisasjonar, vil t.d. lav kvinne-deltaking bli tolka som eit kvinneproblem eller gjort til eit individuelt ressursproblem (Theberge & Birell 1994).

Teoriar og praksisar som handterer mannsdominerte arenaer som kjønnsnøytrale, dekker over og gjer verksame kjønnsstrukturar utydelege (Folgerø Johannessen 1994). På denne måten blir det gitt spelerom og legitimitet for maktformer og maskuline hegemoni<sup>4</sup> som medverkar til å oppretthalde mannsdominans, trass i erklærte mål om likestilling og kjønnspolitisk endring. Acker (1992) omtaler blant anna situasjonen slik:

«What is problematic is the discontinuity, even contradiction, between organizational realities, obviously structured around gender and ways of thinking about the same realities, as though they were gender-neutral.» (Acker 1992: 255)

Dei følgjande beskrivelsar og analyser har som føremål å vise korleis konkrete organisasjonskontekster uttrykker kjønnspolitiske praksisar med slike trekk, og korleis situasjons- og maktforskjellar mellom kvinner og menn ofte har slike førestillingar og praksisar både som føresetnad og resultat.

#### *Kjønn som makt, forskjell og fellesskap*

Som utgangspunkt for å tolke og forstå betydningar av kjønn og makt i interaksjonsformer og sosiale praksisar som idrettspolitikk, har eg dratt vekslar på Haavind (1985,

1988, 1989, 1994) si tilnærming til forståing av kjønn og kjønnsmakt<sup>5</sup>. Haavind ser på kjønn som eit system av betydningar, konstituert av forholdet mellom det som til eikvar tid blir bestemt som mannleg relativt til kvinneleg. Som eit betydningsssystem som:

*«.. ikke bare blir brukt til å kategorisere menneskers kropp, men som kan plassere alle slags fenomener som henholdsvis kvinnelige og mannlige. De sosiale deltagerne kjenner systemet som en kode som er innbygget i og virker gjennom språket. Det er symbolske betydninger av kjønn som forbinder de sosiale strukturene –det vi kaller mannsdominerte eller kvinnedominerte arenaer eller virksomheter – med personenes kropp.» (Haavind 1994:374)*

Kjønnsforholdet har iflg Haavind (1985) to gjennomgåande kjenneteikn; makt og splitelse/forskjell. Dette betyr at i tillegg til at fenomena mannleg og kvinneleg framstår som fråskilde og forskjellige, er dei samtidig rangert, slik at det som blir assosiert som mannleg blir plassert i den relativt overordna posisjonen. Det mannlige blir oftast gitt dobbel betydning, tolka som både :(1) forskjellig frå og (2) overordna det kvinnelege. (Haavind 1985, 1989, 1994). Ei slik kodifisering representerer eit logisk brot, men medverkar likevel til at:

*«...mannlig både kan bety ikke-kvinnlig og nøytral. Følgelig kan makt som er begrunnet med mannlighet likevel framstå som kjønnsnøytral.» (Haavind 1994: 375)*

Trass i at denne koda varierer kontekstuellt; har skiftande gjennomslagskraft og eit varierende og flytande innhald, blir den gjennomført konsekvent. Det betyr at den pregar all samhandling, og analyser som ikkje tar omsyn til den, skaper utilsikta tolkingar som er prega av den (Haavind 1994). Grunnlaget for identifikasjon er det som gjentek seg; det mønsteret som framtrer, trass i kontekstuelle variasjonar. Mine analyser vil på direkte og indirekte måtar uttrykke korleis veremåtar, interaksjonsformer og relativt maktgrunnlag er relatert til kjønn som kulturell kode: t.d korleis kvinnelege idrettspolitkarar møter mannleg dominans og handterer dei vilkåra som viser til kvinneleg underordning.

Kva kjønnsrelasjonar, samhandlingsmønster og fellesskapsformer mellom kvinner og menn, mellom kvinner og mellom menn som dominerer i frivillig idrettsarbeid, er lite utforska (Hall et al. 1989). Undersøkingar som har sett fokus på slike forhold er forutan studier av kjønn og politikk, analyser av moderne arbeidsorganisasjonar (t.d. Bergquist 1995, Hedlund 1996, Holter 1982, 1996, Lindgren 1985, 1992, Martin 1996, Skjeie 1992). Som vist innleingsvis liknar imidlertid kjønnsstrukturen i dagens idrettsorganisasjonar mykje på den som dominerer moderne arbeidsorganisasjonar.

Lindgren (1996) framhevar at menns uformelle samversformer på kjønnsintegrerte arenaer i arbeidslivet, ofte er prega av eit interesse- og maktfellesskap som i stor grad både ekskluderer og verkar ekskluderande på kvinner, og slik skaper ulike former for kjønnssegregering og kjønnshierarki. Situasjons- og maktforskjellar mel-

lom kvinner og menn på mannsdominerte arenaer har dessutan vist at kvinners uformelle samverformer først og fremst er kjenneteikna av deira forhold til menn og menns fellesskap. Det innber ofte defensive samversformer prega av forskansing (Holter 1982, Lindgren 1985). Lindgren (1996) oppsummerer på denne bakgrunn at kvinners og menns meir uformelle fellesskapsformer på slike arenaer på mange måtar ser ut til innehalde relasjonar og interaksjonsmønster som tenderer mot å gjen-skape noko av det som vi kjønnspolitisk forsøker å endre. Det interessante i denne samanheng er om kvinners og menns meir uformelle samversformer i idrettspolitiske fora viser liknande kjenneteikn, eller om muleghetar til å etablere andre og meir sidestilte kjønnsrelasjonar også kan bety utvikling av meir likestilte og kjønnsintegreerte interaksjonsmønster?

## *4. Materialet*

Det empiriske materialet som ligg til grunn for denne artikkelen omfattar studier av to idrettspolitiske case; to styrekontekster på nasjonalt nivå i NIF. Feltarbeidsmateriale omfattar deltakande observasjon, samtalar og intervju i samband med styremøter. Mesteparten av det empiriske materiale som blir presentert, er frå det styret som eg valde som mitt hovudcase. Resten er henta frå eit av mine «perspektivcase»<sup>6</sup>. Styremøta var for det meste lagt opp som hotellmøter over to dagar. Det gav meg eit godt utgangspunkt for å kunne studere formelle såvel som meir uformelle interaksjons- og samversformer<sup>7</sup>.

Hovudcaset mitt var kjenneteikna av bortimot full kjønnsbalanse. Av dei faste styremedlemane var fire menn og tre kvinner. Kjønnsbalansen gjalt imidlertid i liten grad fordeling av maktposisjonar. Både presidenten, visepresidenten og generalsekretæren<sup>8</sup> var menn. I mitt perspektivcase var kjønnsfordelinga blant styremedlemane meir skjeiv, men styret hadde ei kvinne i ein av topposisjonane; som visepresident<sup>9</sup>.

Ein viktig forskjell ved informantane som prega begge kontekstene, var at kvinnene jamt over var yngre enn sine mannlege kollegaer. Det gjalt særleg mitt hovudcase. Aldersforskjellen mellom kvinner og menn var her omlag 20 år, medan det typiske for slike beslutningsorgan ser ut til å vere ein aldersforskjell på 10–15 år<sup>10</sup>. I denne type organisasjonskontekster kan alder ha stor betydning for politisk innflytelse (Gerrard 1986). Aldersforskjellane i denne samanheng kom blant anna til uttrykk når det gjalt organisasjonserfaring. Få av kvinnene hadde tidlegare erfaring frå styrearbeid på nasjonalt nivå, medan dei fleste av deira mannlege kollegaer hadde fleire års erfaring. Enkelte mannlege styremedlemar hadde også erfaring frå internasjonale verv<sup>11</sup>.



## 5. Idrettspolitik – ein kamp- og samspelsarena for menn?

Gjennom to sceneklipp av diskusjonsforløp frå møteromet vil eg illustrere nokre former for interaksjon og maktøving som ofte kjenneteikna kjønnsmonsteret i idrettspolitiske beslutningspraksisar i dette studiet<sup>12</sup>. Beskrivelsane vil ha betydingar av kjønn som både hovudtema og sidetema. Det første klippet tematiserer politiske og karrieremessige betydingar knytt til internasjonal representasjon. Denne diskusjonen er valt ut fordi den illustrerer enkelte sentrale aspekt ved betydingar av kjønn som makt og forskjell; korleis betydingar av kjønn differensierer og gir kjønn ulik verdi, og korleis slike blir opplevd og handtert. Det andre klippet refererer eit diskusjonsforløp om styrets arbeidsform og indikerer kjønnsrelaterte haldningar til samhandling og samarbeid. Klippet er valt fordi det både på eksplisitte og implisitte måtar, uttrykker forskjellar i kvinner og menns forventningar og krav til kvarandre som likestilte beslutningsaktørar, og korleis det å utgjere kvarandre sine muleghetar formar opplevingar og samhandlingsstrategiar.

### *Sceneklipp 1: Interessekonflikt og verdsetting av kjønn*

Dette sceneklippet vil, i tillegg til å illustrere korleis interessekonfliktar og særinteresser ofte vart handtert og fekk eit kjønnspreg, vise til betydingar av ulik politisk verdsetting av kjønn. Saka omhandlar idrettens internasjonale politiske engasjement og verdien av å delta i slike fora. Kvinner har i slike fora vanlegvis posisjonen som «einslege svale» eller det Kanter (1977) kallar «tokens». For menn er det å bli valt eller utpeika til slike verv vurdert som prestisjefyllt og ærefyllt og representerer ofte ein attraktiv idrettspolitisk karriereveg. På denne bakgrunn har slike verv/posisjonar oftast ulik betyding og verdi for kvinner og menn. Ambisjonar knytt til innflytelse i internasjonale fora, krev imidlertid stor ressursinnsats. Forutan krav til personlege tidsressursar, må nasjonale organisasjonar stort sett dekke alle representasjonsutgiftene.

Saka om utvida internasjonal representasjon vart sett på dagsorden av presidenten og visepresidenten. Bakgrunnen var oppfatninga om at: »Norge burde sikre seg større innflytelse internasjonalt», og visepresidentens ambisjonar om å bli nominert til: «..en tyngre posisjon i Det europeiske ...forbundet»<sup>13</sup>, som det vart uttrykt. Iflg møteplanen skulle saka gå over to møter<sup>14</sup>. På det første møtet skulle diskusjonen dreie seg om politisk plattform. Resultatet av denne diskusjonen skulle så vidare danne grunnlag for forslag til kostnadsrammer og kandidatar.

Til diskusjonen om politisk plattform vart dei to representantane som allereie hadde internasjonale verv i organisasjonen, spesielt inviterte til å delta. Bakgrunnen var at presidentskapet ønska å skape ei større forståing i styret om verdien av eit internasjonalt engasjement. Dei internasjonale representantane var menn på henholdsvis 44 og 60 år.

Allereie på eit tidleg tidspunkt i diskusjonen markerte eit fleirtal av styremedlemene ein sterk skepsis mot eit utvida internasjonalt engasjement. Dei kvinnelege styremedlemene var blant desse. Ei dominerande oppfatning var at deltaking i internasjonale fora hadde liten betyding for det nasjonale organisasjonsarbeidet og gav

for lite igjen i forhold til ressursinnsatsen. Visepresidenten meinte likevel at organisasjonen ikkje kunne springe frå sitt internasjonale ansvar, og framheva at å konkurrere om internasjonale posisjonar måtte vere ein like legitim karriereveg som annan internasjonal konkurransedeltaking. I denne samanheng kom det fram at det var inngått ein uformell avtale som innebar at han hadde latt seg degradere frå president til visepresident kun for å frigjere meir tid til internasjonalt arbeid. Og som han uttrykte det: *«...en slik overenskomst er det vanskelig å løpe fra nå»*.

Dei internasjonale representantane gav en orientering om ulike aspekter omkring verdien av slike verv. Å delta i internasjonale fora vart oppfatta som ei plikt, såvel som ein verdi i seg sjølv. Det vart brukt argument som: (1) *«Alle har plikt til å yte sin skjerv til å utvikle .....sporten og fellesskapet.»* og (2) *«... Norge må også ta ansvar i Europa.»* Fleire av kvinnene sette likevel spørsmålsteikn ved verdien av dette på grunn av den mangel på demokrati og likestilling som prega slike beslutningsorgan. Dei internasjonale representantane medga at sett med norske auge, var det i slike fora langt fram til demokrati og likestilling. Det vart kommentert at møta hadde ingen formell agenda. Det som skulle skje, vart formidla gjennom: *«presidentens perm»*; ei liste over tema som presidenten hadde bestemt skulle diskuterast på møtet. Men det viktigaste for å få innflytelse var likevel ikkje knytt til formelle prosedyrer, men som det vart sagt: *«å skaffe seg eit ansikt»*, og *«pleie bekjentskapar.»* I dette arbeidet var restauranten og baren viktigare beslutningsarenaer enn møteromet. Det mest avgjerande var å kunne: *«etiketten»*. Å reise kritikk mot systemet, ville berre resultere i neglisjering. Den mest erfarne representanten karakteriserte blant anna forholda slik:

*«Her er det umulig å forsøke å revolusjonere..(...) det må jobbes innenfra ..(...)og man må påvirke gjennom påtrykk..., og det viktigste er å være utholdende...jobbe lenge nok. Det har ingen hensikt å sende nye uerfarne folk på kongresser.. , da kommer man ingen vei.(...) rekrutter må være med kjente fjes ut.»* Det vart uttrykt skepsis mot å føreslå kvinnelige kandidatar, fordi: *«Det er bare jernkvinner som klarer seg i slike verv, og jeg unner ingen å måtte bli slik.»*

Denne orienteringa såg ut til å auke skepsisen blant kvinnene. Ei formulerte sin motstand slik:

*«Jeg klarer ikke med min beste vilje å se verdien av et slikt engasjement. Dette er kulturer vi må ta avstand fra – vi kan ikke i dag delta i et system med total mangel på demokrati, der trynefaktoren er det eneste som betyr noe.»* Visepresidenten imøtekom dette ved å hevde at det var problematisk å gå imot, fordi som han sa: *« ..vi har allerede gitt en del signaler til Europa om at vi vil ta ansvar...(...) – og å gå tilbake på disse signalene nå, vil skade vår anseelse...(...). Og vi skal vel prøve å gi føringer på det som skjer internasjonalt. Det bør vi ta oss råd til!»*

Då saka kom opp på neste møte, la presidentskapet fram eit eige budsjett med lågare kostnadsrammer enn det generalsekretæren hadde lagt opp til i sakspapira. Presidenten innleia med å forklare at eit utvida internasjonalt engasjement ikkje nødvendigvis måtte innbere særleg større utgifter. Då det vart opna for diskusjon, tok ei av kvinnene ordet og framheva at ho ikkje ville prioritere eit utvida engasjement uansett kostnad. Det same gjorde to av dei andre medlemene, ein mann og ei kvinne. Den yngste av kvinnene som tidlegare hadde vore skeptisk, uttrykte no støtte til eit utvida engasjement.

Debatten vidare gav inntrykk av at styret var delt på midten. Presidenten fremja likevel eit forslag på visepresidenten som styrekandidat til Det europeiske ...forbundet. Forslaget utløyste ei usikker og amper stemning. Det kom forslag om ei pause i diskusjonen. I pausa vart presidenten og visepresidenten sittande igjen på møteromet. Etterpå la presidenten fram eit nytt forslag som gjekk ut på at styret likevel ikkje skulle røyste over konkrete kandidatar, men berre gi ei prinsipiell opning for eit utvida internasjonalt engasjement. Det vart sagt at forslag på kandidatar kunne ringast inn til presidenten i etterkant av møtet. Grunngevinga for forslaget var at: «...dette er et mer ryddig forslag enn det som ligg på bordet i forhold til reglementet.»<sup>15</sup> Presidenten gav deretter ei kort orientering om voteringsorden. Fleire uttrykte forvirring og frustrasjon over kva det nye forslaget eigentleg innebar og meinte at forslaget i sakspapira var meir prinsipielt og presist. Presidenten pressa likevel igjennom ei punktvis avrøysting på det nye forslaget. Resultatet, vedtatt med knapt fleirtal, opna for at styremedlemene kunne kome med forslag på internasjonale kandidatar til presidenten.

Dette sceneklippet illustrerer mangefacetterte betydningar av kjønn; både direkte og meir underliggende betydningar. Sjølve saksinnhaldet viser blant anna korleis kvinnelege og mannlege representantar får tilskriven ulik verdi som politiske aktørar, og korleis mangelfull likestilling blir gjort til eit kvinneproblem. Dei prosedyrane og strategiane som blir tatt i bruk for å få gjennomslag for eigne politiske interesser, utrykker dessutan ulike aspekter ved kjønn som makt og forskjell. Blant anna var det muleg for den mannlege leiinga (president og visepresident) å søke politisk legitimitet for eigne interesser ved å vise til uformelle og private avtaler. Det neste sceneklippet illustrerer meir tydeleg korleis slike måtar å arbeide og utøve makt på, er prega av kjønn og makt, og korleis dei kvinnelege styremedlemene forsøkte å endre slike arbeids- og veremåtar ved å ta dei opp som kollektive samhandlingsproblem.

## *Sceneklipp 2: Arbeidsformer og maktutøving på dagsorden*

Eit fleirtal av styremedlemene inklusive samtlege kvinner, hadde over ei lenger tidsperiode gitt utrykk for vedvarande frustrasjonar og misnøye med rådande arbeidsformer og beslutningspraksisar. Av denne grunn tok ei av kvinnene initiativ til å sette saka på dagsorden. Ho innleia saka ved å grunngi sitt initiativ slik:

*«Jeg har lenge hatt lyst til å ta opp mine frustrasjoner...for jeg føler at jeg vet ikke hva som foregår mellom styremøtene. Jeg føler rett og slett mangel på kommunikasjon og blir ikke tilstrekkelig informert. Det er in-*

*gen som tar kontakt når noe skjer. Jeg opplever at andre ...som ikke sitter i styret, vet mer enn meg. ..(...). Når jeg nå bor i ....., ville det hjelpe med en telefon av og til. Jeg føler meg veldig isolert, og det har gått ut-over motivasjonen min for å gjøre en innsats i styret.....Og når jeg kommer på styremøtene ser jeg at noen har snakket sammen – og mye er skjedd – og jeg føler meg helt utafor.»*

Ei av de mest erfarne kvinnene følgde opp og sa at ho følte det på same måten. Ho påpeika at ho tidlegare hadde tatt opp dette uformelt både med presidentskapet og administrasjonen utan at lovnader om endring var følgt opp. Ho oppsummerte situasjonen på denne måten:

*«.. og nå ... særleg i det siste har jeg følt at dette vil jeg ikke mer..(...)... jeg føler meg veldig frustrert. Jeg har sagt det tidligere at jeg føler at ting skal holdes hemmelig og det liker jeg ikke. Jeg vil ha ting på bordet, og nå er jeg lei av å mase! Jeg synes det er fælt å gru seg til hvert styremøte...hver gang tenker jeg: Gud, hva er det som kommer til å skje nå .. og som jeg også til syvende og sist blir ansvarlig for.»*

Ein av dei mannlege medlemene støtta kvinnene sin situasjonsbeskrivelse, men understreka likevel at det også var mykje opp til den enkelte:

*«.. dere må også vere aktive og søke informasjon og ikke bare sitte der og vente på initiativ frå andre. ....(...) Men jeg må også innrømme at jeg liker dårlig å høre om troikaen i .....forbundet som kjører dampveivald... og som bestemmer det meste.»*

Visepresidenten tok ordet og sa at han ikkje ville klandre nokon. Han uttrykte stor forståing for at presidenten og generalsekretæren måtte løyse hastesakene og ta mange beslutningar på eiga hand. Presidenten heldt seg taus. Ei anna av kvinnene påpeika då at det ikkje handla om mangel på initiativ. Problemet var derimot at styret hadde utvikla eit a-lag og eit b-lag, der nokre få bestemte det meste. Ho karakteriserte situasjonen slik:

*«I dag ser det ut som mange av de viktigste sakene er avgjort før de kommer opp i styret til diskusjon,... og for meg betyr det at jeg mister engasjementet mitt. Det er jammen ikke mye kjekt når det meste er bestemt på forhånd.»*

Eit anna aspekt som kom til syne i denne samanheng, var dei kvinnelege representantane sine frustrasjonar over å ikkje få brukt sine ressursar og erfaringar i det politiske arbeidet. Det vart uttrykt både irritasjon og undring over at det i så liten grad var bruk for deira kompetanse og arbeidskapasitet når andre kollegaer klaga over å vere svært overarbeida. Ei opplevde det som meir krevjande å sitte i eit klubbstyre og grunn gav dette slik:

«...Føler at jeg av og til blir ekskludert...kanskje ikke bevisst, men likevel... Jeg har derfor mistet noe av engasjementet mitt ...jeg ønsker meg mer utfordrende oppgaver. Den eneste utfordringen jeg har fått, er på kvinnesaker.» Ein liknande reaksjon frå ei av dei andre var: «Jeg er skuffet over de oppgavene jeg har fått i styret. Jeg har større arbeidskapasitet og ønsker meg større utfordringer..... Hvorfor blir jeg for eksempel ikke foreslått til komiteer i omorganiseringsprosessen? Jeg er jo en av de eneste som representerer kontinuiteten i denne prosessen.»

## 6. Kjønn i opne og lukka rom: interaksjonsformer og makt

Sceneklippa indikerer på mange og ulike måtar korleis interaksjonsformer, vere- og arbeidsmåtar impliserer kulturelle betydingar av kjønn som makt og forskjell. Eg vil vidare utdjupe og diskutere nokre sentrale aspekt ved slike betydingar ved å sette fokus på korleis kvinner og menn grunnjev og opplever interaksjonsmønstra, og korleis desse resulterer i kjønnsprega situasjonsforskjellar og ulike vilkår for innflytelse.

### *Dominans og hegemoni i uformelle mannsfellesskap*

Som sceneklippa illustrerte, uttrykte styremedlemene ulike haldningar til bruk av uformelle arbeidsformer som t.d ulike former for lobbyverksemd, og desse var relatert til kjønn. Slike arbeidsformer var mest utbreidd blant mannlege representantar med posisjonsmakt; blant representantar som forvalta og vart tilskrivne det politiske hegemoniet<sup>16</sup>. Som beslutningspraksis vart lobbyverksemd og strategisk bruk av personlege nettverk utført på arenaer utanfor møteromet og delvis i det skjulte<sup>17</sup>. Dei mest involverte gav uttrykk for at dei såg på denne arbeidsforma som både nødvendig og naturleg, og som ein etablert beslutningskultur:

- (1) «Vi må vel bare akseptere at dette er en del av «gamet», og at det blir de som orker å jobbe mest i forkant av møtene, som får til mest». (2) «De som vil ha innflytelse, må jobbe masse i det uformelle. De politiske avgjørelsene skjer i dag stort sett utenfor styrerommet – i komiteene og i uformelle nettverk. Her er telefonen viktigere enn datamaskinen...jeg vil si at strategisk nettverking er kultur blant menn med innflytelse». (3)»For meg er det veldig viktig å jobbe lobbymessig for å fange opp signalene – jeg bruker alle muligheter».

Dei uformelle beslutningspraksisane var kjenneteikna av aktive sonderingar for å bygge alliansar og utveksle informasjon. Mobilisering av støtte var ofte knytt til konkrete politiske saker og interesser og regulert gjennom forventningar om gjensidig bytte og lojalitet. Målet med å bygge alliansar var naturleg nok å sikre seg beslutningsfortrinn. Den

mest vanlege måten å sondere på var å bruke telefonen; å ringe styrekollegaer for å teste ut kva som var: «*på gang*» og «*hva slags løsnings det var mulig å gå for*», som det vart sagt. Særleg i saker med klare interessekonflikter, føregjekk det hektisk telefonaktivitet i forkant av møta. T.d i samband med den politiske behandlinga av saka om internasjonalt representasjon, viste observasjonar og samtaler med styremedlemar at det føregjekk omfattande sonderingar og forsøk på mobilisering av støtte. Presidentskapet vart saman med eit fåtal mannlege styremedlemar blant anna observert på «formøter» både på flyplassen og på hotellet.

Materialet viser også at kvinnelege styremedlemar deltok forholdsvis lite i slike uformelle beslutningspraksisar. I tråd med Lindgren (1996) sine observasjonar, såg det ut som kvinner først vart inkludert når dei hadde kunnskap, ressursar og kontaktar som kunne representere eit utvida maktpotensiale. Den eine kvinna, som tydeleg vart inkludert i det uformelle maktfelleskapet blant menn, var den mest erfarne politikaren av alle og med stor kontaktflate blant leiande politikarar og næringslivstoppar. Fleire kvinnelege styremedlemar fortalde dessutan at dei hadde blitt oppringt av mannlege kollegaer, oftast president eller visepresident, som ville sondere og mobilisere støtte. Enkelte av desse og særleg dei yngste, gav utrykk for at dei opplevde desse telefonsamtalane som ubehagelege. Ubehaget vart forklart med at dei følte seg som «brikker» i eit maktspele. Dei hevda at samtalane bar meir preg av overtaling enn gjensidig utveksling av synspunkt. Ei oppsummerte sin frustrasjon slik:

*«...Det ser ut som jeg blir viktig først når jeg blir sand i maskineriet. Jeg følte han ringte til meg, bare fordi han trodde jeg var det letteste offeret.»*

For å utdjupe korleis menn i slike samanhengar tenker og arbeider innanfor andre rammer enn kvinner, vil eg gjengi ein del synspunkt frå eit innlegg<sup>18</sup> av ein erfaren mannleg politikar og idrettspolitikar som tok opp menns samhandlingsmønster og arbeidsformer i idrettspolitiske samanhengar vis a vis kvinner.

I innlegget vart det understreka at det er vanleg at menn i maktposisjonar arbeider hardt for å skaffe seg ei stor uformell kontaktflate til strategisk bruk. Slik etablerer menn sterke interessenettverk og bindingar til kvarandre. Utvikling av tette interessefelleskap blant menn, medfører at det blir vanskeleg for utanforståande, og særleg kvinner, å kunne forstå både kva type mekanismer som påverkar eit beslutningsresultat, og kva for kvalifikasjonar som fører menn inn i maktposisjonar. Denne måten å drive politikk på gir menn store fortrinn i formelle beslutningar. Dessutan vart det uttrykt at det kunne vere ein akseptert praksis blant menn at det ikkje alltid var samsvar mellom argument brukt i møteromet, og dei meir uoffisielle brukt innad blant likemenn i meir lukka fora. Det betydde ofte forvirring og mistillit blant dei som ikkje visste og forstod. Menn utvikla med andre ord koder/logikkar seg imellom som kvinner i liten grad fekk direkte kjennskap til.

I samanhengar der menn og kvinner møtes som formelt likestilte, vil slike interaksjonsformer medverke til å vedlikehalde situasjons- og maktforskjellar mellom kvinner og menn (Lindgren 1996). Det betyr blant anna at menns relasjonar til kvar-

andre, og det som blir sett på som viktig og verdfullt i desse, også blir premissgjevande for kva relasjonar dei utviklar til kvinner, og desse blir igjen ein slags «usynleg» premiss for kvinners relasjonar til kvarandre. Slike mønster blir særleg tydelege i mannsdominerte kulturar, der maskuline tenkemåtar og normer dominerer (Holter 1996). Men når kvinner, som i denne samanheng, problematiserer slike situasjons- og maktforskjellar som tidlegare vart tatt for gitt, blir kjønnsprega interaksjonsformer synlege og framstår som eksplisitte organisasjonsproblem.

### *Idealistiske, kritiske og masete kvinner?*

Ei uttalt haldning blant kvinnelege representantar var at uformelle beslutningspraksisar som kun inkluderte eit fåtal, og som hadde som mål å skape beslutningsfortrinn for egne interesser, var udemokratiske og verka forvitrande på det kollektive ansvaret. Fleire påpeika at slike arbeidsformer var særleg lite utviklande innan frivillig arbeid, der målet var å forvalte interesser og behov til flest muleg medlemsgrupper. Denne type synspunkt kom blant anna til uttrykk slik:»

*..det er tross alt viktig å huske at idretten er en bevegelse<sup>19</sup> og ikke en bedrift.» (2)»Av og til føler jeg at diskusjonene bevisst blir flyttet til gangen eller til ennå mer eksklusive rom... Dette er en uting!». (3) «Taktisk er jeg sikkert en katastrofe, men det er nå så mange taktikerere at det er det i alle fall nok av... Vil ikke være med på at en dyktig idrettspolitiker først og fremst skal være strategisk – det er viktigere at man kan argumentere og brenne for noe.»*

Som eit av sceneklippa viser, var kvinnetypiske arbeidsmåtar meir prega av at saker såvel som interne konflikter, skulle diskuterast opent, formelt og kollektivt. Idealet var å sette problema og samarbeidskonfliktene på dagsorden for å få til eit godt samarbeidsklima prega av tillit. Ein av dei mannlege styremedlemane kommenterte kvinnene sine haldningar slik:

*«Jeg prøvde noen ganger å få jentene til å forstå hva som foregikk, ..(...), men jentene vil ha formell makt og premissene på bordet.»*

Eit uttrykt ønskemål var at diskusjonane i større grad måtte bli mål i seg sjølv og ikkje berre beslutningane. Det kom blant anna til uttrykk slik:

*(1) «Jeg hadde sett for meg at styremøtene mer skulle fungere som et politisk verksted» (2) «..Den biten som skal til for at vi skal bli gode på sak mangler. Vi må ha tid sammen til å utvikle oss til det jeg vil kalle en moden gruppe – det vil si en gruppe som bruker energien sin på sak og ikke på egen posisjonering og egne fordeler.»*

Fleire utrykte dessutan behov for meir tid til uformelle samver, slik at alle kunne bli betre kjent:

(1)»Jeg synes vi skulle ha flere hele kvelder ilag.» (2) «Det er viktig med trygghet i forhold til hverandre – vi må få tid å bli kjent, slik at vi slipper all posisjoneringen under møtene.»

Det var stort sett liten vilje blant kvinnene til å kompromisere på egne ideal om openhet, samarbeid og demokrati. Tilpassing til meir hegemoniske arbeidsmåtar for å skaffe seg større innflytelse, såg ut til å vere ein lite aktuell strategi. Ei av dei mest offensive og kritiske forsvarte si haldning slik:

«Jeg vil ikke være i et styre som bare fungerer som et sandpåstrøingsorgan, der det å være lojal blir mer verdsatt enn det politiske (...).jeg kan ikke akseptere at det skal være et A-lag og et B-lag..(...) En slik guttekultur kan jeg ikke godta.»

Som vist fekk kvinner som forsøkte å endre det dominerande interaksjonsmønsteret, også støtte av eit fåtal mannlege kollegaer. Enkelte av desse kommenterte imidlertid at dei var usamde i måten kritikken vart framført på. Dei meinte at den ofte var lite konstruktiv og for mykje prega av personlege kjensler og mas. Dei mannlege representantane som kritikken var retta mot, møtte den oftast med taushet. Det medverka til at den i liten grad vart oppfatta og handtert som eit samhandlingsproblem prega av kjønn. Fleire av dei som sat i maktposisjonane, og som i stor grad kunne definere prosedyrar og interaksjonsformer, framheva i samtalar at dei såg på denne form for kritikk som mest utrykk for umodenhet og mangelfull kompetanse. Ein av dei formulerte sitt syn slik:

«Jeg innrømmer gjerne at mange ting blir avgjort mellom styremøtene ..og det betyr at noen bestemmer mer enn andre...men sånn må det nå alltid bli. ...Personlig hadde jeg ønsket meg et mer homogent styre..(...) .etter mitt syn har vi gjort feil jentevalg....det har vært en for stor alders- og erfaringsmessig ubalanse, og de kommer inn uten noen kulturkompetanse. To av de har også vist seg å være for lette – de har aldri klart å forlate klubbnivået og de lokale problemene.»

Dei dominerande haldningane blant menn i maktposisjonar var at kvinner og andre nykomarar måtte lære seg dei dominerande kulturelle kodene. Denne type haldningar reflekterer at menn ofte ikkje ser eller tar på alvor verksame politiske betydingar av kjønn, men omdefinierer desse til individuelle problem. Kvinners kritikk av arbeidstil og maktutøving vart i stor grad oppfatta som umodne «forstyrrelsar».

### *Enklare å vere alternativ mann*

Dei mannlege representantane som på same måte som kvinnene deltok lite i dei uformelle beslutningspraksisane som prega styrearbeidet, grunn gav dette som eit medvite val. I motsetnad til sine kvinnelege kollegaer viste dei meir pragmatiske haldningar til slike arbeidsformer. Dei var imidlertid usamde i at slike beslutningsformer skulle dominere i demokratiske beslutningsprosessar. Dette kom blant anna til utrykk slik:



- (1) «Det er o.k. for meg at folk jobber i det uformelle og gjør en jobb på forhånd, men ikke at vi andre bare blir en brikke ... Føler meg selv som bakerst på b-laget, fordi jeg ikke har hatt tid å engasjere meg. De tre jentene og jeg har hatt lite makt....det er fordi vi ikke har jobba sammen med noen i forkant.» (2) «Det å bli en av gutta er ikke noe problem – det er bare å være lojal og akseptere de reglene og kodene som gjelder.» (3) «Jeg liker ikke dette med allianser – det låser styret. Selv om det er en sak jeg virkelig brenner for, er det galt å presse andre -.»

I samtalane med dei «alternative» mannlege representantane kom det fram at desse ved fleire høve var blitt invitert med på ulike typer uformelle samver av sine mannlege kollegaer, t.d. til samver «på rommet» eller ut «for å ta en øl» for å diskutere spesielle saker. Dei kvinnelege styremedlemane hadde berre unntaksvis fått liknande invitasjonar. Slike situasjonsforskjellar mellom kvinner og menn indikerer korleis kulturelle betydingar av kjønn er verksame og skaper kjønna handlingsvilkår. Kjønnssposisjonen som mann innebar med andre ord andre muleghetar enn kjønnssposisjonen som kvinne. Å velje ei kritisk og alternativ politikarrolle får dermed ulike betydingar for kvinner og menn. At kjønnssposisjonen gir ulike muleghetar kom blant anna tydeleg fram gjennom beskrivelsen av beslutningskulturen i internasjonale fora. I slike samanhengar vart menn utfrå sin kjønnssposisjon vurdert som meir eigna politiske aktørar enn kvinner. Kvinner fekk både på implisitte og eksplisitte måtar tilskriven ein mindreverdige status.

I mannsdominerte kontekster, der menn definerer premissar og situasjonar som kjønnsnøytrale og generelle utfrå eigen kjønnsidentitet, vil kvinners erfaringar og arbeidsformer bli underkommuniserte og sett på som lite eigna (Holter 1996). Ei underkommunisering av verdiar og veremåtar som kvinner hevdar å stå for, og som dei har behov for å formidle for å kunne fungere, finne mening og bruke sine ressursar på ein fullverdig måte, inneber ei marginalisering av kvinners subjektivitet (Haavind 1994, Waage 1983). Slik blir kvinner i mannsdominerte kontekster som desse, stadig mint om sin kjønnsstatus og si relative avmakt. Dei kan ikkje velje bort si tilskrivne kvinneleghet eller si ekskludering frå mannsfellesskapet. Menn kan i større grad velje når dei vil gjere ein alternativ maskulinitet relevant; på kva måtar dei vil vere mannlege (Connell 1995).

## *7. Alder og kjønn i maktrelasjonar*

Som materiale på fleire måtar illustrerer, kan betydingar av kjønn og kjønna prosessar verken avlesast direkte eller som ein slags tileggsdimensjon eller tileggsstruktur. Kjønn betydingar og strukturar framtrer som samanvevde relasjonar, og utgjer dermed ein integrert del av andre sosiale betydingar og prosessar (Acker 1992, Scott 1986). Eit meir direkte analytisk blick på nokre sentrale aspekt ved kjønnsrelasjonane i materiale, vil avdekke korleis betydingar av alder er innevevd i betydingar av kjønn, og korleis

det samanvevde maktforholdet som pregar begge differensieringskodene, påverkar kvinner og menns interaksjonsformer og muleghetar.

### *Alder og kjønn som over- og underordning*

Fleire av dei unge kvinnene i materiale hevda å oppleve ei samtidig diskriminering utfrå kodifiseringar knytt til både alder og kjønn<sup>20</sup>. Blant anna innverka slike kodifiseringar på tilskrivning av personleg og politisk autoritet. I intervjua kom dette blant anna til uttrykk slik:

*(1) «De behandler meg som en ung jente – og som nybegynner....det betyr at jeg hele tida blir mindre verdt.» (2) «Føler at jeg ikke blir lytta til – det er også andre som sier det samme – jeg har liten autoritet. Har fått høre at jeg har gal adferd – ledelsen har tatt opp dette spesielt med meg. ...føler meg også av og til som et alibi... både for ungdom og kvinner, og det betyr at det jeg står for blir mindre verdt, men jeg har ikke så mange muligheter til å unnslippe.»*

Slik implisitt diskriminering kom også til uttrykk blant mannlege representantar når dei omtala unge kvinnelege kollegaer. Blant anna vart utveljinga av ein ung kvinneleg representant kommentert slik:

*(1) «Med tre menn fra før, måtte vi jo ha med ei jente...(...) etter en vurdering endte vi med den vi mente hadde mest utviklingsmuligheter. Hun er jo ung og uerfaren, men vi skal prøve å gjøre noe ut av henne..for å si det sånn!»*

Kodifiseringar knytt til alder hadde også politisk betydning for dei yngste mannlege styremedlemene. Dei måtte handtere nokre av dei same mekanismene som sine kvinnelege kollegaer, og følte som dei at deira kompetanse vart mindre verdsett. Likevel kom det på ulike måtar fram at kvinner og menn fekk noko ulik statustilskrivning uavhengig av alder. Fleire av dei eldste og mest erfarne kvinnene vart ofte tilskrivne dei same etterslepsstatusane som sine yngre mannlege kollegaer; statusar som t.d «nybegynner» og «ikke tung nok kompetanse». Bortsett frå den kvinnelege visepresidenten, vart kvinner sjeldan eller aldri omtalt som: «dyktig» eller som «tung», slik menn ofte omtala kvarandre. På slike måtar vart kulturelle og sosiale betydingar av kjønn synlege.

Blant menn vart kjønn sjeldan eller aldri gjort eksplisitt relevant som seleksjonsgrunnlag eller som politisk kategori. Å aktualisere betydingar av kjønn såg stort sett ut til å vere illegitimt. Å gjere forskjell på bakgrunn av betydingar av alder var meir sosialt akseptert. Diskriminering utfrå posisjon og kompetanse vart imidlertid oppfatta som både naturleg og nødvendig. Det mest vanlege var at betydingar knytt til kjønns- og aldersdimensjonen vart omskrivne til spørsmål om: «relevant erfaring» eller «å vere tung nok»; til personlege eigenskapar. Slike former for omdefinering og kjønnsnøytralisering gjer det muleg å gi inntrykk av det politisk korrekte; at kvinner og menn har like muleghetar (Holter 1996). For unge kvinner som kjem inn i ein mannsdominert kultur som t.d idrettspolitik, vil slike rammer og omskri-

vingar ofte medverke til at dei så og seie må omkode ein heil kulturell orden for å kunne «sjå» sine tilskrivne statusar. Det vil blant anna bety ei omkoding av verkelegheitsforståingar og interaksjonsformer som det politiske hegemoniet oppfattar som naturlege (Bourdieu 1990).

### *Kjønnsrelasjonar, alder og rang*

Materiale avdekka minst to hovudformer for maktassymetri i forholdet mellom kvinner og menn som også var prega av betydningar av alder. Desse har eg kategorisert som (1): paternalisering og (2) kjønnsobjektivisering. Som delvis innevevd i kvarandre såg dei også ut til å vere styrt av felles føresetnader. Den form for assymetri som det var lettast å få auge på var ulike mønster av paternalisme. Paternalisme vart også registrert i relasjonar mellom menn, men mest utbreidd og tydeleg i relasjonar mellom kvinner og menn.

Det mest typiske mønsteret bar preg av den klassiske far/dotter relasjonen. Ein maktrelasjon som hovudsakleg blir legitimert gjennom aldersforskjellen, og ofte omtalt som ein overgangstilstand. Ein slik tilstand er kjenneteikna av nødvendig opplæring i normer og prosedyrer, av beskyttelse og tidsavgrensa ansvarsovertaking. (Kvande og Rasmussen 1990). Eit ønske om å kome seg ut av dotterrolla og inn i ein meir likestilt posisjon, kom til uttrykk på fleire måtar:

*(1) «..det er nesten følt å si det, men etter lederkonferansen ringde presidenten til meg og gav meg ros for opplegget om klubbledelse. Jeg følte det som jeg fekk ros av pappa.» (2) «Uff! Jeg måtte til slutt be om avstemning for å få presidenten til å skjønne at jeg var uenig og ikke bare uvitende.»*

Paternalistiske haldningar blir legitimert med at dei er til kvinners beste (Kvande og Rasmussen 1990). Den typiske reaksjonen på slike relasjonar, var ambivalens. På den eine sida sette kvinnene pris på å få vite kva kulturelle forventningar som vart stilt. På den andre sida ville dei bli handsama som likeverdige og få uttelling for eigne vere- og tenkemåtar. Ei utrykte at ho følte det som ei: «*tvangstrøye*» å måtte opptre som: «*fars lydige jente.*»

Fleire mannlege styremedlemar som viste paternalistiske veremåtar, grunn gav desse utfrå omsorgs- og ansvarsmotiv. Ein kommenterte sin veremåte slik:

*(1) «.N.N..og flere med henne mangler helt grunnleggende kulturkompetanse og skjønner ikke hva som føregår. Jeg prøver derfor å lære de opp hele tida, jeg – slik at de på sikt skal få det lettere.»*

I ein paternalistisk relasjon er det den overordna som bestemmer sanksjonsformene. Det medverkar ofte til at dei underordna blir meir redde for å gjere feil, få kritikk og negative sanksjonar (Kvande og Rasmussen 1990). Slike kjønna makt- og situasjonsforskjellar inneber, iflg Ødegaard (1991) ofte avventande og sjølvforminskande praksisar blant kvinner, samstundes som menns sjølvforstørrande praksisar kan framstå som meir legitime og naturlege. Observasjonar av interaksjonsmønsteret avdekka slike kjønna veremåtar.

Undersøkelser av kjønnsrelasjonar i organisasjonar viser at kjønnsobjektivisering<sup>21</sup> er ein maktrelasjon som kjem til uttrykk i mange og dunkle former (t.d. Collinson & Hearn 1996, Keerfots & Knights 1993, Kvande og Rasmussen 1990). Den form for kjønnsobjektivisering som var mest synleg i idrettspolitiske fora, var ulike kommentarer frå menn til kvinner knytt til kvinnelege eigenskapar som utsjånad og heteroseksuell attraktivitet i samanhengar der dette var irrelevant. Eit typisk døme kan vere ein kommentar frå ein mannleg representant til ein av sine kvinnelege kollegaer under ein budsjettdebatt:

*«Her må vi da snakke om helt andre beløp... Men .N.N... er nå så veldig søt og snill, så hun vet jo at vi har lite penger.»*

I eit av intervjua fortalde ei av dei yngste kvinnene at når ho ved eit par høve hadde henvendt seg til presidentskapet på gangen, fordi ho var kritisk til det som hadde skjedd i møteromet, hadde ho som respons berre blitt konfrontert med kor sexy ho var. Og ho formulerte sin reaksjon slik:

*«Disse situasjonene setter meg helt ut av spill – jeg rødmer og vet ikke hvordan jeg skal takle slikt – jeg blir veldig usikker og vet ikke hvordan jeg skal forholde meg til de videre.»*

Betyr slike asymmetriske relasjonsmønster at kvinner og «nykomarar» må bygge opp autoritet og maktgrunnlag på heilt andre premisser enn dei som sit i maktposisjonar og er ein del av det kulturelle hegemoniet? I posisjonen som kvinne har du heller ikkje den tilsynelatande kjønnsnøytrale mannsdominansen i ryggen som ein slags generell legitimitet. Typisk for kvinnelege styremedlemar i materiale var at dei stort sett valde å eksponere sitt kritiske potensiale og sine kjønna erfaringar, framfor ei tilpassing til mannsdominerte vilkår. Dei fleste hevda å vere lite interessert i å utøve makt på mannlege premisser. Men nesten alle valde likevel til slutt «drop-out strategien»; dei fann det over tid vanskeleg å takle og finne mening i dei innflytelsesvilkåra dei møtte. Men for mange var dette tydelegvis eit val fylt med ambivalens og tvil.

## 8. Tilbaketrekking – kapitulering eller motstrategi?

Samtalar kvinner i mellom i uformelle samver<sup>22</sup>, bar preg av ekskluderinga frå menns uformelle «møter» og maktfellesskap. Dei handla mykje om frustrasjonar knytt til opplevingar av maktesløyse, og korleis slike forhold påverka motivasjon og sjølvkjensle. Mange gav uttrykk for at dei på førehand hadde trudd at dei ville handtere interaksjonsformene og arbeidsstilen på ein meir konstruktiv måte. Dei mekanismene som medførte neglisjering og utestenging, såg ut til å vere mest vanskeleg å tolerere og leve med.

Kvinnene søkte mykje støtte i kvarandre; blant anna på kor viktig det var å forsøke å vere eit kritisk korrektiv og utøve ei alternativ politikarrolle. Med forventningar om likestilte muleghetar, kom det likevel ofte til uttrykk stor misnøye med å berre føle seg som: «uromoment» og «sand i maskineriet», som det vart formulert. Eit dilemma som ofte vart nemt, var misforholdet mellom egne målsetjingar og muleghetar. Ei kommenterte dette slik:

*«Jeg trodde jeg skulle få gjort så mye mer – og jeg opplever det så vanskelig utad å forsvare min egen innsats.... Men jeg tror ikke det nytter, slik NN... og klikken på toppen tar ting på (...) så jeg ønsker meg vel bare ut av det, selv om jeg burde lære meg å bli tøffere».*

Av dei kvinnelege styremedlemane i dei to studiekontekstene, ønska berre to (av åtte) å stille til gjenval. Det betydde at eit fleirtal av kvinnene valde å trekke seg ut av prestisjefylte idrettspolitiske verv etter berre ei valperiode. Dette mønsteret er i tråd med den høge «turn over» blant kvinner vist i andre undersøkingar (Hovden et. al 1993). Hovudargumentet for å trekke seg ut var at dei heller ville bruke kompetansen og energien sin innanfor verksemder der engasjementet deira vart meir verdsett. På dette grunnlag kan det vere vanskeleg å tolke valet om tilbaketrekking som ein eintydig defensiv strategi. Men likevel er det vel meir rimeleg å tolke det som ei slags kapitulering enn som ein medviten kjønnspolitisk motstrategi? Utfrå organisasjonens kjønnspolitiske mål kan kanskje høg «turn over» og få villige kvinner på sikt bli så problematisk at situasjonen framstår som eit organisasjonsproblem snarare enn som i dag, som eit individuelt problem eller «kvinneproblem» (Hovden et. al. 1993).

## 9. Skaper kjønnsintegrering nye former for kjønnssegregering?

Det interaksjonsmønsteret som dominerer i denne studien, indikerer at når kvinner kjem inn på mannsdominerte arenaer, og menn og kvinner blir stilt overfor kvarandre som formelt likestilte, blir ulike former for kjønnsdeling, kjønnsbilder og kjønnspekt og gjenspekt. Mange av desse formene minner lite om likeverd, likestilt innflytelse og full kjønnsintegrering. Vi ser tendensar til at kvinners nye rolle som formelt likestilte og integrerte, utløyser meir uformelle former for kjønnssegregering. Kjønnspreget i interaksjonsmønsteret kan tyde på at kvinner, trass i erklært kjønnsnøytralitet, på nytt blir ekskludert frå rom og korridorar, der mesteparten av definisjonsmakta er plassert. Forventningar om likestilte innflytelsesvilkår under usynleg mannsdominans, ser med andre ord ut til å støyte mot den underliggande kjønnskoda på ein slik måte at dei mekanismene som gjenspeker kjønnsdeling og rang, får liten institusjonell motstand. Nyare analyser av kjønn og kjønnsrelasjonar i organisasjonar viser endringar i betydningar knytt til innhald og organisasjonsform, men langt mindre når det gjeld rang (t.d Acker

1993, Collinson & Hearn 1996, Folgerø Johannessen 1994). Tendensen er at betydningane framstår som mindre dikotome, meir flytande og mindre tydelege, men framleis prega av menns relative overordning. I idrettspolitiske kontekster ser vi at sjølv om kvinner og menn møter kvarandre som formelt likestilte, møter dei samstundes handlingsvilkår som reflekterer kulturelle betydningar av kjønn som makt og forskjell. Blant anna at dominerande maskuline veremåtar og maktformer blir oppfatta som selvfølelege og naturlege og kvinnedominerte som prega av etterslep.

Ei kjønnspolitisk utvikling, der endringane i kjønnsrelasjonene framstår som meir komplekse og fleirtydige enn før, betyr at det blir meir innfløkt å forstå kvifor t.d. dagens kjønnsstruktur framstår så hardkoda. Er det uttrykk for motstand mot større likestilt innflytelse og ei form for konsolidering av politisk hegemoni, eller er det andre sterke kulturelle føringar som påverkar og gjenskaper etablerte maktmønster? Dei betydningar av kjønn som analysene i denne samanheng avdekkjer, indikerer ein kjønnspolitisk situasjon som på fleire måtar framstår som paradoksal. Samtidig som kjønnspolitiske tiltak resulterer i ei større formell integrering av kvinner i idrettens beslutningsorgan, ser det ut som kjønnsrelaterte beslutningspraksisar skaper nye former for kjønnssegregering og maktassymetri. Som formelt likestilte beslutningaktørar opplever kvinner segregering og underordning på nye og ofte meir uformelle og subtile måtar. Det som frå utsida blir oppfatta som ei utvikling mot større kjønnsintegrering og likestilling, kan i realiteten bety ei utvikling av nye kjønnsrelaterte maktformer som tenderer mot å gjenskape kjønnsstruktur som det kjønnspolitisk blir forsøkt å endre. Eit uavklart spørsmål er om slike nye former for hierarkisering og segregering først skjer når kvinner blir sand i maskineriet?

## Litteratur

- Acker, Joan (1990): Hierarchies, Jobs, Bodies: A theory of gendered organizations. *Gender & Society* (4),2:139–158.
- Acker, Joan (1992): Gendering organizational theory, i Mills, A.J. og P Tancred, eds.: *Gendering Organizational Analyses*. California: Sage
- Acker, Joan (1993): Å kjønne organisasjonsteori. *Nytt om kvinneforskning* (17), 1:18–31.
- Bergquist, Christina (1995): The declining corporatist state and the political gender dimension, i Karvonen, L and P. Selle, eds.: *Women in Nordic politics. Closing the Gap*. Ipswich: Dartmouth Publishing Company.
- Bourdieu, Pierre (1990): Masculin/feminin-2. *Actes de la Recherche en sciences sociales* (84), 2: 2–31.(omsett til norsk av Sunniva Whittaker)
- Collinson, David.L. and Hearn, Jeff (1996): Breaking the Silence: On Men, Masculinities and Management, i Collinson, D.L. and J. Hearn, eds.: *Men as Managers, Managers as Men. Critical Perspectives on Men, Masculinities and Managements*. London: Sage Publications.

- Conell, Robert. W. (1995): *Masculinities*. Cambridge: Polity Press.
- Drake, Irmelin & Solberg, Anne Grethe Solberg (1995): *Kvinner og ledelse – gjennom glasstaket?* Oslo, Tano A/S.
- Fasting, Kari (1994): Idretten – en utfordring for kvinner?, i *Kvinner – En utfordring for idretten?* Rapport fra en konferanse i anledning OL'94 på Lillehammer. Arbeidsnotat 2/94. Sekretariatet for kvinneforskning. Norges forskningsråd.
- Fasting, Kari (1996): *Hvor går kvinneidretten?* Oslo: Norges idrettsforbund og Norges idrettshøgskole.
- Fasting, Kari og Skou, Guro (1994): *Developing Equity for Women in The Norwegian Confederation of Sports*. Oslo: Norwegian Confederation of Sports/ Norwegian University of Sport and Physical Education.
- Folgerø Johannessen, Birte (1994): «Det flytende kjønn». *Om lederskap, politikk og identitet*. Rapport 9410. Bergen: LOS-senteret.
- Fougner, Brit (1993) (red): *Dagens dame – fri og likestilt?* Oslo: Aschehoug
- Frønes, Ivar (1996): Revolusjon uten opprør. Kjønn, generasjoner og sosial endring i Norge på 1980-talet. *Tidsskrift for samfunnsforskning* (37), 1:71–87.
- Gerrard, Siri (1986): *Kvinnens makt og avmakt*. FDH-Rapport:6. Alta: Finnmark distriktshøgskole.
- Hall, Ann. M., Cullen, Dallas & Trevor Slack (1989): Organizational Elites Re-creating themselves: The Gender Structures of National Sport Organization. *Quest* (41): 28–45.
- Hedlund, Gunn (1996): «Det handler om prioritering». *Kvinnors villkor och interessen i lokal politik*. Ørebro Studies 14. Ørebro: Høgskolan i Ørebro.
- Hirdmann, Yvonne (1990): «Genussystemet. I: *Demokrati och makt i Sverige*. Maktutredningens hovudrapport. Stockholm: Statens offentlige utredninger 1990: 44.
- Holter, Harriet (1982): Kvinnevilkår og fellesskapsformer, i Holter, H., red.: *Kvinner i fellesskap*. Oslo-Bergen-Tromsø: Universitetsforlaget.
- Holter, Harriet (1996): Kjønn, politikk og kvinneundertrykking. I Holter, H., red.: *Hun og Han. Kjønn i forskning og politikk*. Oslo: Pax.
- Hovden, Jorid (1998): *Why 'heavy weight' Men and young Women. Selection Mechanisms for Elected Positions in Norwegian Sport Organizations*. Paper at the ISSA Conference: «Sociological Knowledge of Sport: Heritage, Challenges Perspectives». Montreal, 26th. July – August 1st.
- Hovden, Jorid (1999): *Kjønn i idrettspolitiske diskursar. Om profilering, rasjonalitet og hegemoni*. Høgskolen i Finnmark. Upublisert.
- Hovden, Jorid, Solheim, Liv og Andreassen, Aslaug (1993): *Er det prisen verdt?* Oslo: Norges idrettsforbund.
- Haavind, Hanne (1985): Forandringer i forholdet mellom kvinner og man. *Kvinnovetenskapligt Tidsskrift* (6), 3:17–28.
- Haavind, Hanne (1988): Er et kjønnsnøytralt menneskesyn et vitenskapelig ideal? *Nordisk Psykologi* (40), 309–324.
- Haavind, Hanne (1989): Rasjonalitet, makt og følelser. *Nytt norsk tidsskrift*, (6) 3:248–262
- Haavind, Hanne (1994): Kjønn i forandring – som fenomen og som forståelsesmåte. *Tidsskrift for Norsk Psykologiforening* (31), 9:767–783.
- Kanter, Rosabeth. Moss (1977): *Men and Women of the Corporation*. New York: Basic Books.
- Karvonen, Lauri og Selle, Per (1995): Introduction: Scandinavia: A case apart, i Karvonen, L. og P. Selle, eds.: *Women in Nordic Politics. Closing the Gap*. Aldershot: Dartmouth.
- Kerfoot, Deborah and Knights, David (1994): Into the Realm of the Fearful: Power, Identity and the Gender Problematic, i Radtke, H.L. and Stam, H.J., eds.: *Power/ Gender*. London: Sage Publications
- Klausen, Kurt, K. og Selle, Per (1995): Fri-

- villig organisering i Norden, i Klausen, K. K. og P. Selle, red.: *Frivillig organisering i Norden*. Oslo: Tano A/S
- Kvande, Elin & Rasmussen Bente (1990): *Nye kvinneliv. Kvinner i menns organisasjoner*. Oslo: Ad Notam. Arbeidslivsbiblioteket.
- Martin, Patricia.Y (1996): *Gendering and Evaluating Dynamics: Men, Masculinities and Managements*, i Collinson, L. and J. Hearn, eds.: *Men as Managers, Managers as Men*. London- Thousand Oaks- New Dehli: Sage Publications.
- Likestillingsrådet (1995): *Mini-fakta om likestilling*. Oslo: Likestillingsrådet
- Lindgren, Gerd (1985): *Kameratar, kollegor och kvinnor*. Umeå: R.R. Sociologiska Institutionen.
- Lindgren, Gerd (1992): *Doktorar, systrar och flickor*. Stockholm: Carlssons.
- Lindgren, Gerd (1996): *Broderskapets logik. Kvinnovetenskaplig tidskrift (19), 1:4-14*.
- Norges idrettsforbund (1994): *Lovhefte. 1. opplag*. Oslo: Norges idrettsforbund.
- Norges idrettsforbund (1996): *Resultatrapport for norsk idrett 1995*. Oslo: Norges idrettsforbund.
- Waage, Kjellaug (1983): *Kvinner som lærere og skoleledere. En drøfting av dilemmaer omkring kjønnsstilling og utdanning/stillingsvalg i ulike livsløpsfaser*, i Skrede, K. og K. Tornes, red.: *Studier i kvinners livsløp*. Oslo- Bergen- Stavanger- Tromsø: Universitetsforlaget.
- Scott, Joan (1986): *Gender: A useful Category of Historical Analyses*. *American Historical Review (91):1053-75*.
- Skjeie, Hege (1992): *Den politiske betydningen av kjønn. En studie av norsk topppolitikk*. Rapport:11. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Søndergaard, Dorte Marie (1993): *Køn på universitetet - kvalifisering til et maskulinthandlerum*, i Eriksen T.R. et al. red., *Køn i forandring. Ny forskning om køn, sosialisering og identitet*. København: Forlaget Hyldeespjæt.
- Theberge, Nancy & Birell, Susan (1994): *Ideological Control of Women in Sport*, in Costa, M.D. & S.R. Guthrie, eds.: *Women and Sport. Interdisciplinary Perspectives*. Champaign: Human Kinetics.
- Ødegaard, Tone (1991): *Den elskverdige kvinnen. Mønstre og mangfold*, i Haukaa, R., red.: *Nye kvinner og nye menn*. Oslo: Ad Notam.

## Notar

- 1 Eg vil rette ei stor takk til 1. amanuensis Beatrice Halsaa, Høgskolen i Lillehammer for stimulerande og konstruktive kommentarer i alle faser av arbeidet med artikkelen. Vidare vil eg også takke tidsskriftet sine anonyme konsulentar og redaktør Ann Nilsen for nyttige kommentarer og endringsforslag.
- 2 Begrepet: 'idretten' blir i denne samanheng og vidare brukt om den organiserte idretten; NIF som paraplyorganisasjon.
- 3 Den endelege lovparagrafen om kjønnskvotering vart vedtatt på Idrettstinget i 1990. Denne er formulert i NIF's lover, paragraf 2-4, slik: «Ved valg/oppnevning av representantar til ting, samt medlemmer til styrer, råd og utval i NIF og NIF's organisasjonsledd skal det være kandidater/representanter fra begge kjønn. Kjønnfordelingen i medlemsmassen i det enkelte organisasjonsledd skal være retningsgivende for sammensetningen, dog slik at det er minst



- to representanter fra hvert kjønn. Dette gjelder ikke i råd og utvalg m.v. som består av 3 medlemmer eller færre.
- Idrettstyret kan når det foreligger særlige forhold gjøre unntak fra denne bestemmelse.» (NIF 1994:7)
- 4 Gramsci (1971) har i sine analyser av politisk hegemoni vektlagt det ideologiske aspektet. Han definerer hegemoni som ein situasjon, der leiande grupper klarer å oppretthalde sin dominerande posisjon ved at kulturelle føringar verkar til deira fordel. I denne samanheng blir begrepet brukt i denne betydning.
  - 5 Feministar og forskarar forstår kjønn på mange ulike måtar, og det er også usemje om kva forståingsrammer som er mest fruktbare. Bruken av kjønn som sosial kategori er forholdsvis ny og har stort sett vore knytt til feminismen sine mål om å endre dominante bevissthetsformer.
  - 6 Hovudcaset mitt vart studert nært og systematisk over ei feltarbeidsperiode på 2 år; i denne perioda deltok eg på alle styremøta i caset. I forkant av perioden; gjennom ca 1 år føretok eg del meir eksplorative studier av caset for å finne ut om det ville egne seg for å studere dei problemstillingar eg hadde planlagt, samt å drive lobbying for å få tilgjengelegheit til å drive feltarbeid. Det andre caset som også vil bli omtala og referert i denne artikkelen, var eit av to perspektivcase. Desse vart valt ut for å gi meg perspektiv på dei interaksjonsformene og måtane å drive politikk på, som dominerte i mitt hovudcase. Målet med å sjå på liknande case, var å få hjelp til å identifisere det kjønntypiske i slike prosessar og samstundes få blick for variasjon og mangfald.
  - 7 Fordi eg var kvinne var det lett å få tilgang til kvinners uformelle samversformer og tilsvarende vanskeleg å få tilgang til menns. Eg prøvde likevel gjennom eit medvite «detektivarbeid», hovudsakleg gjennom tilgang til «sekundærkjelder» og ved å «intervjue» enkelte av dei mannlege representantane i etterkant av møta, å få tak i både omfang, form og innhald i menns uformelle samver og nettverking. Observasjonane mine frå møteromet viste på eit tidleg tidspunkt at dei uformelle interaksjonsmønstra som særleg grupper av menn hadde utvikla seg imellom, hadde stor betydning for samhandlingsmønsteret, såvel som for beslutningsutfallet i møteromet.
  - 8 Generalsekretæren spelte ei svært viktig rolle i beslutningsprosessen. Han sto ansvarleg for saksførebuinga til styremøta, samt hadde innstillingsrett i alle styresaker. Fordi han var heiltidstilsett og dagleg leiari av organisasjonen, var han også den som sat inne med mest informasjon om det som skjedde på overordna plan såvel som på ulike verksemdsområde.
  - 9 Mitt hovudcase hadde 4 mannlege styremedlemmer, herav to i maktposisjonane som president og visepresident og 3 kvinner. Av varamedlemmane var 2 kvinner og ein mann. 1.varamedlem var kvinne og ho møtte fast på styremøta, men hadde ikkje stemmerett. I perspektivcaset var styret større; 10 medlemmer herav berre 3 kvinner. Varamedlemmane: 1 kvinne og 2 menn møtte også fast på styremøta, men hadde ikkje stemmerett. Også i dette styret var generalsekretæren mann og hadde dei same funksjonane som i mitt hovudcase. I dette styret var visepresidenten kvinne. Det var eit medvite val for å kunne fange opp kva dette såg ut til å bety når det gjalt kjønnsrelatert samhandling og maktutøving.
  - 10 Denne kartlegginga vart utført av konsulent Beate Kristensen (1994) i NIF etter forespørsel frå meg.
  - 11 Denne påpeiking av forskjellar i alder og erfaring betyr imidlertid ikkje at desse så og seie kan «oppheve» betydningar av kjønn. Kjønnsdimensjonen, som er hovudfokus i denne samanheng, er verksam i all samhandling, samstundes som kjønn aldri vil vere den einaste differensieringskoda som har betydning i ein samhandlingssituasjon. Eg vil omtale og utdjupe dette samspelet seinare i artikkelen.
  - 12 Beskrivelsane/sceneklippa er bygt på to utvalde møtesekvensar av observasjonar frå

møteromet. Materiale er frå mitt hovudcase og sceneklippa er valt utfrå målet om å illustrere typiske trekk ved det kjønnsprega interaksjonsmønsteret i caset. Ein slik måte å presentere data på indikerer at innanfor denne type rammer, er det umuleg å gi eit heilskapeleg og variert situasjonsbilde.

- 13 For å framheve informantane sine stemmer i teksta har eg valt å utheve dei. Eg har valt å gjengi dei i normalisert bokmålsform framfor dialekt for å anomymisere dei mest muleg. Stipla line eller NN vil bli brukt istaden for bruk av namn. Eg har heller ikkje markert kva for case dei ulike stemmene tilhøyrer. Fordi eg i denne samanheng har konsentrert meg om å beskrive det kjønnsmønsteret som var typisk, har det liten betydning kva case stemmene tilhøyrer.
- 14 Dette var den saka hovudcaset mitt brukte mest tid på i styreperioda.
- 15 Denne framgangsmåten kunne veljast, fordi presidenten i kraft av sin posisjon har rett til å føreslå kandidatar til internasjonale verv direkte, utan førehands godkjenning av styret.
- 16 Analyser av hegemoni framhevar blant anna at ein praksis ikkje vil få status som hegemonisk utan eit visst samsvar mellom kulturelle ideal og institusjonell makt.
- 17 Det datamateriale som i det vidare blir presentert når det gjeld uformelle beslutningspraksisar, har blant anna kome fram ved såkalt «konfrontasjon»; eg «konfronterte» informantane mine med dei observasjonane eg gjorde av uformelle interaksjonsmønster i beslutningsprosessen. Blant anna dei aktivitetene eg hadde observert føregjekk i pauser og på kveldane, og det som eg hadde fått rapportert om gjennom andre kjelder (t.d personar i administrasjonen). T.d observerte eg kven som snakka saman i pausene, kven som gjekk tur saman og kven som møttest på hotellrommet om kvelden. Andre fortalde meg om «formøter» på Fornebu eller om «møter» på hotellet i forkant av styremøta. I samtalanene i etterkant prøvde eg å få vite kva politiske saker som vart diskutert. Dette vart det svært lite direkte på. Det var, ikkje uventa, vanskeleg å få den enkelte til å snakke konkret om slike forhold.
- 18 Eg var deltakar på konferansen der innlegget vart presentert. Eit referat frå konferansen, der innlegget vart fyldig omtalt, kom seinare på trykk i «Finnmark Dagblad» (Referent: Jan Erik Andreassen) 15. nov. 1994. Begge desse kjeldene ligg til grunn for framstillinga.
- 19 Denne haldninga såg ut til å vere tydeleg relatert til kjønn. Kvinner meinte stort sett at arbeidsmåtene måtte vere i tråd med frivillige ideal, medan dei fleste menn ville drive idrettsarbeidet såkalt meir profesjonelt; meir i tråd med krav i næringslivet.
- 20 Som samanvevde relasjonar vil begge ha betydning samtidig, men likevel slik at i nokre kontekster vil den eine kunne få tilskrivne større betydning enn den andre. Det betyr at i enkelte situasjonar og kontekster blir alder sterkare aktualiserast enn kjønn, medan i andre samanhengar vil det vere omvendt.
- 21 Begrepet 'kjønnsobjektivisering' blir i denne samanheng brukt i tråd med Kvande og Rasmussen (1990) sin definisjon; om situasjonar der menn utdefinerer kvinner ved å omtale deira kvinnelege eigenskapar, plassere dei i ei kjend kvinnerolle eller gjere dei til kjønnsobjekt istadenfor til likestilte samtalepartnarar og fagpersonar.
- 22 Eg deltok i desse samvera når eg vart inviterte med, og særleg på slutten av feltarbeidsperioda når eg var godt kjend med alle, vart eg nesten alltid invitert.

 *Summary*

*When women become 'sand in the machinery'  
Gender, interaction and power in decision-  
making processes in sports organizations.*

Women's entry and increased integration into male-dominated arenas have been characterized as a revolution without revolt. This article examines meanings of gender when men and women face each others as equal decision-makers and represent each other's possibilities. The focus is on patterns of interaction and power in organizational processes, and how men and women encounter their gendered surroundings. The empirical basis is an ethnographic study of decision-making processes within Norwegian sports organizations.

The analysis illustrates how male-dominated arenas like sports politics, perceived as gender-neutral, create and recreate gendered impacts related to working style, patterns of interaction and exercise of power in ways which subordinate women's opinions, experiences and ideals of decision-making. Women resist dominant practices in different ways, e.g. through criticizing and suggesting of alternative procedures.

The dominant interaction patterns and relations among men and women, indicate how women in their new roles as formal equals are facing a paradoxical situation: subordination and segregation related to gender in new and often more informal and hidden ways. Could it be that participation on equal terms promotes the gender political situation women are trying to change? A crucial question, however, is whether these new forms of gendered hierarchy first appear when women's behavior represents 'sand in the hegemonic machinery'?



## **ARTIKKEL 4**

**Møter mellom marknad og omsorg.  
Om ideologiske konflikter og betydningar av kjønn og makt i  
idrettspolitiske beslutningsprosessar.**

**Sendt til publisering i Kvinnevetenskapelig tidsskrift.**

**(Har fått tilbakemelding frå Kvinnovetenskapelig tidsskrift at dei er svært interessert i artikkelen, men veit enno ikkje kva nummer av den planlagde utgivelsen den kan passe inn i.)**



# **MØTE MELLOM MARKNAD OG OMSORG**

**Om ideologiske konfliktlinjer og betydningar av kjønn og makt i idrettspolitiske beslutningsprosessar<sup>1</sup>**

av

**Jorid Hovden**

---

<sup>1</sup> Eg vil rette ei stor takk til 1. amanuensis Beatrice Halsaa, Høgskolen i Lillehammer, for konstruktive og stimulerande kommentarer og råd i samband med arbeidet med artikkelen.

# **MØTE MELLOM MARKNAD OG OMSORG**

## **Om ideologiske konfliktlinjer og betydningar av kjønn og makt i idrettspolitiske beslutningsprosessar**

Den eksplosive veksten i den organiserte idretten<sup>1</sup> i Norge på 1970-talet var prega av aukande kvinneorganisering. Kvinner stilte krav om lik rett til å delta i alle former for idrett og klarte etter fleire års aktiv likestillingskamp å opne store mannsbastionar som Norges Fotballforbund for kvinner. Sjølv om kvinner i dag stort sett kan delta i dei same aktivitetane som menn, er det likevel stor skilnad på kvinner og menns idrettsengasjement (Fasting 1994; Hovden 1994, Rafoss 1993). På idrettsarenaer med makt og prestisje er kvinner relativt sett i markert mindretal (Fasting 1996; Skirstad 1999). Som på mange andre samfunnsområde, ser det ut som forventa synergieffektar av aukande kvinneintegrering i form av aukande innflytelse, delvis har uteblitt.

Parallelt med kvinners inntog har det skjedd ei sterk marknadsretting av idretten både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Vi er vitne til ei utvikling der idrettsleg verksemd i stadig større grad blir gjort til prestasjonsproduksjon og tenesteyting. Studier av moderne idrettsorganisasjonar antyder at omstillingar og tilpasningar knytt til ytre marknadskrav, skaper nye muleghetar for enkelte medlemsgrupper og nye hindringar for andre, og blant dei sistnemde er kvinner (Slack 1997; Whitson & Macintosh 1989). Det er menn som dominerer i maktposisjonar og framstår i rollene som "moderniseringsagentar" (Selle og Øymyr 1995, Skirstad 1999). Slike utviklingstrekk antyder at organisasjonsmål knytt til likestilling og kvinneintegrering ser ut til å støyte mot marknadsens føringar og krav. Men er det slik at ei samtidig kvinne- og marknadsintegrering genererer nye idrettspolitiske brytningar og verdikonfliktar?

Denne artikkelen handlar om korleis sentrale ideologiske konfliktlinjer i idrettspolitikken er relatert til betydningar av kjønn og makt. Den viser og drøftar korleis kvinnelege og mannlege idrettspolitikarar ofte har ulike ideologiske referanserammer, korleis desse pregar politiske konfliktlinjer og aktualiserer betydningar av kjønn og makt. Artikkelen inneheld to delar. Den første delen set søkelys på enkelte kontekstuelle og teoretiske aspekt



som har stått sentralt i arbeidet med å tolke og forstå det empiriske materiale, som blir presentert og diskutert i del to. I utvikling av teoretiske perspektiv og analysegrep har eg i tillegg til kritiske studier av idrettsorganisasjonar, dratt vekslar på kritiske og feministiske analyser av politikk, rasjonalitetsformer og makt. Dei empiriske analysene i del to er basert på eit materiale som er samla inn gjennom eit etnografisk studium av betydningar av kjønn i idrettspolitiske beslutningsprosessar. Materialet er eit resultat av konkrete studier av idrettspolitiske fora innan Norges Idrettsforbund (heretter forkorta til NIF), der fokus var retta mot betydningar av kjønn knytt til samhandling, oppfatningar og tenkemåtar. Analysene tar sikte på å vise korleis idrettspolitisk profilering, ulike rasjonalitetsformer og verkelegheitsforståelsar er kopla til makt- og dominansforhold, som ofte gir kvinner og menn ulike idrettspolitiske roller og muleghetar. Innleiingsvis i den første delen vil eg ta opp enkelte kontekstuelle aspekt som kan kaste lys på kva vilkår og føringar som pregar dagens idrettspolitikk.

## **Idrettspolitikk, marknad og kjønn**

Sidan slutten på 70-talet har idrettens utvikling vore kjenneteikna av marknadsintegrering og kommersialisering. Både på lokalt og nasjonalt plan utgjer sponsorering ein aukande del av idrettens inntektsgrunnlag (Stortingsmelding nr. 14, 1999-2000). Det antyder at idrettspolitikk i stadig større grad dreier seg om marknadstilpasningar. Utfrå mediabilder av idrettsbegivenhetar kan det sjå ut som det politiske hegemoniet er heilt overtatt av marknadsaktørar. Slike transformasjonar aktualiserer spørsmål om korvidt det framleis gir meining å kalle idretten ein frivilleg organisasjon eller ei folkerørsle, der idrettens samfunnsetiske grunnverdiar som helse, likestilling og fellesskap er grunnlaget (Selle 1995). Dagens utviklingstrekk viser ein institusjon prega av eit tvetydig ideologisk ansikt. Eit ansikt med klare konturar av interne verdikonfliktar, som vitnar om eit organisasjonssystem i sterk omstilling (Ibsen 1992; 1995; Rafoss 1993; Selle 1995; 1999; Skaset 1991). Med andre ord ein idrettspolitisk situasjon som inviterer til ideologisk markering.

På 1990-talet har NIF's kjønnspolitikk som i samfunnet elles, vore prega av integreringsstrategiar. Ansvar for likestilling skal vere integrert på alle verksemdsområde i organisasjonen:

*"... Gjennom full integrering skal det oppnås likeverd og likestilling mellom kvinner*

*og menn i alt idrettsarbeid." (NIF 1996:44.)*

NIF vedtok allereie i 1987 ein bestemmelse om kjønnskvotering. Bestemmelsen er i dag inkludert i NIF's lover og sikrar kvinner ein minimumsrepresentasjon i alle beslutningsorgan.<sup>2</sup> Kjønnskvotering har medverka til at kvinners status i styreroma er endra frå "einsleg svale" blant menn, til eit kvalifisert mindretal og med muleghetar til å framstå som ei interessegruppe og påverke kulturelle forhold i organisasjonen (Kanter 1977). I dag er omlag 35 % av styremedlemene i organisasjonen kvinner. På nasjonalt nivå, der kampen om verva er hardast, er kvinnerepresentasjonen lavare; omlag 25 % (NIF 1996). Bestemmelsen om kjønnskvotering har imidlertid hatt liten politisk betydning når det gjeld å skape større kjønnsbalanse i sentrale makt- og leiarposisjonar. På nasjonalt nivå (særforbunds nivå) innehar menn i dag omlag 95 % av topposisjonane; posisjonane som president. På regionalt nivå er tilsvarande kjønnsfordeling i underkant av 90 % (NIF 1996). Vi står med andre ord framleis overfor ein kjønnspolitisk situasjon, der menn i tillegg til å vere i fleirtalsposisjon, innehar leiarposisjonane i dei fleste idrettspolitiske beslutningsorgan. Kvinners formelle status som "likestilt" og "integrrert" inneber dermed å forvalte interesser i fora der menn dominerer og i dei fleste tilfelle har størst posisjonsmakt.

Eit sentralt argument bak vedtaket om kjønnskvotering i 1987 var å gi kvinner større muleghetar for å forme idrettspolitikken innhald (NIF 1987). Sjølv om kjønnskvoeringsbestemmelsen har medverka til større kvinnerepresentasjon og svekka mannsdominansen på mange idrettsområde, har vi lite kunnskap om kva ei aukande kvinneintegring har betydd for politikken innhald. Også i dag engasjerer kvinner seg mest på mindre prestisjefylte verksemdsområde som barne- og ungdomsidrett og i aktivitetar der sosiale aspekt blir vektlagt. Menn derimot, dominerer i organisasjonsaktivitetar knytt til konkurranse- og toppidrett (Fasting 1996; Hovden 1989; Karlsen 1995; Rafoss 1993). Kan slike former for kjønnssegregering gjenspegle at kvinner og menn også har ulike politiske oppfatningar om idrettens samfunnsmessige rolle og verdi og legg vekt på ulike politiske prioriteringar og interesser?

Den store nordiske forskingsinnsatsen omkring kvinners inntog i det politiske liv, har vist at aukande kvinnedeltaking på visse måtar har representert ein politisk forskjell (Halsaa 1989; Hedlund 1996; Holter 1996; Heidar 1989; Raaum 1995, Skjeie 1991; 1992). Hege

Skjeie framhevar i sine studiar av toppolitikken at i tillegg til spørsmål knytt til likestilling, blir ei ny og auka fokusering på omsorgspolitik og omsorgsoppgåver oppfatta av både kvinner og menn som kvinners viktigaste bidrag til ein ny politisk dagsorden (Skjeie 1991). Kvinner er meir tilbøyelege til å profilere og prioritere sosialpolitikk og velferdssaker, medan menn i større grad er opptatt av økonomi - og næringspolitikk (Heidar 1989; Skjeie 1991). I sine lokalpolitiske studiar har Gunn Hedlund også avdekkja kjønnsforskjellar i prioriteringar og veremåte, og slike forskjellar blir blant anna forklart med ulikhetar i verkelegheitsoppfatning og livssituasjon (Hedlund 1996). Eit interessant spørsmål er om sentrale idrettspolitiske skiljelinjer avspeglar liknande kjønnsmonster, eller om andre betydingar av kjønn framtrer som meir typiske? Men før eg går over til å presentere kva kjønnsmonster og betydingar av kjønn som pregar mitt empiriske materiale, vil eg utdjupe enkelte sentrale teoretiske komponentar som har forma mine forståingsmåtar, tolkingar og analyser.

### **Kjønnsnøytralisering og kjønn som maktrelasjon**

Å utføre etnografiske studier med hovudfokus på betydingar av kjønn inneber å utforske korleis symbolske, kulturelle og sosiale betydingar medverkar til å konstituere og eventuelt reproducere kjønna handlingsmonster. Eit slikt utgangspunkt inneber imidlertid ikkje at kjønn er den einaste dimensjonen som har betyding og formar kvinner og menns oppfatningar, tenkemåtar og handlingsvilkår. Betydingar av kjønn er alltid innevevd i andre sosialt differensierande og strukturerande relasjonar som t.d. alder og klasse, (Acker 1992, Haavind 1994, Moi 1998). Bortsett frå kjønnsesifikke handlingar som er basert på biologiske kjønnsforskjellar, kan kjønn aleine aldri predikere kvinner og menns handlingar - men vil likevel alltid ha betyding i sosiale relasjonar (Haavind 1994). Å observere og analysere handling og samhandling utfrå ein slik forståingsmåte inneber å problematisere forståelsar om at oppfatningar, prosessar og situasjonar er kjønnsnøytrale. Mannsdominerte organisasjonskontekster som idrettspolitikk, som offisielt blir erklært som kjønnsnøytrale, blir i denne samanheng tolka alternativt; som prega av implisitt maskulinitet. Feministiske og kritiske analyser har vist at implisitte betydingar av kjønn ofte medverkar til å produsere og reproducere kjønnsforskjellar og dominansforhold<sup>3</sup> (t.d. Acker 1990; 1992; Bourdieu 1990;

1999; Folgerø Johannessen 1994; Haavind 1994). Moderne kjønnsnøytralitetsdiskursar impliserer mekanismer som hindrar innsyn i kjønna prosessar, og resulterer ofte i at kvinners erfaringar og subjektivitet blir marginalisert (Haavind 1994, Bourdieu 1999). Ein forståingsmåte som i praksis inneber at ein ser bort frå kjønna realitetar, som ofte er meir til fordel for menn enn kvinner.

Ei forståingsramme som legg vekt på at symbolske og kulturelle tilskrivningar av kjønn vil vere verksame i alle sosiale relasjonar, er blant anna inspirert av Hanne Haavinds teoriar om kjønn som meningsramme og kulturell kode (Haavind 1994; 1998). Kjønn som symbolsk og kulturell ramme for tolking av kvinner og menns handlingar, blir brukt til å kategorisere menneskets kropp, såvel som til å identifisere og spesifisere alle slags fenomen som anten "kvinnelege" eller "mannlege". Med andre ord: Når personar snakkar er den kjønnsbundne koda verksam, fordi kroppen tydeleggjer kjønn til den som snakkar, og den som det blir snakka til (Haavind 1994). Maskulinitet, eller det som blir bestemt som mannleg, blir ein posisjon som kun eksisterer i kraft av å vere ein motsetnad til ein annan posisjon, nemleg den feminine eller kvinnelege. Kva kjønn blir gjort til, blir til eikvar tid bestemt av forholdet mellom det som blir kategorisert som mannleg relativt til kvinneleg (Haavind 1994).

Relasjonen kvinneleg/mannleg blir i vår kultur oftast definert utfrå to gjennomgåande kjenneteikn: makt og splittelse; der makt har størst betydning (Haavind 1988; 1994). Det som blir assosiert som mannleg blir oftast plassert i ein relativt overordna posisjon og får fylgjeleg betydingar som er meir ålmene og viktigare enn det som blir kategorisert som kvinneleg. Å forstå kjønn på denne måten betyr på den eine sida ei bestemt tolking av retninga på maktforholdet mellom kvinner og menn. På den andre sida viser ikkje koda til ein gitt substans som t.d. ei form for mannleg eller kvinneleg kjerne. Innhaldet kan vere flytande og vil variere kontekstuel (Folgerø Johannessen 1994). I denne samanheng har eg undersøkt om - og korleis - betydingar av kjønn som splittelse og makt kjem til uttrykk i idrettspolitiske diskusjonar, og korleis desse ser ut til å påverke politiske konfliktliner og kvinner og menns politiske roller og muleghetar.

Fleire nyare studiar innanfor politikfeltet tematiserer korleis maktstrukturar og dominansforhold påverkar kva for verdiar, rasjonalitetsformer og verkelegheitsforståingar som vinn og taper i politiske beslutningsprosessar (t.d. Flyvbjerg 1991; Hedlund 1996; Vike 1996). Innanfor idrettsfeltet er det ikkje utført liknande studier. Men som ein arena som

tradisjonelt har vore utvikla og styrt av menn, har fleire framheva at idretten representerer eit rom prega av eit maskulint hegemoni, som stort sett har blitt tatt for gitt og framstått som "naturleg" (t.d. Bryson 1990; Fasting 1996; Hargeaves 1994; Hovden et al 1993; Messner & Sabo 1990; Whitson 1990). Ut frå slike føresetnader kan det vere grunn til å anta at idrettspolitikfeltet både på implisitte og eksplisitte måtar, er prega av maskuline hegemoni.<sup>4</sup> Eit kjenneteikn ved hegemonisk makt er at ei dominerande gruppe utøver kontroll over førestillingar og verkelegheitsdefinisjonar og på denne måten sikrar seg tilstrekkeleg oppslutning og samtykke til å gjennomføre sin politikk (Gramsci 1971). Hegemoniske praksisar har dermed betydning for kven sine politiske standpunkt, verdiar og tenkemåtar som får dominere. Bent Flyvbjerg konkluderer i sine studier av rasjonalitet og makt at eit sentralt privilegium knytt til makt, er å definere kva som er verkelegheit:

*"...makten definerer, hvad der teller som viten og hvad der teller som realitet. Magten definerer ikke blot en givet virkelighetsopfattelse, men selve den fysiske, økonomiske, økologiske og sociale virkelighed." (Flyvbjerg 1991:424.)*

Det betyr at makt formar tenkemåtar, og makt og rasjonalitet påverkar kvarandre gjensidig. Makt "*producerer rasjonalitet og rasjonalitet makt*", men likevel slik at makt har ein klar tendens til å dominere over rasjonalitet (Flyvbjerg 1991:423). I mine analyser har eg vore opptatt av å avdekke korleis ulike politiske profileringar, rasjonalitetsformer og tankemodellar er kopla til betydningar av kjønn og makt.

## **Kjønn og rasjonalitetsformer**

I arbeidet med å identifisere, analysere og forstå ulike ideologiske skiljelinjer og tenkemåtar i idrettspolitikken, har eg dratt veksler på studier av ulike rasjonalitetsformer, og særleg feministiske studier av rasjonalitet. Dei sistnemde har gjennom empiriske studier av kvinners kvardagsliv og sosiale vilkår, vore opptatt av å vise korleis rasjonalitetsformer er kontekstuelte forankra og skapt utfrå erfaringar med konkrete aktivitetar.<sup>5</sup> I eit arbeids- og fritidsliv som det norske, prega av kjønnssegregering, er det sannsynleg at kvinner og menn ofte vil utvikle - og handle - utfrå ulike rasjonalitetsformer. Omsorgsarbeid som framleis er eit kvinnedominert erfaringsfelt, blir i stor grad basert på andre målestokkar for rasjonelle handlingar enn dei som pregar mannsdominerte aktivitetsområde (t.d. Ferguson 1984; Gilligan 1982; Rose 1983; Smith 1987; Sørensen 1982; Ve 1982; 1998; Wærness 1987).

Eit mål med utvikling av nye rasjonalitetsbegrep var å innføre nye perspektiv på institusjonelle åtferdsmønster. Bjørg Aase Sørensen utvikla begrepet ansvarsrasjonalitet utfrå den tenkemåten som prega kvinners handlingsval i arbeidsorganisasjonar (Sørensen 1982). Innhaldet i ansvarsrasjonaliteten utforma ho som ein kombinasjon og ei utviding av Weber sine begrep om instrumentell rasjonalitet og verdirasjonalitet. Sørensen (1982) karakteriserer instrumentell rasjonalitet, eller teknisk begrensa rasjonalitet, som eit dekkande begrep for menns tenkesett innanfor bedrifter, der tekniske/økonomiske omsyn har forrang. Innan Max Weber (1990<sup>6</sup>) sin tankemodell er føremålsrasjonelle tenkemåtar kjenneteikna av komponentar som resultatorientering, kalkulasjon, kontroll og effektivitet.

Instrumentelle rasjonalitetsformer kan karakteriserast som aetiske. Dei opererer med eit skilje mellom moral og rasjonalitet (Weber, i Østerberg 1990). Ansvarsrasjonalitet kan utfrå Sørensen (1982) sin beskrivelse også definerast som ei form for mål-middelrasjonalitet. Ein viktig forskjell er imidlertid at ansvarsrasjonaliteten ikkje gir rom for instrumentell bruk av menneske (Ve 1998). Rasjonalitetsforma innber dermed ei verdirasjonell (etisk) vurdering av både middel og mål.

Fleire analyser som tematiserer kjønn og rasjonalitet, har i større grad enn Sørensen lagt vekt på å synleggjere den omsorgslogikken som kvinner ofte utviklar gjennom sosialisering og erfaring (t.d. Gilligan 1982; Skjøsberg 1995; Ve 1982; 1998; Wærness 1987). Wærness (1987) har begrepsfesta denne logikken, eller tenkemåten som "omsorgsrasjonalitet". Omsorgsrasjonaliteten blir omtala som ein systematisk, integrert og relasjonell tenkemåte som er etisk og kontekstuell forankra og kjenneteikna av handlingsstrategiar som skal skape velferd for andre utan forventning om gjensidig nytte (Skjøsberg 1995). Ein tenkemåte som tar utgangspunkt i fellesskapsverdier.

Idretten som frivilleg og ideell organisasjon har tradisjonelt vore prega av ei sjølvforståing, der verdirasjonelle rasjonalitetsformer har stått sentralt. Ønske har vore å representere eit livsrom forskjellig frå arbeid, økonomiske kalkyler, gevinstorientering og byråkratisk forvaltning og med vekt på ideal som solidaritet, frivilleghet, samver og fellesskap (Skaset 1991). Med dagens utviklingstrekk kjenneteikna av aukande marknadsintegrering, er det mykje som tyder på at instrumentelle og føremålsrasjonelle logikkar bryt mot slike ideal og den verdirasjonelle grunnmuren dei er bygd på. I toppidretten indikerer dopingproblemet at helseverdien, som tradisjonelt har vore idrettens fremste

legitimeringsgrunnlag, blir underordna instrumentelle prestasjonsverdiar og den økonomiske gevinsten det gir å vinne for einkvar pris. Men korleis er det muleg å få gjennomslag for slike prioriteringar i ideelle, frivillege organisasjonar bygd på verdiar som helse, fellesskap og fair play? Før eg går over til å vise kva verdikonfliktar og maktforhold som set sitt preg på dagens idrettspolitik, vil eg kort skissere nokre føresetnader og kjenneteikn ved det empiriske materialet som eg i det vidare vil presentere og diskutere.

## **Feltarbeid og utval av case(s)**

Dei påfølgjande empiriske analysene er basert på eit materiale som er bygd opp av feltarbeidsdata knytt til idrettspolitiske beslutningsprosessar. Storparten av materialet er eit resultat av eit intensivt studium av eit hovudcase; eit idrettspolitisk styre på nasjonalt nivå. Beslutningsprosessane i dette styret vart følgt over ei toårsperiode.<sup>7</sup> Datakjeldene var deltakande observasjon av styremøte og andre idrettspolitiske fora, sakspapirer og dokument som låg til grunn for dei observerte beslutningane, samt feltsamtaler og feltintervju med styremedlemar og andre nøkkelpersonar. Målet med feltsamtalar og intervju var blant anna å få utdjupa og testa ut egne oppfatningar knytt til observasjonsmaterialet. Eg la vekt på å etablere eit breidt datainntak og observerte både formelle og meir uformelle beslutningspraksisar.<sup>8</sup>

For å få perspektiv på det mønsteret av oppfatningar og profileringar som etter kvart utkrystalliserte seg i mitt hovudcase, gjorde eg eit strategisk utval av to såkalla "perspektiv cases"; eit nasjonalt og lokalt idrettspolitisk styre, som eg studerte over ei tidsperiode på omlag eit år<sup>9</sup>. I mitt hovudcase intervjuar eg alle styremedlemene i byrjinga av feltarbeidsperioda om personlege mål og ambisjonar, og i slutten av perioda omkring dei observasjonar eg hadde gjort og deira egne oppfatningar og opplevingar knytt til desse. I dei to perspektivcase vart berre sistnemde intervjuform gjennomført.<sup>10</sup> I dei empiriske analysene i denne samanheng har dette intervjumaterialet stått sentralt. Dei utvalde studiekontekstene kan dessutan karakteriserast som prestisjefylte. Det var konkurranse om styreverva, og posisjonering var eit sentralt element i den politiske retorikken. Sentrale idrettspolitiske posisjonar representerer i dag opne karriereveggar som er særleg attraktive for menn (Klausen 1998).

## Kvinnerepresentasjon og erfaringsbakgrunn

I mitt hovudcase var det ca. 40 % kvinner. Perspektivcasa hadde ein lavare kvinnerepresentasjon, meir i tråd med gjennomsnittet i NIF som organisasjon. Bortsett frå mitt perspektivcase på nasjonalt nivå, som hadde kvinneleg visepresident, sat det menn i alle leiande styreposisjonar; i verva som: president, visepresident, leiar, nestleiar og sportsleg leiar.<sup>11</sup>

Studier av kjønn i mannsdominerte organisasjonar har blant anna vist at posisjon, personleg kompetanse og erfaringsgrunnlag har betydning for kvinner og menns muleghetar (Drake 1995; Kvande & Rasmussen 1990). I denne samanheng bar styremedlemene med seg ein personleg bagasje som på fleire måtar var kjønnsprega.<sup>12</sup> Materiale viste små kjønnsforskjellar knytt til personlege ressursar som utdanningsnivå, utdanningslengde og tilknytning til arbeidslivet. Utdanningsnivået blant styremedlemene var gjennomgåande høgt. Nesten alle hadde universitets- eller høgskoleutdanning. Bortsett frå ein mann som var pensjonist, var alle i arbeid på full tid. Kjønnsforskjellane vart derimot meir markerte når det gjalt type utdanning og yrkesval. Pedagogisk utdanning og arbeid i offentleg sektor var klart dominerande blant kvinnene. Dei mannlige medlemene hadde ein meir mangfaldig utdanningsbakgrunn og dekte eit større yrkesrepertoar. Eit fleirtal hadde utdanning innan område som økonomi, administrasjon og offentleg forvaltning og var i leiande stillingar både innanfor næringslivet og offentleg sektor. Ei slik kjønnsprega kompetansefordeling; eit fleirtal kvinner med pedagogisk kompetanse som oftast jobba med barn og unge, og eit fleirtal menn i leiar- og mellomleiarstillingar med kompetanse og erfaring i økonomistyring, administrasjon og personalforvaltning, gjenspeglar meir generelle utdannings- og kompetanseskiljer mellom kvinner og menn (Likestillingsrådet 1996).

Når det gjalt organisasjonserfaring, var det markerte kjønnsforskjellar. Forskjellane var dessutan prega av aldersdimensjonen. Dei mannlige medlemene var i gjennomsnitt omlag femten år eldre enn sine kvinnelege kollegaer. Det medverka til lenger og breiare erfaring. Dei kvinnelege representantane hadde eit allsidig erfaringsgrunnlag, men samanlikna med sine mannlige kollegaer, jamt over mindre erfaring frå leiarposisjonar. Sagt på ein annan måte: Kvinnene hadde mest erfaring frå organisasjonsarbeid på klubb- og krets nivå, medan menn også hadde erfaring frå styring og leiing av toppidrett. Slike forskjellar viser her, som i andre samanhengar, at kvinner og menn som gruppe ofte har fleire felles demografiske



kjenneteikn enn kjønnet sitt. Betydningar av kjønn pregar og er relatert til andre personlege kjenneteikn og vice versa.

## **Ideologiske konfliktliner og koplingar til kjønn og makt**

Det utdrag av empirisk materiale som eg vil presentere i denne samanheng, illustrerer sentrale idrettspolitiske konfliktliner, og korleis desse er relatert til betydningar av kjønn og makt. Beskrivelsane er basert på "klipp"<sup>13</sup> frå diskusjonar i møteromet, supplert med utsagn frå feltintervjumateriale.<sup>14</sup> For å tydeleggjere konfliktlinene har eg valt diskusjonar og utsagn som profilerer dei ideologiske ytterposisjonane i dei typiske mønstra. Presentasjonen tar dessutan utgangspunkt i dei saksområda og stridsspørsmåla som var dominerande.

## **Marknadstilpasningar - entusiasme og skepsis**

Dei sakene som dominerte på sakskartet var i vid forstand knytt til idrett og økonomi; spørsmål knytt til økonomistyring/budsjett og særleg korleis ein kunne auke toppidrettens marknadsverdi, og dermed toppidretten og idrettens inntektsgrunnlag gjennom ulike former for marknadsintegrering og sponsorering. Desse spørsmåla vart i dei fleste tilfelle sett på dagsorden av styreleiinga.<sup>15</sup> I diskusjonar omkring slike spørsmål delte styret seg ofte i tre grupper/fraksjonar. Eit fleirtal menn som var mest opptatt av å profilere verksemda gjennom toppidrettsprestasjonar, la vekt på å tilrettelegge for utvikling gjennom auka marknadsintegrering og initiere tilpasningar i tråd med ytre marknadskrav. Den mannlege styreleiinga var i denne gruppa. Kvinnene markerte derimot jamt over langt mindre engasjement i toppidrettsspørsmål og var skeptiske til stadig større marknadstyring. Slike ideologiske skiljeliner gjorde at dei i mange saker fekk ei opposisjonsrolle. Dei var ofte meir skeptiske enn entusiastiske til mange av dei endringane som vart føreslått. I tillegg var det eit fåtal mannlege representantar som var meir engasjert i andre politikkområde enn toppidrett. I mange samanhengar støtta desse kvinnene i deira usemje og skepsis, men profilerte seg ofte mindre konsekvent og tydeleg. Eg vil i det følgjande illustrere korleis dette mønsteret kom til uttrykk.<sup>16</sup>

Eit av styra vart på kort varsel pålagt å ta stilling til spørsmålet om legalisering av proffboksing. Dei kvinnelege representantane markerte seg raskt som prinsipielle

motstandarar. Dei mannlege kollegaene som hadde initiert forslaget, markerte derimot ei meir pragmatisk og open haldning. Spørsmålet om legalisering kom opp på bakgrunn av dei store mediainntektene ei opning for proffboksing ville gi. Ein av dei som var positiv til legalisering argumenterte på denne måten:

*"Det er ikke lenger særlig stor forskjell mellom proffboksing og amatørboksing. Jeg ser pragmatisk på det (...). Proffboksing ser nå ut til å bli tillatt i Sverige - og her er det virkelig mange mediakroner å hente."<sup>17</sup>*

Motstandarane avviste konsekvent pengar som legitimeringsgrunnlag. Ei av dei mest erfarne kvinnene uttrykte sitt syn slik:

*"Jeg går inn for at vi står fast på det vi har sagt før - denne pengekarusellen har ingenting med idretten å gjøre - og i denne saken, slik jeg ser det, står hele vårt verdigrunnlag på spill!"*

I ein prinsipiell diskusjon om å inngå samarbeid med ein lottoorganisasjon for å auke idrettens inntektsgrunnlag, kom liknande konfliktliner til uttrykk. To mannlege medlemar som var positive til eit slikt samarbeid, argumenterte på følgjande måte:

- (1) *"Vi tør i utgangspunktet ikke å si nei - det ligger altfor store tall inne".*
- (2) *"Det er nå viktig at vi analyserer vår plass i dette markedet - det ligger veldig mye penger her."*

Ei av kvinnene kom med sine motførestillingar ved å spørre: *"Er det virkelig slik at vi vil at idretten skal bli et sunt alibi for denne lotteriformen"?*

I ei av dei andre studiekontekstene illustrerer ein diskusjon om innføring av pengepremiar i norgesmeisterskap (NM), liknande ideologiforskjellar. Ein kvinneleg representant utrykte sin motstand mot pengepremiar slik:

*"Jeg er helt imot pengepremier (...). Jeg vil at NM skal være en premie i seg selv. Åpner vi opp for pengepremier, kan vi også fort få et "Statoil NM"- uff, for en utvikling!"*

Ein mannleg representant repliserte slik: *"Men spillerne selv ønsker seg jo pengepremier - ære og berømmelse er ikke nok lenger."* I denne debatten aktualiserte dessutan kvinnene korleis marknadstilpassingar har ulike konsekvensar for kvinner og menn. Ein av dei kvinnelege styremedlemene tok opp det ho omtala som *"uheldige utviklingstrekk"* slik:

*"Vi må ikke bare være opptatt av beløp og markedsføring - det skaper problemer, særlig på kvinnesiden ... alle kvinner passer ikke inn her, dette som går på markedskrav og utseende, mener jeg (...). Her må det være vi som bestemmer. (...). Og*

*det er vel også på mange måter blitt en familiefientlig aktivitet, slik den organiseres i dag? Slik det er lagt opp er den mest for unge materialistiske menn. (...). I denne utviklingen må vi ikke bare legge oss flate for markedskreftene."*

Som "klippa" har forsøkt å illustrere var det særleg blant kvinnene ein markert skepsis og motstand mot stadig større marknadsintegrering. Konfliktlinene avdekka dessutan at dei som var kritiske, også var mindre opptatt av politiske spørsmål knytt til toppidrettens problem, og dei utfordringar omkring inntektsauke, budsjettkontroll og marknadsstyring desse genererte. Det vart uttrykt stor ambivalens i forhold til å utvikle aktivitets- og organisasjonsformer som skulle fungere som "*pengemaskinar*." Haldninga var at større marknadsstyring ville medføre mindre intern organisatorisk kontroll og representere eit trugsmål mot idretten som demokratisk og uavhengig organisasjon. Denne oppfatninga kom blant anna til uttrykk slik: "*Vi må hele tiden huske på at vi tross alt er en bevegelse og ikke en bedrift.*" Kvinnene og eit fåtal menn gav uttrykk for mål som la vekt på å ta vare på og utvikle idretten som frivilleg og ideell organisasjon. Fleirtalet av mannlege representantar såg derimot på ei sterkare marknadsintegrering som ei *nødvendig utvikling*; ei utvikling som meir og meir vil "*tvinge seg fram*", som det vart sagt. Å kjempe imot vart oppfatta av fleire som rein idealisme - og som bakstreversk.

Det sterke ønske om større marknadsintegrering blant mannlege idrettspolitikarar i maktposisjonar, medverka blant anna til at det var spørsmål knytt til grad av marknadstilpassing som dominerte på dagsorden og kostnadseffektivitet, omstilling og organisasjonsutvikling framstod som politiske honnørord. Organisasjonsutvikling var eit politisk vedtatt satsingsområde i alle studiekontekstene. Målet var å utvikle og realisere strategiar og tiltak for å bygge ein "*meir effektiv organisasjon*", som det ofte vart uttrykt. Eg skal gjennom eit "klipp" frå møteromet<sup>18</sup> illustrere nokre av dei ideologiske posisjonane som prega desse debattane, og korleis ulike oppfatningar og tenkemåtar avdekkjer betydningar av kjønn og makt.

I mitt hovudcase var målet med satsingsområde "organisasjonsutvikling" å skape ein organisasjon som kunne utvikle større idrettsaktivitet utan større kostnadsrammer. Situasjonsrapportar viste ein stadig nedgang i aktivitet på klubb- og krets nivå. På det grunnlag vart det oppfatta som viktig å skape organisasjonsendringar, som ville innebere ei kanalisering av ressursar frå administrasjon til konkret idrettsaktivitet. På eit av styremøta

vart det lagt opp til ein brei strategidiskusjon omkring organisasjonsutviklingsarbeidet, fordi det var registrert stor usemje både i styret og ute i organisasjonen, om kva strategiar som ville vere mest føremålstenelege. Ei av kvinnene opna diskusjonen med å kritisere enkelte styrekollegaer for å ha oppført seg arrogant, og for å ha vist ei overstyrande og lite lyttande haldning i eit møte med regionale representantar. Ho utdjupa dette på denne måten:

*"Vi som har jobbet mye ute var kanskje mer forberedt på denne uenigheten (...). Og jeg forstår faktisk hvorfor kretsene reagerte som de gjorde. Det er viktig at også de får være med å bestemme. De føler at vi vil tre vår forståelse nedover hodene på dem - en holdning som uttrykker at det er vi som vet hva som er best for dem - og da skjærer det seg helt. Når de får lov å komme med sitt, og de ser at vi lytter, hjelper det (...). Men det er nå selvfølgelig slik at de også helst vil ha sitt igjennom, uten å måtte forandre særlig på det de gjør."*

Denne kritikken vart verken imøtegått eller følgt opp i den påfølgjande strategidiskusjonen. Presidenten presenterte derimot ulike organisasjonsmodellar som han ville ha styrets respons på. Dei kvinnelege representantane var lite aktive i debatten. Replikkvexlingane gjekk mest mellom president, visepresident og ein mannleg styremedlem som vart rekna som organisasjonsutviklingseksperter. Alle modellforslaga var modellar for bedriftsorganisasjonar. Begrep som som "produkt", "markedsandeler" og "brukere" vart flittig brukt. Utsagna nedanfor illustrerer nokre typiske aspekt ved dei oppfatningane og tenkemåtane som kom fram:

*(1) "Med nedgang i aktivitet har vi ikke råd til å opprettholde den organisasjonen vi har i dag. Vi må samordne de ressursene vi har over kretsgrensene. Vi kommer nok ikke unna denne type sentralisering. Vi må gå til fotballen og se hvordan de bygger sin organisasjon."*

*(2) "I organisasjonsutviklingsprosessen er det viktig at vi har en bærende forretningside i bunnen, slik man tenker innenfor bedrifter og bedriftsutvikling - for vi fungerer jo som en bedrift - og målet vårt er vel nettopp å skape en mer effektiv og lærende organisasjon enn vi har i dag."*

*(3) "Det er viktig å gjøre kretsene mer markedsorienterte. Vi må sørge for å ha det beste produktet - vi må med andre ord skaffe oss større markedsandeler, så kundene blir hos oss (...). Kretsene må vise at de har arbeidet målrettet og systematisk for å få ut flere ressurser."*

Kvinnene<sup>19</sup> markerte at dei var kritiske til eit slikt utgangspunkt og grunnga sitt lave engasjement i debatten med at ein slik tankegang var å begynne i feil ende. Dei uttrykte at dei hadde lite tru på at nye organisasjonsmodellar i seg sjølv kunne stimulere til ny aktivitetsutvikling og mobilisering ute i organisasjonen. Ei dominerande oppfatning var at

endringsforslaga i størst muleg grad måtte kome nedanfrå og springe ut av konkrete og opplevde behov. Dei framheva dessutan at i slike prosessar kunne dei kun vere "fødselshjelpere"; å stimulere til nytenking og mobilisering blant dei som opplevde problema "på kroppen." Ei uttrykte si haldning slik: "Det må være de som har problemene som må tas på alvor - vi kan kanskje ansvarliggjøres, men vi kan jo ikke utføre endringene for dem!" Det var ein markert skepsis mot omorganiseringar frå toppen. Eit viktig argument var at det erfaringsmessig ville medføre større formkrav og strammare rammer for aktiviteten ute i klubbane. Ei av kvinnene uttrykte dette slik:

*"Toppidretten som modell må problematiseres. Vi har fått klare nok signaler om at vi må begynne i det små og bygge opp aktiviteten nedenfra. Det har vist seg at det gir det beste resultat for alle."*

Fleire stilte også spørsmålsteikn ved dei rasjonaliseringsgevinstane som vart knytt til vurderingar av ulike omorganiseringsmodellar. Ei typisk haldning i denne samanheng var: "...Vi må ikke her hoppe på en karusell og bare tenke rasjonalisering - kanskje mister vi da de verdiene vi ønsker å ta vare på."

Det typiske mønsteret i diskusjonane omkring organisasjonsutvikling var at styreleiinga fungerte som premissgjevar. Dette prega både utforminga av og innhaldet i diskusjonane. Dei styrerepresentantane som stadig markerte ideologisk usemje og skepsis, uttrykte frustrasjonar over slike premissar - utan at det medførte vesentleg endring. Ei av dei mest politisk erfarne kvinnene oppsummerte sine frustrasjonar på denne måten:

*"Vi blir vel sikkert aldri enige om hvordan vi skal se på oss selv. Jeg har nå tydeligvis et annet menneskesyn, og går ikke for en bedriftsmodell. Jeg har også vært igjennom mange strategiprosesser på jobben - og jeg har lært at det viktigste er diagnostiseringsprosessen, og da må vi ha felles standarder på det vi skal diagnostisere. Det blir vanskelig her med så forskjellige syn - bare det å kalle ideene for forretningsideer, skurrer veldig for meg."*

### **Toppidrett versus breiddeidrett**

Dei som sat i dei leiande posisjonane; som president, visepresident (nasjonalt nivå), leiar, nestleiar og sportleg leiar (lokalt nivå), var jamt over dei mest toppidrettsorienterte, og dermed var diskusjonar knytt til tilrettelegging og prioritering av toppidrett gjengangarar innanfor dei fleste saksområde. Den rådande tankemodellen var at ei optimal utvikling av toppidretten, også ville vere det beste utgangspunkt for ei positiv utvikling på andre

verksemdsområde. Utsagna nedanfor illustrerer nokre typiske aspekt ved denne tenkemåten:

- (1) *"Jeg ser det som viktig å arbeide for å få inn flere metoder fra toppidretten i alle deler av virksomheten, slik at vi kan skape en mer resultatorientert organisasjon fra topp til bunn."*
- (2) *"Jeg har mest erfaring fra toppidrett, (...) og dessuten er jeg mer næringslivsmann enn politiker. Mitt primære mål er å styrke økonomien - å bringe flere "friske kroner" inn i toppidretten."*
- (3) *"Det viktigste for meg er å styrke elitesektoren. Det er den eneste måten å få mer mediaoppmerksomhet på og således tjene mer penger. Vi må først og fremst ha mer penger for å kunne realisere de målene vi har satt oss."*

Toppidrett i seg sjølv vart i liten grad legitimert utfrå meir ålmene og ideelle organisasjonsmål. Legitimeringane viste derimot til toppidrettens symbolfunksjonar. Slike symbolfunksjonar kom blant anna til uttrykk på denne måten:

- (1) *"Det er viktig med en skikkelig satsing på 1. divisjonslaget - det er nå det som er selve flaggskipet i bygda."*
- (2) *"...landslagene skal jo være forbundets utstillingsvindu."*
- (3) *"....det er jo toppidrettsutøverne som er idrettens ambassadører."*

Gode toppidrettsprestasjoner blir brukt som symbol på ein vellykka idrettspolitik og tolka som eit sentralt verkemiddel for å kunne realisere meir breiddeorienterte mål. Ein slik tankemodell inneber ein forståelse av ein indre samanheng mellom topp- og breiddeidrett. Ein samanheng som ofte kom til uttrykk i slagordet om at: "Topp skaper breidde - og breidde skaper topp".

Å arbeide for å utvikle og styrke klubbane si rolle i organisasjonen var eit generelt mål som alle støtta. Også dei mest toppidrettsorienterte viste interesse for å ta klubbane sine problem og utfordringar på alvor. Men det var ulike oppfatningar om kva strategiar som ville vere mest føremålstenelege, og oppfatningane var også i denne samanheng på visse måtar kopla til kjønn og makt. Mannlege representantar, og særleg dei i maktposisjonar, profilerte langt oftare enn kvinnene løysingar som innebar større profesjonalisering av det lokale idrettsarbeidet og argumenterte for større statleg ansvar for basisaktiviteten i klubbane. Ein av dei mest erfarne mannlege representantane gav uttrykk for denne haldninga på ein indirekte, men svært treffande måte slik: *"Klubbene må rustes opp - og det er i dag viktig å ta tak i og sørge for at denne virksomheten får mer av staten enn av Statoil!"* Andre typiske profileringar var:

*"Idretten skal bidra i utviklingen av positive holdninger blant barn og unge, og målet*

*vårt er jo idrett for alle (...). Og her har vi en formidabel jobb å gjøre. Vi må ikke forlate folkeoppdragelsesidealet. Tippemidlene må, slik jeg ser det, som helhet gå til aktiviteten i klubbene - ellers tror jeg klubbene dør. Slik det er i dag, får de så godt som ingenting."*

Dei fleste kvinnelege representantane gav tydeleg uttrykk for at deira idrettspolitiske mandat og målsetjingar hovudsakleg var retta mot å styrke basisaktivitetar i klubb og lokalmiljø. Eit viktig aspekt var å arbeide for å ivareta idretten som felleskapsarena og sosial møteplass. Det var dessutan stort sett berre dei kvinnelege styremedlemene som sette betydningar av kjønn på dagsorden og aktualiserte likestillingsspørsmål. Utsagna nedanfor illustrerer nokre typiske målsetjingar og tenkemåtar blant kvinnene:<sup>20</sup>

- (1) *"Jeg ser på min oppgave å ivareta felter som barn, bredde og mosjon."*
- (2) *"Jeg ser på meg selv som et talerør for klubbene (...). Jeg vil at klubbenes situasjon må komme mer på dagsorden - der står det virkelig dårlig til!"*
- (3) *"Jeg ser organisasjonen nedenfra, siden det er der jeg har vært mest - for meg er det viktig at vi ikke fjerner oss fra grasrota, for det er jo der grunnlaget for alt det andre legges - og det vet alle."*
- (4) *"Jeg vil jobbe for at vi blir bedre på kommunikasjon - vi må klare å drive aktivitetene mer på tvers av idrettsgrensene og bli flinkere på det sosiale, slik at vi kan heve kvaliteten på aktiviteten nedenfra."*
- (5) *"Jeg er blant annet opptatt av at vi må tenke likestilling mer konkret - hvordan vi skal ta vare på alle kvinnene i norsk ..... Det betyr at vi må diskutere konkrete tiltak, slik at ikke alt blir overlatt til viljen og evnen til noen få enkeltpersoner (...). Jeg ser på jentene som det største rekrutteringspotensialet både som trenere og dommere."*

Som utsagna antyder var kvinners oppfatningar prega av eit omsorgsrasjonelt utgangspunkt. Dei såg ofte på seg sjølv som talerør for medlemsgrupper som i liten grad hadde mulegheit til å sette premissar for eigen idrettsdeltaking.

Profileringsmønsteret viste som "sceneklippa" har antyda, at dei ideologiske ytterposisjonane var prega av betydningar av kjønn og makt. Dei som sette dagsorden og i stor grad definerte beslutningspremissane, var toppidretts- og marknadsorienterte menn. Kvinnene var mest orientert mot å realisere idrettens velferds- og felleskapsverdiar. Fordi dei i liten grad hadde innflytelse til å definere dagsorden og beslutningspremissar, påtok dei seg ofte roller som opposisjonspolitkarar. Eit fåtal mannlege styremedlemmer viste noko skiftande lojalitetar, men var oftast som kvinnene, talsmenn for "mjuke" politikkområde som t.d. barne- og ungdomsidrett. I toppidrettsspørsmål var desse imidlertid mindre prinsipielle og meir

pragmatiske enn sine kvinnelege kollegaer. I diskusjonar omkring marknadstilpasningar og organisasjonsutvikling var dei imidlertid skeptiske til ei einseitig "top/down" tenking og fokus på rasjonaliseringsgevinstar. Dei uttrykte skepsis omkring det demokratiunderskotet og den sentralisering av makt, som marknadstilpasningane ofte la opp til.

## **Ideologiske skiljelinjer: marknad versus omsorg**

Som oppsummering og ytterlegare tydeleggjering av sentrale idrettspolitiske skiljelinjer og korleis desse var kopla til ulike rasjonalitetsformer og makt, har eg valt å framstille to idealtypiske profilar som eg har kalla: (1) omsorgsprofilen og (2) marknadsprofilen.<sup>21</sup> Som kjent vil ei idealtypisk dikotomisering ofte fortone seg som ein stereotypi i den forstand at idealtypar inneber å konstruere analytiske modellar og kategoriar som ein aldri finn i "rein" form i det verkelege liv. Å konstruere idealtypar er ein måte å reindyrke og forenkla på - for å skape gjenkjenning, oversyn og forståing (Weber 1985).

Utfrå dei konfliktlinene som "sceneklippa" har illustrert og utfrå dei mest typiske mønstra i materiale, har eg gitt dei to idealtypane følgjande kjenneteikn:

### **Omsorgsprofilen:**

- Har ambisjonar om å utvikle og halde fast ved idrettens sosialiserings- og fellesskapsverdiar. Barneidrett, ungdomsidrett og mosjonsidrett blir sett på som sentrale verksemdsområde, og som middel til å fremje helse, trivsel, gode oppvekstvilkår etc.
- Tenker utfrå eit verdiorientert utgangspunkt, der fellesskapsinteresser, velferd og ansvar for andre står sentralt.
- Vektlegg ei erfaringsbasert, konkret og situasjonsretta problemorientering. Ønsker å sjå organisasjonen nedanfrå. Mening, motivasjon og engasjement er knytt til ansvar for tilrettelegging for store medlemsgrupper.
- Møter presset frå marknadskreftene med ei kritisk haldning og ønsker å verne om idrettens autonomi gjennom å arbeide for å utvikle idretten som demokratisk og frivilleg organisasjon.
- Legg vekt på realisere større likestilling og meir likestilte aktivitetstilbod utfrå målet om "Idrett for alle".
- Suksesskriterium: å realisere likeverdige utviklingsmuleghetar og fleire sosiale fellesskapsarenaer.

### **Marknadsprofilen:**

- Har stor tru på idrettens eigenverdi og symbolverdi og legitimerer satsing på toppidrett på dette grunnlag.
- Topprestasjonar og ein velfungerande toppidrett blir sett som ein modell og føresetnad for utvikling av andre sentrale politikkområde som t.d. barne- og ungdomsidrett; ein tenkemåte der topp- og breiddeidrett



har felles interessebasis.

- Arbeider for å styrke toppidretten gjennom marknadstilpasningar. Det betyr vektlegging av kvantitative resultatmål, der kostnadseffektivitet står sentralt. Pengar blir sett som både middel og mål.
- Legg vekt på utvikling og bruk av spesialisert kunnskap/ekspertkunnskap for å stimulere profesjonaliseringsprosessar og bygging av ein meir kostnadseffektiv organisasjon med utgangspunkt i modellar og erfaringar frå næringsliv og arbeidsorganisasjonar.
- Suksesskriterium: å realisere topprestasjonar, ekspansive driftsbudsjett og aktivitet bygt på kostnadseffektivitet.

Desse idealtypene antyder at betydningar av kjønn og makt påverkar politisk profilering og tenkemåte. Materialet viste blant anna at langt fleire menn enn kvinner var orientert mot toppidrett og marknadstilpassing og prega av marknadsideologiens rasjonalitetsformer. Denne profileringa dominerte den politiske dagsorden og framsto som den hegemoniske. Samtidig var det eit gjennomgåande mønster at eit fåtal mannlege styremedlemmer markerte politiske tyngdepunkt på "mjuke" politikkområde og profilerte seg utfrå omsorgsrasjonelle ideal.

## **Kjønn i hegemoni og opposisjon**

Sjølv om forskjellane er minkande, er det enno slik at kvinner og menn på fleire måtar har ulike livsløp og engasjerer seg ulikt på sentrale livsarenaer (Ellingsæther 1995).

Sett i dette lys har kvinners inntog i idrettspolitikken gitt tilgang på eit utvida erfaringsrepertoar og nye kunnskapsposisjonar. Mønstra i materialet antyder at kvinners aukande deltaking, medverkar til å vedlikehalde eit fokus på idrettens velferdspotensial. Eit relevant spørsmål er om slike mønster indikerer at kvinneintegreringa i idrettspolitikken resulterer i at kvinner overtar roller og interesser som tidlegare vart ivaretatt av mannlege representantar. Har t.d. bestemmelsen om kjønnskvoltering medverka til at det i dag blir rekruttert inn kvinner - istadenfor fleire menn - som profilerer idrett som ein verdirasjonell og ideell aktivitet? Studier av idrettspolitiske rekrutteringsprosessar kan tyde på eit slikt skifte (Hovden 2000). I så fall vil ei aukande kvinneintegrering medverke til å vedlikehalde idrettens tradisjonelle sjølvforståing og autonomi - heller enn å representere noko nytt. Hege Skjeie (1991) sine studiar av toppolitikken viser imidlertid ein kjønnspolitisk situasjon som var prega av det motsette. Her var det kvinnene som var berarar av "det nye".

Dominansen av diskusjonar omkring marknadstilpasningar og toppidrett ser ut til å resultere i at den politiske merksemda retta mot andre politikkområde, som skal realisere idrettens samfunnsetiske verdiar og funksjonar, er minkande. Idealistiske og velferdsorienterte idrettspolitikarar ser ut til å vere i fåtal og må paradoksalt nok innta rolla som opposisjonspolitikarar. At det er kvinner som dominerer i slike roller og posisjonar, er kanskje ikkje særleg uventa, sett på bakgrunn av dei sterke og synlege koplingane mellom kjønn, makt og marknad som pregar utviklinga (Slack 1997). Som påpeika, betyr det imidlertid at dei erfaringane og tenkemåtane som ofte kjenneteiknar kvinners "bagasje", blir lite aktualiserte og synlege, såvel i utforming av dagsorden som i politikkenes resultat. Kvinnedominerte oppfatningar vart ofte karakteriserte som for idealistiske og lite framtidsretta; som ei form for ideologisk etterslep (Hovden 1999). Samtidig viser materialet at når marknadsretting og symbolpolitikk dominerer, blir kvinner - utfrå sine mandat og tenkemåtar - ofte "tvinga" inn i roller som "verdikonservative" og kritiske. Roller som er prega av halde igjen og seie nei. Utfrå dei rådande premissane fekk kvinner få muleghetar til å forme dagsorden på andre - og kanskje meir konstruktive måtar. Koplingar mellom kjønn, makt og marknad gav ei gruppe toppidrettsinteresserte og marknadsorienterte menn eit hegemoni, som det var vanskeleg for kvinner og eit fåtal "alternative" menn å utfordre gjennom motargument og alternative verkelegheitsoppfatningar. Materialet indikerer også at politiske spørsmål som aktualiserer likestilling og likeverd, oftast blir gjort underordna ved å bli karakteriserte og handterte som mindre viktige og nødvendige. Slike mekanismer resulterte i at ulike ideologiske posisjonar gav ulike muleghetar for interesserealisering og innflytelse, og medverka til at ei hegemonisk gruppe kunne oppretthalde ideologisk kontroll og sikre sin hegemoniske status.

### **Konsolidert hegemoni eller omsorgsrasjonell konkurranse?**

Mindretalsstatus, mangel på leiarposisjonar og marknadsprofilens aukande legitimitet gjer det i dag vanskeleg både for kvinner og "alternative" menn å få gjennomslag for eit likestilt idrettspolitisk alternativ, bygt på verdirasjonelle tenkemåtar. Kjønnspolitisk er situasjonen kjenneteikna ved at maskuline tolkingsreglar og koder dominerer og gir størst politisk uttelling. Ein aukande sosial aksept for marknadliberalistiske haldningar - både i og utanfor

idretten - fører til at marknadens instrumentelle rasjonalitet heller blir forsterka og konsolidert enn reelt utfordra av verdirasjonell konkurranse. Dessutan, i ein situasjon der det stort sett er kvinner som aktualiserer kjønn og set likestillingsspørsmål på dagsorden, vil dagens politiske hegemoni ha muleghetar til å kontrollere om, når og på kva måte slike krav kan bli realisert.

Idrettsorganisasjonar som velvillig tilpassar seg marknadskrav er tilbøyelege til å utvikle kjenneteikn som: "business like"-organisasjonsutvikling, sentralisering av makt og dominans av instrumentelle tenkemåtar (Slack & Hinings 1992; Slack 1997). Slike tilpasningar utviklar eit stadig større politisk rom for marknadsliberalistiske logikkar og trangare kår for kvinnedominerte og alternative politiske ideal og rasjonalitetsformer. Når kompetanse i finansiering, strategisk planlegging og deltaking i næringslivsnettverk blir vurdert som den viktigaste form for idrettspolitisk baggasje, blir andre alternative verdiar, tenkemåtar og verkelegheitsoppfatningar mindre gyldige og synlege, anten det er menn eller kvinner som representerer slike alternativ (Hovden 2000; Slack 1997). Koplingar mellom kjønn, makt og marknad resulterer imidlertid i at marknadsprofilen blir ståande som den rasjonelle og realistiske, og omsorgsprofilen som den idealistiske og verkelegheitsfjerne. Det betyr at tilsynelatande kjønnsnøytrale tolkingar av marknadsprofilens fortrinn, tilslører viktige aspekt ved idrettspolitikken kjønnsstrukturering. Gjennom å definere kvinnedominerte politiske tyngdepunkt og tenkemåtar som mindre nødvendige og rasjonelle, blir det muleg å oppretthalde eit mannsdominert og marknadorientert politisk hegemoni. Dette kan tolkast som ei mekanisme som innber at den diskursive motstanden blir definert til eigen fordel (Gramsci 1971).

Slike uttrykksformer kan imidlertid tyde på at det politiske hegemoniet i dagens situasjon reelt sett er lite utfordra. Samstundes var situasjonen i studiekontekstene ved fleire høve slik at dei som hadde "alternative" oppfatningar, utgjorde fleirtalet. Når slike situasjonar gav lite politisk uttelling, var det fordi standpunkta framsto som lite samordna. Det medførte at det var vanskeleg å inngå konkrete saksorienterte alliansar. Slike kjennteikn kan tolkast som om evnen og muleghetane til å utfordre, endre og omdefinere hegemoniske praksisar var svært avgrensa. Her spelte nok alder og erfaring ei vesentleg rolle. Kvinnene viste mot og vilje til motstand og opposisjon, men mindre evne til å handtere mannsdominerte omgivelser strategisk. Å inngå i saksorienterte alliansar blir framstilt som sjølv prøvesteinen på muleghetar for å få til endring; muleghetar som markerer evne og vilje til å bygge bru for å

endre (Jonasdottir 1988). Utfrå dei dominerande interaksjonsmønstra i mitt materiale, ser det ut som - om det i det heile vil vere muleg - at det vil ta tid før marknadshegemoniet blir utfordra av omsorgsrasjonell konkurranse.

### **Kvinner som tradisjonsbærarar, nyskaparar eller verdirasjonell rest?**

Dei saksområda som dominerer idrettspolitikken innhald, tyder på at tradisjonelle idrettspolitiske konfliktdimensjonar som t.d. prioritering av toppidrett versus meir ålmene og breiddeorienterte idrettsformer, framleis er levande - om enn i nye og meir tidstypiske former. I dag er blant anna toppidrettsdiskursen sterkt prega av marknaden nye rolle og velferdsinteressene av betydningar av aukande kvinneintegrering.

Kvinnedominerte profileringar antyder at kvinnene i dag er i ferd med å overta hovudrolla som idegrunnlagets advokatar, og med det også rolla som verdirasjonelle tradisjonsberarar. Dei mannlege idrettspolitikarane som profilerer seg verdirasjonelt er både færre og ofte mindre tydelege. Det synleggjer ein situasjon der kvinner som gruppe ser ut til å ha overtatt rolla som idrettspolitikken mest markerte opposisjonspolitikarar. I eit politisk landskap der marknadsprofilen framstår som kjønnsnøytral, nødvendig og mest utviklingsretta, inneber det å bere eit tungt verdirasjonelt mandat på sine skuldrar. Å skape eit utvida og meir likestilt ideologisk rom for verdirasjonelle tenkemåtar, krev imidlertid både ei strategisk bygging av nye alliansar og ei utforming av nye politiske diskursar, som kan representere reelle politiske alternativ. Dagens maktforhold signaliserer at alternative og kvinnedominerte tenkemåtar heller blir tolka som ein verdirasjonell rest - som gradvis vil forsvinne - enn som eit reelt og berekraftig idrettspolitisk alternativ. Eit interessant spørsmål i denne samanheng er om ei endring av bestemmelsen om kjønnskvoltering med krav om 50 % representasjon av begge kjønn, vil kunne utfordre slike tolkingar.

### **NOTAR**

1. I denne samanheng blir begrep som "idretten" og "idrett" brukt om Norges idrettsforbund som institusjon; den paraplyorganisasjonen i Norge som stort sett har monopol på å organisere og forvalte ulike idrettsformer.

2. Denne lovparagrafen; paragraf 2-4 i NIF's lov, vart endeleg vedtatt på Idrettstinget i 1991. Den gir følgjande retningsliner vedrørende kjønnsrepresentasjon: "Ved valg/oppnevning av representantar til ting, samt medlemmer til styrer, råd og utvalg i NIF og NIF's organisasjonsledd skal det vere kandidatar/representantar fra begge kjønn. Kjønnfordelingen i medlemsmassen i det enkelte organisasjonsledd skal vere retningsgivende for sammensetningen, dog slik at det er minst to representantar fra hvert kjønn. Dette gjelder ikke i råd og utval m.v. som består av 3 medlemmer eller færre medlemmer. Idrettsstyret kan når det foreligger særlege forhold gjøre unntak fra denne bestemmelse" (NIF's lov 1994:7).

3. Eit dominansforhold er karakterisert ved at ein part relativt sett bestemmer over den andre si åtferd. I idrettspolitiske samanhengar inneber mannsdominans ulike kulturelle og politiske styrkeforhold knytt til kjønn. Dominansforhold kan vere både opne og meir skjulte. I likestillingas tidsalder hevdast mannsdominans å ha endra seg frå å vere ein open og akseptert sosial orden til å bli meir skjult (Holter 1996).

4. Hegemoni vektlegg ideologiske eller diskursive aspekt; inneber ideologisk herredøme (Gramsci 1971). Utfrå Gramsci's teoriar skjer etablering og konsolidering av hegemoni gjennom ønska eller uønska politiske alliansar. Den hegemoniske posisjonen blir oppretthalden gjennom ein kulturell dynamikk som er meir prega av overtaling enn tvang. Eit hegemoni vil på denne måten aldri fungere totalitært, men ta omsyn til underordna/dominerte grupper sine diskursar og motstandsformer og utnytte desse til eigen fordel.

5. Slike studier har ofte som utgangspunkt at kvinner og menn gjennom ulik sosialisering, arbeidsdeling og ved å ivareta ulike posisjonar knytt til produksjon/reproduksjon, ofte utviklar ulike rasjonalitetsformer basert på ulike verdiar og erkjeningsteoretisk grunnlag. Feministiske arbeider har vore mest opptatt av å synleggjere rasjonalitetsformer knytt til kvinnedominerte aktivitetar som t.d. omsorgsarbeid. Denne forskingsinnsatsen har imidlertid dei siste åra blitt mykje kritisert for å vere essentialistisk. Det blir hevda at den framstiller kvinner og menn som i eigenskap av sitt kjønn, tenker forskjellig. Eg meiner at dette stort sett er ein feilslått kritikk, fordi eg oppfattar at diskursen bygg på ein forståelse av kjønn som sosialt differensieringsprinsipp, og at rasjonalitet og rasjonalitetsformer blir utvikla gjennom deltaking i konkrete materielle og sosiale aktivitetar. Det betyr at ulike materielle, kulturelle og sosiale rammer vil utvikle ulike rasjonalitetsformer.

6. I denne samanheng har eg brukt Østerbergs omsetjing og tolking av Weber i boka: *Handling og samfunn. Sosiologisk teori i utvalg*, kap 2:103 -115. Oslo: Pax 1990.

7. Etter ca 2 år kom eg til eit "metningspunkt" i materialoppbygginga; at vidare datainnsamling såg ikkje ut til å gi nye "funn".

8. Deltakande observasjon i denne samanheng innbar at eg var tilstades i møteromet i rolla som observatør. I pauser, ved måltider og i sosiale samver var eg i tillegg samtalepartner.

9. Utvalget av case(s) vart i tillegg til faglege vurderingar, gjort utfrå muleghetar for tilgjengelegheit. Observasjonar, samtalar og intervju knytt til dei nasjonale styra skjedde hovudsakleg i samband med styremøta. Desse var lagt opp som to dagars helgemøter på hotell. Det vart halde styremøter ca. annakvar månad. Materialet i mitt hovudcase omfattar deltaking på 13 styremøter, to idrettsting, samt ei sentral leiarkonferanse. Materiale knytt til det nasjonale "perspektiv-caset" omfattar deltaking på seks styremøter, to idrettsting og ei sentral leiarkonferanse. På lokalt nivå er materialet basert på deltaking på

kveldsmøter. Det omfattar 5 styremøter, eit årsmøte og eit temamøte om organisasjonsutvikling, der styret, samt ein del andre inviterte nøkkelpersonar, deltok. Førut for feltarbeidet i mitt hovudcase, gjorde eg ein del eksplorerande studier i organisasjonen i form av samtalar og intervju for å vurdere om organisasjonen var eigna for eit muleg feltarbeid og ikkje minst for å få kontakt med nøkkelpersonar som kunne medverke til at styret ville stille seg positivt til å gi meg observasjonsstatus.

10. Meir konkret innebar desse prosedyrane at eg i første fase av feltarbeidet utførte personleg intervju med styremedlemene i mitt hovudcase (; 8 intervju: styremedlemene + 1. varamedlem som møtte fast på styremøta). I siste fasen intervjuar eg dei same personane, samt 2. varamedlem, fordi han deltok mykje på møta i sluttfasa. Som nemt, utførte eg personlege intervju med styremedlemene i mine perspektivcase berre ein gong; i sluttfasa av feltarbeidet. Dette omfatta 10 intervju frå det nasjonale perspektivcaset og 8 intervju frå det lokale (antalet er uttrykk for storleiken på styra).

11. I studiekontekstene var kjønnsfordelinga følgjande: mitt hovudcase hadde 3 kvinner og 4 menn som valde, faste styrerepresentantar. Av 3 varamedlemer var 2 kvinner, og 1. varamedlem (kvinne) møtte fast på styremøta. I tillegg møtte generalsekretæren (mann), og dei tilsette sin representant som var kvinne. I dei andre casa var kjønnsbalansen svakare (og meir representativ for organisasjonen som heilskap). I det nasjonale caset var det 3 kvinner og 8 menn som faste representantar. Av tre varamedlemer var ei kvinne. Også varamedlemene møtte fast på styremøta. Generalsekretæren (mann) møtte fast på møta, medan dei tilsette sin representant var kvinne. I det lokale caset var det 2 kvinner blant 8 faste representantar. Dagleg leiar og sportsleg leiar, begge menn, møtte fast på møta.

12. Desse opplysningane er henta frå valkomiteane sine oversyn over personlege kvalifikasjonar. Opplysningane vart imidlertid kontrollert gjennom intervjuar med den enkelte representant.

13. "Klipp" betyr i denne samanheng at eg refererar deler/bruddstykkje av diskusjonsforløp som kan illustrere typiske politiske konfliktliner og tenkemåtar. Desse blir forsøkt kontekstualiserte, slik at meiningsramma blir synleg.

14. I mitt hovudcase hadde eg eit kort feltintervju med alle styremedlemene på det første møtet for å få tak i den enkelte sine målsetjingar og ambisjonar; kvifor dei hadde stilt til val og korleis dei såg på si politiske rolle i styret.

15. Det var president og visepresident, eller på lokalt nivå ofte leiar eller sportsleg leiar, som i stor grad bestemte dagsorden i samråd med administrativ leiding; generalsekretær eller dagleg leiar.

16. Desse klippa er observasjonsdata frå politiske diskusjonar i møteromet og er henta frå feltarbeidskontekstene på nasjonalt nivå.

17. For å anonymisere har eg stort sett omtalt dei som uttalar seg i generelle kategoriar. Element i utsagna som kan identifisere konteksta, er tatt ut. Som eit ledd i anonymiseringa, har eg valt å gjengi utsagna i normert bokmålsform, istadenfor å gi dei eit meir autentisk uttrykk ved å gjengi dei i talemålsform.

18. Dette sceneklipppet er konstruert på bakgrunn av observasjonsdata frå mitt hovudcase.

19. I denne samanheng betyr det alle kvinnene - og markerer at desse var veldig samstemde i sitt syn.

20. Dei kvinnelege representantane profilerte seg veldig samstemt, og verdikonflikter knytt til idrettspolitiske målsetjingar kom svært sjeldan til uttrykk. Dette kom nok av at betydningar av kjønn var kopla med betydningar av andre likhetsdimensjonar som t.d. mindretal, maktgrunnlag, alder og erfaringsgrunnlag.

21. Iflg. Weber (1985) er idealtypar uttrykk for analytiske tankemodellar som kan peike på generelle tendensar når det gjeld tenke- og handlemåtar i sosiale grupper og institusjonar. Dette skjer gjennom isolering og klargjering av betydningsfulle empiriske kjenneteikn.

## REFERANSAR

- Acker, Joan (1990): "Hierarchies, Jobs, Bodies: A Theory of Gendered Organizations". *Gender & Society*, 4:139-158.
- Acker, Joan (1992): "Gendering organizational analyses". I: A.J. Mills and P. Tancred, eds., *Gendering Organizational Analyses*. London: Sage 248-60.
- Bourdieu, Pierre (1990): "Masculin/Feminin". *Actes de la Recherche en sciences sociales*. 2:2-31. (Omsett av Sunniva Whittaker.)
- Bourdieu, Pierre (1999): *Den maskuline dominans*. Viborg: Tiderne skifter. (Omsett av Mette Olesen.)
- Bryson, Lois (1990): "Challenges to Male Hegemony in Sport". I: M. Messner & D. Sabo, eds., *Sport, Men and the Gender Order*. Champaign Illinois: Human Kinetics Books.
- Drake, Irmelin (1995): "Styrking av fagleg og personleg kompetanse." I: I. Drake og A.G. Solberg, *Kvinner og ledelse - gjennom glasstaket*. Oslo: Tano.
- Ellingsæther, Anne Lise (1995): "Ulikhet i det postindustrielle samfunnet: Klasse, kjønn og generasjon". *Sosiologisk Tidsskrift*, 4:263-283.
- Fasting, Kari (1994): "Idretten - en utfordring for kvinner?" I: *Kvinner - En utfordring for idretten*. Arbeidsnotat 2/94. Oslo: Norges Forskningsråd.
- Fasting, Kari (1996): *Hvor går kvinneidretten?* Oslo: Norges Idrettsforbund og Norges idrettshøgskole.
- Ferguson, Kathy (1984): *The feminist case against bureaucracy*. Philadelphia: Temple University Press.
- Flyvbjerg, Bent (1991): *Rationalitet og makt*. Bind II. Odense: Akademisk Forlag.

- Folgerø Johannessen, Birte (1994): *"Det flytende kjønn". Om lederskap, politikk og identitet*. Bergen: LOS-senteret: Rapport 9410.
- Gilligan, Carol (1982): *In a Different Voice: Psychological Theory and Women's Development*. Cambridge: Harvard University Press.
- Gramsci, Antonio (1971): *Selections from the prison notebooks*. New York: International Publishers.
- Halsaa, Beatrice (1989): *Policies and Strategies on Women in Norway: The Role of Women's Organizations, Political Parties and Government*. Lillehammer: Oppland Regional College.
- Hargreaves, Jennifer (1994): *Sporting Females. Critical issues in the history and sociology of women's sports*. London & New York: Routledge.
- Hedlund, Gunn (1996): *"Det handlar om prioriteringar". Kvinnors villkor och interessen i lokal politik*. Örebro: Örebro Studies 14.
- Heidar, Knut (1989): *Partidemokrati på prøve*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Holter, Harriet (1996): "Kjønn, politikk og kvinneundertrykking". I: H Holter, red., *Hun og Han. Kjønn i forskning og politikk*. Oslo: Pax Forlag.
- Hovden, Jorid (1989): "Ei framtid for kvinner i organisert idrett? Kvinners interesseforvaltning og ressursforhold i idrettslaga". *Nytt om kvinneforskning*, 4:45-52.
- Hovden, Jorid (1994): "Kvinneidrett - eit alternativ?" I: *Kvinner - en utfordring for idretten?* Arbeidsnotat 2/24. Oslo: Norges forskningsråd.
- Hovden, Jorid (1999): "Når kvinner blir sand i maskineriet. Kjønn, interaksjon og makt i idrettspolitiske beslutningsprosesser." *Sosiologisk tidsskrift*, 3:209-234.
- Hovden, Jorid (2000): "Heavyweight Men and Younger Women? The gendering of selection processes in Norwegian Sports organizations." *Nordic Journal of Women's Studies (NORA)*, 1:17-33.
- Hovden, Jorid, Solheim, Liv og Andreassen, Aslaug (1993): *Er det prisen verdt?* Oslo: Kvinneutvalget, Norges idrettsforbund.
- Haavind, Hanne (1988): "Er det kjønnsnøytrale menneskesyn et vitenskaplig ideal?" *Nordisk Psykologi*, 40: 309-324.



- Haavind, Hanne (1994): "Kjønn i forandring - som fenomen og som forståelsesmåte". *Tidsskrift for Norsk Psykologiforening*, 31:767 -783 .
- Haavind, Hanne (1998): "Understanding women in the psychological mode: the challenge from the experiences of Nordic women." I: D. von der Fehr, A. Jonasdottir & B. Rosenbeck, eds., *Is there a Nordic Feminism? Nordic feminist thought on culture and society*. London: UCL Press.
- Ibsen, Bjarne (1992): *Frivilligt arbejde i idrætsforeninger*. Ph.d. afhandling. København: Danmarks Høyskole for Legemsøvelser/Systime.
- Ibsen, Bjarne (1995): "Forandringer i den frivillige organisering i den kulturelle og sociale sektor i Danmark". I: K. Klauði Klausen og P. Selle, red., *Frivillig organisering i Norden*. Oslo: Forlaget Tano og Jurist- og Økonomforbundets Forlag.
- Jonsdottir, Anna (1988): "On the Concept of Interest, Women's Interests and the Limitations of Interest Theory". I: K. Jones and A.G. Jonasdottir, eds., *The Political Interest of Gender*. London: Sage.
- Kanter, Rosabeth Moss (1977): *Men and Women of the Cooperation*. New York: Basic Books.
- Karlsen, Svein Harald (1995): *Idrettsskolen i fokus*. Hovedfagsoppgave. Oslo: Norges Idrettshøgskole.
- Klausen, Arne Martin (1998): "Toppidrettens makt og innflytelse". I: S. Loland, red., *Toppidrettens pris*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kvande, Elin & Bente Rasmussen (1990): *Nye kvinneliv. Kvinner i menns organisasjoner*. Oslo: Ad Notam.
- Stortingsmelding nr. 14 (1999-2000): *Idrettlivet i endring. Om statens forhold til idrett og fysisk aktivitet*. Oslo: Det Kongelige Kulturdepartement.
- Likestillingsrådet (1996): *Mini-fakta om likestilling*. Oslo: Likestillingsrådet.
- Messner, Michael & Sabo, Don (1990): "Introduction: Toward a Critical Feminist Reappraisal of Sport, Men and the Gender Order." In: M. Messner & D. Sabo, eds., *Sport, Men and the Gender Order*. Champaign, Illinois: Human Kinetics Books.
- Moi, Torill (1997) *Hva er en kvinne? Kjønn og Kropp i feministisk teori*. Oslo: Gyldendal. (Omsett av Rachel Christina Granaas.)

- Norges Idrettsforbund (1987): *Sakliste. Idrettstinget 7.-10. mai 1987*. Oslo: Norges Idrettsforbund.
- Norges Idrettsforbund (1994): *Lovhefte*. Oslo: Norges idrettsforbund.
- Norges Idrettsforbund (1996): *Resultatrapport for norsk idrett 1995*. Oslo: Norges Idrettsforbund.
- Rafoss, Kolbjørn (1993): *Et differensiert idrettsbilde*. FDH:rapport: 1993:10. Alta: Finnmark distriktshøgskole.
- Rose, Hillary (1983): "Hand, Brain and Heart: Towards an Epistemology for the Natural Sciences." *Signs*, 9:73-90.
- Selle, Per (1995): "Idretten og det offentlege - ein familie?" I: K. Klaudi Klausen og P. Selle, red., *Frivillig organisering i Norden*. Oslo: Tano og Jurist- og Økonomforbundets Forlag.
- Selle, Per (1999): "Sivilsamfunnet tatt på alvor". I: Ø. Østerud, F. Engelstad, S. Meyer, P. Selle, H. Skjeie, *Mot en ny maktutredning*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Selle, Per & Bjarne Øymyr (1995): "The changing role of women within local voluntary organizations: sex segregation in voluntary sector". I: P. Selle & L. Karvonen, eds., *Women in Nordic Politics. Closing the Gap*. Aldershot: Dartmouth.
- Skaset, Hans (1991): "Norsk idrett mot år 2000 Enhet eller splittelse?". I: P. Selle, red., *Organisasjonssamfunnet i ei brytningstid*. Bergen: Alma Mater forlag A/S.
- Skirstad, Berit (1999): *IOC, kvinner og representasjon*. Paper på Nordisk forskningskonferanse: "Idrettsanlegg-idrettspolitik". Bø i Telemark, 29.-30. oktober 1999.
- Skjeie, Hege (1991): "Forskjellenes retorikk." I: Haukaa, R, red., *Nye Kvinner og nye menn*. Oslo: Ad Notam.
- Skjeie, Hege (1992): *Den politiske betydningen av kjønn. En studie av norsk topp-politikk*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning: Rapport 92:11.
- Skjøsberg, Else (1995): *Omsorgsrasjonalitet. Fremtidens fornuft*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Slack, Trevor & Christopher. R. Hinings (1992): "Understanding change in national sport organizations: An integration of theoretical perspectives". *Journal of Sport Management*, 6:114-132.

- Slack, Trevor (1997): *The changing nature of voluntary organizations: Opportunities and constraints*. Paper at ISSA Symposium, Oslo, June 28th -July 1997. Upublisert.
- Smith, Dorothy (1987): *The Everyday World as Problematic*. Milton Keynes: Open University Press.
- Sørensen, Bjørg Aase (1982): "Ansvarsrasjonalitet: Om mål-/middeltenkning blant kvinner." I: H. Holter, red., *Kvinner i fellesskap*. Oslo-Bergen-Tromsø: Universitetsforlaget.
- Ve, Hildur (1982): "Kvinnefellesskap og relasjonslogikk. Om altruisme som samhandlingspremiss". I: H. Holter, red., *Kvinner i fellesskap*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ve, Hildur (1998): "Rationality and identity in Norwegian feminism". I: D. von der Fehr, A.G. Jonasdottir & B. Rosenbeck, eds., *Is there a Nordic Feminism?* London: UCL Press.
- Vike, Halvard (1996): *Conquering the Unreal. Politics and Bureaucracy in a Norwegian town*. Dr. polit. degree. Departement and Museum of Anthropology. Oslo: University of Oslo.
- Weber, Max (1985): *The Protestant Ethic and the Spirit of Capitalism*. London: George Allen and Unwin. (Publisert første gang i 1905.)
- Weber, Max (1990): "Vestens rasjonalitet". I D. Østerberg, red., *Handling og samfunn*. Oslo: Pax forlag.
- Whitson, David (1990): "Sport in the Social Construction of Masculinity." In: Messner, M. & D. Sabo, eds., *Sport, Men and the Gender Order*. Champaign, Illinois: Human Kinetics Books.
- Whitson, David & Donald Macintosh (1989): "Gender and Power: Explanations of Gender Inequalities in Canadian National Sport Organizations". *International Review for Sociology of Sport*, 2:137-149.
- Wærness, Kari (1987): "On the Rationality of Caring". In: A.S. Sasson, ed., *Women and the State*. London: Hutchinson.

Forslag til:

ENGLISH SUMMARY:

### **ENCOUNTERS BETWEEN MARKET AND CARE**

#### **About ideological conflicts and meanings of gender and power in decision making processes in sports organizations**

Norwegian sport organizations have since the end of the 1970'ties undergone considerable changes. Two significant developmental processes have been an increased commercialization and market integration and an emphasis on gender equality policy and increased integration of women. These simultaneous processes seem, however, in some ways to generate ideological tensions and conflicts.

